


# KOMMUNEPLAN FOR LOM 2021-2030 AREALDEL

## KONSEKVENSUTGREIING

**Revidert og med tillegg til 2. gongs  
offentleg høyring og ettersyn**

Felles plankontor for Lom og Skjåk, 15.05.2022



Høyvatnet ein morgen i august 2021. Foto: Øyvind Pedersen

## Innhald

1.	Innleiring.....	4
1.1	Metode.....	4
1.2	Tema som er vurdert i KU og kunnskapsgrunnlag for vurderinga: .....	6
2.	Konsekvensutgreiing av tiltak i planen.....	8
2.1	BB01_f: Torkjellstugu - byggeområde bustadar.....	8
2.2	BB02_f: Haugom – byggeområde bustadar .....	11
2.3	BB03_f: Frisvollskogen N. – byggeområde bustadar. ....	15
2.4	BB04_f: Garmo skule sør – byggeområde bustadar. ....	19
2.5	BB05_f: Garmo skule søraust – byggeområde bustadar. ....	23
2.6	BB06_f: Frisvollskogen sør – byggeområde bustadar. ....	26
2.7	BB07_f: Frisvollskogen vest – byggeområde bustadar.....	30
2.8	BF01_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.....	33
2.9	BF02_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.....	40
2.10	BF03_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar. ....	45
2.11	BF04_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar. ....	51
2.12	BF05_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar. ....	57
2.13	BF06_f: Svartlia på teig til Haugom – byggeområde fritidsbustadar. ....	63
2.14	BF07_f: Svartlia – Graffersetra – byggeområde fritidsbustadar. ....	68
2.15	BF08_f: Lunnarplassen, Hardbakkjen, Svartjønnkleive – byggeområde fritidsbustadar....	73
2.16	BF09_f: Labben på teig til Holm – byggeområde for fritidsbustadar. ....	79
2.17	BF10_f: Meadassetre – byggeområde for fritidsbustadar. ....	84
2.18	BF11_f: Stymme – byggeområde for fritidsbustadar. ....	89
2.19	BF12_f: Nåvårsætervangen – byggeområde for fritidsbustadar.....	95
2.20	BF13_f: Leirhøe – Borgakampen – byggeområde for fritidsbustadar.....	100
2.21	BF14_f: Bjønnskardet - Byggeområde for fritidsbustader. ....	106
2.22	LNF-B01_f: Flatmovegen – spreidd bustadbygnad i LNFR-område.....	110
2.23	BFT01_f: Konglehaugen – Fritids- og turistformål.....	114
2.24	BFT02_f: Raubergstulen vest – Fritids- og turistformål. ....	118
2.25	BN01 og BN03_f: Lågkollen vest - utbyggingsareal for næringsbygnad .....	121
2.26	BN02_f: Frisvollskogen nord - utbyggingsareal for næringsbygnad .....	125
2.27	BOP01_f og BOP02_f: Garmo kyrkje – utviding av areal.....	129
2.28	BIS01-BIS02: Skytebane Lia – Leirduebane .....	133
2.29	BIS01-BIS04: Skytebane Lia – Leirduebane og riflebane .....	136
2.30	GSV01: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Nissegarden til Ekre (1,1 km) .....	139
2.31	GSV02: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Ekre til Skjåk grense (1,5 km) .....	144
2.32	GSV03: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Garmo øvre veg til Byrgrenda (1,3 km) .....	149
2.33	GSV04: Gang-/sykkelveg langs RV15 til Garmo bygdahus (0,8 km) .....	152
2.34	BF15A og BF15B_f: Gomobreinnaugen – byggeområde for fritidsbustadar .....	156

2.35	BFT03_f: Brimi Fjellstugu – byggeområde fritids- og turistformål.....	161
2.35	BFT04_f - BNF07_f: Storhaugen gard – byggeområde fritids- og turistformål. ....	165
2.37	BFT07: Krossbu – Fritids- og turistformål.....	172
2.38	BFT08: Bøverton – Fritids- og turistformål. ....	176
2.39	BFT09: Jotunheimen Fjellhotell – Fritids- og turistformål. ....	181
2.40	BFT10: Leirvassbu – Fritids- og turistformål.....	186
2.41	BFT11: Elveseter Hotell – Fritids- og turistformål. ....	191
2.42	BFT14: Røisheim Hotell – Fritids- og turistformål.....	196
2.43	BFT15: Spiterstulen – Fritids- og turistformål. ....	201
2.44	BFT17: Soleggjen Fjellstue og leirskule – Fritids- og turistformål.....	206
2.45	BFT20: Glitterheim Turisthytte – Fritids- og turistformål. ....	211
2.46	BFT21: Memurubu Turisthytte – Fritids- og turistformål. ....	216
2.47	BFT22: Gjendebu Turisthytte – Fritids- og turistformål. ....	222
3.	Arealrekneskap. ....	227
3.1	Byggeområde for nye bustadar – arealrekneskap.....	227
3.2	Byggeområde for nye fritidsbustadar – arealrekneskap. ....	228
3.3	LNF med spreidd bustadbygnad – arealrekneskap.....	229
3.4	LNFR med spreidd fritidsbygnad – arealrekneskap.....	229
3.5	Byggeområde for næringsformål – arealrekneskap.....	230
3.6	Byggeområde for fritids- og turistformål – framtidig - arealrekneskap. ....	230
3.7	Byggeområde for fritids- og turistformål – noverande - arealrekneskap. ....	231
3.8	Byggeområde for offentleg tenesteyting– arealrekneskap. ....	233
3.9	Område for idrett (skytebaneanlegg) – arealrekneskap.....	233
3.10	Område for samferdselsanlegg: Gang- og sykkelvegar – arealrekneskap.....	234
4.	Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget. ....	235
4.1	Naturmiljø og naturmangfold - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12. ....	235
4.2	Jord og skogbruk. ....	240
4.3	Landskap. ....	243
4.4	Geologiske og hydrologiske ressursar.....	244
4.5	Kulturminne og kulturmiljø. ....	244
4.6	Forureining, energi og klima. ....	245
4.7	Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.....	246
4.8	Teknisk infrastruktur. ....	246
4.9	Samfunnstryggleik.....	247
4.10	Trafikktryggleik. ....	250

## 1. Innleiing.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med ramar for framtidig utbygging, ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiing (KU) skal vera ein del av planskildringa. KU skal skildre verknadane for einskilde område og den samla verknaden for miljø og samfunn ut frå kjent kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av denne. Utgreiinga skal vera relevant for å fatte ei avgjerd og skal vera tilpassa omfanget av tiltaket og konfliktgraden.

Nye område og område som er avsett til framtidig utbyggingsformål i gjeldande kommuneplan som ikkje er realisert ved regulering eller utbygging, er konsekvensutgreidd på nytt. Konsekvensane av nye og gamle område er vurdert i høve til følgjande tema:

- Naturmiljø- og naturmangfald
- Jord- og skogbruk
- Landskap
- Geologiske og hydrologiske ressursar
- Kulturminne og kulturmiljø
- Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge
- Forureining, energi og klima
- Teknisk infrastruktur
- Samfunnstryggleik
- Trafikktryggleik
- Attraktivitet og kvalitet

Kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga er nasjonale databasar, lokale basar og anna kjent kunnskap om området. I dei fleste tilfelle har plankontoret også vore på synfaring i området.

### 1.1 Metode


Metoden som er brukt i arbeidet med konsekvensutgreiing er tilpassa plantypen kommuneplan, og tek utgangspunkt i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar V712 og Miljødirektoratet sin vegleiar M-1941 for konsekvensutgreiingar.

Kvart utgreiingsområde er skjematiske framstilt med kartutsnitt, kort informasjon om området, størrelse på området, forslagsstillar og bruk i dag. Vidare er det stilt opp relevante tema i tabell, fordelt på hovudtema miljø og samfunn. Kvart undertema er kommentert kort, det er gjeve ein verdi og eit omfang. Mykje av arbeidet med konsekvensutgreiinga vart gjort før M-1941 og det er brukt noko forenkla/anna inndeling i forhold til denne når det gjeld fastsetting av verdi, kategoriar for påverknad og for konsekvens.


**Verdi.** Ein vurderer kor verdifullt eit område eller miljø er. Verdien er sett frå liten (\*), middels (\*\*) til stor (\*\*\*) .

**Omfang (effekt).** Ei vurdering av korleis eit område vert påverka/effekt av tiltaket. Omfanget er sett frå Stort positivt omfang (+++) via nøytralt (0) til Stort negativt omfang (---). Sjå figur 1 nedanfor.

**Konsekvens.** Kjem fram ved å helde saman temaet/området sin verdi og omfang/effekt av tiltaket ved bruk av det som i handboka er kalla «Konsekvensvifta» (sjå figur 2 nedafor). Med konsekvens menes fordeler og ulemper et definert tiltak vil medføre i forhold til 0-alternativet. 0-Alternativet er slik planområdet vil stå fram utan den planlagde utbygginga, dvs. vidareføring av dagens situasjon.



Figur 1: Vurderingane av «Omfang/effekt» av det enkelte tiltak på de ulike tema, er gjort med utgangspunkt i handboka og etter en glideskala som går fra stort negativt til stort positivt omfang.



«Konsekvensvifta»: Konsekvens av eit tiltak, kjem fram ved å helde saman temaet/området sin verdi og effekt/omfang av tiltaket ved bruk av det som i Vegvesenets handbok er kalla konsekvensvifta.

Ut frå vurderinga av konsekvensar for dei utvalde tema, er det gjort en samla vurdering av konsekvensar for tiltaket. Med bakgrunn i det og vurderinga av nytten av å gjennomføre tiltaket, er det

for kvart tiltak gjeve ei tilråding frå plankontoret om tiltaket bør være en del av planforslaget eller om det byggområdet/tiltaket som er foreslått bør tas ut av planforslaget pga. at konsekvensane er for store, eller at det er andre område som er vurdert som betre eigna for å oppfylle kommunens målsettingar for planperioden.

## 1.2 Tema som er vurdert i KU og kunnskapsgrunnlag for vurderinga:

Tema	Innhald (kva er vurdert)	Kunnskapsgrunnlag
Naturmiljø og naturmangfold	Naturmangfold og viltførekomstar, område verna etter naturvernlova. Vurderingar etter § 8-12 i naturmangfaldlova.	Naturbase (kartlegging av biologisk mangfold, INON, artskart). Verneområder. Viltkart. Lokalkunnskap.
Jord- og skogbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og skog.	Skog og landskap (AR5), kart over dyrka og dyrkbar jord. Lokalkunnskap. Nasjonal og regional jordvernstrategi.
Landskap	Tilpassing til kulturlandskap. Visuelt sårbart eller eksponert areal.	Nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskap. Lokalkunnskap.
Geologiske/hydrologiske ressursar	Mineralressursar og grunnvatn.	NGU berggrunnskart, lausmassekart og mineralressursar. Nasjonal grunnvassdatabase (Granada).
Kulturminne og kulturmiljø	Freda eller verneverdige kulturminne eller miljø, eldre busettader, gardstun, vassvegar, gamle vegfar mm.	Askeladden. SEFRAK. Lokale registreringar. Lokalkunnskap.
Forureining, energi og klima	Grunnforureining, forureining til vatn og luft, støy, tilknyting til avlaupsnett, lokalisering i forhold til transport (nærleik til barnehage, skule, helse- og sosialteneste, kulturtilbod og handels og servicetilbod), verknadar for klimautslepp og verknadar for energi.	Grunnforureiningsbasen til Miljødirektoratet. Støysoner langs veg (Statens vegvesen). Støysoner for skytebaneanlegg. Eksplosivanlegg og storulykkeanlegg (DSB). Kommunalt VA-kart
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Konsekvens for friluftsliv og nærmiljø og leikeområde.	Kart over turstignett. Statleg sikra friluftsområde. Lokalkunnskap.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og avløp.	Kartgrunnlag. VA-kart. Vegdatabase. Lokalkunnskap.
Samfunnstryggleik	Er arealet utsett til med omsyn til naturfarar (skred og flaum). Overvatn. Faresoner langs store kraftlinjer (el.). Transport av farleg gods.	NVE Atlas (aktsemdeskart og faresonekart). Faresonekartlegging utført for kommunen/private. Overordna ROS-analyse. Dreneringslinjer frå InnlandsGIS. Lokalkunnskap.
Trafikktryggleik	Vegklasse og vegstandard, avkjøring, fartsgrenser, gang- og sykkelveg.	Kartgrunnlag. Vegdatabase/Statens Vegvesen sitt Vegkart. Trafikktryggingsplan. Lokalkunnskap.

Attraktivitet og kvalitet	Kor godt arealet er eigna for føremålet (terrenghelling/ tilkomst/kvalitet på byggegrunn, sol, helling, utsyn og moglegheiter for tilknyting og til kommunale/fellesanlegg for VA.	Kartgrunnlag. VA-kart. Lokalkunnskap.
---------------------------	--	--

## 2. Konsekvensutgreiing av tiltak i planen

### 2.1 BB01\_f: Torkjellstugu - byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigarar
Gnr./bnr.	35/3
Dagens formål (gjeldande KP)	LNF
Foreslått formål	Bustad-formål
Areal	3,2 daa
Dyrka/dyrkbar mark/innmarksbeite	3,2 daa
Gruppebeschreibung	<p>Gruppebeschreibung</p> <p>Grunneigarar har fremma planar om å legge ut to tomter for bustadbygging på. Arealet ligg ved Øvergrends-vegen nedafor gardstunet og er fulldyrka jord. Torkjell-stugu består av ein teig og arealet er på om lag 23 daa. Dyrka areal er på om lag 18 daa. Avstanden til kommunenesenteret på Fossbergom er om lag 1,3.</p>
BB01A 1,6 daa	

#### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Ingen registreringar i planområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.	Ingen verknad	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet som er føreslege utbygd er på 3,2 daa fulldyrka mark, og omfattar den nedre del av jordbruksarealet. Det er passasje mellom tomtene for avlingsveg, som ikkje vil bli dyrka (0,5 daa).	Utbygging vil medføre at om lag 3,7 daa fulldyrka mark går ut av produksjon. Nasjonal og regional jordvernstrategi tilseier svært streng haldninga til å bygge ned dyrka jord.	Stor verdi (***) Stort negativt omfang (+) Stor negativ konsekvens
Landskap	Øvergrenda er prega av jordbrukslandskap med ein del bustadbygnad - i første rekkje langs Øvergrendsvegen. Det er ikkje knytt særskilte verdiar til kulturlandskapet i området.	Bygging av 2 bustadar vil i mindre grad endre kulturlandskapet. Langs nedre del av Øvergrendsvegen fram til Torkjellstugu, er det ei rekkje med bustadar og nokre fritidsbustadar, og det er også ei tomt i aust.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er diorittisk til granittisk gneis. Lausmassedekke er tjukk morene. Det er ikke registrert grus- eller mineral-ressursar i NGU sine basar, og heller ikke grunnvassbrønnar i området eller i nærleiken som kan bli påverka.	Ingen	<i>Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne i utbyggingsområdet og lite potensiale for slike. Det er ikke eldre hus som er registrert i SEFRAK-registeret på garden.	Ingen verknad	<i>Liten verdi (+) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>
Forureining, energi og klima	Det er utbygd offentleg vatn og avlaup i området (trase langs Øvergrendsvegen). Gang- og sykkelveg langs RV15 til Øvergrendsvegen, gjer det mogeleg å sykle/gå til sentrum.	All utbygging vil gi klimaavtrykk, men ikke noko spesielt her.	<i>Middels verdi (**) Middels positivt(++) Middels positiv konsekvens</i>
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Utbyggingsarealet er dyrka mark, og det er ikke utøvd friluftsliv eller leik på arealet.	Ein reknar med at krav til utomhusareal og blir følgt opp i samband med byggesaksbehandling. Elles er det god tilgang til skog og utmark for utøving av friluftsliv.	<i>Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>
Teknisk infrastruktur	Det er utbygd offentleg vatn og avlaup i området (trase langs Øvergrendsvegen). Vegtilkomst vil skje til Øvergrendsvegen.	Det er positivt å kunne nytte allereie utbygd infrastruktur.	<i>Stor verdi (***) Stort positivt omfang (+++) Stor positiv konsekvens</i>
Samfunns-tryggleik	Det vart gjort faresone-kartlegging i regi av NVE i Øvergrenda i 2017-18. Den austlege delen av området er kartlagt som utsett for flaumskred. Faresona er vist på kartet over (raud skravering), og omfattar om lag 0,7 daa av BB01B. Flaumskred kan oppstå i ved mykje nedbør evt. i kombinasjon med smeltevatn.	Det sikraste vil vere å ikke å bygge på arealet som er kartlagd med flaumskredfare. Dersom ein ønskje å bygge på areal i faresona, må det gjerast sikringstiltak. Kart over flaumvegar/dreneringsliner, visar at overflatevatn vil kunne drenere både her og over jordet ved store nedbørsmengder evt. komb. med smeltevatn.	<i>Middels verdi (**) Middels negativt omfang (--) Middels negativ konsekvens</i>

Trafikk-tryggleik	Det er utbygd gang- og sykkelveg langs RV15 fra sentrum fram til Øvergrendsvegen. Det gjer det mogeleg å sykle/gå til sentrum (1,5 km). Øvergrendsvegen er kommunal. Det ligg ikke føre tal for trafikk-mengde. Fartsgrensa er 60 km/t.	Vel 50 adresser er knytt til Øvergrendsvegen. Vegen har forbindning mot RV15 i begge endar, og trafikken går begge vegar. Det er ikkje venta at utbygginga vil utløysa så stor trafikk at det vil få særlege konsekvensar for trafikktryggleiken. Nedsett fart til 50 km/t bør vurderast.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Litен negativ конеквенс
Attraktivitet og kvalitet	Arealet vil kunne bli eit attraktivt bustadområde, da det ligg fritt med fin utsikt mot Fossbergom/ Lomseggen, Skjåk og Lia/Liafjellet. At området enkelt kan knytast til offentleg veg, vatn og avlaup, vil gjere utbyggingen enklare og rimelegare.	Avstanden til sentrum er om lag 1,3 km, og utbygd gang- og sykkelveg langs RV15 gjer det greitt å sykle eller gå. Arealet er ganske bratt med stigning på ca. 20 %, slik at arealinngrepa kan bli store om ein set opp hustypar levert for flate tomtar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### **Samla vurdering:**

Utbygging på dyrka jord er i strid med nasjonal og regional jordvernstrategi. I tillegg til jorda som blir nedbygd her, vil også utbygginga gå ut over arronderinga av jordet og medføre driftsulemper. Drift av dyrkjord med gjødselspreiing, jordarbeid og hausting med to bustadtomter i nedkant, verkar også lite ideelt.

Dersom det i heile tatt skal vere mogeleg å ta i bruk dyrka mark for bustadbygging i dag, må det vere høg arealutnytting – dvs. bygging av fleirmannsbustadar. Her er det planar om to store tomter for einebustadar, noko som neppe vil la seg gjennomføre. Det er naturleg at grunneigar tenkjer utbygging med einebustadar. Fleirmannsbustadar vil vere eit framandelement i jordbrukslandskapet i Øvergrenda, og det vil truleg heller ikke vere marknad for denne bustadtypen her.

Lokalisering forholdsvis nær sentrum, utsikt og solforhold, tilseier at dette truleg ville bli attraktive einebustadomter. Noko areal i aust vil truleg også gå ut som byggegrunn da det er kartlagt som utsett for flaumskred. Kart over flaumvegar/dreneringsliner, visar at overflatevatn vil kunne drenere både her og over jordet ved store nedbørsmengder evt. kombinert med smeltevatn. Dersom det blir utbygging, bør ein forskyve BB01B slik at denne vert liggande utafor faresona inntil BB01A, og da legge traseen for avlingsvegen i faresona.

Med omsyn til nærmere utgreiing av flaumfarene, viser ein til ROS-analysen.

KU er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Med bakgrunn i jordvernomsyn, kan ikke plankontoret tilrå at dyrka mark på Torkjellstugu blir utbygd for bustadformål.

## 2.2 BB02\_f: Haugom – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar
Gnr./bnr.	33/1
Dagens formål (gjeldande KP)	LNF
Foreslått formål	Bustad-formål
Areal	12,0 daa
Dyrka-/dyrkbar mark/innmarksbeite	12,0 daa
VA Prosjektering AS har på fremma planar om bustadbygging på vegne av grunneigar. Dei skriv at det er potensiale for 8-9 tomter for eine-bustadar på arealet. Arealet ligg ved gardstunet og er fulldyrka. Haugom er på i alt 127 daa, har sæter i Meadalen og i alt 5 skogteigar. Det er berre teigen ved garden som i dag er dyrka, og i tillegg til dei 12 daa som er tenkt utbygd, er det 8 daa her som blir bruk som hamning.	<p>Arealet som er føreslege utbygd med bustadar ligg ved Øvergrendsvegen 1,5 km aust for kommunesenteret på Fossbergom.</p>

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Ingen registreringar i planområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.	Ingen verknad	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet som er føreslege utbygd er 12,0 daa fulldyrka mark, og omfattar den øvre del av jordbruksarealet ved gardstunet. Nedre del av jordbruksarealet er brattare, og vert i dag nytta berre som beite (8 daa).	Utbygging vil medføre at 12,0 daa fulldyrka mark går ut av produksjon. Dette er i strid med jordvern-omsyn. Nasjonal og regional jordvern-strategi tilseier at haldninga til å bygge ned dyrka jord skal vere svært streng. Truleg kan den nedre delen av jordbruksarealet fortsatt bli brukt som beite, men det føreset at det blir tilkomst til arealet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (+)</i> Stor negativ konsekvens

Landskap	Øvergrenda er prega av jordbrukslandskap med ein del bustadbygnad - i første rekkje langs Øvergrendsvegen. Det er ikkje knytt særskilte verdiar til kulturlandskapet i området.	Bygging av 8-9 bustadar vil endre kulturlandskapet. Langs nedre del av Øvergrendsvegen er det ei rekkje med bustadar og nokre fritidsbustadar. Det er også reist forslag om bustadar på Torkjell-stugu som vil forlenge denne husrekka opp mot Haugom. Utbyggjar signaliserer at det i reguleringsplan vil bli sett krav til utforming av bustadar av omsyn til landskap, byggeskikk mm.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lit negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Det er ikkje registrert grus- eller mineralressursar i NGU sine basar, og heller ikkje grunnvassbrønnar i området eller i nærleiken som kan bli påverka.	Ingen	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert frede kulturminne i utbyggingsområdet og lite potensiale for slike. På gardstunet er det eldre hus som er registrert i SEFRÅK-registeret: det gamle våningshuset, eit uthus og fjoiset. For dei to første er det meldeplikt etter kulturminnelovas § 25 ved tiltak. På Sygard Stamstad nedfor RV15 er det fleire verna bygnadar.	Slik utbygginga er føreslege, vil ho ikkje råke dei eldre bygga på gardstunet.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Om lag $\frac{3}{4}$ av arealet ligg i gul sone for vegtrafikkstøy (grå skrå skravering på kartet). Det er utbygd offentleg vatn og avlaup i området. Det er gang- og sykkelveg langs RV15 til Øvergrendsvegen, gjer det mogeleg å sykle/gå til sentrum.	Ved regulering av området må det gjennomførast støyanalyse og lagast ein plan for tiltak mot støy. All utbygging vil gi klimaavtrykk, men ikkje noko spesielt her. Med utbygging av såpass mange bustadeiningar, bør ein vurdere energieffektive løysingar ved regulering.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt(++)</i> Middels positiv konsekvens

Teknisk infrastruktur	Det er utbygd offentleg vatn og avlaup i området (trase langs Øvergrendevegen). Vegtilkomst vil skje til Øvergrendevegen.	Det er positivt å kunne nytte allereie utbygd infrastruktur.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Utbyggingsarealet er dyrka mark, og det er ikke utøvd friluftsliv eller leik på arealet.	Ein reknar med at krav til utsomhusareal og leikeplassar blir følgt opp ved regulering. Elles er det god tilgang til skog og utmark for utøving av friluftsliv.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Det vart gjort faresonekartlegginga i regi av NVE i Øvergrenda i 2017-18. Den austlege delen av området er kartlagt som utsett for flaumskred, Faresona er vist på kartet over (raud skravering), og omfattar om lag 1,8 daa av utbyggingsarealet.	Det sikraste vil vere å ikkje å bygge på arealet som er kartlagd med flaumskredfare. Flaumskred kan oppstå i samband med store nedbørsmengder evt. i kombinasjon med snøsmelting. Dersom ein ønskje å bygge på areal i faresona må det gjerast sikringstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er utbygd gang- og sykkelveg langs RV15 frå sentrum fram til Øvergrendevegen. Det gjer det mogeleg å sykle/gå til sentrum (1,5 km). Øvergrendevegen er kommunal. Det ligg ikkje føre tal for trafikkmengde. Fartsgrensa er 60 km/t.	Vel 50 adresser er knytt til Øvergrendevegen. Vegen har forbinding mot RV15 i begge endar, og trafikken går begge vegar. Det er ikkje venta at utbyggingsa vil utløysa så stor trafikk at det vil få særlege konsekvensar for trafikktryggleiken. Nedsett fart til 50 km/t bør vurderast.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Dette vil truleg bli attraktive tomter. Arealet ligg fritt med fin utsikt mot Fossbergom/Lomseggen, Skjåk og Lia/Liafjellet. At området enkelt kan knytast til offentleg veg, vatn og avlaup, vil gjere utbygging enklare og rimelegare.	Avstanden til sentrum er om lag 1,5 km, og utbygd gang- og sykkelveg langs RV15 gjer det greitt å sykle eller gå. Arealet er ganske bratt med stigning på ca. 20 %, slik at arealinngrepa kan bli store ved bygging av hustypar berekna for flate tomtar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Utbygging på dyrka jord er i strid med nasjonal og regional jordvernstrategi. Dersom det i heile tatt skal vere mogeleg å ta i bruk dyrka mark for bustadbygging i dag, må det vere høg arealutnytting –

dvs. bygging av fleirmannsbustadar. Her er det planar om store tomter for einebustadar, noko som neppe vil la seg gjennomføre.

Det er naturleg at grunneigar tenkjer utbygging med einebustadar. Fleirmannsbustadar vil vere eit framandelement i jordbrukslandskapet i Øvergrenda, og det vil truleg heller ikkje vere marknad for denne bustadtypen her.

Lokalisering forholdsvis nær sentrum, utsikt og solforhold, tilseier at dette truleg ville bli attraktive einebustumter. Arealet er ganske bratt med stigning på ca. 20 %, slik at arealinngrepa kan bli store ved bygging av dei vanlegaste typane av einebustadar i dag - som ofte er berekna for flate tomtar. At det er såpass skrått terreng vil også tilseie at det ikkje vil vere plass for så mange tomter som førespeglar. Ved utbygging er det aktuelt med terrassering av arealet, og både vegar, skjeringar og fyllingar vil krevje areal.

$\frac{3}{4}$  av arealet er omfatta av gul sone for vegtrafikkstøy. Gul støysone er ei vurderings-sone kor ny bygnad kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. Ved regulering av området må det gjennomførast støyanalyse og lagast ein plan for tiltak mot støy.

Noko areal i aust vil truleg måtte gå ut som byggegrunn da det er faresonekartlagt som utsett for flaumskred (1,8 daa). Kart over flaumvegar/dreneringsliner, visar at overflatevatn vil kunne drenera her ved store nedbørsmengder evt. kombinert med smeltevatn.

Med omsyn til nærmere utgreiing av støy og flaumfare, viser ein til ROS-analsysen.

Dersom det skal tillatast bustadbygging på arealet, må et blir stilt krav om utarbeidning av reguleringsplan.


KU er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

#### **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Med bakgrunn i jordvernomsyn, kan ikkje plankontoret tilrå at dyrka mark på Haugom blir utbygd for bustadformål.

## 2.3 BB03\_f: Frisvollskogen N. – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar/kommune.
Gnr./bnr.	Del av GID 7/4 og GID 7/6
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo frå 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for bustadbygnad - Framtidig
Areal	58,9 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	49,4 daa er kartlagt som dyrkbart.
Området ligg inntil bustadområda i Frisvollskogen i Garmo. I sør grensar området inntil reguleringsplanen Frisvollskogen 2 som vart vedteken 19.09.1985 (planid. 5140015).	
Det vart i 2014 starta opp arbeid med utarbeiding av privat forslag til reguleringsplan for området, kalla Frisvollskogen 3 (gjeve planid. 5140070). Detaljreguleringsplan var utarbeidd for eigaren av GID 7/4, og omfatta 22 tomter for frittliggjande einebustadar og 6 tomter for konsentrert småhusbygnad. Etter vedtak i planutvalet i juni 2015, lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Planprosessen stoppa etter kvart opp med grunnlag i uavklarte privatrettslege forhold, og det var også mange innspel i forhold til vegtilknyting for området. Sidan det ikkje er vedteken reguleringsplan for området, vert det no i samsvar med regelverket, utarbeidd KU for området.	



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for jerpe, elg, hjort og rådyr. Området er ikke registrert som viktig naturtype (naturbase). I Arts-databanken er det ikke registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil råke leveområdet for jerpe, elg, hjort og rådyr, ved at areal byggast ned og ved at desse vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	5,8 dekar er barskog av høg bonitet og 52,0 dekar er registrert å ha middels bonitet. 1,1 dekar er anna jorddekt fastmark. 49,4 dekar av arealet er kartlagd som dyrkbart.	Utbygging vil vere i konflikt med skogbruk og potensielt dyrkbart areal. Bruk som ligg inntil, har ønske om å nytte areal i området for beite.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet er skogkledd og skrår mot aust ned mot Kollavegen. Landskapet i området skil seg ikke spesielt ut, og er ikke kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/ regionale register.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet, blir vurdert som moderate, da planlagd bustadfelt grensar mot utbygdde områder i sør.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis som er overdekkja av tjukt morenedekke. Det er ikke kartlagt verdifulle geologiske ressursar. Det er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, registrert ein borebrunn på bruket Hammerdalen som ligg nedstraums området. Potensiale for grunnvatn er registrert som avgrensa.	Utbygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRÅK-registeret.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett og energiforsyning i området. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) fram mot området. Området er ikke utsett for støy.	Utbygging vil ikke ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslapp.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Teknisk infrastruktur	Det er utbygd energiforsyning, og kommunalt nett for avlaup og vassforsyning i området. Området må få etablert vegtilkomst til Kollbottvegen som følgjast vidare til Kollavegen.	Utbygd infrastruktur ligg godt til rette for utbygging av området, men det er knytt noko usikkerheit til vegtilkomst i forhold til privatrettslege forhold.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Planområdet er ein del av Frisvollskogen, som er lokalt viktig friluftsområde. Det går stiger gjennom området, men det råka området er lite i bruk for friluftsliv og som leikeområde.	Utbygging av det planlagde området, råker ikkje vesentlege friluftsinteresser, og det er god tilgang til tilgrensande område.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at overflatevatn ikkje medfører særskilt fare.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Avkøyringa mot Kollbottvegen/evt. mot Kollavegen, må i samband med detaljplanlegging, få kapasitet/siktforhold i samsvar med forventa trafikk. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) fram mot området.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området er skrånande, men har god byggegrunn. Lokalisering er svært gunstig forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur.	Området er vurdert godt eigna for bustadbygging.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Arealet er vurdert som godt eigna for bustadbygging. Området har god byggegrunn og gunstig lokalisering i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Området er ikkje utsett for skred og flaum og ikkje verna eller omfatta av viktige naturverdiar. Tabellen over viser at utlegging området er vurdert å ha ubetydelege eller små negative konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfold», «Landskap», «Kulturminne», «Friluftsliv» og «Trafikktryggleik».

Arealet er kartlagt som dyrkbart areal, og strekk seg frå det utbygde bustadfeltet (Frisvollskogen 2) til Kollavegen. Kartleggingar av dyrkbar mark vart gjort i samband med etableringa av økonomisk kartverk på 1980-talet, og det er sidan ikkje gjort korreksjonar. Av det økonomiske kartverket går det fram at dyrkingsjorda i dette området er klassifisert som svært blokkrik dyrkingsjord, men som ved fulldyrking ikkje treng systematisk grøfting. Dyrka jord og dyrkingsjord har sterkt vern etter nasjonal forskrift.

I det private planforslaget til regulering av Frisvollskogen 3, var det ikkje nemnt at det er kartlagt dyrkbar jord i området. Fylkesmannen har i si uttale peika på at det er dyrkbar jord i området, men har ikkje vidare kommentarar knytt til dette. At arealet er ikkje er dyrka, kan både ha si bakgrunn at gardane som eig dei dyrkbare areala ligg ved kyrkja om lag 1,3 km køyreavstand unna (Frisvoll øvre nordre og Frisvollmoen). Areal av kvar teig er ikkje så store, og det kan vere at eigarane ikkje har vurdert at det er økonomi i å dyrke her, at dei ikkje har hatt trong for meir jord, eller ikkje har kjend til at det er registrert dyrkingsressursar.

Plankontoret vil rekne at dei problema ein støtte på i den reguleringsprosessen som vart starta i 2014, vil kunne la seg løyse ved ein anna utforming av planen, og at dei privatrettslege forholda vil kunne la seg løyse. Ein finn da at det ikkje er særleg andre omsyn enn jordvern som talar mot utbygging av bustadar her.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

#### **Konklusjon endra til 2. gongs ettersyn og høyring:**


Det er viktig å ha tilgjengeleg areal for etablering av ny bustadbygging i Garmo, og område BB03\_F har ideell lokalisering inntil eksisterande regulerte bustadområde og i forhold til utnytting av etablert infrastruktur. Det er registrert dyrkbar jord i området, og omsyn til jordvernet skaper noko usikkerheit i forhold til om området bør byggast ut.

Sett på bakgrunn av jordvernomsyn, og at plankontoret meiner av områda BB06\_f og BB07\_f som også ligg inntil bustadområdet i Frisvollskogen, vil gi tilstrekkeleg tilgang på nye tomter i Garmo i planperioden (anslag 17 tomter), vil plankontoret tilrå at område BB03\_F ved Frisvollskogen, ikkje vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

## 2.4 BB04\_f: Garmo skule sør – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar.
Gnr./bnr.	Del av GID 7/4
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo fra 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for bustadbygnad - Framtidig
Areal	6,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	6,4 daa er innmarksbeite (AR5)

Området ligg mellom RV15 og bustadområde ved Garmo skule og barnehage (skulen er nedlagt). Område er på om lag 6,4 dekar og ligg i skrått terreng. Truleg kan det vere plass for 4-5 einebustadar her, eller eventuelt fleire bueininger ved bygging av fleirmannsbustadar.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikke registrert som viktig naturtype (naturbase). I Arts-databanken er det ikke registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil ha lite å seie for naturmiljø og naturmangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet er registrert som innmarksbeite i jordregisteret (AR5).	Utbygging vil vere i konflikt med landbruk og utnytting av området til beite.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i eit jordbruksområde der det er verneverdiar knytt til gardsbygnad og verdiar knytt til kulturlandskapet, men ligg ikke nasjonale/regionale register som viktig kulturlandskap.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet i det opne området, vil bli godt synleg. Skade-verknadene blir likevel vurdert som små, da utbyggingsområde grensar mot område med bustadar.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er i det meste av området kvartsitt, som går over i mjukare fylitt/glimmerskifer i nedre del. Lausmassedekket er breelv-avsettingar. Det er ikke kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Det er i grunnvassdatabasen, GRANADA, ikke registrert borebrunnar, mens potensiale for grunnvatn truleg er betydeleg.	Utbygging vil ikke ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRÅK-registeret.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er utbygd energiforsyning og kommunalt nett for avlaup og vassforsyning i området. Området må få etablert vegtilkomst til Kollavegen.	Utbygd infrastruktur ligg godt til rette for bustadbygging i området.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Forureining, energi og klima	Området er ligg svært utsett for vegtrafikkstøy. Nedre delar ligg i raud støysone, mens resten ligg i gul støysone. Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett og energiforsyning i området. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) inntil området.	I raud støysone er hovudregelen at ny bustadbygnad skal unngåast, mens den gule sonen er ei vurderingszone kor ny bygnad kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillende støyforhold. I om med at arealet skrår forholdsvis mykje ned mot riksvegen, vil det vere svært vanskeleg og kostbart og gjennomføre tiltak for å skjerme især uteområde mot støy. Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslepp.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort negativt omfang (+++)</i> Stor negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er innmarksbeite, og har ikkje verdi for friluftsliv eller som leikeområde.	Utbygging av det planlagde området, råker ikkje friluftsinteresser, eller areal som har verdi for barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at overflatevatn i ikkje medfører særskilt fare.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Avkjøyringa mot Kollavegen må i samband med detaljplanlegging, få kapasitet/siktforhold i samsvar med forventa trafikk. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) fram mot området.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Trafikkstøy gjer at området ikkje vil vere attraktivt for utbygging, og truleg ikkje kan tillatast. Lokalisering elles er gunstig forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur.	På grunn av trafikkstøy, vurderer ein området lite eigna for bustadbygging.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Stor negativ konsekvens

### **Samla vurdering:**

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) gir anbefalte utadørs støygrenser ved etablering av nye bustadar og anna bygnad med støyfølsame bruksformål. Støy er et miljøproblem som rammer svært mange menneske. Støy bidrar til redusert velvære og mistrivnad, og påverkar derfor folks helsetilstand. Formålet med retningslinja er å legge til rette for en langsigkt arealdisponering som forebygger støyproblem. Retningslinja er vugleende, og ikkje rettsleg bindande. Vesentlege avvik kan gi grunnlag for motsegn til planen frå statlege myndigheter, mellom anna Statsforvaltaren.

Statens vegvesen har kartlagt støy langs riks- og fylkesvegnettet i samsvar med retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. Støyberekingane er vist i såkalla støyvarselskart som skal leggast til grunn for kommunen sin arealplanlegging. Støyvarselskartet for RV15 gjennom Garmo, visar at område BB04\_f ligg er svært utsett for vegtrafikkstøy. Nedre delar av området ligg i raud støysone (35 % av arealet), mens resten ligg i gul støysone (65 %). I den rauda støysona er hovudregelen at ny bustadbygnad skal unngåast, mens den gule sonen er ei vurderingszone kor ny bygnad kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillende støyforhold. I om med at arealet skrår forholdsvis mykje ned mot riksvegen, vil det vere svært vanskeleg og kostbart og gjennomføre tiltak for eksempel ved å bygge støyoller eller sette opp støyskjermar for å skjerme især uteområde mot støy desse kjem innanfor krava sett i støyforskrifta.

At område BB04\_f ligg så utsett for trafikkstøy, gjer at kommunen ikkje kan gå inn for å prioritere framtidig bustadbygging i Garmo her, men må søkje å legge ny bustadbygging til andre områder som ikkje er støyutsett.

Med omsyn til nærmare utgreiing knytt til støy, viser ein til ROS-analysen.

Området er innmarksbeite, slik at ein med omsyn til landbruksformål, må vurdere om det er ønskeleg med utbygging på arealet, sjølv om arealet ligg i noko avstand frå garden og ein må krysse RV15.

I fall kommuneplanprosessen vil ende opp med at området skulle bli avsett for utbygging, blir det stilt krav om utarbeiding av støyanalyse og reguleringsplan før utbygging.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**


Støyvarselskart fra Statens Vegvesen, viser at område BB04\_f ligg svært utsett til for trafikkstøy. Plankontoret vurderer at det her vil det vere svært vanskeleg og kostbart og gjennomføre tiltak for eksempel ved å bygge støyoller eller sette opp støyskjermar for å skjerme især uteområde mot støy.

Plankontoret tilrår at området BB04\_f, ikkje vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.

## 2.5 BB05\_f: Garmo skule søraust – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Torstein K. Garmo (ikkje grunneigar)
Gnr./bnr.	Del av GID 7/2
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo frå 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for bustadbygnad - Framtidig
Areal	3,3 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	3,3 daa er innmarksbeite (AR5)

Området ligg på område med innmarksbeite mellom eksisterande bustadomter søraust for Garmoskulen. Området er på om lag 3,3 dekar og ligg i skratt terrenget. Truleg kan det vere plass for 2 einebustadar her, eller eventuelt fleire bueiningar ved bygging av fleirmannsbustadar.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Området er ikke registrert som viktig naturtype (naturbase). I Arts-databanken er det ikke registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil ha lite å seie for naturmiljø og naturmangfold.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet er registrert som innmarksbeite i jordregisteret (AR5).	Utbygging vil vere i konflikt med landbruk og utnytting av området til beite.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i eit jordbruksområde der det er verneverdiar knytt til gardsbygnad og verdiar knytt til kulturlandskapet, men ligg ikke nasjonale/regionale register som viktig kulturlandskap. Terrenget på det aktuelle arealet er bratt, og tomtene må truleg gravast inn i skrånninga og sikrast med støttemur.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet i det opne området, vil bli godt synleg. Skadeverknadene blir likevel vurdert som forholdsvis små, da planlagd utbygging grensar mot eksisterande bustadtomtar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er kvartsitt. Lausmassedekket er brelv-avsettingar. Det er ikke kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Det er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, ikke registrert borebrunnar, mens potensiale for grunnvatn er anteke som betydeleg.	Utbygging vil ikke ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er utbygd energiforsyning, og kommunalt nett for avlaup og vassforsyning i området. Området vil få vegtilkomst til Kollavegen.	Utbygd infrastruktur ligg godt til rette for bustadbygging i området.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er innmarksbeite, og har ikke verdi for friluftsliv eller som leikeområde.	Råker ikke friluftsinteresser, eller areal som har verdi for barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett og energiforsyning. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) i området. Området er ikkje utsett for vegtrafikkstøy over grenseverdiar.	Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslepp. Trafikkstøy kan vere eit problem sjølv om støyen er berekna til å ligge under grenseverdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at overflatevatn i ikkje medfører særskilt fare.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Avkøyringa mot Kollavegen må i samband med detaljplanlegging, få kapasitet/ siktforhold i samsvar med forventa trafikk. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) fram mot området.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Lokalisering er gunstig i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Terrenget er bratt (helling omlag 40 %). Trafikk-stoy kan vere eit problem.	Da terrenget er bratt må tomtene truleg gravast inn i skråninga som må sikrast med støttemur. Hus bør byggast med sokkeletasje for å avgrense terrengrinngrep.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Lokalisering av området er gunstig forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Det trekk ned at byggegrunnen er så bratt. Området ligg forholdsvis nær Rv15, slik at trafikkstøy kan vere eit problem sjølv om støyen er berekna til å ligge under grenseverdiar på Statens Vegvesen sitt støyvarselkart.

Området er innmarksbeite, slik at ein med omsyn til landbruksformål, må vurdere om det er ønskeleg med utbygging på arealet. Men arealet er lite, ligg i noko avstand frå garden og ein må krysse RV15. Forslaget om byggeområde er ikkje reist av grunneigar, så det må avklarast om grunneigar ønskjer å bygge ut arealet. I fall kommuneplanprosessen vil ende opp med at området skulle bli avsett for utbygging, blir det stilt krav om utarbeidning av støyanalyse og reguleringsplan før utbygging.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.


### Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:

Området er lite, med bratt tomtegrunn, og nye bustadar vil ligge noko utsett for trafikkstøy. Da området også er innmarksbeite, tilrår plankontoret at området BB05\_f, ikkje vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.

## 2.6 BB06\_f: Frisvollskogen sør – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Torstein K. Garmo (ikkje grunneigar)
Gnr./bnr.	Del av GID 7/2 og 7/3 og 5
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo frå 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for bustadbygnad - Framtidig
Areal	39,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	14,1 daa er innmarksbeite (AR5)

Området ligg på område med skoggrunn og beitemark sør for Frisvollskogen bustadfelt. Område er på ligg i skrått terreng. Truleg kan det vere plass for 20 einebustadar her, eller eventuelt fleire bueiningar ved bygging av fleirmannsbustadar.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for jerpe, elg, hjort og rådyr Området er ikke registrert som viktig naturtype (naturbase). I Arts-databanken er det ikke registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil råke leveområdet for jerpe, elg, hjort og rådyr, ved at areal byggast ned og ved at desse vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	14,1 dekar er registrert som innmarksbeite i jordregisteret (AR5). Resten, 25,3 dekar, er skog av middels bonitet.	Utbygging vil vere i konflikt med landbruk og utnytting av området til innmarksbeite og for skogbruk.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet er dels skogkledd og skrår mot aust ned mot Kollavegen. Landskapet i området skil seg ikke spesielt ut, og er ikke kartlagt med særskilte landskapsverdier i nasjonale/ regionale register.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet, blir vurdert som moderate, da planlagd bustadfelt grensar mot eksisterande utbygde områder i nord.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis. Lausmassedekket er morene der tjukkelsen varierer frå tjukt dekke nedst og tynt øvst. Det er ikke kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Potensialet for grunnvatn er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, vist som avgrensa. Det er registrert ein borebrunn i fjell.	Utbygging vil ikke ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området. 5 bygningspunkt er registrert i SEFRAK-registeret sør for Gjeilhaugen i grensa for det føreslegne byggeområdet. 3 av dei er registrert som ruinar den gong registreringa skjedde på 1990 talet, og no ser det på flybilete ut som alle bygg er borte.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne. Det kan ligge ruinar av eldre bygg i grensa for byggeområdet. Ved eventuell deltaljplanlegging må ein ta stilling til om ruinar skal bevarast av omsyn til kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens


Teknisk infrastruktur	Området kan knytast til kommunalt nett for vatn- og avlaup som ligg i noko avstand aust for Kollavegen. Vassforsyning kan evt. skje mot tilknyting av leidningsnett i Frisvollskogen 1 bustadfelt. Det er bratt å etablere vegtilkomst frå feltet direkte til Kollavegen. Alternative vegtilkomstar kan vere sørover i retning skulen eller mot Torestuguvegen i bustadfeltet og vidare via Kollbotvegen til Kollavegen.	Det ligg til rette for å knytte området mot kommunalt vatn- og avlaup. Det er knytt noko usikkerheit til vegtilkomst.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er ligg inntil gang-/sykkelveg/turveg mot skulen, og kan ha noko verdi for friluftsliv og som leikeområde.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området, slik at utbygging vil ikkje råke vesentlege friluftsinteresser, eller gå vesentleg ut over verdiar for barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) i området. Området er ikkje utsett for vegtrafikkstøy.	Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslepp.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at det ein mogeleg flaumveg midt gjennom området som drenerer eit areal på 50 – 100 dekar.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved plassering av bygningar og vegar og etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er usikkert kva som vil vere dei beste løysingane for tilkomstvegar til området. Dette må avklarast ved evt. detaljplanlegging. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) fram mot området.	Avkøyringar må i samband med detaljplanlegging, få kapasitet/ siktforhold i samsvar med forventa trafikk. Ein reknar at risikoene for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Lokalisering er forholdsvis gunstig i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Terrenget er noko bratt (helling omlag 10 %). Det er gunstige solforhold og god utsikt mot aust og sør.	Hus bør byggast med sokkeletasje for å avgrense terrenginngrep.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	--	---	--

### Samla vurdering:

Lokalisering av området er forholdsvis gunstig i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Det er usikkert kva som vil vere dei beste løysingane for tilkomstvegar til området. Forslaget om utlegging av byggeområde er ikkje reist av grunneigarane, og det må avklarast om desse ønskjer å bygge ut arealet.

Ein del av området er innmarksbeite (35 %). Landbruksomsyn tilseier at det ikkje er ønskeleg med utbygging av dette arealet. Av landbruksomsyn tilrår plankontoret å avgrense utbyggingsområdet til å omfatte arealet på nordsida av dyrkamarka og innmarksbeitet. Dette området kan gi plass til anslagsvis 9 tomter for einebustadar, eller fleire bueiningar ved bygging av fleirmannsbustadar, jf. kartskisse under. Til dette området er også terrenget slik, at det vil det vere enklare å få til ei vegtilknyting. Kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS viser ingen potensielle flaumvegar i dette området.



Jordregister AR5: Ein del av området er registrert som innmarksbeite, og området ligg intil dyrka mark.  
Forslag til avgrensning av utbyggingsområdet er vist med raud strek og markert med prikkar.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:

Av landbruksomsyn tilrår plankontoret å avgrense utbyggingsområdet BB06\_f til å omfatte arealet på nordsida av dyrkamarka og innmarksbeitet. Området vil da omfatte eit areal på 13,7 dekar. Det blir stilt krav om utarbeidning av reguleringsplan før utbygging.

## 2.7 BB07\_f: Frisvollskogen vest – byggeområde bustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar/Lom kommune
Gnr./bnr.	Del av GID 8/1
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo frå 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for bustadbygnad - Framtidig
Areal	21,7 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0

Området ligg i område med skoggrunn oppfor og vest for Frisvollskogen bustadfelt. Område ligg i skratt terrenget. Truleg kan det vere plass for 8 einebustadar her, eller eventuelt fleire bueiningar ved bygging av feirermannsbustadar.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for jerpe, elg, hjort og rådyr Området er ikkje registrert som viktig naturtype (naturbase). I Arts-databanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil råke leveområdet for jerpe, elg, hjort og rådyr, ved at areal byggast ned og ved at desse vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	21 dekar er registrert som barskog av middels bonitet (AR5). 0,4 dekar er ein skogsbilveg som går opp i området. 0,3 dekar er anna bygd areal	Utbygging vil vere i konflikt med skogbruk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet er skogkledd og skrår mot aust ned mot Frisvollskogen bustadfelt. Landskapet i området skil seg ikkje spesielt ut, og er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/regionale register.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet, blir vurdert som moderate, da planlagd bustadfelt grensar mot utbygd bustadfelt i aust.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis, dekt av morene i hovudsak kartlagt som tjukt dekke Det er ikkje kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Potensialet for grunnvatn er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, vist som avgrensa. Det er registrert ein borebrunn i fjell.	Utbygging vil ikkje ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRÅK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området kan knytast til kommunalt leidningsnett for vatn- og avlaup i Frisvollskogen 1 bustadfelt. Areala ligg inntil og oppfor høgdebassenget, og det må truleg etablerast ved anlegg for trykk-forsterking for vassforsyning. Vegtilkomst kan truleg skje frå Frisvollskogen 1 bustadfelt etter eksisterande skogsbilveg, evt. supplert med vegtilkomst langs trase for traktorveg i sør.	Det ligg til rette for å knytte området mot kommunalt vatn- og avlaup. Skissert vegtilkomst langs skogsbilvegen er forholdsvis bratt med gjennomsnittleg stigning 12 %.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er ligg nær og kan knytast til gang-/sykkelveg/turveg mot skulen. Området har avgrensa verdi for friluftsliv og leik.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området, slik at utbygging vil ikkje råke friluftsinteresser eller gå ut over barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) i området. Området er ikkje utsett for vegtrafikkstøy.	Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslepp.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av faresoner for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at det ein mogeleg flaumveg ned langs skogsbilvegen og vidare ned langs Kollbottvegen som er rekna å drenere eit areal på 100 – 500 dekar. Inntil området i sør er det vist ein mogeleg flaumveg ned langs traktorvegen her som drenerer eit areal på 20 – 50 dekar.	Ved evt. detalj-planlegging for utbygging, må ein ta omsyn til dei mogelege flaumlaupa , og utarbeide ein plan for drenering og handtering av overvatn.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er etablert vegnett fram mot området, og området kan knytast opp mot eksisterande gang- og sykkelvegar.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Lokalisering er gunstig i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Terrenget er noko bratt (helling omlag 13 %). Det er gunstige solforhold og god utsikt mot aust og sør.	Hus bør byggast med sokkeletasje for å avgrense terrenginngrep.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Lokalisering av området er gunstig i forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur, og det er lite konfliktar knytt til utbygging av arealet. For nærmere utgreiing av flaumfare, viser ein til ROS-analysen. Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:

Plankontoret tilrår at området BB07\_f ved Frisvollsogen, vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Bustadbygging - Framtidig". I fall kommuneplanprosessen vil ende opp med at området blir avsett for utbygging, blir det stilt krav om utarbeidning av reguleringsplan før utbygging. For sikker bortleiring av overvatn ned langs vegane, stillast krav om utarbeidning av overvassplan i samband med reguleringsplanarbeidet.


## 2.8 BF01\_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Brimi Fjellstugu AS
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	197,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	197,6 daa er dyrkbar jord

Konsekvensutgreiinga (KU) bygger på ei tidlegare KU som vart utført for forslaga om hytteområde ved Nordsætrin i samband med kommuneplanarbeidet i 2018. At KU nå er skrivi på nytt er i hovudsak på grunnlag av det var trøng for oppdatering da det i 2020 vart søkt om å få utlagt dyrkingsparsellar på delar av det same arealet. Plankontoret har også funne det tenleg at alle konsekvensutgreiingane til kommuneplanen er gjort etter same lest.

VA prosjektering AS spelte på vegne av Brimi Fjellstugu AS i 2013 inn eit forslag om hyttebygging i området mellom Tessvegen, Kleppdalsvegen og Langmyrene i samband med oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Dei så for seg ei utbygging av 40-50 tomter for fritidsbustadar i dette området med innlagt straum, vatn og avlaup. Dei har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Som i konsekvensutgreiinga frå 2018 er forslaget om utbyggingsområdet for fritidsbustadar som fjellstugu har spelt inn, blitt delt i tre delområde her kalla BF01\_f, BF02\_f og BF03\_f. Alle delområda ligg innanfor gnr. 157 bnr. 1 Vårdalen statsallmenning, med Statskog SF som grunneigar.

Denne konsekvensutgreiinga gjeld område BF01\_f på kartet under. Området BF01\_f ligg på ryggen mellom Brimi Fjellstugu og Langmyri/Brimiskogen klatrepark. Arealet er på ca. 198 daa, og ligg på ca. 860 - 900 m.o.h.. Området er ikkje utbygd, og består primært av fjellfuruskog. Deler av arealet ligg inntil ein bilveg, mens resten grenser mot m.a. beiteareal og myr.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Tørr furuskog med lyngvegetasjon i botn dominert av mjølbær, tyttebær, krekling og lav. I dei noko meir fuktige og næringsrike område dvergbjørk, einer og blåbær. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype i området og heller ingen freda, truga eller sårbare artar. Viltkart viser at området er omfatta av beiteområde og trekkveg for elg. Området ligg like aust for viktig beiteområde for orrfugl, og det er leik på Langmyrene.	Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkvegen for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra.  Det same gjeld for orrfuglen sin bruk av området. Bygging av fritidsbustadar med infrastruktur vil gjere det vanskeleg å bevare dei karakteristiske kraggfuruene i området.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (--) Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet ligg rett ved område med aktiv seterbruk og beitebruk, og det går dyr på utmarksbeite i området, især storfe. Arealet er dels skogdekt, med vegetasjon som i liten grad er prega av beiteplanter. Det er kartlagt dyrkbar jord på heile arealet, jf. kart under. Den dyrkbare jorda er kartlagt med potensiale som lettbrukt, men tørkesvak jord som er lite eigna for dyrking utan kunstig vatning. Symbola på øk. kartverk tilseier at jorda er blokkrik med 50-100 m <sup>3</sup> stein og blokkar pr. dekar i dei øvste 50 cm. av mineraljorda. Areala her er ganske bratte – med helling 17-18 %, og det er blokkar og også noko fjellgrunn heilt opp i dagen. Skog er kartlagd som uproduktiv. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Hyttebygging er i konflikt med bruk av området for utmarksbeite og dyrkbar jord. I 2018 skreiv ein i KU at området bar preg av å vere lite brukt av beitedyr. Synfaringa i 2020 viste at det er beitedyr i området. Flybilete frå 1964 og 1981 viser at det ikkje var samanhengande skog og langt mellom trær i området den gang. Det kunne tyde på at beitebruken var meir omfattande før, men det kan også ha samanheng med mindre vedhogst og klimaendringar. Fjellstyret framhevar betydninga som trekkveg, beite- og kvileområde. I 2020 vart det søkt om å få dyrke opp 79 dekar (40 %) i nord-austre del av arealet, noko som ikkje vil vere foreinleg med hyttebygging. Skogen er av liten verdi, og er vernskog.	Middels verdi (**) Stort negativt omfang (---) Middels negativ konsekvens

Landskap	<p>Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. BF01_f omfattar eit høgdedrag, og strekk seg frå høgde 857 moh. nedst ved Tessvegen til 900 moh. øvst på åsen. Kraggfuruene i området er særmekte, og har vel opphav i dei trea som sto som spreidde enkelttrær i området, den gang det ikkje var samanhengande skog pga. hardt beite. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).</p>	<p>Hyttebygging i området med tilhøyrande vegar og anna infrastruktur, vil endre landskapet. Området ligg ope til i landskapet, og fjernverknaden av inngrepa vil vere avhengig av korleis hyttene blir plassert i terrenget, og kor mykje av skogen som vert hogd. Ved utarbeiding av ein eventuell framtidig reguleringsplan for hyttebygging, bør ein av omsyn til landskapet få reglar om at terrenginngrep skal skje så skånsamt som mogeleg, og at karakteristiske kraggfurer skal takast vare på så langt som råd.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i>  <i>Middels negativt omfang (-)</i>  Middels negativ konsekvens</p>
Geologiske og hydrologiske ressursar	<p>Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer nokre stader granittførande. I den austre og søre del av området viser kartlegging frå NGU at det er breelv-avsettingar, medan resten av området er kartlagt med torv og myrdekkje eller tjukk morene. Ingen verdifulle geologiske ressursar er kartlagt i området og heller ingen geologiske verneverdiar. Breelv-avsettingane registrert med stort grunnvasspotensiale, mens resten av arealet er kartlagt utan eller med avgrensa grunnvasspotensiale. Det er ikkje registrert brønnar i området.</p>	<p>Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar. Ved evt. utbygging av høgstandard hyttefelt vil spesielt breelv-avsettingane vere eit potensiale for drikkevassforsyning og også for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn. Det er ikkje påvist grus og pukkressursar i området.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i>  <i>Nøytralt omfang (0)</i>  Ubetydeleg konsekvens.</p>

Kulturminne og kulturmiljø	Området er synfart av arkeolog i samband med kommuneplanarbeidet. Det er ikke registrert freda kulturminne innafor område BF01_f. Det er heller ikke nyare tids kulturminne, eller eldre bygningar som er registrert i SEFRÅK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikke forureining i området, og området er lite utsett for støy frå trafikk eller anna. Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg.	Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring, da det ikke er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading, vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Nærrområdet ved Tesse og Nordsæтрin er viktig som utfarts- og turområde, men område BF01_f er i liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiger. Området har i dag ingen særskilt verdi for barn og unge.	Hyttebygging vil legge beslag på og privatisere eit område som potensielt kan vere attraktivt som turområde nær turistbedriftene i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikke utbygd felles løysingar for vassforsyning og avlaup i området. Truleg kan området ganske enkelt bli knytt til straumforsyning som går mot Nordsetrin. Området har vegtilkomst frå RV15 via Tessvegen, alternativ via setervegen Hesthagen-Smørli frå Garmo. Tessvegen er stort sett brøyta, medan setervegen ikkje er vinterbrøyta.	Ved høg/middel-standard hytteutbygging må det etablerast vassforsyning, og hyttene må bli knytt til reinseanlegg for avlaupsvatn. Drikkevassforsyning kan truleg skje via etablering av borebrunnar i området. Utbygging av avlaupsløysing kan bli kostbart. Det kan vere eigna areal og grunnforhold for infiltrasjon i nærområdet. Alternativet er å etablere reinseanlegg med biologisk/kjemisk reinsing som også kan ta imot avlaupsvatn frå andre i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemråde for skred og flaum, og i InnlandsGIS er det ikkje vist dreneringsliner som tydar på særskilte problem med overvatn.	Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoene for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygginga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg gunstig til i forhold til sol- og utsikts-forhold. Området ligg utsett for vær og vind, og kan stå fram som svært ugjestmildt delar av vinteren. Det er gode turmogelegeheiter i området både sommar og vinter. Området har lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og forhaldsvis nær Tesse. Dette vil truleg gjøre hyttetomter her attraktive.	Område har enkel og god byggegrunn for hytter. Ei utbygging kan vere kostbar i forhold til utbygging av avlaups-løysing og reinseanlegg. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:


Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF01\_f endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Landskap".

Utbygging av fritidsbustadar kan gi positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten i området, og gje ei meir robust heilårsdrift for næringslivet i området. Forslagsstillar Brimi Fjellstugu AS, har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Om ei slik løysing vil la seg realisere, blir i fall ei ordning som utbyggar må etablere i samarbeid med grunneigar Statskog SF.

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar i område BF01\_f er vurdert å ha *Middels positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogelegeheiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive. At tomtene ligg godt lokalisert i terrenget i forhold til sol og utsikt, har enkel byggegrunn for oppføring av hytter, trekk også opp. Det som trekk ned er at ei utbygging vil vere kostbar i forhold til utbygging av infrastruktur - dersom ein føreset høgstandard hytter med innlagt vatn og avlaup. Dei høge kostnadane vil krevje høg utnytting om ein skal få økonomi i prosjektet. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien. Ei eventuell utbygging av området føreset utarbeiding av reguleringsplan.

Utgreiinga viser negative konsekvensar for landbruket. Hyttebygging vil skje nær ein av dei mest aktive setergrendene i kommunen, og vil vere i konflikt med bruk av området som utmarksbeite og i forhold til dyrking av areal som er kartlagt som dyrkbar jord i samband med utarbeiding av økonomisk

kartverk på 1980-talet. Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), som kartla store områder ved Nordsæтрin som dyrkbare, jf. kart under:



Kart over areal som er kartlagt som dyrkbar jord av NIJOS på 1980-talet. Areal skravert med raudt er kartlagd som dyrkbar jord.

Nokre av dei områda som var kartlagde som dyrkbare, er sidan dyrka, mellom anna Langmyrin og nokre parsellar vest for Kleppdalsvegen. Det er i 2020 søkt Lom fjellstyre om utlegging av parsell for dyrking som omfattar område BF01\_f. I dette områda tilseier dei symbola som er avlagt på økonomisk kartverk som resultat av jordkartlegginga på 1980-talet, at jorda er blokkrik med 50-100 m<sup>3</sup>stein og blokkar pr. dekar i dei øvste 50 cm. av mineraljorda. Etter synfaring i området gjennomført i 2018 der jordbruksjef, forsøksringen og miljø- og plankonsulent deltok, konkluderte ein på følgjande vis:

*"Delar av arealet som er foreslått til hyttefelt er vist som dyrkbar jord i AR5. I oversynleg framtid vil det i praksis vera liten interesse for oppdyrkning i området. Det er varierande grad av tjukn på jordsmonnet, og mest sannsynlegvis må mykje stein, blokkar og fjell fjernast under dyrking. Deler av området er svært utsett for uttørking og det vil vera naudsynt med bygging av vatningsanlegg. Dette gjer oppdyrkning og drift av dyrka areal her både kostnadskrevjande og arbeidsintensivt, og er derfor lite sannsynleg."*

Etter at det vart søkt om dyrking i området i 2020, har det vore gjennomført nye synfaringar i området. Plankontoret har delteke på synfaring i regi av Lom Fjellstyre og har også synfart området saman med jordbruksjef og ein av jordsøkjane. Plankontoret er av klar oppfatning at det vil bli svært arbeidsamt og kostbart å dyrke opp område BF01\_f. Området BF01\_f er også for ein stor del ganske bratt, med helling 17-18 %.

På bakgrunn av den usikkerheit som har oppstått kring dyrkingsverdien av nokre av dei kartlagde areala ved Nordsetrin, vurderer kommunen å få utført ei ny fagleg og oppdatert kartlegging av dyrkingspotensialet som mellom anna vil omfatte området mellom Kleppdalsvegen, Langmyrin og Tessvegen i løpet av våren. Dette for å sikre grunnlaget for sine vurderingar i saka før planforslaget blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Ei slik kartlegging vil da omfatte område BF01\_f.

Endeleg konklusjon i forhold til ressursar av dyrkbar jord i BF01\_f, må ein i fall vente på til denne kartlegginga er gjennomført.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsæтрin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeitet på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet.

Fjellstyret framhevar betydninga av området som trekk-veg, beite- og kvileområde for storfe på beite. Fjellstyret skriv i si uttale at det truleg er det slept minst like mange dyr på beite i dag som for 50 år sidan. Dei visar til at tal på setre som er i drift med mjølkeproduksjon har gått ned, men einingane er større. I tillegg til seterdyra er det mykje lausfe, både storfe og sau, som beiter med utgangspunkt i seterområda. Fjellstyret meiner at beitetrykket må sjåast i samanheng med at annan aktivitet og bruk av områda er mykje større. Dei utmarksareala som står att, og som i tillegg er lite brukt til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra.

Dei mest negative konsekvensane elles er knytt til tema «Naturmiljø og naturmangfald» og «Landskap». Sidan den første konsekvensutgreiinga vart skrive, har det området ved Nordsetrin er kome med og vore på høyring som del av Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur- og naturlandskap (KULA).

### **Konklusjon endra til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**


Hyttebygging er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen, og i dette området kan slik utbygging i større grad enn i andre område som er spelt inn i kommunen, gi positive ringverknadar for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Samstundes er det viktig å ivareta landbruksinteressene i området ved Nordsæтрin, der det både vert drive aktiv setring, det er store dyrkingsfelt og utnytting av utmarksbeitet er ein stor og viktig ressurs. Av dei områder som er spelt inn for hyttebygging av Brimi Fjellstugu AS, står område BF01\_f fram som det som er best eigna for hyttebygging.

Høyringsuttalene som har kome inn ved 1. gongs ettersyn og høyring, at verdiane av området for landbruket for utmarksbeite og som potensiell dyrkingsjord er større, enn det som gjekk fram av konsekvensutgreiinga til 1. gongs ettersyn og høyring. I høyringsuttalene har det kome fram at dei utmarksareala som er att på Nordsæтрin, og som er lite brukte til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra og seterdrifta i området.

Plankontoret vil på bakgrunn av landbruksomsyn, tilrå at areal som var føreslege som utbyggingsområde BF01\_f ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring blir lagt ut med arealbruksformål "*Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift*" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel.

## 2.9 BF02\_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Brimi Fjellstugu AS
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	85,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	85,4 daa er dyrkbar jord
Konsekvensutgreiinga (KU) bygger på ei tidlegare KU som vart utført for forslaga om hytteområde ved Nordsætrin i samband med kommuneplanarbeidet i 2018. At KU nå er skrivi på nytt er i hovudsak på grunnlag av det var trøng for oppdatering da det i 2020 vart søkt om å få utlagt dyrkingsparsellar på delar av det same arealet. Plankontoret har også funne det tenleg at alle konsekvensutgreiingane til kommuneplanen er gjort etter same lest.	
VA prosjektering AS spelte på vegne av Brimi Fjellstugu AS i 2013 inn eit forslag om hyttebygging i området mellom Tessvegen, Kleppdalsvegen og Langmyrene i samband med oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Dei så for seg ei utbygging av 40-50 tomter for fritidsbustadar i dette området med innlagt straum, vatn og avlaup. Dei har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Som i konsekvensutgreiinga frå 2018 er forslaget om utbyggingsområdet for fritidsbustadar som fjellstugu har spelt inn, blitt delt i tre delområde her kalla BF01_f, BF02_f og BF03_f. Alle delområda ligg innanfor gnr. 157, bnr. 1 Vårdalen statsallmenning, med Statskog SF som grunneigar.	
Denne konsekvensutgreiinga gjeld område BF02_f på kartet under. Området BF02_f ligg på nordsida av ryggen nordaust for Brimi Fjellstugu, mot Langmyrin. Arealet er på ca. 85 daa, og ligg på ca. 870 m.o.h. Området er ikkje utbygd, og består primært av open, jorddekt fastmark med spreidde furutre og enkelte mindre myrområde. Arealet grenser mot beiteareal og myr på nordsida.	



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	<p>Vegetasjonen består av heivegetasjon, dominert av mjølbær, krekling og blåbær, med enkelte spreidde furutrær og einer. Myrvegetasjonen i området er dominert av starr- og grasartar. Det er ingen registreringar av freda, truga eller sårbare arter i området. Det er ikkje areal registrert som verdifull naturtype.</p> <p>Viltkart viser at området er omfatta av beiteområde og trekkveg for elg.</p> <p>Området ligg like aust for viktig beiteområde for orrfugl, og det er leik på Langmyrene.</p>	<p>Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkvegen for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra.</p> <p>Det same gjeld for orrfuglen sin bruk av området. Det ligg nokre mindre myrer i området, som må ivaretakast/haldast utafor byggeområdet ved ei eventuell utbygging.</p>	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>Arealet ligg rett ved område med aktiv seterbruk og beitebruk, og det går dyr på utmarksbeite, især storfe.</p> <p>Vegetasjon er i liten grad prega av beiteplanter. Det er kartlagt dyrkbar jord på heile arealet, jf. kart i KU for BF01_f. Den dyrkbare jorda er kartlagt med potensiale som lettbrukt jord, men tørkesvak og lite eigna for dyrking utan kunstig vatning. Symbola på øk. kartverk tilseier at jorda er blokkrik dels med anslag om 50-100 m<sup>3</sup> stein og blokkar pr. dekar i dei øvste 50 cm mineraljorda, dels 100-200 m<sup>3</sup> stein og blokkar pr. dekar. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.</p>	<p>Hyttebygging er i konflikt med bruk av området for utmarksbeite og dyrkbar jord. I 2018 skreiv ein i KU at området bar preg av å vere lite brukt av beitedyr. Synfaringa i 2020 viste at det er beitedyr i området. Fly-bilete frå 1964 og 1981 viser at det ikkje var samanhengande skog og langt mellom trær i området den gang. Det kunne tyde på at beite-brukken var meir omfattande før, men det kan også ha samanheng med mindre vedhogst og klimaendringar. Fjellstyret framhevar betydninga som trekkveg, beite- og kvileområde. I 2020 vart det søkt om å få dyrke opp 62 dekar (73 %) i den austre delen av arealet, noko som ikkje vil vere foreinleg med hyttebygging.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Middels negativ konsekvens

Landskap	Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. BF02_f omfattar flatare areal med rabbar med spreidd trevegetasjon. og myrdrag innimellom, og strekk seg frå høgde 862 - 878 moh. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).	Hyttebygging i området med tilhøyrande vegar og anna infrastruktur, vil endre landskapet. Området ligg ope til i landskapet, og fjernverknaden av inngrepa vil vere større her enn for BF01_f, da det nesten ikkje er trevegetasjon i området. Ved utarbeiding av ein eventuell framtidig reguleringsplan for hyttebygging, bør ein av omsyn til landskapet få reglar om at terreng-ingrep skal skje så skånsamt som mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunden er fylitt glimmerskifer, nokre stader granittførande. Kartlegging frå NGU at visar at lausmassane i området er dominert av torv og myrdekkje. Ingen verdifulle geologiske ressursar er kartlagt i området. Det er vist avgrensa grunnvass-potensiale. Det er ikkje registrert grunnvass-brønnar i området.	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar. Grunnforholda gjev lite potensiale for drikkevassforsyning og også for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Området er synfart av arkeolog i samband med kommuneplanarbeidet. Det er ikkje registrert kulturminne innanfor område BF02_f.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje forureining i området, og området er lite utsett for støy frå trafikk eller anna. Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg.	Hyttebygging vil utløse auka bilkøyring, da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading, vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Nærrområdet ved Tesse og Nordsæтрin er viktig som utfarts- og turområde, men område BF02_f er rålendt og i svært liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiger. Området har i dag ingen særskilt verdi for barn og unge.	Hyttebygging vil legge beslag på og privatisere området, men har ikke kvalitetar som gjer at det potensielt kan vere attraktivt som turområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikke utbygd felles løysingar for vassforsyning og avlaup i området. Truleg kan området ganske enkelt bli knytt til straumforsyning som går mot Nordsetrin. Området har vegtilkomst frå RV15 via Tessvegen, alternativ via setervegen Hesthagen-Smørli frå Garmo. Tessvegen er stort sett brøyta, medan setervegen ikkje er vinterbrøyta.	Ved høg/middel-standard hytteutbygging må det etablerast vassforsyning og hyttene må bli knytt til reinseanlegg for avlaupsvatn. Drikkevassforsyning må truleg skje via borebrunnar utafor området, da BF02_f er temmeleg myrlendt. Utbygging av avlaupsløysing kan bli kostbart.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemndsområda for skred og flaum, og i InnlandsGIS er det ikkje vist dreneringslinjer som tydar på særskilte problem med overvatn.	Området er rålendt, og kan vere vanskeleg å drenere. Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygginga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg gunstig til i forhold til sol- og utsiktsforhold. Området ligg utsett for vær og vind, og kan stå fram som svært ugjestmildt delar av vinteren. Det er gode turmogelegeheiter i området både sommar og vinter. Området har lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og forhaldsvis nær Tesse. Rålendt byggegrunn trekk ned, og hytter kan berre plasserast på rabbar som ligg høgare i terrenget.	Ei utbygging kan vere kostbar i forhold til utbygging av avlaupsløysing og reinseanlegg, og drikkevassforsyning må truleg skje frå borebrunnar som vert etablert utafor område BF02_f. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området, og vil vere positivt for økonomien.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten positiv konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF02\_f endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Landskap".

Utbygging av fritidsbustadar kan gi positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten, og gje ei meir robust heilårsdrift for næringslivet i området. Forslagsstillar Brimi Fjellstugu AS, har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Om ei slik løysing vil la seg realisere, blir i fall ei ordning som utbygger må etablere i samarbeid med grunneigar Statskog SF.

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar i område BF02\_f er vurdert å ha *Liten positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogelegheiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive. Men rålendt byggegrunn trekk ned, og hytter kan berre plasserast på rabbar som ligg høgare i terrenget. Det som også trekk ned er at ei utbygging vil vere kostbar i forhold til utbygging av infrastruktur - dersom ein føreset høgstandard hytter med innlagt vatn og avlaup. Dei høge kostnadane vil krevje høg utnytting om ein skal få økonomi i prosjektet. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien.

Ei eventuell utbygging av området føreset utarbeiding av reguleringsplan.

Utgreiinga viser negative konsekvensar for landbruket. Hyttebygging vil skje nær ein av dei mest aktive setergrendene i kommunen, og vil vere i konflikt med bruk av området som utmarksbeite og i forhold til dyrking av areal som er kartlagt som dyrkbar jord i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk på 1980-talet. Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), som kartla stor områder ved Nordsæтрin som dyrkbare, jf. kart i KU for område BF01\_f. Den dyrkbare jorda i område BF02\_f, er kartlagt med potensiale som lettbrukt jord, men tørkesvak og lite eigna for dyrking utan kunstig vatning. Symbola på øk. kartverk tilseier at jorda er blokkrik dels med anslag om 50-100 m<sup>3</sup> stein og blokker pr. dekar i dei øvste 50 cm mineraljorda, dels 100-200 m<sup>3</sup> stein og blokker pr. dekar. Ein viser elles til det som er skrive i KU for område BF01\_f framføre kring vurdering av dyrkingsressursane i området, og planar om nærmere kartlegging.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsæтрin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeiteit på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet.

Dei mest negative konsekvensane elles, er knytt til tema «Landskap». Sidan den første konsekvensutgreiinga vart skrive, har det området ved Nordsetrin er kome med og vore på høyring som del av Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur- og naturlandskap (KULA).

## **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Hyttebygging er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen, og i dette området kan slik utbygging kanskje i større grad enn i andre område som er spelt inn, gi positive ringverknadar for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Samstundes er det viktig å ivareta landbruksinteressene i området ved Nordsæтрin, der det både vert drive aktiv setring, der utnytting av utmarksbeitet er ein stor og viktig ressursen, og det er store dyrkingsfelt der det blir henta heim store forressursar til gardane.

Da det er dyrkingsinteresser i området, at området ligg intil dyrkingsfeltet på Langmyrene, at området er viktig for utmarksbeite og byggegrunnen er mindre eigna for utbygging av fritidsbustadar og infrastruktur, vil plankontoret tilrå at område BF02\_f ikkje blir lagt ut som utbyggingsområde for fritidsbustadar i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.


## 2.10 BF03\_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Brimi Fjellstugu AS
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	100,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	100,6 daa er dyrkbar jord

Konsekvensutgreiinga (KU) bygger på ei tidlegare KU som vart utført for forslaga om hytteområde ved Nordsætrin i samband med kommuneplanarbeidet i 2018. At KU nå er skrivi på nytt er i hovudsak på grunnlag av det var trøng for oppdatering da det i 2020 vart søkt om å få utlagt dyrkingsparsellar på delar av det same arealet. Plankontoret har også funne det tenleg at alle konsekvensutgreiingane til kommuneplanen er gjort etter same lest.

VA prosjektering AS spelte på vegne av Brimi Fjellstugu AS i 2013 inn eit forslag om hyttebygging i området mellom Tessvegen, Kleppdalsvegen og Langmyrene i samband med oppstart av arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Dei så for seg ei utbygging av 40-50 tomter for fritidsbustadar i dette området med innlagt straum, vatn og avlaup. Dei har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Som i konsekvensutgreiinga frå 2018 er forslaget om utbyggingsområdet for fritidsbustadar som fjellstugu har spelt inn, blitt delt i tre delområde her kalla BF01\_f, BF02\_f og BF03\_f. Alle delområda ligg innanfor gnr. 157, bnr. 1 Vårdalen statsallmenning, med Statskog SF som grunneigar.

Denne konsekvensutgreiinga gjeld område BF03\_f på kartet under. Området ligg i relativt flatt terreng nordvest for Brimi Fjellstugu, mot Langmyrin. Arealet er på ca 102 daa, og ligg på ca. 890 m.o.h. Området er ikkje utbygd, og består primært av fjellfuruskog og lyngmark. Arealet grenser mot beiteareal og myr på nordsida.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Tørr furuskog med busksjikt og lyng-vegetasjon i botn. Busksjikt er dominert av einer og dvergbjørk og spreidde førekommstar av vier. Undervegetasjonen består av blåbær, krekling og ein del grasartar som smyle og sauesvingel. I tillegg er det opne områder med lav og fjell. Det er ikkje registrert verdifull naturtype i området og heller ingen truga eller sårbare artar. Viltkart viser at området er beiteområde og trekkveg for elg. Området ligg like aust for beiteområde for orrfugl, og det er orreleik på Langmyrene.	Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkvegen for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra. Det same gjeld for orrfuglen sin bruk av området. Bygging av fritidsbustadar med infrastruktur vil gjere det vanskeleg å bevare dei karakteristiske kraggfuruene i området.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Lite negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet ligg rett ved område med aktiv seterbruk og beitebruk, og det går dyr på utmarksbeite, især storfe. Vegetasjon er i liten grad prega av beiteplanter som smyle og urter, og BF03_f ser ut til å vera meir brukt av beitedyr enn områda BF01_f og BF02_f. Det er kartlagt dyrkbar jord på heile arealet, jf. kart i KU for BF01_f. Den dyrkbare jorda er kartlagt med potensiale som lettbrukt sjølvdrenert jord som ikkje treng grøfting, Symbola på øk. kartverk tilseier at jorda er blokkrik dels med anslag om 50-100 m <sup>3</sup> stein og blokkar pr. dekar i dei øvste 50 cm av mineraljorda. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Hyttebygging er i konflikt med bruk av området som utmarksbeite og i forhold til dyrkbar jord. Fly-bilete frå 1964 og 1981 viser at det ikkje var samanhengande skog og langt mellom trær i området den gang. Det kunne tyde på at beitebruken var meir omfattande før, men det kan også ha samanheng med mindre vedhogst og klimaendringar. Fjellstyret framhevar betydninga som trekkveg, beite- og kvileområde. I 2020 vart det søkt om å få dyrke opp 54 dekar (54 %) i den sørvestre delen av arealet, noko som ikkje vil vere foreinleg med hyttebygging. Skogen er av liten verdi, og er vernskog.	Middels verdi (**) Stort negativt omfang (---) Middels negativ konsekvens

Landskap	<p>Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. BF03_f omfattar eit flatare parti mellom 880 - 900 moh. Kraggfuruene i området er særmerkte, og har vel opphav i dei trea som sto som spreidde enkelttrær i området, den gang det ikkje var samanhengande skog. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).</p>	<p>Hyttebygging i området med tilhøyrande vegar og anna infrastruktur, vil endre landskapet. Området ligg forhaldsvis ope til i landskapet, og fjernverknaden av inngrepa vil vere avhengig av korleis hyttene blir plassert i terrenget, og kor mykje av skogen som vert hogd. Ved utarbeiding av ein eventuell framtidig reguleringsplan for hyttebygging, bør ein av omsyn til landskapet få reglar om at terrenghinngrep skal skje så skånsamt som mogeleg, og at karakteristiske kraggfuruer skal takast vare på så langt som råd.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i>  <i>Middels negativt omfang (-)</i>  Middels negativ konsekvens</p>
Geologiske og hydrologiske ressursar	<p>Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer, nokre stader granittførande. Lausmassane i området er i hovudsak er tjukk morene, med nok innslag av torv og myrdekkje og breelv-avsettingar helt i aust. Ingen verdifulle geologiske ressursar er kartlagt i området og heller ingen geologiske verneverdiar. I GRENADA visast avgrensa grunnvasspotensiale. Det er ikkje registrert grunnvassbrønnar i området.</p>	<p>Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar. Grunnforholda har mogeleg potensiale for drikkevassforsyning og også for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn. Det er ikkje påvist grus og pukkressursar i området.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i>  <i>Nøytralt omfang (0)</i>  Ubetydeleg konsekvens</p>
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Området er synfart av arkeolog. Om lag midt i området vart det påvist automatisk freda kulturminne (kolfram-stillingsanlegg), som består av to større og to mindre kolgroper.</p>	<p>I planen vert det automatisk freda kulturminne med sikringssone lagt ut med bandleggingssone. Ei evt. hyttebygging må haldast utafor det bandlagte området.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i>  <i>Middels negativt omfang (-)</i>  Middels negativ konsekvens</p>

Forureining, energi og klima	Det er ikke forureining i området, og området er lite utsett for støy fra trafikk eller anna. Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg.	Hyttebygging vil utløse auka bilkøyring, da det ikke er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading, vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Nærrområdet ved Tesse og Nordsæтрin er viktig som utfarts- og turområde, men område BF03_f er i liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiger. Området har i dag ingen særskilt verdi for barn og unge.	Hyttebygging vil legge beslag på og privatisere eit område som potensielt kan vere attraktivt som tur-område nær turistbedriftene i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikke utbygd felles løysingar for vassforsyning og avlaup i området. Truleg kan området bli knytt til straumforsyning som går mot Nordsetrin. Området har vegtilkomst frå RV15 via Tessvegen og setervegen Hesthagen-Smørli. Tessvegen er stort sett brøtyta, medan setervegen ikkje er vinterbrøyta.	Ved høg/middel-standard hytteutbygging må det etablerast vassforsyning, og hyttene må bli knytt til reinseanlegg for avlaupsvatn. Drikkevassforsyning kan truleg skje via etablering av borebrunnar i området. Utbygging av avlaupsløysing kan bli kostbart. Det kan vere eigna areal og grunnforhold for infiltrasjon i nærområdet. Alternativet er å etablere reinseanlegg med biologisk/kjemisk reinsing som også kan ta imot avlaupsvatn frå andre i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemråde for skred og flaum, og i InnlandsGIS er det ikke vist dreneringsliner som tydar på særskilte problem med overvatn.	Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygginga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Området ligg forholdsvis gunstig til i forhold til sol- og utsikts-forhold. Området ligg utsatt for vær og vind, og kan stå fram som svært ugjestmildt delar av vinteren. Det er gode turmogelegheiter i området både sommar og vinter. Området har lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og forhaldsvis nær Tesse. Dette vil truleg gjere hyttetomter her attraktive.	Område har enkel og god byggegrunn for hytter. Ei utbygging kan vere kostbar i forhold til utbygging av avlaups-løysing og reinseanlegg. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	---	---	--

### Samla vurdering:

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF03\_f endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Landskap".

Utbygging av fritidsbustadar kan gi positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten i området, og gje ei meir robust heilårsdrift for næringslivet i området. Forslagsstillar Brimi Fjellstugu AS, har sat fram ønskje om at ein del av hyttene vart selt som firmahytter, da desse tradisjonelt har høgare bruksfrekvens enn vanlege private hytter. Om ei slik løysing vil la seg realisere, blir i fall ei ordning som utbyggar må etablere i samarbeid med grunneigar Statskog SF.

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar i område BF03\_f er vurdert å ha *Middels positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogelegheiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive. At tomtene ligg forholdsvis godt lokalisert i terrenget i forhold til sol og utsikt, har enkel byggegrunn for oppføring av hytter, trekk også opp. Det som trekk ned er at ei utbygging vil vere kostbar i forhold til utbygging av infrastruktur - dersom ein føreset høgstandard hytter med innlagt vatn og avlaup. Dei høge kostnadane vil krevje høg utnytting om ein skal få økonomi i prosjektet. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien.

Ei eventuell utbygging av området føreset utarbeiding av reguleringsplan.

Utgreiinga viser negative konsekvensar for landbruket. Hyttebygging vil skje nær ein av dei mest aktive setergrendene i kommunen, og vil vere i konflikt med bruk av området som utmarksbeite og i forhold til dyrking av areal som er kartlagt som dyrkbar jord i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk på 1980-talet. Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), som kartla stor områder ved Nordsæтрin som dyrkbare, jf. kart i KU for område BF01\_f. Den dyrkbare jorda i område BF03\_f, er kartlagt med potensiale som lettbrukt jord, men tørkesvak og lite eigna for dyrking utan kunstig vatning. Symbola på øk. kartverk tilseier at jorda er blokkrik med anslag om 50-100 m<sup>3</sup> stein og blokker pr. dekar i dei øvste 50 cm mineraljorda. Ein viser elles til det som er skriv i KU for område BF01\_f framføre kring vurdering av dyrkingsressursane i området, og planar om nærmare kartlegging.

Endeleg konklusjon i forhold til ressursar av dyrkbar jord i BF03\_f, må ein i fall vente på til denne kartlegginga er gjennomført.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsæтрin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeitet på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet.

Dei mest negative konsekvensane elles, er knytt til tema «Landskap» og «Kulturminne og kulturmiljø». Sidan den første konsekvensutgreiinga vart skrive, har det området ved Nordsetrin er kome med og vore på høyring som del av Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur- og naturlandskap (KULA).

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Hyttebygging er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen, og i dette området kan slik utbygging kanskje i større grad enn i andre område som er spelt inn, gi positive ringverknadar for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Samstundes er det viktig å ivareta landbruksinteressene i området ved Nordsæтрin, der det både vert drive aktiv setring, der utnytting av utmarksbeitet er ein stor og viktig ressursen, og det er store dyrkingsfelt der det blir henta heim store forressursar til gardane.

Da det er dyrkingsinteresser i området, at dyrkingsjorda her er vurdert som betre enn for områda BF01\_f og BF02\_f, at området ligg inntil dyrkingsfeltet på Langmyrene og at området har betre og er viktigare for utmarksbeite, vil plankontoret tilrå at område BF03\_f ikkje blir lagt ut som utbyggingsområde for fritidsbustadar i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.


## 2.11 BF04\_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstilar:	Brimi Gard og Seter AS
Gnr./bnr.	157/1/67 – parsell for dyrkingsfelt til Nørdre Brimi og 157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	15,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	15,4 daa er dyrkbar jord

Konsekvensutgreiinga (KU) bygger på ei tidlegare KU som vart utført for forslaga om hytteområde ved Nordsætrin i samband med kommuneplanarbeidet i 2018. At KU nå er skrivi på nytt er i hovudsak på grunnlag av det var trøng for oppdatering da det i 2020 vart søkt om å få utlagt dyrkingsparsellar på delar av det same arealet. Plankontoret har også funne det tenleg at alle konsekvensutgreiingane til kommuneplanen er gjort etter same lest.

Brimi Gard og Seter AS leverte i 2017 forslag om hyttebygging for eit område sør for Tessvegen. Dei ser for seg 3 hytter sør for Osvegen i skogholtet på teigen som omfattar gardens dyrkingsfelt, GID 157/1/67 og 15 hytter på grunn som ligg inntil i Vårdalen statsallmenning, GID 157/1, i området på begge sider av Osvegen opp mot Tessvegen. Brimi Gard og Seter AS skrev i 2017, at dei ikkje hadde konkrete planar om utbygging av hytter i området, men at det kan bli aktuelt å legge til rette nokon tomter for utleige/til bruk for Brimi seter.

Denne konsekvensutgreiinga gjeld område BF04\_f på kartet under. Området BF04\_f omfattar øvre del av garden Nørdre Brimi dyrkingsfelt, GID 157/1/67 på allmenningsgrunn som ligg inntil opp til Osvegen. Arealet er på ca. 15 daa, ligg i høgde 858 - 868 m.o.h. Arealet består i hovudsak av glissen fjellfuruskog. Det finst eit eldre hyttefeste (GID 157/1/47) innanfor området som ligg med arealbruksformål fritidsbygnad i kommunedelplan for Nordsetrene frå 2009. Arealet inntil i dyrkingsfeltet er fulldyrka.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>Området er dels skogkledd, og ligg i direkte tilknyting til dyrka mark. Den delen som ligg inngjerda saman med dyrkingsfeltet blir truleg brukt til etterbeiting og samling av dyr om hausten. Vegetasjon i område BF04_f er prega av trakk/trafikk av beitedyr, men beiteverdien er låg.</p> <p>Terrenget heller ein del mot aust/søraust. Heile arealet er vist som dyrkbar jord i AR5. Lausmassane her er i følgje kart frå NGU, dominert av elveavsettingar, og symbola på gamle øk. kartverk tilseier at jorda ikkje har så stort innhald av stein som areaala på nordsida av Tessvegen. Området er utsett for uttørking. Dette gjer dyrking og drift av dyrka areal her kostnadskrevjande og arbeidsintensivt. Arealet ligg i direkte tilknyting til dyrka areal slik at heile arealet kan brukast effektivt som eit samla areal etter eventuell dyrking. Det er sannsynleg at eksisterande vatningsanlegg kan utvidast til vatning i delområde BF04_f etter evt. dyrking. Sjølv om arealet ikkje er omsøkt for dyrking, vurderer ein at det kan vere aktuelt gjennomføre oppdyrkning i framtida. Skogen i området er kartlagt som uproduktiv og er vernskog. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.</p>	<p>Hyttebygging er i konflikt med dyrkbar jord og eventuell framtidig dyrking. Det vil dessutan vere i konflikt med beitebruk både på inngjerda areal øvst i dyrkingsfeltet og på med utmarksbeite på arealet utafor.</p>	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Stor negativ konsekvens

Naturmiljø og naturmangfold	Arealet er dels tørr furuskog med busksjikt og lyngvegetasjon i botn, dels ope hei dominert av einer og dvergbjørk og ein del gras og urter. Vegetasjonen er tydeleg prega av dyretrakk med mange stiar. Det er ingen registreringar av freda eller truga arter i området, og ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype. Viltkart viser at området er beiteområde for elg.	Hyttebygging vil råke beiteområdet or elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. BF04_f omfattar eit areal som skrår mot aust og søraust frå Osvegen og ned mot dyrkingsfeltet med skog og ei eldre fritidshytte. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).	Hyttebygging i området med tilhøyrande vegar og anna infrastruktur, vil endre landskapsopplevinga. Område BF04_f ligg ope til i landskapet, og fjernverknaden av inngrepa vil vere avhengig av korleis hyttene blir plassert i terrenget, og kor mykje av skogen som vert hogd.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer nokre stader granittførande, og lausmassane er elve-avsettingar. Det er registrert grusressursar og er teke ut grus i nærliggande område ved krysset Osvegen og Tessevegen. GRENADE viser potensiale for grunnvatn. Det er ikkje registrert vassbrunnar i området.	Grunnforholda tilseier potensiale for drikkevassforsyning og også for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn. Hyttebygging kjem i konflikt med eventuell utnytting av grusressursar i området, men utnytting av denne synast lite aktuelt av omsyn til verdiar knytt til landskap, landbruk og naturmiljø.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Området er synfart av arkeolog i samband med kommuneplanarbeidet. Det vart ikkje registrert kulturminne innanfor område BF04_f, men registreringa førte til at område med automatisk freda i form av fangstanlegg vart utvida heilt inn mot dyrkingsfeltet til Nørdre Brimi.	Hyttebygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi, men kome nær registrerte fangstanlegg som er automatiske freda.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje forureining i området, og område BF04_f er lite utsett for støy frå trafikk eller anna. Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg.	Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring, da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading, vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Nærrområdet ved Tesse og Nordsæтрin er viktig som utfarts- og turområde, men område BF04_f er i dag i liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiger. Området har i dag ingen særskilt verdi for barn og unge.	Området ligg ganske nær turistverksemndene i området og kan potensielt ha verdi for friluftsliv. Hyttebygging vil legge beslag på og privatisere området, slik at friluftsliv da vil vere lite aktuelt.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje utbygd felles løysingar for vassforsyning og avlaup i området. Truleg kan området ganske enkelt bli knytt til straumforsyning som går mot Nordsetrin. Området har vegtilkomst frå RV15 via Tessvegen og Osvegen. Tessvegen er stort sett brøyta, medan Osvegen ikkje er vinterbrøyta. Tomtene vil ligge inntil Osvegen eller eksisterande hytte-/avlingsveg og vil enkelt kunne få vegtilkomst.	Ved høg/middel-standard hytteutbygging må det etablerast vassforsyning og hyttene må bli knytt til reinseanlegg for avlaupsvatn. Drikkevassforsyning kan truleg skje via etablering av borebrunnar i området. Utbygging av avlaupsløysing kan bli kostbart. Det kan vere eigna areal og grunnforhold for infiltrasjon i nærområdet. Alternativet er å etablere reinseanlegg med biologisk/kjemisk reinsing som også kan ta imot avlaupsvatn frå andre i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemdsområda for skred og flaum. I InnlandsGIS er det sør i området vist ei dreneringsline som kan innebere problem med overvatn. Denne skal i følgje berekninga drenere eit areal på 100 – 500 dekar.	Ved utbygging må ein ta omsyn til å unngå utbygging på den delen av arealet som er vist problematisk med omsyn til overvatn (drenering). Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygginga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg forholdsvis gunstig til i forhold til sol- og utsiktsforhold. Området ligg utsett for vær og vind, og kan stå fram som svært ugjestmildt delar av vinteren. Det er gode turmogelegheiter i området både sommar og vinter. Området har lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og forholdsvis nær Tesse.	Område har enkel og god byggegrunn for hytter. Ei utbygging kan vere kostbar i forhold til utbygging av avlaupsløysing og reinseanlegg. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF04\_f endra i tabellen på punktet "Landskap".

Utbygging av fritidsbustadar kan gi positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten i området, og gje ei meir robust heilårsdrift for næringslivet i området.

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar i område BF04\_f er vurdert å ha "*Middles positiv konsekvens*" på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogelegheiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive.

Ei eventuell utbygging av området føreset utarbeiding av reguleringsplan.

Utgreiinga viser "*Stor negativ konsekvens*" for landbruk. Hyttebygging vil skje nær ein av dei mest aktive setergrendene i kommunen. Hyttebygging er i konflikt med dyrkbar jord og eventuell framtidig dyrking. Det vil dessutan vere i konflikt med beitebruk både på inngjerda areal øvst i dyrkingsfeltet og på med utmarksbeite på arealet utafor. Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk på 1980-talet av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS). Dei kartla stor områder ved Nordsætrin som dyrkbare, jf. kart i KU for område BF01\_f. Den dyrkbare jorda som er kartlagt i område BF04\_f ligg i direkte tilknyting til dyrkingsfeltet på Tverrlandet. Dyrkingsjorda i område BF04\_f er på elveavsettingar, og det skal etter

den kartlegginga som NIJOS har gjort, ikkje vere særleg mykje stein i den øvste delen av markoverflata. Ved dyrking kan arealet eventuelt bli brukt i saman med allereie oppdyrka areal, og eksisterande vatningsanlegg kan truleg utvidast til vatning av areal i område BF04\_f. Ein viser elles til det som er skrive i KU for område BF01\_f framføre kring vurdering av dyrkingsressursane i området, og planar om nærmare kartlegging av dyrkingsressursane som også vil omfatta område BF04\_f. Endeleg konklusjon i forhold til ressursar av dyrkbar jord i BF04\_f, må ein i fall vente på til denne kartlegginga er gjennomført.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsæтрin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeitet på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet.

Dei mest negative konsekvensane elles, er knytt til tema «Landskap». Sidan den første konsekvensutgreiinga vart skrive, har det området ved Nordsetrin er kome med og vore på høyring som del av Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur- og naturlandskap (KULA).

Med omsyn til nærmare utgreiing av flaumfarene (overvassflaum), viser ein til ROS-analysen.

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs- offentleg ettersyn og høyring:**

Hyttebygging er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen, og i dette området kan slik utbygging kanskje i større grad enn i andre område som er spelt inn, gi positive ringverknadar for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Samstundes er det viktig å ivareta landbruksinteressene i området ved Nordsæтрin, der det både vert drive aktiv setring, der utnytting av utmarksbeite er ein stor og viktig ressurs, og det er store dyrkingsfelt der det blir henta heim store forressursar til gardane.

Område BF04\_f er kartlagt med forholdsvis enkel og god dyrkingsjord. Ved dyrking kan jorda eventuelt utnyttast felles med eksisterande dyrkingsfelt på Tverrlandet, og eventuelt nytte same vatningsanlegg. Området ligg nær Nordsetrin og er viktig for utmarksbeite. Plankontoret vil med omsyn til landbruksinteressene ikkje tilrå at område BF04\_f blir lagt ut som utbyggingsområde for fritidsbustadar i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.


## 2.12 BF05\_f: Nordsætrin – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Brimi Gard og Seter AS
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	24,2 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	24,2 daa er dyrkbar jord

Konsekvensutgreiinga (KU) bygger på ei tidlegare KU som vart utført for forslaga om hytteområde ved Nordsætrin i samband med kommuneplanarbeidet i 2018. At KU nå er skrivi på nytt er i hovudsak på grunnlag av det var trøng for oppdatering da det i 2020 vart søkt om å få utlagt dyrkingsparsellar på delar av det same arealet. Plankontoret har også funne det tenleg at alle konsekvensutgreiingane til kommuneplanen er gjort etter same lest.

Brimi Gard og Seter AS leverte i 2017 forslag om hyttebygging for eit område sør for Tessvegen. Dei så for seg 3 hytter sør for Osvegen i skogholtet på teigen som omfattar gardens dyrkingsfelt, GID 157/1/67 og 15 hytter på grunn som ligg inntil i Vårdalen statsallmenning (GID 157/1) i området på begge sider av Osvegen opp mot Tessvegen. Brimi Gard og Seter AS skreiv i 2017, at dei ikkje hadde konkrete planar om utbygging av hytter i området, men at det kan bli aktuelt å legge til rette nokon tomter for utleige/til bruk for Brimi seter.

Denne konsekvensutgreiinga gjeld område BF05\_f på kartet under. Området BF05\_f ligg på allmenningsgrunn mellom Tessvegen og Osvegen. Arealet skrår frå Tessvegen ned mot Osvegen, og ligg mellom 861 - 874 m.o.h. Arealet er i hovudsak glissen furuskog. Området ligg mellom to bilvegar, men er ikkje utbygd frå før.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet har tørr furuskog med lyngvegetasjon i botn som er dominert av mjølbaer, tyttebaer, krekling og lav. I dei noko meir fuktige og næringsrike parti er det dvergbjørk, einer og blåbær. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype og heller ingen freda eller truga eller sårbare artar i området. Viltkart viser at området er beiteområde for elg.	Hyttebygging vil råke beiteområdet or elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Område BF05_f ligg rett ved område med aktiv seterbruk og beitebruk. Synfaring viste lite spor etter beiting eller ferdsel av beitedyr i form av beita vegetasjon eller møkk. Vegetasjon er i svært liten grad prega av beiteplanter. Område BF05_f ser difor ut til å vera lite brukt av beitedyr til beiting, trafikk eller kvile. Terrenget heller mot aust. Heile arealet er vist som dyrkbar jord i AR5. Lausmassane her er i følgje kart frå NGU, dominert av elve-avsettingar, og symbola på gamle øk. kartverk tilseier at jorda ikkje har så stort innhald av stein og blokk som arealet på nordsida av Tessvegen. Området er utsett for uttørking. Dette gjer dyrking og drift av dyrka areal her kostnads-krevjande og arbeids-intensivt. Skogen i området er kartlagt som uproduktiv og er vernskog. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Hyttebygging er i konflikt med dyrkbar jord og eventuell framtidig dyrking, men lokaliseringa av BF05_f mellom vegane, gjer parsellen ikkje like aktuell å dyrke som område BF04_f. Hyttebygging vil dessutan vere i konflikt med utnytting av utmarksbeite, som var har vore enda meir utnytta ressurs tidlegare enn i dag. Flybilete frå 1964 og 1981 viser at det ikkje var skog og langt mellom trær i området den gang. Det tydar at beitebruken var mykje meir omfattande før.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Stor negativ konsekvens

Landskap	Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakgrunnen. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).	Hyttebygging i området med tilhøyrande vegar og anna infrastruktur, vil endre landskapsopplevinga. Område BF05_f omfattar eit areal som på det breiaste er om lag 120 m, mellom Tessvegen mot Osvegen. Arealet ligg ope til i landskapet, og fjernverknaden av inngrepa vil vere avhengig av korleis hyttene blir plassert i terrenget, og kor mykje av skogen som vert hogd.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer nokre stader granittførande, og lausmassane er elve-avsettingar. Det er registrert grusressursar og er teke ut grus i nærliggande område ved krysset Osvegen og Tessvegen. GRENADA viser potensiale for grunnvatn. Det er ikkje registrert grunnvassbrunnar i området.	Grunnforholda tilseier potensiale for drikkevassforsyning og også for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn. Hyttebygging kjem i konflikt med eventuell utnytting av grusressursar i området, men større utnytting av denne synast lite aktuelt av omsyn til verdiar knytt til landskap, landbruk og naturmiljø.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Området er synart av arkeolog i samband med kommuneplanarbeidet. Det vart ikkje registrert kulturminne innanfor område BF05_f.	Hyttebygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje forureining i området. Område BF05_f ligg mellom Tessvegen og Osvegen, og kan bli utsett for trafikkstøy og støv som blir virvla opp frå grusvegane av køyretøy. Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg.	Området er det av hytteområda ved Nordsæтрin som ligg mest utsett for trafikkstøy. Hyttebygging vil utløse auka bilkøyring, da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading, vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Nærrområdet ved Tess og Nordsæтрin er viktig som utfarts- og turområde, men område BF05_f er i dag i liten grad nytt til friluftsliv. Det er ingen registrerte turstiger. Området har ingen særskilt verdi for barn/unge.	Området ligg ganske nær turistverksemndene i området og kan potensielt ha verdi for friluftsliv. Hyttebygging vil legge beslag på og privatisere området, slik at friluftsliv da vil vere lite aktuelt.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje utbygd felles løysingar for vassforsyning og avlaup i området. Truleg kan området ganske enkelt bli knytt til straumforsyning som går mot Nordsetrin. Området har vegtilkomst frå RV15 via Tessvegen og Osvegen. Tessvegen er stort sett brøyta, medan Osvegen ikkje er vinterbrøyta. Tomtene vil ligge inntil Tessvegen og Osvegen, og vil enkelt kunne få vegtilkomst.	Ved høg/middel-standard hytteutbygging må det etablerast vassforsyning og hyttene må bli knytt til reinseanlegg for avlaupsvatn. Drikkevassforsyning kan truleg skje via etablering av borebrunnar i området. Utbygging av avlaupsløysing kan bli kostbart. Det kan vere eigna areal og grunn for infiltrasjon i nærområdet. Alt. er å etablere reinseanlegg med biologisk/kjemisk reinsing, som også kan ta imot avlaupsvatn frå andre i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemndsområda for skred og flaum. . I InnlandsGIS er det sør i området vist ei dreneringsline som kan innebere problem med overvatn. Denne skal i følgje berekninga drenere eit areal på 100 – 500 dekar.	Ved utbygging må ein ta omsyn til å unngå utbygging på den delen av arealet som er vist problematisk med omsyn til overvatn (drenering). Det vil vere avgrensa moglegheit for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk. Område BF05_f er lokalisert mellom Tessvegen og Osvegen, og det kan vere problematisk med omsyn til trafikksikkerheit.	Ein har rekna at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved realisering av planane for hyttebygging som har vore lansert ved Nordsæтрin, men BF05_f si lokal-isinging mellom Tessvegen og Osvegen, gjer trafikk-situasjonen meir komplisert m.o.t. blanding av biltrafikk og mjuke trafikantar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Området ligg forholdsvis gunstig til i forhold til sol- og utsiktsforhold. Området ligg utsett for vær og vind, og kan stå fram som svært ugjestmildt delar av vinteren. Det er gode turmogelegheiter i området både sommar og vinter. Området har lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og forhaldsvis nær Tesse. Område BF05_f ligg mellom Tessvegen og Osvegen, og kan bli utsett for trafikkstøy og støv som blir virvla opp frå grusvegane av køyretøy.	Område har enkel og god byggegrunn for hytter. Ei utbygging kan vere kostbar i forhold til utbygging av avlaups-løysing og reinseanlegg. Samordning med andre brukarinteresser i området med omsyn til etablering av avlaupsløysing, vil kunne vere positivt for utviklinga i området og vil vere positivt for økonomien. At området ligg utsett til for trafikkstøy og støv som blir virvla opp frå grusvegane av køyretøy, kan vere problematisk.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	---	---	--

### Samla vurdering:

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF05\_f endra i tabellen på punktet "Landskap".

Utbygging av fritidsbustadar kan gi positive ringverknadar for nærliggande servering-, aktivitet- og handelstilbod. Fritidsbustadar kan bidra til å auke overnattingskapasiteten i området, og gje ei meir robust heilårdsdrift for næringslivet i området.

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar i område BF05\_f er vurdert å ha "*Middles positiv konsekvens*" på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogelegheiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive.

Ei eventuell utbygging av området føreset utarbeiding av reguleringsplan.

Utgreiinga viser "*Middels negativ konsekvens*" for landbruk. Hyttebygging vil skje nær ein av dei mest aktive setergrendene i kommunen. Hyttebygging er i konflikt med dyrkbar jord og eventuell framtidig dyrking. Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk på 1980-talet av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS). Dei kartla stor områder ved Nordsæтрin som dyrkbare, jf. kart i KU for område BF01\_f. Dyrkingsjorda i område BF05\_f er på elveavsettingar, og det skal etter den kartlegginga som NIJOS har gjort, ikkje vere særleg mykje stein i den øvste delen av markoverflata. Ein viser elles til det som er skrive i KU for område BF01\_f framføre kring vurdering av dyrkingsressursane i området, og planar om nærmare kartlegging av dyrkingsressursane som også vil omfatta område BF05\_f.

Endeleg konklusjon i forhold til ressursar av dyrkbar jord i BF05\_f, må ein i fall vente på til denne kartlegginga er gjennomført.

Lokaliseringa mellom Tessvegen og Osvegen, gjer at parsellen ikkje like aktuell å dyrke som område BF04\_f nedafor. Hyttebygging vil dessutan vere i konflikt med utnytting av utmarksbeite, som var har vore enda meir utnytta ressurs tidlegare enn i dag.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsæтрin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeiteit

på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet.

Dei mest negative konsekvensane elles, er knytt til tema «Landskap». Sidan den første konsekvensutgreiinga vart skrive, har det området ved Nordsetrin er kome med og vore på høyring som del av Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur- og naturlandskap (KULA).

Med omsyn til nærmere utgreiing av flaumfarene (overvassflaum), viser ein til ROS-analysen.

**Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn:**

Hyttebygging er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen, og i området kan slik utbygging kanskje i større grad enn i andre område som er spelt inn, gi positive ringverknadar for nærliggande serverings-, aktivitets- og handelstilbod. Samstundes er det viktig å ivareta landbruksinteressene i området ved Nordsætrin, der det både vert drive aktiv setring, der utnytting av utmarksbeite er ein stor og viktig ressurs, og det er store dyrkingsfelt der det blir henta heim store forressursar til gardane.

Område BF05\_f er kartlagt med forholdsvis enkel og god dyrkingsjord, men lokaliseringa mellom Tessvegen og Osvegen, gjer at parsellen ikkje synast særleg aktuell og attraktiv å dyrke. Sjølv om området ligg nær Nordsetrin og potensielt er viktig for utmarksbeite, vurderast konflikten med beiteinteressene ikkje å vere særleg stor på det aktuelle arealet mellom vegane. Brimi seter har signalisert at dei ønskjer utvida overnattingskapasitet knytt til turistverksemada knytt til setra.


Landbruksomsyn tilseier at det vil vere mindre konfliktfylt å bygge hytter for utleige og overnatting i område BF05\_f enn at slik utbygging skal skje på dyrkamark på setra eller areal i seterområdet på Nordsætrin. Plankontoret vil førebels tilrå at område BF05\_f blir lagt ut som utbyggingsområde for fritidsbustadar eller eventuelt område med arealbruksformål fritids- og turistformål i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel.

Det må bli stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan, VA-plan og overvassplan for området før utbygging.

## 2.13 BF06\_f: Svartlia på teig til Haugom – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar/VA Prosjektering AS
Gnr./bnr.	33/1 – Teig til Haugom
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	39,0 daa (inkludert eige hyttefeste 33/1/3)
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av fritidsbustadar og omfattar Haugoms teig i Svartlia. Teigen har eit areal på 39,0 daa (inkl. eigen festetomt 33/1/3), og ligg mellom 985 -1030 moh. Det er her to hyttetomter frå før, den eine er ei festetomt som er disponert av grunneigar og markert som punktfeste/sirkeleigedom GID 33/1/3. Den andre er selt frå eigedomen og har GID 33/20. Hyttene er av enkel standard utan straum, utan innlagt vatn og med utedo.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Arealet grensar mot Vulu i nord og det er skog opp skråninga frå elva – i hovudsak bjørk. Arealet kring hyttene har ikkje samanhengande skog, og er oppdelt av myrdrag/blautare parti utan trær. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr. I Artsdatabanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista i området. På synfaring vart bergveronika funne ved bruа over Vulu. Planta har status LC (livskraftig) på den norske raudlista.	Hyttebygging vil råke beiteområdet for elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra. Veksestaden for bergveronika, er truga ved evt. arbeider ved bruа.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Utbygging råkar ikkje dyrka/dyrkbar jord. Arealet er brukt som utmarksbeite. Skog er klassifisert som uproduktiv. Område ligg innanfor konsesjonsområde for tamreindrift og arealet er markert som beiteområde for reinen haust og vinter.	Hyttebygging vil kunne vere i noko konflikt med beiteinteresser og tamreindrift. For tamreindrifta vil det truleg ikkje vere gunstig med meir hyttebygging og trafikk på sør/austsida av Vulu.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Området ligg mellom 985 -1030 moh i terrenг som skrår ned mot Vulu. Området er ikkje kartlagt med saerskilte landskapsverdiar. Etter nasjonale føringer, skal ikkje hyttebygging skje over skoggrensa mellom anna av omsyn til landskapet.	Det aktuelle området ligg i eller nær skoggrensa. Området ligg likevel inn mot lia, slik at ei hyttebygging ikkje vil bli spesielt eksponert og skjemmande.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer som er overdekkja av tynt morenedekke (NGU). Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller grunnvassressursar.	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, men området er ikkje kartlagt nærmare i samband med planarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut arealet.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart frå NGU visar tynt morenedekkje, og det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn. Dårleg skogbonitet medfører at ståande skog har avgrensa evne til å binde C02.	Sjølv om det visar seg at grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, vil det vere ei utfordring med tilkomst med septikbil for tømming av slamavskiljarar. Løysingar med oppsamling av svartvatn i tett tank, vil vere eit enda større problem m.o.t. tømming. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima..	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet ligg litt for seg sjølve og utafor etablert stignett, og er lite nyttig for friluftsliv. Området har ingen særskilt verdi for barn og unge.	Liten verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen (bomveg), og vidare etter veg som tek av frå denne (0,7 km). Vegen må seiast å ha traktorvegstandard. Vegen er bratt og med dårlig dekke slik at parti er klinete og med oppstikkande steinar. Vegen blir køyrt med bilsumartid, men er krevjande for køyretøy og førar. Det er vegbru over Vulu som ser ut til å vere av bra standard. Det er ikkje utbygd vatn- og avlaup eller etablert straumforsyning.	Vegen til området må krysse Vulugjelet, og det er ingen alternativ trase. Vegstiginga er i gjelet på om lag 14 % på både nordsida og sørsida av Vulu (berekna frå kart med 1 m høgdekoter). Vegen kan truleg ikkje trafikkerast med septikbil, og bæreemna for bruva vil truleg også vere eit kritisk punkt. Ved eventuell utbygging av hytter av middels eller høg standard, må det byggast ut drikkevassforsyning og reinseanlegg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærmere med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred i området. Den austre del av området er vist som utsett for skred (jord- og flaumskred) og arealet ved Vulu med flaumfare på aktsemndskart frå NVE. På kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS er det vist ein mogeleg flaumveg som drenerer eit areal på 100 – 500 dekar, og eit som drenerer eit areal på 50 -100 dekar. Begge ligg i austre del av området og samsvarar med arealet som er utsett for jord og flaumskred.	Ved utbygging av området vil potensielt tomteareal i aust måtte gå ut, dersom ikkje meir nøyaktig kartlegging (faresonekartlegging) utført av fagkyndige evt. kan frita området for skred/flaumfare. Kartlagde dreneringsliner elles (dreneringsareal 1-2 dekar), gir elles ei peikepinn på areal ein må ta omsyn til drenering og handtering av overvatn, og kva for områder ein bør unngå som tomtegrunn.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen (bomveg 7,7 km), og vidare etter veg som tek av frå denne (0,7 km). Krysset ved RV15 er utbetra med gode siktforhold. Meadalsvegen er grusveg som er smal, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoene for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot nordvest med middels solforhold, med ein periode med fråvær av sol om vinteren Tomtene vil ligge høgt og forholdsvis fritt med god utsikt mot nord og vest. Den austre del av området er vist som utsett for skred (jord- og flaumskred) på aktsemndskart frå NVE. Det er ikkje tilrettelagt løype-/turstignett eller andre aktivitetstilbod på austsida av Vulu.	Byggegrunnen i området synast noko krevjande m.o.t. drenering. Brattarealet ned mot Vulu er ikkje byggbart, og ligg også innanfor sone med 50 m byggeforskrift mot vassdrag. Vegen til området er som nemnt bratt. Den må kryssa Vulugejet, og det er vanskeleg å finne alternativ trasé. Grunnforholda synast ikkje heilt ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Det vil truleg bli kostbart å føre fram straum til området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

## **Samla vurdering:**

Det er her to hyttetomter frå før. Hyttene er av enkel standard utan straum, utan innlagt vatn og med utedo. Resterande byggegrunn på teigen på Haugom er noko krevjande. Held ein ute brattarealet ned mot Vulu som ikkje er byggbart, og som også ligg innafor 50 m byggegrense mot vassdrag, har ein att eit areal på 24,1 daa. Det vil ikkje vere marknad for høg utnytting og tett utbygging i eit slikt område som her, og ein vurderer at det maksimalt er plass til 5-6 tomter til på området. Truleg vil det oppfattast som i tettaste laget, og det kan vere vanskeleg da å føre fram veg til alle hyttene.


Den austre del av området er vist som utsett for skred (jord- og flaumskred) på aktsemndskart frå NVE. To av dei potensielle tomtene vil da måtte gå ut, dersom ikkje meir nøyaktig skredkartlegging (faresonekartlegging) utført av fagkyndige evt. kan frita området for skredfare. Vegen til området er som nemnt bratt. Den må krysse Vulugejet, og det er vanskeleg å finne alternativ trase. Vegstiginga er i gjelet på om lag 14 % på både nordsida og sørsida av Vulu. Vegen kan truleg ikkje trafikkerast med tømobil for septiktank, og bæremenna for bruva vil truleg også vere eit kritisk punkt.

Området synast mest eigna for utbygging av hytter med låg standard. Grunnforholda synast ikkje heilt ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Det vil truleg bli kostbart å føre fram straum til området. Erfaringar frå andre hytteområde som er etablert som felt med enkel standard utan straum, vatn og avlaup, er at det etter kvart også vil kome krav om standardheving og slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføresegne er slege fast at til dømes innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov. Etablering av separate avlaupsanlegg, eller eventuelt tett tank for svartvatn, vil ikkje vere eigna i dette både i forhold til den utfordinga ein vil ha for framkomst med septikbil for tømming av slamavskiljar/tett tank, og også i forhold til at grunnen truleg heller ikkje er særleg godt eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn. Vurderinga av opning for meir hyttebygging på arealet, må elles vere ei avveging av verdi av utbyggingsinteresser i forhold til naturverdiar og evt. ulempar i forhold til tamreindrifta i området, og om ein ønskjer utbygging på sørsida av Vulu og i område som ligg i skoggrensa. Med omsyn til nærmere utgreiing av skred- og flaumfarene, viser ein til ROS-analysen. Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

## **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**


Plankontoret vil med bakgrunn i det som er skrive over, ikkje tilrå at området vert lagt ut med arealbruksformål som framtidig byggeområde for fritidsbustadar.

Plankontoret vil likevel å kunne tilrå å opne opp for ei avgrensa bygging av hytter i området som er tilpassa arealbruken elles i området. Ein tilråda å legge delar av arealet med arealbruksformål LNFR-område med spreidd fritidsbygnad, med opning for at ein kan bygge inntil 2 hytter av låg standard (utan innlagt vatn og avlaup) – jf. kartskisse under. Dei negative konsekvensar som er utgreidd på punkta "Forureining energi og klima" og "Infrastruktur" og "Samfunnstryggleik" vil da i liten grad slå inn. Den bratte skråninga ned mot Vulu, som også ligg innafor 50 m byggegrense mot vassdrag, blir da teke ut av arealet, det same gjeld arealet som er vist som faresone skred på NVE sine aktsemndskart. Ved plassering av hytter, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn, og utarbeide ein overvassplan for området.



## 2.14 BF07\_f: Svartlia – Graffersetra – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Lom kommunestyre – Dialogkonferanse 2016
Gnr./bnr.	Seterkve GID 26/1 og del av sameigeteig, GID 104/1, 106/1, 107/1, 107/3, 130/1 og 131/1
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	44,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa
Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialogkonferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016 som tillegg til det arealet som eigaren av Haugom har spelt inn for slik utbygging. Arealet omfattar seterkve til Graffer (GID 26/1) og utmarksareal mellom denne og teigen til Haugom, og ligg mellom 988 og 1069 moh.	



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	<p>Arealet grensar mot Vulu i nord og det er skog opp skråninga frå elva opp til seterkvea – i hovudsak bjørk. Den inngjerda seterkvea til Graffer omfattar eit areal på 16,5 dekar. Det resterande arealet har ikkje samanhengande skog, og er oppdelt av myrdrag/blautare parti utan trær. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr. I Artsdatabanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista i området. På synfaring vart bergveronika funne ved bruа over Vulu. Planta har status LC (livskraftig) på den norske raudlista.</p>	<p>Hyttebygging vil råke beiteområdet for elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra. Seterkveer som er beita er ofte attraktive biotopar for matsøk for mange fuglar og dyr. Veksestaden for bergveronika, er truga ved evt. arbeider ved bruа.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>På den inngjerda seterkvea med sel, uthus og låve, er 14,5 dekar registrert som innmarksbeite. Arealet utagjerdс er brukt som utmarksbeite. Utbygging råkar ikkje areal som er kartlagt som dyrkbar jord. Skog er klassifisert som uproduktiv. Område ligg innanfor konsesjonsområde for tamreindrift og arealet er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter.</p>	<p>Hyttebygging vil vere i konflikt med landbruksinteresser i form av innmarksbeite på seterkvea, utmarksbeite og tamreindrift. For tamreindrifta vil det truleg ikkje vere gunstig med meir hyttebygging og trafikk på sør/austsida av Vulu.</p>	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	<p>Berggrunnen er fyllitt/glimmerskifer som er overdekka av tynt morenedekke (NGU). Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller grunnvassressursar.</p>	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Landskap	Området ligg mellom 988 og 1069 moh i terrenget som skrår ned mot Vulu. Området er ikke kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/regionale register, men den gamle seterkvea med sel, uthus og låve må seiast å ha lokal verdi.	Utbygging vil råke landskapsomsyn knytt til seterkvea. Området ligg nær eller over skoggrensa. Etter nasjonale føringer, skal ikke hyttebygging skje over skoggrensa mellom anna av omsyn til landskapet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Eldre bygningar på setra kan ha lokal verdi.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, men området er ikke kartlagt nærmere i samband med planarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut arealet.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart fra NGU visar tynt morenedekkje, og det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.	Om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, vil det vere ei utfordring med tilkomst med septikbil for tömming av slamavskiljarar. Hyttebygging vil utløse auka bilkøyring, og reknast å vere negativt m.o.t. klima..	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet ligg litt for seg sjølve og utover etablert stignett, og er lite nyttig for friluftsliv. Området har ingen særskilt verdi for barn og unge.	Liten verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst fra RV15 vil skje via Meadalsvegen (bomveg), og vidare etter veg som tek av fra denne (0,8 km). Vegen må seiast å ha traktorvegstandard. Vegen er bratt og med därleg dekke slik at den på parti er klinete og med oppstikkande steinar. Vegen blir kørt med bil sumartid men er krevjande. Det er vegbru over Vulu som ser ut til å vere av bra standard. Det er ikke utbygd vatn- og avlaup eller etablert straumforsyning.	Vegen til området må krysse Vulugelet, og det er ingen alternativ trasé. Vegstiginga er i gjelet på om lag 14 % på både nordsida og sørsida av Vulu (rekna frå kart med 1 m koter). Vegen kan truleg ikkje trafikkerast med septikbil, og bæreemna er også tvilsam. Ved evt. utbygging av hytter av middels/høg standard, må det byggast ut drikkevassforsyning og reinseanlegg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærmere med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred i området. Berre eit lite areal ved Vulu er vist som utsett for skred (jord- og flaumskred) på aktsemdskart frå NVE. Areala ved Vulu er vist med flaumfare på aktsemdskart frå NVE. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS viser ei dreneringsline i grensa mot området i vest som samsvarar med bekkefar som er på kartet. Flaumvegen her er rekna og skulle drenere eit areal på 100 – 500 dekar.	Flaumvegen/dreneringslinja i vest går etter eksisterande bekkefar, og må takast omsyn til ved evt. detaljplanlegging for utbygging. Kartlagde dreneringsliner elles (dreneringsareal 1-2 dekar), gir elles ei peikepinn på areal ein må ta omsyn til drenering og handtering av overvatn, og kva for områder ein bør unngå som tomtegrunn.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Litен negativ конеквенс
Trafikktryggleik	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadals-vegen (bomveg 7,7 km), og vidare etter veg som tek av frå denne (0,8 km). Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold. Meadalsvegen er grusveg som er smal, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot nordvest med middels solforhold, med ein periode med fråvær av sol om vinteren. Tomtene vil ligge høgt og forholdsvis fritt med god utsikt mot nord og vest. Det er ikkje tilrettelagt løype-/turstignett eller andre aktivitetstilbod på austsida av Vulu.	Byggegrunnen i området synast noko krevjande m.o.t. drenering. Brattarealet ned mot Vulu er ikkje byggbart, og ligg også innafor sone med 50 m byggeforskrift mot vassdrag. Vegen til området er som nemnt bratt. Den må kryssa Vulugejet, og det er vanskeleg å finne alternativ trasé. Grunnforholda synast ikkje heilt ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Det vil truleg bli kostbart å føre fram straum til området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sæterkvea til Graffer har eit areal på om lag 16,5 daa og ligg mellom 1025 og 1050 moh. På kvea er det sel, uthus og låve. Det er ikkje teke opp med grunneigar om denne ønskjer utbygging av hytter på sæterkvea. Kvea er inngjerd, og i AR5 er 14,5 oppgjeve som innmarksbeite. Arealet har tidlegare vore tidlegare slått, men er i dag nytta for hamning. Det kan vere potensiale for bygging av hytter på kvea. Jordvern og landskapsomsyn vil vere avgjerande for om det eventuelt er aktuelt å bygge hytter i området - dersom grunneigar har ønskje om det.

Sameigearalet mellom Grafferkvea og teigen til Haugom, har eit areal på om lag 21 ,0 daa. Brattarealet ned mot Vulu er ikkje er byggbart, og må haldast utanom ei evt. utbygging. Dette arealet ligg dessutan innafor 50 m byggegrense mot vassdrag. Den del av arealet som ligg nedfor traktorvegen inn til Grafferkvea, som har eit areal på 5,5 dekar, kan vere eigna byggegrunn. Øvre del av arealet synast lite eigna for hytteutbygging. Dette arealet er anten for rått/myrlendt eller for bratt ulendt.

Som for Haugomteigen, vurderer ein at det ikkje vil vere marknad for høg utnytting og tett utbygging i eit slikt område som her. Dersom ein ønskjer å bygge ut seterkvea, kan det vere plass til 3-4 tomter her i tillegg til selet som er der i dag. På det nemnte arealet som nedfor traktorvegen inn til kvea (5,5 dekar), kan det vere plass for eit par hyttetomter. Til saman vil det kunne vere potensiale for 5-6 nye tomter for fritidsbustadar, men truleg vil det oppfattast som i tettaste laget, og det kan vere vanskeleg da å føre fram veg til alle hyttene.

Tilkomstvegen til området er som nemnt bratt. Den må krysse Vulugjelet, og det er vanskeleg å finne alternativ trase. Vegstiginga er i gjelet på om lag 14 % på både nordsida og sørsida av Vulu (berekna frå kart med 1 m høgdekoter). Vegen kan truleg ikkje trafikkerast med tømobil for septiktank, og bæreemna for bruva vil truleg også vere eit kritisk punkt.

Området synast mest eigna for utbygging av hytter med låg standard. Grunnforholda synast ikkje heilt ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Det vil truleg bli kostbart å føre fram straum til området.

Erfaringar frå andre hytteområde som er etablert som felt med enkel standard utan straum, vatn og avlaup, er at det etter kvart også vil kome krav om standardheving og slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføresegnsene er slege fast at til dømes innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov. Etablering av separate avlaupsanlegg, eller eventuelt tett tank for svartvatn, vil ikkje vere eigna i dette både i forhold til den utfordringa ein vil ha for framkomst med septikbil for tömming av slamavskiljar/tett tank, og også i forhold til at grunnen truleg heller ikkje er særleg godt eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.

Ei eventuell utbygging av hytter vil vere avhengig av at grunneigarane ønskjer slik utbygging i området, og krevje at det blir gjennomført reguleringsplanlegging. Planarbeidet må da skje felles med regulerings-planlegging for Haugomteigen BF06\_f.

Vurderinga av opning for meir hyttebygging på arealet, må elles vere ei avveging av verdi av utbyggingsinteresser i forhold til omsynet til å bevare seterkvea/landbruksinteresser, evt. ulemper i forhold til tamreindrifta og naturverdiar i område - og om ein ønskjer utbygging på sørsida av Vulu og i område som ligg i eller over skoggrensa.

Med omsyn til nærmere utgreiing av flaumfarene (overvassflaum), viser ein til ROS-analysen. Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.


## **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Plankontoret vil med bakgrunn i dei negative konsekvensane som ei utbygging vil medføre for landbruk og landskap og naturverdiar, og med bakgrunn i at det vil vere vanskeleg å legge til rette området m.o.t. infrastruktur, ikkje tilrå utbygging av fritidsbustadar i område BF07\_f.

## 2.15 BF08\_f: Lunnarplassen, Hardbakkjen, Svarttjønnkleive – byggeområde fritidsbustadar.

Forslagsstilar:	Lom kommunestyre – Dialogkonferanse 2016
Gnr./bnr.	Del av GID 31/1 – Frøise Øvre og 35/5 – Blakarstuen
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	263,1 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialogkonferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016. Området er noko justert ved at areal i juvet mot Vulu, og som ligg innanfor 50 m byggegrense mot vassdrag er teke ut. Det er ikkje teke opp med grunneigarar om desse ønskjer hyttebygging.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Området ligg mellom 889 og 1038 m.o.h. Arealet omfattar i hovudsak skogsmark. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr. I Artsdatabanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista i området.	Hyttebygging vil råke beiteområdet for elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Skogen er klassifisert som uproduktiv (AR5) og er vernskog. Arealet er frodig og er viktig område for utmarksbeite, både for storfe og for sau. Den gamle Meadalsvegen er viktig for tilsyn av dyr på beite og som drifteveg. Utbygging råkar ikkje areal som er kartlagt som dyrkbar jord. Berre den øvre del oppfor vegen inn til Svartlia (A på kartet) ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift og er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter.	Hyttebygging vil vere i konflikt med landbruksinteresser i første rekke i form utmarksbeite. Beitebruksplan for Lom, viser at området især er viktig beite for storfe. Planen frå 2007 viser beiteområde for 50 storfe i området opp langs den gamle Meadalsvegen, som dessutan er nytta som drifteveg for buskap til Svartlia, Solell, Foss og Smådalen. Tamreindrifta vil berre bli råka heilt marginalt i øvre del av området (A).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Området ligg mellom 889 og 1038 moh. med terrenget som skrår ned mot nordaust. Området er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/regionale register.	Øvre del av området ligg nær eller over skoggrensa (A på kartet). Etter nasjonale føringar, skal ikkje hyttebygging skje over skoggrensa mellom anna av omsyn til landskapet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fylitt/glimmerskifer og hardare kvartsitt i øvre del og delar av lia ned mot Vamseter. I størstedelen av området er det tynt morenedekke, men i lia ned mot Vamsæter er det mykje bart fjell del med tynt torvdekke (NGU). Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller grunnvassressursar.	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Den gamle Meadalsvegen går gjennom området, og har kulturhistorisk verdi. I dag er vegen og brukt som drifteveg for storfe i dei seterområda i Svartlia, Solell, Foss og Smådalen. Fleire buskapar i Lia går over Liabrua, opp Meadalen etter den gamle vegen og vidare til Smådalen. Om hausten er dette vegen heim for alle buskapane i seterområda.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende freda kulturminne, men området er ikkje kartlagt nærmare i samband med kommuneplanarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut området. Den gamle Meadalsvegen går gjennom området, og har kulturhistorisk verdi. Bruk av den gamle vegen som drifteveg for buskap over lange avstandar frå gardane til seterene, er med å binde notid til fortid og med stor verdi som historisk dokumentasjon.	<i>Middels verdi (--)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart frå NGU visar tynt morenedekkje, og det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.	Om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, vil det for delar av området bli ei utfordring med tilkomst med septikbil for tömming av slam-avskiljarar. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring og reknast å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Den gamle Meadalsvegen som går gjennom området, er skilta/merka som kulturstig, og området er mykje nytta for turgåing og friluftsliv. Arealet er eigna for friluftsliv for barnefamilier. For fritidsaktivitetar knytt til leirskulen på Soleggen, er også dette eit viktig uteområde.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert og ikkje vere like tilgjengeleg for friluftsliv. Utbygging vil gjere at området vil miste sitt preg av å vere eit område utan særlege inngrep. Hyttebygging vil truleg medføre betre tilrettelegging av stig og skiløyper, som nokon vil setje pris på.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomst frå RV15 må skje etter Meadalsvegen som er grusveg som dels er smal, men har liten trafikk. Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen (bomveg). Til øvre del av området følgast Meadalsvegen 7,7 km, der nytt vegsystem må etablerast dels med utgangspunkt i vegen mot Svartlia. For nedre del av området, er det meir usikkert med bilveg, der denne evt. må følgje traseen for gamle Meadalsvegen 1,7 km. Det er ikkje utbygd vatn- og avlaup eller etablert straumforsyning.	Etablering av veg til nedre del av området synast usikker. Det vil også bli vanskeleg å etablere veg til alle delar av dei øvre areala pga. at det dels er bratt og dels er mykje vatn i grunnen. Ved eventuell utbygging av hytter av middels/høg standard, må det byggast ut vassforsyning og reinse-anlegg. Det er lite aktuelt å ta vatn frå Vulu, da Vulu tidvis har så lita vassføring at det er problem for jordbruksvatning i bygda.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærmare med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred i området. Området er elles ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum på NVEs aktsemeldskart. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS viser at det især i dei nedre delane området er areal ein bør unngå som tomtegrunn og ta særskilt omsyn til ved vegbygging.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot nordvest med heller därlege solforhold, med unntak av tomter i øvre del. I ein periode på vinteren vil det vere fråvær av sol. Tomter vil få forholdsvis god utsikt mot nord og aust. Gamle Meadalsvegen går gjennom området, og det er preparert skiløype langs nye Meadalsvegen. Størstedelen av området (68 %) er vurdert for bratt, ulendt eller rått for utbygging av hytter og vegar (D på kartet).	Byggegrunnen i området synast noko krevjande m.o.t. drenering. Grunnforholda synast ikkje ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Det vil truleg bli kostbart å føre fram straum til området. Etablering av vegtilkomst til nedre del av området synast usikker (C på kartet), og det vil også bli vanskeleg å etablere vegtilkomst til alle delar av dei øvre areala.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF01\_f endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Kulturminne og kulturmiljø".

Det øvste arealet sørvest for vegen til Svartlia (A på kartet) ligg i hovudsak på GID 35/5 og omfattar om lag 53 daa. Arealet ligg vendt mot nordaust mellom 1000 og 1038 moh, og omfattar dels glissen bjørkeskog med myrdrag. Skogen blir glisnare og går over i snaumark øvste delen. I AR5 er nedre del som vist som uproduktiv skog (38 daa) og øvste del som open fastmark (15 daa). Arealet er dels ulendt og oppstykka av myrdrag og blautare parti. Her kan det vere eigna for noko hyttebygnad – kanskje opp mot 20 hytter. Anlegg av veg og evt. vassforsyning og avlaup vil vere ei utfordring. Gamle Meadalsvegen går i utkanten av området nærmest Vulu. Vegen har kulturhistorisk verdi, og blir framleis nytta som drifteveg til setrene i Svartlia, Solell, Foss og Smådalen. Den gamle vegen bør derfor haldast utefor utbyggingsområda. Området ligg høgt og skogen er glissen, slik at det hyttebygnad vil bli liggande forholdsvis eksponert. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (vedteken ved kongeleg resolusjon 14.05.2019) står det mellom anna skrive at det av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfold, er viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa. Bygging av hytter i område A, vil i all hovudsak måtte skje i eller like over skoggrensa. Ei slik etablering har også eit anna aspekt i dette tilfellet, da det er svært hardt ver så høgt oppe - i sær vintertid.

Område nærmest Svartlivegen (B på kartet), ligg kring Lunnarplassen og kring den gamle Meadalsvegen oppfor den såkalla Hardbakkjen. Arealet ligg vendt mot nordaust mellom 960 og 1002 moh, og er dominert av bjørkeskog. Her er den nokre parti som er noko flatare, og som kan vere eigna for hyttebygnad. Arealet er på ca. 26 daa, og ein anslår at det er mogeleg med bygging av noko kring 10 hytter. Anlegg av veg og evt. vassforsyning og avlaup vil vere ei utfordring.

Område C på kartet omfattar eit mindre område sør for Svartjønne nedfor Svartjønnkleive. Her er det eit flatare parti på med frodig bjørkeskog. Arealet ligg mellom 920 og 933 moh. Det nærmeste arealet vil ligge innafor 50 m byggegrense mot Svartjønne, slik at ein står att med eit areal på om lag 5 dekar. Det kan vere plass for 4-5 hytter her. Evt. tilkomst med bil må skje via den gamle Meadalsvegen som har traktorvegstandard. Det vil vere svært kostbart å bygge om denne bilvegstandard, og det vil også kome i konflikt med bevaring av den gamle vegen som kulturminne, som drifteveg til setrene og som turvegtrasé. Området ligg også midt i det mest sentrale beiteområdet. Anlegg av vassforsyning og avlaup vil også vere ei utfordring.

Område D på kartet omfattar arealet nord for Svartlivegen utanom områda B og C. Arealet på om lag 179 daa. Arealet ned mot Vamhaug sæter, er nordvendt og er vurdert for bratt og ulendt for hyttebygging. Arealet som ligg på sørsida av den gamle Meadalsvegen er rått, ulendt og bratt. Det vil vere svært vanskeleg å bygge tilkomstveg til dette området, og arealet er vurdert som lite eigna for hyttebygging.

Vurderinga av opning for meir hyttebygging i område A, B og C, må elles vere ei avveging av verdi av utbyggingsinteresser i forhold til især landbruksinteresser (utmarksbeite), kulturhistorisk verdi knytt til den gamle Meadalsvegen, friluftslivsinteresser og naturverdiar i området. Den øvre del av området (A) ligg dessutan i eller over skoggrensa, der nasjonale føringar tilseier at ein skal unngå å bygge ned areal med hytter.

Det er ikkje teke opp med grunneigarar om desse ønskjer hyttebygging, og det må i tilfelle avklårast om ein vil gå inn for utbygging.

## **Konklusjon endra til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Plankontoret er av den oppfatning at området BF08\_f Lunnarplassen-Hardbakkjen-Svartjønnkleive, ikkje er av dei mest attraktive for utbygging med fritidsbustadar, da det ligg vendt mot nordaust med heller dårlige solforhold og dessutan dels er bratte og ulendt. Eit utbyggingsvolum vil som følgje av


dette bli forholdsvis bli lite, slik at kostnadene ved utbygging av infrastruktur i form av veg, drikkevassforsyning, avlaupsanlegg/reinseanlegg og straumtilførsel, vil bli forholdsvis store for kvar tomt. Viktige landbruksinteresser i området i form av utmarksbeite, tilseier at ein bør spare området for utbygging. Det same gjeld kulturhistorisk verdi knytt til den gamle Meadalsvegen, som også framleis vert nytta som drifteveg for buskap til setrene i Svartlia, Solell, Foss og Smådalen

Plankontoret vil med bakgrunn i det som er skrive over, ikkje tilrå utbygging av nokon del av BF08\_f. Plankontoret vil tilrå at det areal som var føreslege som utbyggingsområde ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring blir lagt ut med arealbruksformål "*Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift*" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel.

## 2.16 BF09\_f: Labben på teig til Holm – byggeområde for fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigarar
Gnr./bnr.	40/3 – Tusshaugen
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	28,0 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	2,4 daa er registrert som dyrkbart

Området omfattar ein teig som ligg aust for Soleggen fjellstue og leirskule. Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av 10-15 tomter for fritidsbustadar av grunneigarane i 2004. Da dette kom like etter vedtaket av gjeldande kommuneplan, vart forslag om fremming av privat forslag til reguleringsplan på areal som i kommuneplanen var lagt ut som LNF, behandla i planutvalet (formannskapet). Planutvalet gjorde vedtak om at dei ikkje kunne tilrå å fremme forslag om reguleringsplan så snart etter kommuneplanvedtaket, men registrerte forslaget som innspel til neste rullering av kommuneplanens arealdel.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	<p>Arealet grensar mot Stymmevegen i sør ved høgde 960 moh. og går ca. 165 m nordover (horizontal lengde) opp til 1025 moh. Arealet er dekt av glissen fjellbjørkeskog, og ligg inntil Labben seter og dyrkamark i vest. Den nedre delen som strekk seg om lag 35 m opp fra vegen, er registrert som del av verdifull naturtype – artsrik vegkant – Labben med verdi B. I Artsdatabanken er det registrert fem arter på den norske raudlista innafor arealet: finnmarkssiv, myrblankstarr, svarttopp, småsøte og bakkesøte. Alle desse er registrert som nær truga (NT), og registreringane er kartfesta til området ved vegen. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.</p>	<p>Hyttebygging vil råke areal som er registrert som verdifull naturtype. Her er flere plantearter som er karakterisert som sjeldne. Artane opptrer i vegetasjonstypar på tørrare areal med rikt jordsmonn som blir beita forholdsvis hardt. Nokre av artane er likevel forholdsvis vanleg i vårt område. Utbygginga vil også råke leveområde for elg, hjort, rådyr og orrfugl, både ved at areal byggast ned og at artane vert forstyrra.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>2,4 dekar av arealet ved Stymmevegen er registrert som dyrkbart areal (opp til 968 moh.). På naboteigen er arealet registrert som dyrka jord i heilt opp til 1010 moh. utstrekning. Arealet er i dag forholdsvis intensivt utnytta utmarksbeite, og i beitebruksplan for Lom fra 2007, merka som beite for storfe og sau. Arealet ligg i konsesjonsområde for tamreindrift, og er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter. Skogen er klassifisert som uproduktiv og er vernskog.</p>	<p>Hyttebygging vil vere i konflikt med den aktive bruken av området til utmarksbeite. Beitebruksplan for Lom, viser at dette området er særsviktig som beiteområde for storfe og sau. Tamreindrifta vil bli råka av ei hyttebygging og denne er sårbar for forstyrningar og menneskeleg aktivitet. Utbygging vil dessutan vere i konflikt med registrert dyrkbart areal. Her kan dyrkbart areal vere større enn det som er kartlagd, da naboteigen har vorte dyrka mykje lengre opp, men arealet er brattare enn på Labben.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Landskap	Området ligg mellom 961 -1025 moh, i terrenget som skrål ganske bratt ned mot Stymmevegen (helling 35 %). Området ligg i eit seterområde, men er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar. Etter nasjonale føringar, skal ikkje hyttebygging skje over eller nær skog-grensa mellom anna av omsyn til landskapet.	Det aktuelle området ligg inntil setre og nær skoggrensa. Eit hyttefelt vil bli liggande opent og bli godt synleg, og vere eit nytt element som bryt med seterlandskapet. Terrenget er bratt, og utbygging av hytter og vegar, kan medføre skjeringar og fyllingar som skaper uheldige sår i landskapet om det ikkje skjer på ein skånsam måte.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fyllt/glimmerskifer. I den lågaste delen av området er berggrunnen overdekkja av tynt/usamanhengande morenedekke, medan det øvst i hovudsak er sparsamt/usamanhengande jorddekk. Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar, grunnvassbrunnar eller grunnvassressursar.	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, men området er ikkje kartlagt m.o.t. nærmare i samband med kommuneplanarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut arealet.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart frå NGU visar tynt morenedekke, og det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn. Dårleg skogbonitet medfører at ståande skog har avgrensar evne til å binde CO <sub>2</sub> .	Det er ikkje utbygd VA-løysingar i området, og etablering av reinseløysingar for avlaupsvatn frå hyttefeltet, kan bli kostbare, da grunnen i området truleg er lite eigna for infiltrasjon. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Liten negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Det er ikke merka stigar på det aktuelle arealet. Det er preparerte skiløyper ut frå Soleggen Arealet ligg nær leirskulen, og ligg i nærområdet for fritidsaktivitetar knytt til denne.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert og ikke vere like tilgjengeleg for allmenta for friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Liten negativ konsekvens (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen og vidare langs Stymmevegen (bomvegar). Eventuelle vregar fram til hytter må byggast ut frå Stymmevegen. Det er ikke utbygd vatn- og avlaup. Straum er ført fram til setra på naboteigen i vest.	Det kan bli vanskeleg å etablere vegtilkomst opp til hyttene, da terrenget er bratt. Ved utbygging av hytter av middels/høg standard, må det byggast ut drikkevassforsyning og reinseanlegg for avlaupsvatn.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærmare med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikke kartlagt fare for snøskred i området. Området er elles ikke vist som utsett for jord- og flaumskred eller steinsprang på aktsemndskart frå NVE. Det er ikke registrert dreneringslinjer på arealet (InnlandsGIS).	Det er ikke særlege problem i knytt til naturfare i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomst frå RV15 må skje etter Meadalsvegen (6,0 km) og (0,8 km) Stymmevegen som er smale grusvegar, men har liten trafikk. Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot sør med gode solforhold og god utsikt. Terrenget er bratt, slik at det blir vanskeleg å bygge veg fram til hyttene. Ved utbygging av hytter med middels/høg standard, er det tvilsamt om grunnforholda gjer arealet eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.	På grunn av at det er bratt, kan det bli vanskeleg å etablere vegtilkomst opp til hyttene. Grunnforholda på staden, gjer at det truleg vil vere kostbart å etablere vassforsyning og reinseløysingar for avlaupsvatn.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten positiv konsekvens

**Samla vurdering:**

Området ligg vendt mot sør med gode solforhold og god utsikt. På grunn av at det er bratt, kan det bli vanskeleg å etablere vegtilkomst opp til hyttene. Grunnforholda på staden, gjer at det truleg vil vere kostbart å etablere vass-forsyning og reinseløysingar for avlaupsvatn. Området synast mest eigna for utbygging av hytter med låg standard.

Erfaringar frå andre kommunar med hytteområde som er etablert som felt med enkel standard utan veg, vatn og avlaup, er at det etter kvart også vil kome krav om standardheving og slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføresegne er slege fast at til dømes innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov.

Konsekvensutgreiinga framføre visar at eit hyttebygging vil ha negative konsekvensar for landbruksverdiar og for naturverdiar. Hyttebygging vil vere i konflikt med den aktive bruken av området til utmarksbeite. Beitebruksplan for Lom, viser at dette området er særskilt viktig som beiteområde for storfe og for sau. Arealet ligg dessutan i konsesjonsområde for tamreindrift, og er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter. Tamreindrifta er sårbar for forstyrringar og menneskeleg aktivitet. Når det gjeld naturverdiar, vil hyttebygginga råke eit område med mange sjeldne planteartar på raudlista og som er registrert som verdifull naturtype i Naturbase.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.


**Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Plankontoret vil med bakgrunn i dei negative konsekvensane som ei utbygging vil medføre for landbruk, landskap og naturverdiar, ikkje tilrå utbygging av fritidsbustadar i område BF09\_f. Arealet er dessutan bratt og lite eigna for feltutbygging av hytter.

## 2.17 BF10\_f: Meadassetre – byggeområde for fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar
Gnr./bnr.	27/3
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	20,2 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Grunneigar har spelt inn forslag om 2-4 tomter for fritidsbustadar. Området er omtrentleg kartfesta av grunneigar til å omfatta nedre del av teigen. Plankontoret har avgrensa området til mellom 937 til 897 moh. mellom veg til hytte på GID 33/1 og ned til myrlendet oppfor eksisterande hytte på eigen teig.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for orrfugl, elg, hjort og rådyr. Området er ikke registrert som viktig naturtype, og det er ikke registrert arter på den norske raudlista.	Hyttebygging vil råke leveområdet for orrfugl, elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	<p>Arealet ligg i ei setergrend inntil Skånsarsetra og Frøysesetra. Arealet omfattar berre skogsmark, men Skånsarsetra har dyrka areal på begge sider av teigen. Arealet er ikkje klassifisert som dyrkbart. Skogen er klassifisert som uproduktiv (AR5) og er vernskog. Arealet er frodig og er viktig område for utmarksbeite, både for storfe og for sau. Arealet ligg innanför konsesjonsområde för tamreindrift och är märkt som beteområde för tamrein häst och vinter.</p>	<p>Hyttebygging vil skje i eit seterområde, och vere i konflikt med landbruksinteresser, i första rekke i form utmarksbeite. Beitebruksplan för Lom, visar att området särskilt är viktigt beteområde för storfe. Tamreindrifta kommer dock inte drabbas alltför mycket, då området ligger längst ut i gränsen för koncessionen.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i>  <i>Middels negativt omfang (-)</i>  Middels negativ konsekvens</p>
Landskap	<p>Området ligg i ei setergrend mellom 897 og 937 moh. med terrenget som skrår mot sør aust. Området er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdier i nasjonale/regionale register, men seterlandskapet har lokale landskapsverdier.</p>	<p>Bygnaden som er på Meadalssetren i dag er knytt til setrene, og er eigd av grunneigarane/setereigarane. Det er ikkje skilt ut reine hytteeigedomar, slik at frådeling og bygging av fritidshytter vil vere eit nytt landskapselement.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i>  <i>Lite negativt omfang (-)</i>  Liten negativ konsekvens</p>
Geologiske og hydrologiske ressursar	<p>Berggrunnen er i nedre del fylitt/glimmerskifer og hardare kvartsitt i øvre del (NGU), og lausmassane er tynt og usamanhengande morenedekke, (NGU). Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller grunnvassressursar. Det er ikkje registrert grunnvassbrunnar i området.</p>	<p>Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i>  <i>Nøytralt omfang (0)</i>  Ubetydeleg konsekvens</p>

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området. Det er heller ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret innafor arealet, men det er meldepliktige bygg på nabosetrene. Nordstrondvassvegen som er i bruk, går like oppfor området.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, men området er ikkje kartlagt m.o.t. nærmare i samband med kommuneplanarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge hytter i området. Vassveger er særmerkte for Nord-Gudbrandsdals-området, og Nordstronds-vassvegen har lokal kulturhistorisk verdi.	<i>Middels verdi (-)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart frå NGU visar tynt morenedekke, og det er derfor usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.	Om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, vil det for delar av området bli ei utfordring med tilkomst med septikbil for tömming av slam-avskiljarar. Hytte-bygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikkje er eller vil bli kollektiv-tilbod, og reknast å vere negativt m.o.t. klima..	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet er ikkje nytta for friluftsliv direkte, men traktorvegen opp mot Ausa og Ausfjellet som går opp gjennom området, er mykje nytta for turgåing. Vegen er knytt mot merka stigar på fjellet, og ein kan mellom anna gå over til Fossbergom. Arealet på Ausfjellet er lett tilgjengeleg for friluftsliv også for barnefamiliar, og er mykje nytta som friluftsområde i første rekke av lokalbefolkinga. For fritidsaktivitetar knytt til leirskulen på Søleggen, er også Ausfjellet eit viktig turområde.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert, men ei avgrensa hyttebygging på teigen vil neppe gjere ferdelsvegen opp mot Ausfjellet mindre tilgjengeleg for turgåing. Hyttebygging på GID 27/3, vil kunne medføre at eigarar av fleire av seter-/teigeigarane også vil bygge hytter på sin teig, som kan ha negative konsekvensar for beitebruk i utmarka i seterområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen (bomveg). Det er straumforsyning til området, men det er ikkje utbygd felles løysingar for vatn- og avlaup.	Etablering av tilkomst med bil fram til den enkelte hytte kan vere problematisk, da det er bratt terreng Ved eventuell utbygging av hytter av middels/høg standard, må det byggast ut drikkevassforsyning og separate anlegg for reinsing av avlaup.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærmare med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikkje fare for snøskred. Området er elles ikkje omfatta av fareområde for skred på NVEs aktsemdskart. Aktsemdskart for flaum frå NVE, viser flaumfare langs vassvegen. På kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS er det det vist ein mogeleg flaumveg gjennom området som drenerer eit areal på 100 – 500 dekar	Ved evt. detalj-planlegging for utbygging, må ein ta omsyn til flaumsona langs vassvegen og det nemnte flaumvegen med fare for overlaup ned langs dette frå vassvegen. Plassering av bygningar og vegar må skje utanom dei flaumutsette områda	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomst frå RV15 må skje etter Meadalsvegen som er grusveg som dels er smal, men har liten trafikk. Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot sør aust med gode solforhold og god utsikt. Området er bratt med helling opp mot 30 %, slik at det er utfordrande å plassere hyttetomter i terrenget utan at det medfører store landskapsinngrep.	Terrenget i området er bratt og krevjande m.o.t. hyttebygging og eventuell framføring av vegar. Grunnforholda synast ikkje å vere gunstige for infiltrasjon av kloakk-avlaup. Ei avgrensa hyttebygging på teigen, med hytta av låg standard, kan truleg kunne bli tilpassa seterlandskapet om ein tilpassar bygnaden til setermiljøet og utan at det gjerast store planeringsarbeider.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

### **Samla vurdering:**

Grunneigar har spelt inn ønske om å bygge 2-4 hytter i området. Utbygginga vil skje i ei setergrend der eksisterande bygnad i dag er knytt til setrene, og er eigd av grunneigarane/setereigarane. Det er ikkje skilt ut reine hytteeigedomar, slik at frådeling og bygging av fritidshytter vil vere eit nytt element i seterlandskapet. Ei slik avgrensa utbygging vil ha liten samfunnsmessig verdi for bygdesamfunnet, men ha ein økonomisk verdi for grunneigaren.

Området ligg vendt mot søraust med gode solforhold og god utsikt. Terrenget i området er bratt og krevjande m.o.t. hyttebygging og eventuell framføring av vegar. Grunnforholda synast ikkje å vere gunstige for infiltrasjon av kloakkavlaup. Ei avgrensa hyttebygging på teigen, med hyttar av låg standard, kan truleg kunne bli tilpassa seterlandskapet om ein tilpassar bygnaden til setermiljøet og utan at det gjerast store planeringsarbeider.

Ved å opne opp for bygging av hytter i setergrenda, kan det på sikt medføre at også andre grunneigarar i området, også ønsker å leggje ut tomter for fritidsbustadar. Erfaringar fra blanding av setre og fritidsbustadar i same område, er ofte ikkje gode. Det blir ofte konfliktar mellom landbruksinteressene og hytteeigarane knytt til utnytting av utmarksbeite og drifta av landbruksareala.

Delar av området kan dessutan vere utsett for flaum, ein viser til punktet samfunnssikkerheit over og ROS-analysen.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.


### **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Plankontoret vil med bakgrunn i dei negative konsekvensane som ei opning av arealet for utbygging av fritidsbustadar vil medføre for landbruksinteresser i seterområdet, ikkje tilrå utbygging av fritidsbustadar i område BF10\_f. Arealet er dessutan bratt og ikkje særleg eigna for utbygging av fritidsbustadar.

## 2.18 BF11\_f: Stymme – byggeområde for fritidsbustadar.


Forslagsstillar:	Lom kommunestyre – Dialogkonferanse 2016
Gnr./bnr.	36/1, 37/1, 38/1, 38/9, 40/2 og 41/1
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	684,1 daa (arealet er utvida til å omfatte større areal av 41/1)
Dyrka mark/dyrkbar jord	Innmarksbeite: 10 dekar. Dyrkbart om lag 233 dekar.

Forslaget vart spelt inn som framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialog-konferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016. Området strekk seg langs indre del av Stymmevegen mot Myrskardet. Det dyrka arealet på setrene til Skjæsar, Helstad og Øi, er helde utafor arealet, da ein reknar at kommunestyret ikkje meinte å bygge ned dette. Det er ikkje teke opp med grunneigarar om desse ønskjer hyttebygging. Eigar av GID 41/1 har meldt at han ønskjer utbygging.



Kart over:  
Område spelt  
inn på dialog-  
konferanse i  
kommune-  
styret i 2016  
utvida med til  
å omfatte  
større areal av  
GID 41/1.  
Dyrka areal på  
setrene er teke  
ut.

Kart til høgre:  
Området vist  
med kart-  
bakgrunn av  
data frå  
Naturbase.  
Arealet er som  
avgrensa grovt  
på dialog-  
konferansen.




## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	<p>Området ligg høgt mellom 970 og 1100 m.o.h.</p> <p>Størstedelen av området er snaumark med grunt jorddekkje/fjell i dagen.</p> <p>Dei lågaste partia er myrområde. Eit areal som tidlegare er dyrka på Andbergs-gammeløygarden ligg innafor området. Det er også parti med fjell-bjørkeskog mellom myrområda og snau-marka. Det er næringsrik berggrunn i området, og det speglar seg att i floraen i området. Både det tidlegare dyrka areala på Andbergsgammeløygarden og areal kring setrene på Stymme og myrområdet mellom Stymmevegen og Myrskardet, ligg i Naturbase som viktig naturområde – jf. kartskisse nedst på sida over. Dette har bakgrunn i registreringar av kravfulle og sjeldne planteartar (4 artar nær truga), og områda har verdi B.</p> <p>Utanom areal registrert som viktig naturtype, er det registrert 4 planteartar som er nær truga (NT) og 26 såkalla ansvarsartar i området. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.</p>	<p>Utbygging av hytter i området kan råke areal som er kartlagde som verdifulle naturtypar og veksestadar for planteartar som er nær truga eller der Norge har ansvar for å ta vare på artene pga. at det finnast att få andre stadar der desse veks.</p> <p>Hyttebygging vil råke beiteområdet for elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	<p>Området ligg mellom 970 og 1100 moh. med terreng som i hovudsak er vendt mot sør. Området er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/ regionale register, men vurderast å ha lokal verdi m.o.t. natur- og kulturlandskapet i området.</p>	<p>Området ligg nær eller over skoggrensa (A på kartet). Etter nasjonale føringar, skal ikkje hyttebygging skje over skoggrensa mellom anna av omsyn til landskapet.</p> <p>Ei utbygging av hytter og infrastruktur vil bli godt synleg i det opne landskapet.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	På Andbergsgammeløygarden er 10 dekar registrert som fulldyrka, men dette arealet oppgjeve som ikkje dyrka av eigar i dag. I KU har ein rekna dette som innmarksbeite. Området er viktige areal for utmarksbeite, både for storfe og for sau. Både myrområda og areal inntil desse er kartlagde som dyrkbar jord. Arealet ligg i konsesjonsområde for tamreindrift, og er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter. Skogen er klassifisert som uproduktiv og er vernskog.	Eigaren av GID 41/1 har ønske om at arealet som er registrert som dyrka på Andbergsgammeløygarden blir lagt ut for utbygging. Dette vil vere i konflikt med jordvernomsyn. Oppdyrkning av myrene er neppe aktuelt, da desse er registrert som viktig naturtype i Naturbase. Hyttebygging vil vere i konflikt med den aktive bruken av området til utmarksbeite. Beitebruksplan for Lom, viser at dette området er særsviktig som beiteområde for storfe. Tamreindrifta vil bli råka av ei hyttebygging og denne er sårbar for forstyrningar og menneskeleg aktivitet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fyllt/glimmerskifer. I den lågaste delen av området er berggrunnen overdekkja av tynt/usamanhengande morenedekke, medan det oppfor setrane og myrane i hovudsak er bart fjell med sparsamt/usamanhengande jord-/torvdekke. Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller grunnvassressursar.	Hyttebygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert eit freda kulturminne innanfor arealet, som er markert på kartet ved seterråket/turstigen opp mot Myrskardet. Dette er eit lausfunn av ein lyster-gaffel. Kulturminnet som er markert på kartet ved setra til Helstad, like utafor området, er eit gravminne frå jernalder (steinkiste, brynjje, spyd pilspissar, hestesko m.m.). Fem eldre bygninger på setrene er SEFRAK-registeret og er meldepliktige	Dersom utbygging haldast utanom setrane, vil ikkje utbygging råke funnstaden for det viktigaste kulturminnet (gravminnet) eller dei eldre bygningane på setrene. Funnet langs seterråket er eit lausfunn, slik at denne lokaliteten kan vere lettare å frigjeva, men seterråket som gamal ferdselsveg kan sjølv ha verdi som kulturminne. Det vil bli krav om nærmare arkeologisk kartlegging for dei areala som ein eventuelt vurderer å ville bygge ut i området.	<i>Middels verdi (-)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens.

Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygging vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med reinseanlegg. Kart frå NGU visar tynt morenedekke, og det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaup.	Det er usikkert om grunnen er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, slik at etablering av reinseanlegg med mini-reinseanlegg kan vere påkravd. Hyttebygging vil utløse auka bilkøyring, og reknast å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Liten negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Det gamle seterråket mot Fossbergom over Myrskardet som går gjennom området, er skilta/merka, og området er mykje nytta for turgåing og friluftsliv. Arealet er eigna for friluftsliv for barnefamiliar. For fritidsaktivitetar knytt til leirskulen på Soleggen, er dette eit viktig uteområde.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert og ikkje vere like tilgjengeleg for allmenta for friluftsliv. Det er preparerte skiløyper ut frå Soleggen, men ikkje innover Stymmevegen. Hyttebygging vil truleg medføre betre til rettelegging av skiløyper, som noko vil setje pris på.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst frå RV15 vil skje via Meadalsvegen og vidare langs Stymmevegen (bomvegar). Eventuelle vegar fram til hytter må byggast ut frå Stymmevegen. Det er ikkje utbygd vatn- og avlaup eller etablert straumforsyning.	Det kan bli vanskeleg å etablere vegtilkomst til alle delar av området da det anten er bratt eller ein må krysse myr/blaute område. Ved utbygging av hytter av middels/høg standard, må det byggast ut drikkevassforsyning, reinseanlegg og straum.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærrare med omsyn til snøskredfare (SGC/ Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred i området. Aktsemndskart frå NVE viser fare for steinsprang i området ovafor Stymme-setrene, og flaumfare på dei lågaste områda. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser areal ein bør unngå som tomtegrunn og veggrunn.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn skredfaren oppfor Stymmesetrene, til flaumfare og til drenering og handtering av overvatn. Det sikkreste vil vere å ikkje å bygge på areal som er kartlagd med fare. Dersom ein ønskje å bygge på areal i faresonene må det gjerast faresonekartlegging og evt. gjennomførast sikringstiltak	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomst frå RV15 må skje etter Meadalsvegen/ Stymmevegen som er smale grusvegar, men har liten trafikk. Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging, da området truleg ikkje vil bli opna for bygging av særleg mange hytter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Området ligg i hovudsak vendt mot sør med gode solforhold. Tomter vil få god utsikt både mot sør, aust og vest. Størstedelen av området er vurdert for bratt, ulendt eller er myr som ikkje er eigna for utbygging av hytter og infrastruktur. Ein god del av arealet er dessutan kartlagde som verdifulle naturområde, og også utanom dette tilseier floraen i området, at ein må vise særskilt omsyn ved ei eventuell utbygging av arealet. Grunnforholda synast ikkje ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup.	Berre eit avgrensa areal på ryggen langs seterråket/turstigen mot Myrskaret (A på kartskissa under) og arealet som tidlegare er dyrka på Andbergsgameløygarden (B på kartskissa under), er funne teknisk eigna for hyttebygging. Begge arealet kan vere konfliktfylte: område A ligg langs ein gamal ferdsselsveg som kan ha verdi som kulturminne der det er ein freda funnstad for kulturminne, område B ligg på område som i naturbase er registrert som viktig naturtype (naturbeitemark).	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
---------------------------	--	--	--



Kartskisse: Ved synsaring av området i 2020, vart områda A og B avgrensa som dei som teknisk/praktisk er vurdert mogelege areal å eventuelt bygge ut med hytter. Kartbakgrunn er data frå arealressurskart (AR5).

### Samla vurdering:

Forslaget vart spelt inn som framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialog-konferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016. Det dyrka arealet på setrene til Skjæsar, Helstad og Øi, er helde utafor arealet ved konsekvensutgreiinga, da ein reknar at kommunestyret ikkje

meinte å bygge ned dette. Eigar av GID 41/1 som m.a. omfattar Andbergsgameløygarden, har meldt at han ønskjer utbygging på sin eigedom. Det er ikkje teke opp med dei andre grunneigarane om desse ønskjer hyttebygging, og det må i tilfelle avklårast om ein vil gå inn for utbygging.

Den delen av området som ligg nord for Stymmevegen har gode solforhold, og det er god utsikt både mot sør, aust og vest. Problemene i forhold til hyttebygging, er at terrengforhold og grunnforhold gjer at ein vurderer området lite eigna for utbygging av hytter og infrastruktur pga. at det er for bratt, ulendt eller er myrområde. Grunnforholda synast heller ikkje ideelle for infiltrasjon av kloakkavlaup. Ein god del av arealet er dessutan registrerte som verdifull naturtype i Miljødirektoratet Naturbase. Også utanom dei kartfesta naturtype-områda tilseier floraen i området, at ein må vise særskilt omsyn ved ei eventuell utbygging.

Plankontoret har berre etter gjennomgang og synfaring i området funne to avgrensa areal som i praksis kan vere eigna som byggegrunn for hytter:

- Område A: Området ligg på ryggen langs seterråket/turstigen mot Fossbergom over Myrskaret. Det er her snakk om ei 30 m brei stripe som strekk seg om lag 700 vestover frå Stymmesetrene – i alt ca. 24 daa. Anslagsvis vil det kunne vere plass til 10-15 hytter, men det vil evt. bli trønt for å få plass for både bilveg og hytter. Stigninga på turstigen som går midt over arealet, ligg på om lag 12 %. Anlegg av vassforsyning og avlaup vil også by på utfordringar. Utbygging med hytter vil kome i openberr konflikt med den merka turstigen, og det er også kartlagt funnstad for eit automatisk freda kulturminne langs sæterråket (lausfunn av lystergaffel).
- Område B: Området omfattar arealet som tidlegare er dyrka på Andbergsgameløygarden (ca. 15 dekar). Området ligg på område som i naturbase er registrert som viktig naturtype (naturbeitemark) og er registrert som dyrka areal i jordregisteret (AR5). Det er dermed openberr konflikt mellom hyttebygging her og omsyn til både naturvern og jordvern.

Dei andre arealet nord for Stymmevegen er i hovudsak for bratte å bygge ut med hytter (stigning opptil 30 %). Dei nordvende område sør for myrene kring Søre Fossbrekkgrove og vestover, er råe og bratte (om lag 18 % stigning) og er vurdert som ikkje eigna for hyttebygging.

Generelt for området er at hyttebygging vil vere i konflikt med den aktive bruken av området til utmarksbeite. Beitebruksplan for Lom, viser at dette området er særskilt viktig som beiteområde for storfe. Området er også viktig beiteområde for sau. Arealet ligg dessutan i konsesjonsområde for tamreindrift, og er markert som beiteområde for tamrein haust og vinter. Tamreindriften er sårbar for forstyrringar og menneskeleg aktivitet.

Området ligg høgt mellom 970 og 1100 m.o.h. Størstedelen av utanom setrene i området, er snaumark med grunt jorddekkje/fjell i dagen. Dei lågaste partia er myrområde. Hyttebygnad med tilhøyrande infrastruktur, vil bli liggende eksponert og endre preget på området som i dag er seter- og naturlandskap. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (vedteken ved kongeleg resolusjon 14.05.2019) står det mellom anna skrive at det av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfold, er viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa. Bygging av hytter i område, vil i all hovudsak måtte skje i eller like over skoggrensa.

Med omsyn til nærmere utgreiing av skred og flaumfare, viser ein til ROS-analysen. Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.


### **Konklusjon vidareført til 2. gongs ettersyn og høyring:**

Plankontoret vurderer at område BF11\_f ut frå terrengforhold og grunnforhold, er lite eigna for utbygging av fritidsbustadar og infrastruktur. Viktige landbruksinteresser i området i form av utmarksbeite, og omsyn til landskapsverdiar, naturverdiar og friluftsliv, tilseier også at plankontoret meiner ein bør spare området for utbygging.

## 2.19 BF12\_f: Nåvårsætervangen – byggeområde for fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Lom kommunestyre – Dialogkonferanse 2016
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	Heile: 747,6 daa - Område A: 219,0 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialogkonferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016, og omfattar eit større areal på Nåvårvætervangen. Arealplanlegger/miljøvernksousenten har vore på synfaring i området, og har vurdert at område A eventuelt kan vere eigna for hyttebygging.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet er dels skogkledd med furuskog med varierande innslag av lauvskog og med eit stort opne område i nord mot Nåvårsætervegen. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype i utbyggingsområdet. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, og viser også trekkveg for arten gjennom området. I Arts-databanken er det i området registrert <i>gulmjelt</i> og <i>dvergbjørk</i> som har status LC (livskraftig) på den norske raudlista, men ingen truga/sårbare artar.	Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkveg for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra. Fjellstyret peikar på at mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Fjellstyret viser til at områda rundt Nåvårsætermorka truleg er eit svært viktig vinterbeiteområde for den stadeigne elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet sommarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Det er ikkje kartlagt dyrkbar jord. Arealet er eit av dei områder med mest dyr på utmarksbeite i Lom, både storfe og sau. På Nåvårsæternene er det to bruk som driv med mjølkeku på setra, og eit bruk har ammekyr. Gardane er avhengige av å nytte utmarksbeitet i området, da dei ikkje har nok beiteareal i bygda. Skog klassifisert som lite produktiv/uproduktiv.	Hyttebygging vil vere i konflikt med beite-interesser og aktiv setring i området. Det kan også stillast spørsmål om det er dyrkjingsjord på flata (A), da det der dyrka på areal nedfor vegen som ser ut til å vere noko tilsvarande. Området ligg like utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Stor verdi (***) Stor negativt omfang (---) Stor negativ konsekvens
Landskap	Området ligg 850 - 925 moh. på ein breelv-avsetting med markerte rygger og daudisgropar, men er ikkje sentralt registrert som verneverdig geologisk førekommst. Området ved Tesse og Nåvårsæternene er registrert med spesielle verdiar knytt til kulturog naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).	Hyttebygging i det forholdsvis flate område A, vil medføre landskapsinngrep som ikkje vil vere særleg eksponert. Evt. utbygging i det kuperte området utanom A vil medføre større arealinngrep og vere meir eksponert.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	NGU sin grusdatabas viser at breelv-avsettingane utgjere ein grusressurs av lokal verdi. Avsettinga er i NGU sin base vist med "antatt stort grunnvass-potensiale", og som areal med stort potensiale for infiltrasjons av avlaupsvatn.	Hyttebygging vil gjere at det blir vanskeleg å utnytte grusressursane i området, men desse ligg avsides i forhold til potensielle for marknad/utnytting. Grunnvassressursar/ infiltrasjons-evne kan vere verdiar som kan utnyttast ved ei evt. utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registreringar ei samanhengande rekke av fangsgroper i området. Desse er automatisk freda i medhald av kulturminnelova saman med eit samanhengande område rundt (område med rune R på kart).	Dersom utbygging skal skje i heile området, vil det ha store skadeverknadar for kulturminnevern. Avgrensing av byggeområdet til område A, utanom det området som har automatisk freda kulturminne, vil redusere potensiale for konflikt.	<b>Heile området:</b> <i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Stor negativ konsekvens
			<b>Område A:</b> <i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (i)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg. Kart frå NGU visar at grunnen er godt eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn.	Grunnen er truleg eigna for reinsing av avlaupsvatn. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet blir lite nyttar for friluftsliv, og har i dag ingen særskilt verdi for barn og unge.	Liten verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje utbygd vatn- og avlaup i området. Vegtilkomst frå RV51 vil i hovudsak skje via Tessevegen/Osvegen, Smørlivegen og Nåvårsætervegen. Alternativ tilkomst skjer frå Randsverk via Fuglesætervegen. Nåvårsætervegen	Ved hytteutbygging må det byggast ut vassforsyning og reinseanlegg for avlaupsanlegg. Straumforsyning kan etablerast ut frå nett som er etablert i samband med kraftutbygginga i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygginga. Forbi Nordsæтрin bør trafikken gå via Osvegen ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemdsområda for skred. På NVEs aktsemdskart for flaum er det teikna faresone flaum langs den største bekken i området. Kart over dreneringsliner fra InnlandsGIS viser ein mogeleg flaumveg i utkanten av område A som drenerer areal på 100 – 500 dekar.	Ved detaljplanlegging må flaumfarene vurderast nærmere av fagkyndige og evt. settast av faresoner. Det må da bli laga plan for handtering av overvatn	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg vendt mot aust med middels solforhold. Området er jomfrueleg, og ikkje bygd ut med løype-/turstignett eller andre aktivitetstilbod. Lokalisering nær Tesse er positivt for attraktivitet av tomter for fritidsbustadar. Område A som er det som er best eigna for å bygge ut, har ikkje utsiktstomter.	Mange freda kulturminne avgrensar området som kan byggast ut, og omsynet til desse gjer det også ikkje aktuelt å bygge hytter mellom desse og vegen til kraftverket. Område A har enkel og god byggegrunn for hytter og anlegg av infrastruktur. Resten av området er for bratt og vanskeleg å bygge ut fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur.	For område A: <i>Middel verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
			For resten av området: <i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (- -)</i> Liten negativ konsekvens

### Samla vurdering:

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF08\_f endra i tabellen på punkta "Naturmiljø og naturmangfald", "Jord- og skogbruk" og "Landskap".

Det er i praksis berre den nedre delen av området på flata som er eigna som byggegrunn for fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur. Resten av området er for bratt og vanskeleg å bygge ut. Mange registrerte freda kulturminne avgrensar området som kan byggast ut også nede på flata, og omsynet til desse gjer det også ikkje aktuelt å bygge hytter aust for det freda kulturminneområdet på arealet mellom desse og vegen til kraftverket. Ein står da att med det området som er merka som A på kartet, der det er god byggegrunn for fritidsbustadar og anlegg av tilhøyrande infrastruktur som tilkomstvegar, straumforsyning, drikkevassforsyning og avlaup/avlaupsreinsing.

Den største konflikten knytt til område A er beitebruken i området. Området ligg nær dyrkingane ut mot Tesse og Nåvårsætrene, og både storfe og sau. Området ved Nåværsetrene er eit av dei områder med mest dyr på utmarksbeite i Lom. Her er det to bruk som driv med mjølkekø på setra, og eit bruk har ammekyr. Gardane er avhengige av å nytte utmarksbeitet i området, da dei ikkje har nok beiteareal i bygda.

Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkveg for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra. Fjellstyret peikar på at mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Fjellstyret viser til at områda rundt Nåvårsetermorka truleg er eit svært viktig vinterbeiteområde for den stadeigne elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet sommarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.

Det er ikkje utbygd hytter i området frå før, og området er ikkje bygd ut med løype-/turstignett eller andre aktivitetstilbod. Dette trekk truleg ned attraktiviteten i marknaden, men lokalisering nær Tesse er positivt især i forhold til lokalbefolkingas nytting av fiskerettane knytt til Tesse og terrenget for småviltjakt.

Hyttebygging i det forholdsvis flate område A, vil medføre forholdsvis små landskapsinngrep, og hytter i dette området vil ikkje vere særleg eksponert. Arealet av område A er om lag 219 dekar. Tenkjer ein seg ei høgstandard utbygging av fritidsbustadar, vil mogelegheitene for reinsing av avlaupsvatn vere avgrensande for talet på hytter. Det som vil vere aktuell reinsemetode i dette området både teknisk og økonomisk, vil vere anlegg som baserer seg på jordreinsing. Framtidig regulering og VA-planlegging, vil kunne fastslå dette nærmare. Ein vil tru at 50–60 tomter for fritidsbustadar vil vere maksimalt tal for fritidsbustadar i området A.

Fylkeskommunen har ved 1. offentleg ettersyn og høyring, peika på at Nåvårsetervangen ligg i eit landskap med store kulturhistoriske verdiar ved Tesse og Smådalen. Landskapet er rikt på spor etter ekstensiv utnytting av utmarksressursar, som vitnar om aktivitet og busetting i området i fleire tusen år. Rike utmarksressursar i skog, fjell, vann og vassdrag har gitt gode vilkår for både jakt, fangst og fiske, jernutvinning, beite og seterdrift. Fylkeskommunen viser til at det rundt Tesse og i Smådalen finnast steinalderlokaliteter, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver, samiske buplassar og spor etter beite- og seterdrift.

Om det skal skje hyttebygging i området, vil først og fremst måtte bli ei avveging i forhold til landbruksinteresser, vilt-/naturverdiar i området og landskapsverdiar. Desse omsyna tilseier at det ikkje bør skje nokon hyttebygging i området.

Med omsyn til nærmare utgreiinga av flaumfarene, viser ein til ROS-analysen.


#### **Konklusjon endra til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring::**

Plankontoret vil med bakgrunn i det som er skrive over, ikkje tilrå utbygging av nokon del av BF12\_f. Plankontoret vil tilrå at det areal som var føreslege som utbyggingsområde ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring blir lagt ut med arealbruksformål "*Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift*" – LNFR- i nytt høyningsforslag til kommuneplanens arealdel.

## 2.20 BF13\_f: Leirhøe – Borgakampen – byggeområde for fritidsbustadar

Forslagsstillar:	Lom kommunestyre – Dialogkonferanse 2016
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdal statsallmenning
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	4 830 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Forslaget vart spelt inn som mogeleg framtidig område for bygging av fritidsbustadar på dialogkonferansen vedr. kommuneplanens arealdel i Lom kommunestyre i 2016. Området er noko justert i søre kant og avgrensa mot seterområde og kraftline.



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	<p>Arealet ligg mellom 850-1155 m.o.h. Arealet over 1050 m.o.h. er i hovedsak open skrinn fastmark (68 % av arealet), medan arealet som ligg lågare i hovedsak er registrert som uproduktiv skogsmark (AR5). Det er ikke areal som er registrert som verdifull naturtype i utbyggingsområdet. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr, og det er også registrert trekkvegar for elg og hjort gjennom området. Viltkartet viser også at området er leveområde for orrfugl. I Artsdatabanken er det i området registrert 9 plantearter som har status LC (livskraftig) og 1 art som har kategori NT (nær truga) på den norske raudlista.</p>	<p>Hyttebygging vil råke leveområde for hjortedyr og orrfugl og vekseområde for plantearter som står på den norske raudlista, ved at areal byggast ned og at artane vert forstyrra. Berggrunnen er næringsrik og gir grunnlag for artsrikdom av planter og godt beite. Den dels kalkrike berggrunnen og kompresjonssonar gjennom området, gir grunnlag for kalkgrotter og karstførekomstar i området. Slike førekomstar ha i seg sjølvे av verneverdi og har svært spesielle leveforhold for organismar.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>Det er ikke dyrka eller dyrkbar jord innanfor området. Aukrustsera, Krokasetra og Bakkebergsetra grensar opp mot området, og arealet er det potensielle utbyggingsområdet er i bruk som utmarksbeite. Området ligg innanfor konsesjonsområde for tamreindrift, og tamreinlaget har dyra på vinterbeite i området. Tamreinlaget bruker også området ved samling og flytting av rein. Skog i austre dal av området er vernskog som er klassifisert som uproduktiv.</p>	<p>Berggrunnen er næringsrik og gir grunnlag for artsrikdom av planter og godt beite</p> <p>Hyttebygging vil vere i konflikt med beiteinteresser og tamreindrift.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Landskap	Området ligg 850-1155 m.o.h. Arealet over 1050 m.o.h. er i hovedsak bart fjell og torv og myr, medan arealet som ligg lågare er skogdekt. Området ligg innanför kulturlandskapsområde Bøverdalen. Området är inte kartlagt att ha särskilte geologiska verneverdiar. Efter nationella förlagningar, ska inte hyttebygging ske över skoggrensan.	Hyttebygging i område över skoggrensa eller i glissen fjellbjörk/fjellfuruskog med vegbygging och eventuellt utbygging av annan infrastruktur kommer att medföra stora arealinngrepp och vara mycket exponerat.	<i>Stor verdi (****)</i> <i>Stort negativt omfang (--)</i> Stor negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen består dels av harde bergartar med ei stripe med mjukare fyllt midt gjennom området og kalkspat-marmor/kalkspatholdig skifer i nordvest. Den dels kalkrike berggrunnen gir grunnlag for kalkgrotter og karstförekomstar i området. Det er ikke mineralske ressursar av økonomisk verdi (NGU), og ikke kartlagt potensiale for større grunnvassressursar. Der det ikke er bart fjell, er det tynn morene eller jorddekke av torv og myr.	Hyttebygging vil ha lite å seie for økonomiske verdiar knytt til geologi. Den vekslande berggrunnen med kompresjonssonar gjennom området, gir grunnlag for kalkgrotter og karstförekomstar. Desse er sjeldne og har verneverdi. Evt. utbygging må styrast utanom slike förekomstar. Mangel på grunnvassressursar/eigna jorddekke för å infiltrera avlaupsvatn är negativt i forhold till ei evt. utbygging.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Lite negativt omfang (0)</i> Liten negativ konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanför området, og heller ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Området ligg innanför kulturlandskapsområde Bøverdalen - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.	Ei utbygging vil ikke skade kjende kulturminne, men området er ikke kartlagt m.o.t. kulturminne i samband med kommuneplanarbeidet. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut området. Hyttebygging kan bli oppfatta som negativt i forhold til statusen på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føres det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg. Kart frå NGU visar at det ikkje er lausmassar som er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn i området eller i nærleiken. Dårleg skogbonitet medfører at ståande skog har avgrensa evne til å binde CO <sub>2</sub> .	Utbygging av eit stort tal på hytter vil kunne medføre forureining sjølv utan at hyttene får innlagt vatn og avlaup, da grunnforhold med bart fjell, torv-/myrjord og tynt jorddekkje ikkje er eigna for infiltrasjon. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet ligg nordaust for Jotunheimen Fjellstue, og blir nytta som friluftsområde både av turistar og lokalbefolkinga. Det er fleire stigar i området, og det er godt eigna som turområde for barnefamiliar, og det er mange lett tilgjengelege utsiktpunkt mot kringliggande fjellområde.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert, og miste sitt preg av å av å stå fram som meir eller mindre urøyrt naturområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det ligg i dag 3 hytter og er ei mast for telekommunikasjon innanfor området. Berre ei av desse hyttene har veg. Det er tidvis ikkje vefsamband til området vinterstid i dag, da Fv55 tidvis er vinter-stengt på strekninga. Vegtilkomst eit nytt hytteområde fra Fv55, vil måtte skje frå Bøverkinnshalsen. Det er etablert straumforsyning i området ved Bøverkinnshalsen. Ved bygging av hytter av høg-/middel standard, må det byggast ut vassforsyning, avlaup og reinseanlegg.	Terrenget stig raskt opp frå setrene, og eventuell bygging av vegar fram til hytter vil bli svært vanskeleg på grunn av stigingsforhold og grunnforhold. Det vil vere svært krevjande og kostbart å bygge ut drikkevassforsyning og avlaupsanlegg/reinseanlegg i området med bakgrunn i terren og grunnforhold. Det er langt til mogeleg infiltrasjonsareal, slik at avlaupsanlegg må vere basert på biologisk/kjemisk reinsing.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Det er berre mindre areal som er omfatta av aktsemdsområde for snøskred og steinsprang (NVE). Det er mange søkk og bekkar i området, og det er vist faresone for flaum kring ein av dei. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS viser elles at fleire av bekkefara kan drenerer areal på 100 - 500 dekar og representerer fare for skade.	Ved detaljplanlegging må ein unngå bygging i fareområder. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS gir grunnlag for kva for områder ein bør unngå som tomtegrunn og strekningar og punkt ein må ta særskilt omsyn til ved vegbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Avkøyring frå Fv55 må truleg skje på Bøverkinnshalsen, der det i dag står fram med eit uoversiktleg trafikkbilete med parkering langs vegbana og blanding av mjuke og harde trafikkantar.	Avkøyring mot hytteområdet må planleggast godt, og det må bli sett av tilstrekkeleg areal for parkering for å unngå auking av parkerte bilar langs Fv55.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg høgt og fritt med svært god utsikt og gode solforhold. Men området er svært verutsett, og vind kan føre til øydelegging av bygg og medføre fare. Det er tidvis ikkje vegsamband til området vinterstid i dag, da Fv55 tidvis er vinterstengt på strekninga. Bøverkinnshalsen er ynda utgangspunkt for toppturar, især toppskiturar på vinteren mot Loftet. Det er ikkje etablert skiløpenett i området. Fiske i Halsatjønnen på Bøverkinnshalsen er godt eigna for barnefamiliar.	Område har vanskeleg terreng og stigningsforhold, som gjer både bygging av hytter, etablering av tilkomst og utbygging av infrastruktur vanskeleg. Ved bygging av hytter av høg-/middel standard, må det byggast ut vassforsyning, avlaupsnett og reinseanlegg som truleg må vere basert på biologisk/kjemisk reinsing. Dette vil medføre store kostnadars ved anlegg og drift.	<i>Middel verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF13\_f endra i tabellen på punkta "Naturmiljø og naturmangfald", "Jord- og skogbruk" og "Geologiske og hydrologiske ressursar".

Området som er føreslege er svært stort – heile 4 830 dekar. I forhold til det forslaget som var spelt inn på dialogkonferansen i kommunestyret i 2016, er arealet noko justert i søre kant og avgrensa mot seterområde og kraftline. Ein har ved konsekvensutgreiinga ikkje gjort nokon oppdeling av området, men vurdert heile området samla.

I området ved Bøverkinnshalesen ligg det i dag 7 fritidsbustadar. 4 av dei ligg på nordaustsida av RV 55, og av dei ligg 3 innafor det føreslegne utbyggingsområdet. På sørvestsida av Fv55 ligg det 3 fritidsbustadar i område ved Halsatjønna i tillegg til Lom Tamreinlag sitt "hytte" som dei nyttar ved reindrifta. På denne sida av vegen ligg også Jotunheimen Fjellstue med 18 hotellrom (opptil 50 senger).

Med bakgrunn i dei få hyttene som ligg i området i dag, kan det verke uproblematisk å bygge fleire fritidsbustadar i området. Leirhøe-Borgakampen ville utvilsamt bli marknadsført som et område med attraktive tomter for fritidsbustadar som er lokalisert i noko av dei mest storslagne omgjevnader som ein har her i landet. Problemet, er slik plankontoret ser det, at området ikkje er eigna for bygging av hytter – eller nærmare bestemt fritidsbustadar – slik slike utbyggingar skjer i dag. Det er meir eller mindre slutt på den tida med å oppføre enkle buer eller små hytter i fjellet med enkel standard utan veg som vart bygd på staden og tilpassa terrenget meir eller mindre utan at det var gjort gravearbeid. Ei større utbygging av hytter i område Leirhøe-Borgakampen vil her som andre plassar, bli tufta på dei hyttetypane som blir levert i marknaden og med den standard som marknaden etterspør. Om ein kallar det hytter av middels eller høg standard vil oppføring av denne type fritidsbustadar som også er av ein viss storleik, i dette terrenget krevje tilpassingar av terrenget ved graving. Terrenget i området er bratt og oppstykka av dalar og søkk, og det er så å seie også umogleg å bygge å anlegge vegar med stigningsforhold og standard som bilvegar. Av erfaring frå andre område, vil det frå mange hytteigarar bli ønske om bilveg fram til hytta, og i det minste å få nytte køyrespor som er etablert i samband med bygginga som veg i alle fall i delar av året. Erfaringar frå andre hytteområde som er etablert som felt med enkel standard utan straum, vatn og avlaup, er også at det etter kvart også vil kome krav om slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføreseggnene er slege fast at til dømes innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov. Etablering av separate avlaupsanlegg, eller eventuelt tett tank for svartvatn, vil ikke vere eigna i området Leirhøe-Borgakampen med dei grunnforholda ein har og med den utfordringa ein vil ha for framkomst med septikbil for tömming av slamavskiljar/tett tank.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (vedteken ved kongeleg resolusjon 14.05.2019) står det mellom anna skrive at det av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald, er viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa. Etablering av eit hytteområde i område Leirhøe-Borgakampen vil i all hovudsak måtte skje over skoggrensa. Ei slik etablering har også eit anna aspekt i dette tilfellet, da det er svært hardt ver i området - i sær vinterstid. Det er ingen ting som tek av for vinden, og sterk vind kan føre til øydeleggingar av bygg og i verste fall medføre fare for menneske. Ved synfaring av området i samband med planarbeidet, ble det konstatert materiale frå takkonstruksjonar og ann bygningsmateriale langt ute i terrenget. Det er jo også verforholda som gjer at det tidvis ikkje er vegsamband til området vinterstid i dag, da Fv55 tidvis er vinterstengt på strekninga opp mot Bøverkinnshalsen. Med omsyn til nærmare utgreiing av skredfare og flaumfare, viser ein til ROS-analysen.

## **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Utgreiinga av konsekvensar i tabellen framføre, tilseier negative konsekvensar ved utbygging av fritidsbustadar i område BF13\_f Leirhøe-Borgakampen på så å seie alle tema som er vurderte. Plankontoret vil ikkje tilrå at området blir lagt inn som framtidig utbyggingsområde for fritidsbustadar i kommuneplanen sin arealdel.

## 2.21 BF14\_f: Bjønnskardet - Byggeområde for fritidsbustader.

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritidsbustadar
Areal	90,7 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Forslaget er spelt inn som mogeleg alternativt område for bygging av fritidsbustadar i Nordseter-området, og omfattar eit areal aust for Bjønnskardet på grensa mot Vågå kommune. For området på Vågå sin side av grensa vart det i 2015 vedteken reguleringsplan for Bjønnskardet hytteområde med 29 nye tomter for fritidsbustader og ei eksisterande. Det er ikkje bygd på nokon av dei nye tomtene, og veg og anna infrastruktur som planen viser er ikkje opparbeidd.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Vegetasjonen er ein blanding av bar- og lauvskog, med fleire karakteristiske kraggfuruer. Botnvegetasjon med lyng og ener og gras innimellom. Det er ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype i området og heller ingen truga eller sårbare artar. Viltkart viser at området er omfatta av beiteområde og trekkveg for elg. Området ligg like aust for viktig beiteområde for orrfugl, og orrfuglen bruker området og spelar på Langmyrene.	Hyttebygging vil råke beiteområdet og trekkvegen for elg både ved at areal byggast ned og at elgen vert forstyrra. Det same gjeld for orrfuglen sin bruk av området. Bygging av fritidsbustadar med infrastruktur vil gjere det vanskeleg å bevare dei karakteristiske kraggfuruene.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Det er ikkje kartlagt dyrkbar jord i området. Noko utmarksbeite av storfe og sau, men av avgrensa verdi. Skogen er vernskog og kartlagt med låg bonitet (49,8 daa) og uproduktiv (40,9 daa).	Hyttebygging vil kunne vere i noko konflikt med beiteinteresser. Det drivast noko hogst av skog av dei med allmenningsrett. Arealet ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Landskap	Området ligg i høgde 903 - 937 moh. på ein åsrygg. Utbyggingsområdet på Lomssida vendar seg mot sør. Kraggfuruene gir området særpreg. Arealet ligg innafor det området ved Tesse som er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).	Reguleringsplanen på Vågå-sida føreset at terrenginngrep skal skje så skånsamt som mogeleg og at karakteristiske kraggfuruer skal takast vare på så langt som mogeleg. Det bør også ligge til grunn på Lomssida, men evt. tettare utbygging vil medføre større og synlege landskapsinngrep.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen består av fyllitt, nokre stader granittførande. Lausmassane er tynn morene. Ingen verdifulle geologiske ressursar kartlagt i området og heller ingen geologiske verneverdiar. Området er vist utan potensiale for grunnvatn i den nasjonale basen for grunnvassressursar. Det er ikkje registrert grunnvassbrønnar i området.	Ved evt. utbygging av høgstandard hyttefelt vil avgrensa grunnvasspotensiale, vere problematisk i forhold til vassforsyning. Det tynne morenedekkje vil avgrense mogelegheitene for infiltrasjon av avlaupsvatn og bygging av jordreinseanlegg i/nær utbyggingsområdet. Andre reinseløysingar, evt. framføring av avlaupsleidningar over lengre strekningar til reinseanlegg lenger unna, kan auke utbyggingskostnadane.	<i>Ubetydelig verdi (0)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminneregistreringar er gjennomført i området. Det er registrert fleire jernvinneanlegg/anlegg for kolframstilling sør for området. Desse anlegga er automatisk freda i medhald av kulturminnelova saman med eit samanhengande område rundt og er vist på plankartet.	Utbygginga ligg utanom områda med freda kulturminne, slik at det ikkje vil vere nokon konflikt.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg. Kart frå NGU viser tynt morenedekkje, og det vil kunne vere problematisk i forhold til anlegg av jordreinseanlegg. Dårleg skogbonitet medfører at stående skog har avgrensa evne til å binde CO <sub>2</sub> .	Grunnen er ikkje særleg eigna for reinsing av avlaupsvatn. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikkje er eller vil bli kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima. Elforsyning og utbygging for elbil-lading vil vere mogeleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet blir nytta som turområde og for friluftsliv både av lokalbefolkning, hyttefolk og turistar.	Hyttebygging vil legge beslag på område som er attraktivt som tur-område. Råker ikkje barn og unge særskilt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området har vegtilkomst frå RV15 via setervegen Hesthagen-Smørli (7 km), alternativ frå FV51 via Brimi Fjellstugu og setervegen (3 km). Setervegen er ikkje vinterbrøtyta. Kommuneplanforslaget viser ny vegtrase mellom Tessvegen og Bjønneskardet. Denne vil vere lettare å brøyte. Det er ikkje straumforsyning til området.	Ved utbygging av hytter vil det bli behov for framföring av straum til området. Ønskjer ein vegsamband om vinteren, må planlagt veg byggast. Ved høg-standard hytteutbygging må det byggast ut vassforsyning og avlaupsanlegg. Utbygging av infrastruktur kan evt. samordnast med utbygging på Vågå-sida.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemråde for skred og flaum, og det er ikkje teikna inn dreneringsliner i området.	Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som vel er vanleg for dei fleste hytteområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Vegane er dels smale og med låg standard, men har liten trafikk.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke pga. utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg vendt mot sør med gode solforhold. Utsiktstomter. Gode turmogelegheiter både sommar og vinter, lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland og lokalisering forhaldsvis nær Tesse, gjer truleg tomtene attraktive.	Område har enkel og god byggegrunn for hytter. Ei utbygging vil vere kostbar i forhold til utbygging av infrastruktur med straum, vassforsyning, avlaup og veg som kan vinterbrøytast. Samordning med utbygging på Vågå-sida vil vere positivt for økonomien.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF08\_f endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Landskap".

Utgreiinga over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar ved Bjønnskardet er vurdert å ha *Middels positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». Gode turmogeleg-heiter både sommar og vinter, og ikkje minst lokalisering nær turistanlegg og aktivitetar knytt til Brimiland, gjer at ein vurderer at hyttetomter her vil vere attraktive. At tomtene ligg godt lokalisert i terrenget i forhold til sol og utsikt, har enkel byggegrunn for oppføring av hytter, trekk også opp. Det som trekk ned er at ei utbygging vil vere kostbar i forhold til utbygging av infrastruktur - dersom ein føreset høgstandard hytter med innlagt vatn og avlaup. Dei høge kostnadane vil krevje høg utnytting om ein skal få økonomi i prosjektet. Samordning med utbygging på Vågå-sida vil vere positivt for økonomien.

Ein har utarbeidd ei skisse for mogeleg utbygging som er vist under der ein har teke omsyn til terrenghelling, mogelegheit for vegtilkomst osv. Skissa viser at plass for 48 hyttetomter med ein 5 m. brei korridor mellom kvar tomt.



Planskisse med 48 tomter.

Dagens vegtilkomst går ved begge alternativ via setervegen Hesthagen-Smørli, som ikkje er vinterbrøyta. Kommuneplanforslaget viser ny vegtrase som tek av frå Tessvegen ved Brimiskogen klatrepark og går vestover til Bjønnskardet, dvs. gjennom det planlagde hyttefeltet. Denne vil vere lettare å brøyte, og er også tenkt som vegtilkomst til turistbedrifta Vianvang. Kostnadane med bygging av vegen kan da evt. bli samfinansiert av dei nye hyttefelta på begge sider av kommunegrensa og turistbedrifta.

Dei mest negative konsekvensane er knytt til tema «Naturmiljø og naturmangfald», «Landskap», «Forureining, energi og klima» og «Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge», der ei utbygging er vurdert til å ha *Middels negativ konsekvens*.

Eigarar av setre og dyrkingsparsellar ved Nordsætrin, har i ei utale til kommunen i samband med kommuneplanarbeidet, vore kritisk til plassering av hytteområde mellom seterområdet og fellesbeitet på Langmyrene. Dei har i uttala peikt på at en burde sjå på ei alternativ lokalisering av eit hyttefelt i området mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet. Forslaget om hyttefelt ved Bjønnskardet kan sjåast på som ei oppfølginga av det, men er her vurdert på sjølvstendig grunnlag uavhengig av det.


## **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Utbygging av fritidsbustadar er peikt ut som eit satsingsområde for kommunen. Ei utbygging av eit hytteområde ved Bjønnskardet som også kan samordnast med utbygging på Vågå-sida, vil kunne gi attraktive tomter og er vurdert å vere akseptabelt i forhold til negative konsekvensar for miljøverdiar og friluftsliv, og i forhold til landskapsomsyn. Plankontoret tilrår at området BF14\_f blir lagt ut som "Byggeområde for fritidsbustadar – Framtidig" i høyringsutkastet ved rullering av kommuneplanens arealdel. Det må bli stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan, VA-plan og overvassplan for området før utbygging.

## 2.22 LNF-B01\_f: Flatmovegen – spreidd bustadbygnad i LNFR-område.

Forslagsstillar:	Lom kommune (ikkje grunneigar)
Gnr./bnr.	90/1, 90/3, 92/1, 93/1, 94/1, 94/10 og 160/1.
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Område for spreidd bustadbygnad i LNF - Framtidig
Areal	44,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0,0 daa

Området ligg i Lia sør for Flatmovegen. I området er det delt frå to bustadomter frå før (GID 90/3 og 94/10) og det er etter dispensasjonsbehandling godkjend frådeling av ei bustadtomt til frå GID 92/1. Ein reknar det kan vere plass for ytterlegare 2-3 bustadtomter i området.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikkje registrert som viktig naturtype (naturbase). I Artsdatabanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista. Det er registrert eit større område med utvald naturtype – slåttemark - på arealet som grenser inntil i vest. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.	Bustadbygging vil råke leveområdet for elg, hjort og rådyr, ved at areal byggast ned og ved at dyra vert forstyrra. Bustadbygging vil elles ha lite å seie for naturmiljø og naturmangfald.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Arealet utanom dei tre frådelte/godkjente tomtene, er barskog. Om lag 20 dekar er skog av middels bonitet, og om lag 16 dekar er skog av låg bonitet. Arealet er ikkje kartlagt som dyrkbart. Arealet er ikkje/lite nytta som utmarksbeite, da det er sett opp eit samanhengande gjerde med fleire kilometers lengde for avgrensing av beitearealet lengre opp.	Utbygging vil vere i noko konflikt med skogbruk, ved at noko skog vil gå ut av produksjon. Skogen er av forholdsvis låg bonitet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i skogsområde som det ikkje er knytt særlege landskapsverdiar til, og ligg ikkje nasjonale/regionale register som viktig kulturlandskap.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av bustadar og infrastruktur vil medføre for landskapet , vil bli lite synlege om det blir står att skog utanom areal som det vert bygd på.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er diorittisk til granittisk gneis. Lausmassedekket er tynt og usamanhengande morenedekke. Det er ikkje kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Det er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, ikkje registrert borebrunnar. Potensiale for grunnvatn er registrert som avgrensa.	Utbygging vil ikkje ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar. Det er usikkert kva for drikkevassforsyning dei frådelte tomtene har.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRÅK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje utbygd offentlege eller fellesanlegg for vatn- og avlaup. Eksisterande tomter har minireinse-anlegg. Vegtilkomst må skje til Flatmovegen, FV2644. Vegen har funksjonsklasse E - lokal funksjon. Byggegrense er 15 meter frå vegmidt.	Det er ikkje utbygd offentlege anlegg eller fellesanlegg for vatn- og avlaup, slik at drikkevassforsyning og avlaupsløysingar må bli etablert for kvar tomt, evt. felles for fleire tomter.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Forureining, energi og klima	Det er ikkje utbygd offentlege eller fellesanlegg for avlaup, slik at avlaup må bli reinsa med separate avlaupsløysingar for kvar tomt. Området er ikkje utsett for vegtrafikkstøy over grenseverdiar.	Under føresetnad av at avlaup blir teke hand om av godkjente reinseløysingar, vil spreidd bustadbygging ikkje ha verknad for forureining til vatn. Bustadbygging vil utløyse auka bilkøyring da det er därleg/manglande kollektivtilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Liten negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Det går ikkje stigar gjennom området, og arealet har liten verdi for friluftsliv eller som leikeområde.	Spreidd bustadbygging råker ikkje friluftsinteresser, eller areal som har verdi for barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er omfatta av kartlegginga av snø-skredfare som SGC utførte i 2016. Denne kartlegginga og NVEs aktsemendskart tilseier at området ikkje er omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at overflatevatn ikkje medfører særskilt fare.	Det er ikkje særlege problem i knytt til naturfare i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomsten skjer via Flatmovegen, FV2644. Fartsgrensa på strekninga er 80 km/t. Trafikkmengda er målt til 48 køyretøy. Det er ikkje utbygd gang- og sykkelvegar i Lia mot kommunenesenteret.	Da trafikken er liten, reknar ein ikkje med at risikoen for ulykker vil auke ved bygging av nokre einebustadar til i området. Ein føreset da at avkøyringar blir utforma på ein god og sikker måte.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg vendt mot sør med gode solforhold, evt. utsiktsforhold. Det er ikkje utbygd offentleg anlegg eller fellesanlegg for vatn- og avlaup, slik at drikkevassforsyning og avlaupsløysingar må bli etablert for kvar tomt, evt. felles for fleire tomter.	Området har god byggegrunn og ligg utafor område med naturfare. Det er knytt lite konfliktar til etablering for dei som ønskjer å bygge på noko større tomtar utafor sentrumsområda. Bustadbygging vil utløyse auka bilkøyring som kan sjåast på som negativt m.o.t. klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### **Samla vurdering:**

Lom kommune ønskjer å legge til rette for å styrke busetjinga i grendene der forholda ligg til rette for det, jamfør kommuneplanens samfunnsdel (2016) punkt 5.2: Spreidd busetnad – ha gode og varierte tomtetilbod til nye innbyggjarar/ sjå på mogelegheiter for å tilby større tomter for einebustader.

Som det går fram ovanfor har det også tidlegare vore gjeve dispensasjonar for frådeling av bustadtomter med storleik opptil 3 dekar i dette området. Det er elles ei vesentleg utfordring for etablering av nye bustader i Lom, at store deler av areal i kommunen er omfatta av aktsemdområde for flaum, snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Dette er ikkje i tilfelle for arealet som her er føreslege lagt ut som område for spreidd bustadbygging i LNF-område.

Utgreiinga over tilseier at det er knytt lite konfliktar til spreidd bustadbygging i dette området.

Alternativ med å regulere området for tettare utbygging av bustadar, er ikkje vurdert for dette området, da det ikkje er det sokjarane til området ønskjer, samt at ei tettare utbygging vil krevje etablering av meir omfattande og kostbare løysingar for drikkevassforsyning og reinseanlegg.

For å bevare preget av spreidd bygnad og med omsyn til å få etablert forsvarlege avlaupsløysingar utan fare for forureiningar, vert det føreslege at området vert opna for utlegging av opptil 3 bustadomter utover dei 3 tomtene som allereie er godkjente i området.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Plankontoret tilrår ut frå det som er skrive over, at området LNF-B01\_f ved Flatmovegen, vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "LNF med spreidd bustadbygnad - Framtidig". Ein tilrår å setje eit tak på 6 bustadomter totalt i området.

## 2.23 BFT01\_f: Konglehaugen – Fritids- og turistformål.


Forslagsstillar:	Grunneigar
Gnr./bnr.	25/2
Dagens formål (gjeldande KP)	LNF
Foreslått formål	Fritids- og turistformål
Areal	2,2 daa
Dyrka mark	0,4 daa
Planane omfattar anlegg av brygge/flytebrygge ved Vågåvatnet som hamn for husbåtar for utleige til turistar. Her planleggast også sanitæranlegg og tömeanlegg for avlaupsvatn for husbåtane. Arealet omfattar 0,4 daa dyrkamark, 1,2 daa uproduktiv skog/jorddekt fastmark og 0,6 daa vassareal. Det vert også planlagd gardsturisme/overnattning for turistar i gamlestugu og evt. steinfjøset på garden. Transport til bryggeanlegget er planlagt å skje med traktor og ATV. Parkering av bilar er planlagt å skje oppe ved veggen/tunet. Slik kommune-grensa er trekt vil anlegget strekkje noko inn i Vågå kommune (sjå planskisse under).	<p>Det planlagde bryggeanlegget ligg ved Vågåvatnet heilt i kommunegrensa.</p>

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Ingen registreringer i sjølve planområdet av truga/ sårbare artar eller verdfull natur. Steinstrand med ein del store steinblokkar. Område i vest ved Nyrnesodden er karakterisert som svært viktig naturtype (naturbeitemark/hagemark). På Vågåsida er det også område med viktig naturtype (naturbeitemark/beiteskog). Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.	<p>Ein skal vere restriktive med anlegg i strandsona der det er byggeforbodssone i en avstand av 50 m.</p> <p>Anlegg av brygge må bli plassert ved vatnet, og det er også naturleg at sanitæranlegget ligg i tilknyting til dette.</p> <p>Planlagd arealbruk for er vurdert å påverke naturverdiar og biologisk mangfold lite.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i></p> <p><i>Lite negativt omfang (-)</i></p> <p>Liten til middels negativ konsekvens</p>

Jord- og skogbruk	Arealet ligg nedst på jordet og omfattar 0,4 daa dyrkamark og 1,2 daa uproduktiv skog/jordekt fastmark. Det er pumpehus for jordbruksvatning på arealet og arealet nyttast også til lagring av rundballar. Turistverksemdu knytt til garden, kan gi nye inntektsmogelegheiter. Grunneigar har planar om bærdyrking/foredlings-anlegg på garden.	Utbygging vil medføre at 0,4 daa dyrka mark går ut av produksjon. I tillegg skal transport til brygga skje over dyrkamark, men denne bruken kan kombinerast med eksisterande/ny avlingsveg. Pumpehus kan truleg bevarast, og kan evt. bli fløtt. Inntekter frå turisme kan gjere at busetting vert styrka og at eldre gardsbygnad vert restaurerte og stelte.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten til middels positiv konsekvens
Landskap	Det er knytt verdiar til kullturlandskapet i området. Område i vest ved Nyrnesodden og ved garden Nyrnes er karakterisert som verdifullt kulturlandskap (A-område). På Vågåsida er arealet del av utvalt kulturlandskapsområde i Nordherad. Sjølve utbyggingsområdet er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar, men knyter dei to kartlagde områda saman. Odden og vika der anlegget er planlagt, har landskapsverdiar både i seg sjølv og saman med omgivnaden rundt.	Eit bryggeanlegg vil vere eit merkbart nytt element i landskapet. Planane viser eit anlegg som i stor grad tilpassar seg eksisterande landskaps-element. Arealet ligg lite eksponert frå Lia-sida og frå Liavegen (FV 2640). Frå Vågåvatnet og frå motsett side av vatnet vil anlegget vere meir eksponert. For utan på garden Neset er det ikkje busetnad her, og RV15 ligg 1 km frå og går dels i tunell. Opplevinga av landskapet vil bli lite skadelidande.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten til middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Det er ikkje registrert grus- eller mineralressursar i NGU sine basar, og heller ikkje grunnvassbrønnar i området eller i nærleiken som kan bli påverka.	Ingen	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne i utbyggingsområdet og lite potensiale for slike.	Anlegg av brygge/flytebrygge har ingen verknader med omsyn til kulturminnevern.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje bilveg til området der bryggeanlegget er planlagt. Det er ikkje vatn- og avlaupsnett i området.	Tilkomst er planlagt langs avlingsveg med traktor og ATV. Separat avlaupsanlegg må ta hand om avlaupsvatn (evt. tett tank).	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Det planleggast etablert sanitæranlegg og tømeanlegg for avlaup frå husbåtane på land. Det vil derfor ikkje vere utslepp av kloakk frå husbåtane, og pga. vekta av vasstankar kan ein ikkje ha dusj.	Ein føreset at avlaup frå sanitæranlegget vert reinsa i godkjent avlaupsanlegg (anlegg for infiltrasjon i grunnen eller anna), slik at det ikkje blir forureinande utslepp til vatn. Bryggeanlegget og husbåtane vil i liten grad medføre støy eller utslepp til luft.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet ligg perifert og ein må krysse dyrkamark/inngjerda beiteområde for å kome dit frå landsida. Området er lite i bruk for friluftsliv og av liten verdi for barn og unge.	Anlegg av eit bryggeanlegg vil bli oppfatta som ei privatisering av strandsona, men området er pga. lokaliseringa lite brukt til friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Området må vere trygt å bygge ut i forhold til påkravd sikringsklasse i TEK. Utbyggingsområdet er utsett for flaum. NVEs aktsemnds-kart viser at området ligg i utlaupsområde for snøskred, men kartlegging av snøskredfare utført av SGC Geofare for Lom kommune i 2015 viser at området ikkje ligg i faresone.	Brygge/flytebrygge-anlegget må byggast slik at det toler flaum. Målingar av flaumnivå ved oktoberflaumen i 2018, tilseier at det planlagde sanitær-anlegget vil ligge over flaumnivået. Ved evt. anlegg av eit separat avlaupsanlegg med infiltrasjon i grunnen, må spreiegrøfter plasserast over flaumnivået.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikk-tryggleik	Vegtilkomst til garden skjer frå Liavegen (FV2640). Parkering for turistar er planlagt å skje på areal ved gardstunet.	Det er ikkje venta at tiltaket vil utløysa så stor trafikk at det vil få konsekvensar for trafikktryggleiken.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Utleige av husbåtar i kombinasjon med gards-turisme, vil vere eit nytt tilbod til dei reisande.	Garden/omgjevnaden ligg godt til rette for at ein kan lukkast med ei slik etablering.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens



Planskisse for brygge/flytebryggeanlegg på Konglehaugen fra Nordplan AS.

### **Samla vurdering:**

Utleige av husbåtar til turistar for trafikk/aktivitetar/opphold på Vågåvatnet, vil vere eit nytt tilbod for turistar. Tiltakshavar har også planar om restaurering av delar av bygningsmassen på garden for å etablere ei t tilbod med overnatting for turistar. Lukkast ein med etableringa vil det gi inntekter, bidra til sysselsetting og trygge busetting. Etableringa er vurdert å ha positive konsekvensar på punkta "Jord- og skogbruk" og "Attraktivitet og kvalitet".

Dei negative konsekvensane knytt til utlegging av område for fritids- og turistformål FT01 er punkta "Naturmiljø og naturmangfald" og "Landskap" som er vurdert til å ha små til middels negative konsekvensar.

Med omsyn til nærmare utgreiing av flaumfare, viser ein til ROS-analysen.

Vurderingane i KU-tabellen er uendra sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**


Reiseliv er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å utvikle nye tilbod. Ei etablering av eit tilbod med husbåtar på Vågåvatnet vil vere eit supplement som kan styrke reiselivet i kommunen og regionen. Det er få reiselivsprodukt i dag som er knytt direkte til Vågåvatnet som ein eigen attraksjon, slik at etableringa i så måte er interessant. Det er elles få negative konsekvensar knytt til etableringa.

Plankontoret tilrår at området BFT01\_f – Konglehaugen, blir med blant dei områda som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Fritids- og turistformål - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for BFT01\_f.

## 2.24 BFT02\_f: Raubergstulen vest – Fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Raubergstulen
Gnr./bnr.	Del av GID 127/6
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Galdesand fra 1999, og landbruk i reguleringsplan for Galdhøpiggen fra 2001.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Framtidig
Areal	4,1 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	2,3 daa er kartlagt som dyrkbart

Området ligg mellom Raubergstulen og Galdhøpiggen ved området med bomstasjonen. Eigar av Raubergstulen turisthytte ønskjer å disponere areal som tilleggsareal for turistbedrifta.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for, elg, hjort og rådyr. Området er ikke registrert som viktig naturtype og det er ikke registrert arter på den norske raudlista.	Utbygging eller omdisponering av arealet tett inntil turistbedrifta vil ikke ha betydning for viltet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Jord- og skogbruk	Arealet er open skrinn fastmark. Om lag halve arealet er kartlagt som dyrkbart. Kartlegging tilseier at det på arealet før evt. dyrking er 50 – 100 m <sup>2</sup> pr dekar stein og blokkar i dei øvste 50 cm av mineraljorda. Området blir brukt til utmarksbeite (sau), og arealet ligg innafor konsesjonsområdet for tamreindrift, og er vist som reinbeiteområde.	Utbygging vil vere i konflikt med beitebruk for sau og for tamrein, men ein reknar at konflikten vil vere avgrensa på eit så lite areal tett inntil turistbedrifta. Kart-legginga av dyrkbar jord skjedde på 1980-talet, og ein ser det i dag lite realistisk og dyrke dette arealet mellom vegen og turistbedrifta, som dessutan ligg avskild heilt øvst på teigen til 127/6.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i eit ope seter- og fjellandskap rett oppfor skoggrensa i høgde 1012-1015 m.o.h. Arealet ligg delvis innafor kulturlandskapsområde Bøverdalen med regional/nasjonal verdi	Nær- og fjernverknad av inngrep av utbygging eller omdisponering av det avgrensa arealet tett inntil turistverksemda, vil vere ubetydelege.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gabbro, monzonitt og kvarts-monzonitt i veksling. Arealet ligg på ein overgang mellom tjukt og tynt morenedekke. Det er ikkje kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Potensialet for grunnvatn er i nasjonal grunnvass-database, GRANADA, vist som avgrensa. Det er registrert ein borebrunn i fjell innafor arealet til turistbedrifta lengre aust.	Utbygging vil ikkje ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området. Det ligg registrering av eit bygg i SEFRAK inntil arealet i nord (GID 108/10), men denne er knytt til den gamle styrarbustaden på Raubergstulen som vart totalskadd ved brann i 1993.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Om det skal byggast, kan arealet knytast til kommunalt leidningsnett for avlaup. Vassforsyning vil skje fra eige anlegg/brunn. Vegtilkomst kan mot Galdhøpiggvegen eller internveg på Raubergstulen.	Det ligg til rette for å knytte området mot eksisterande infrastruktur.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda nær turisthytta har verdi for friluftsliv og som leikeområde, men det er ikkje knytt særskilte verdiar til dette arealet som ligg utagjerd Raubergstulen og inntil vegbommen.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området, slik at utbygging ikkje vil råke friluftsinteresser, eller gå vesentleg ut over verdiar for barn og unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett. Området er noko utsett for støy frå vegtrafikk frå Galdhøpiggvegen og vegbommen i høgesong.	Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn og støy.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser ei dreneringslinje i søre del av området.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved plassering av bygningar og vegar og etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	I høgesong kan det vere stor trafikk forbi området. Passeringa av bommen vil gjere at det er låg fart på vegen.	Ein reknar at risikoen for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging/omdisponering.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Lokalisering er gunstig i forhold til turisthyttas behov for meir areal og for utnytting av eksisterande infrastruktur (m.a. tilknyting til avlaupsleidning).	Arealet ligg inntil turistbedrifta, og vil vere av stor verdi for deira behov for tilleggsareal og vidare næringssatsing.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Lokalisering av arealet er gunstig i forhold til i forhold til turisthyttas behov for meir areal og utnytting av eksisterande infrastruktur, og det er lite konfliktar knytt til utbygging/omdisponering av arealet.


### Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Plankontoret tilrår at området BFT02\_f ved Raubergstulen, vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Framtidig".

## 2.25 BN01 og BN03\_f: Lågkollen vest - utbyggingsareal for næringsbygnad

Forslagsstillar:	Lom kommune. Forslag om utviding av arealet ved behandling i Samfunnsutvalet 07.06.2021 (BN03).
Gnr./bnr.	Del av GID 14/2, 15/1, 15/8, 16/3, 16/13, 26/1, 26/2, 26/4, 26/5, 26/6 og feste 26/1/1 (pelsdyrfarm)
Dagens formål	BN01 ligg i gjeldande kommuneplan som område E1 "Erverv – framtidig" og "Erverv eksisterande" (pelsdyrfarmen). BN03_f er LNF i gjeldande plan.
Foreslått formål	Byggeområde for næringsverksem
Areal	119,4 daa (BN01) + 75,6 daa (BN03) = 195 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er dels videreført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og utvida i samsvar med forslag ved behandlinga i Samfunnsutvalet 07.06.2021. Det er utarbeidd KU samla for arealet på 195 daa. Arealet for nedlagt pelsdyrfarm, er med i utbyggingsarealet som er omfatta av i KU (gjeld GID 26/1/1).



Kartutsnitt frå kommuneplanforslaget. Raud line er planlagd tilkomstveg som ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Fiolett line er alternativ vegrase som er 200 m kortare.

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr, og det er trekkveg for elg og hjort som kryssar RV15 øvst i Rådsbakken. Leveområde for storfugl er lokalisert til Lågkollen/Høgkollen lengre aust. Området er ikkje registrert som viktig naturtype (naturbase), og det er ikkje registreringar i artsdatabanken.	Næringsutbygging vil råke beiteområdet for elg, hjort og rådyr, både ved at areal byggast ned og at dyra vert forstyrra. Utbygging kan også råke trekkveg for elg og hjort.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	117,9 dekar er barskog av låg bonitet og 62,4 dekar av middels bonitet. Pelsdyrfarmen omfattar 10,4 dekar, og 4,1 dekar er veg. Arealet er ikkje kartlagt som dyrkbart.	Utbygging vil vere i konflikt med skogbruk, men boniteten er ikkje høg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Området ligg mellom 399 og 551 moh. på eit flatare parti av ein rygg. Arealet er skogkledd og skil seg ikkje spesielt ut. Området er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/regionale register.	Utbygging vil ikkje bli særleg synleg frå nærliggande busetting eller frå RV15. Frå lengre hald i fjellområda ikring og frå Lågkollen/Høgkollen vil næringsområdet bli godt synleg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis som er overdekkja av tynt morenedekke. Det er ikkje kartlagt verdifulle geologiske ressursar eller stort potensiale for grunnvatn. Det er i grunnvassdatabasen, GRANADA, registrert 2 borebrunnar i fjell i området, ein inne på pelsdyrfarmen, og ein langs vegen dit.	Utbygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar. Tilgrensande område i sør har breelvavsettingar med stort potensiale for grunnvatn.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikkje eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret.	Ei utbygging vil ikkje råke kjende kulturminne, men området er ikkje kartlagt nærare. Det vil bli krav om arkeologisk kartlegging dersom ein finn å ville bygge ut området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Ei næringsutbygging vil krevje etablert avlaupsløysing dersom miljøet ikkje skal bli forureina. Ein veit ikkje kva for verksemder det kan være snakk om å etablere i området, men det er lite realistisk at det blir lagt verksemder til området som vil innebere stor forureining til luft eller vatn. Stor avstand til nærmeste bygnad vil gjøre at støy og andre påverknader mot omgjevnaden ikkje vil vere problematisk.	Godkjent avlaupsløysing må etablerast etter krava i forureiningslova, men det er ei stor utfordring at det er lang veg til etablert leidningsnett for avlaup. Området ligg om lag 8 km frå kommunenesenteret der truleg den meste trafikken til området vil gå mot, og der truleg dei fleste tilsette vil bu, slik at det vil medføre noko større klimautslepp enn om området låg meir sentralt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Ei næringsutbygging vil krevje etablert avlaups-løysing og vassforsyning (evt. også for prosess-vatn). Det er ikkje etablert VA i dag som er tilpassa etableringar av eit større næringsområde. Kommunale løysingar for VA ligg langt unna. Det er om lag 5 km på baksida av kollen til Garmo reinseanlegg. Det er ikkje vesentleg kortare austover langs RV15 til nærmaste VA-leidning. Vestover er det om lag 4 km til avlaupsleidning ved Øvergrendsvegen med tilknyting til Fossbergom reinseanlegg (totalt 8 km). Det er usikkert om grunnen med tynt morenedekkje er eigna for evt. infiltrasjon av avlaupsvatn. Vegtilkomst til området frå RV15 ved 1. off. høyring var planlagt etablert langs trase for skogsbilveg som tek av ved Kjørre (raud line på kartet). Ved ny off. høyring er vist alt. trase (fiolett line).	Det er usikkert kva for verksemder og kor store utslepp det kan bli snakk om. Det er ei stor utfordring at det er lang veg til etablert VA-nett. Det vil vere kostbart å etablere avlaups-leidning fram til Garmo reinseanlegg eller fram til tilknyting mot Fossbergom reinseanlegg. Det vil også vere kostbart å etablere eit eget separat reinseanlegg for avlaupsvatn frå eit større næringsområde. Ein vil tru at det vil vere mogeleg å skaffe vassforsyning ved grunnvassboring, men det er mogeleg at slik må etablerast utanom området på breelvavsettinga i sør. Avkjøyringa til RV15 må få utvida kapasitet og utforming, men siktforholda her skal vere greie. Eksisterande avkjøring for vegtrase øvst i Rådzbakken, vil ikkje vere tenleg å nytte til eit næringsområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Skogsvegane i området er nytta som turvegar mot Lågkollen/Høgkollen. Det blir preparert skiløype på skogsvegane vinterstid. Turvegane blir ikkje vesentleg råka av utbygginga, og kan forholdsvis enkelt bli lagt om ved behov. Elles er ikkje området som er føreslege utbygd mykje nytta til friluftsliv.	Utbygging av det planlagde området, råker ikkje vesentlege friluftsinteresser og turområde.	<i>Liten verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS viser at overflatevatn i ikkje skal medføre nokon fare,	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved etablering av store tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

Trafikktryggleik	Det må bli etablert ny avkøyringa til RV15 som vil få gode siktforhold. Avkøyring må bli prosjektert med omsyn til kapasitet i samsvar med forventa trafikk.	Gode siktforhold ved avkøyringa, gjer at ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging. Alt. vegtrase ligg nær busslommer ved RV15.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området er forholdsvis flatt, har god byggegrunn og gunstig lokalisering i forhold til RV15. Området er eit av få i kommunen av ein slik storleik som ikkje er utsett for skred eller flaum. Det vil vere kostbart å etablere løysingar for kloakkavlaup frå området.	Stor avstand til nærmeste bygnad, vil gjere at støy og andre påverknader mot omgjevnaden ikkje vil vere problematisk. At området ligg om lag 8 km frå kommunesenteret, der truleg den meste trafikken til området vil gå mot, og der truleg dei fleste tilsette vil bu, trekk noko ned.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU for BF13\_f endra i tabellen på punkta "Teknisk infrastruktur" og "Trafikktryggleik".

Arealet vest for Lågkollen er eit av få større forholdsvis flate område i kommunen som kan eigne seg for næringsutbygging som ikkje kjem i konflikt med jordvern, ikkje er utsett for skred og flaum og ikkje er verna eller omfatta av viktige naturverdiar. Området har god byggegrunn og gunstig lokalisering i forhold til RV15. Det er frå tidlegare lokalisert næringsverksemd i området i form av ein pelsdyrfarm. Det som i særleg grad trekk ned, er at det vil vere kostbart å etablere løysingar for kloakkavlaup frå området. Også anlegg av ny tilkomstveg vil medføre stor kostnad. Ven ny offentleg ettersyn og høyring er det også vist ein alternativ trase for tilkomstveg som er 200 m stuttare.

Området er dels vidareført frå førre kommuneplan (BN01), og er føreslege utvida austover slik at det til saman utgjer eit areal på 195 dekar stort. I dag er det så å seie, ikkje att ledig areal i nærings-/industriområdet på Fossbergom, og det er stor trong for areal for etablering av ny næringsverksemd. Arealet vest for Lågkollen vil ha gode tomtareal for næringsutbygging, dersom ein er villig til å ta kostnadane knytt til utbygging av VA og annan infrastruktur .

Tabellen over viser elles at utlegging av næringsområde vest for Lågkollen har små negative konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Jord og skogbruk», «Landskap», «Kulturminne» og «Friluftsliv».

Det er ikkje teke opp med grunneigarar no om desse ønskjer utbygging, men delar av området har ligge inne i gjeldande kommuneplan frå 2003.


### **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Det er viktig å ha tilgjengeleg areal for etablering av ny næringsverksemd. Plankontoret tilrår at området BN01 og BN03\_f vest for Lågkollen blir lagt ut som utbyggingsområde for næringsverksemd i kommuneplanens arealdel. Området har god byggegrunn og gunstig lokalisering i forhold til RV15, og det er forbunde forhaldsvis små negative konsekvensar med utbygging av området.

Det blir stilt krav om utarbeidning av reguleringsplan for området før utbygging.

## 2.26 BN02\_f: Frisvollskogen nord - utbyggingsareal for næringsbygnad

Forslagsstillar:	Forslag frå Torstein K. Garmo (ikkje grunneigar)
Gnr./bnr.	Del av GID 7/1
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo frå 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for næringsbygnad - Framtidig
Areal	10,5 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	10,5 daa er kartlagt som dyrkbart.
Området ligg inntil Kollavegen og grenser mot føreslede bustadområde BB03_f i Frisvollskogen oppfor Garmo reinseanlegg.	



## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Viltkart viser at området er leveområde for jerpe, elg, hjort og rådyr. Området er ikke registrert som viktig naturtype (naturbase). I Artsdatabanken er det ikke registrert arter på den norske raudlista.	Bustadbygging vil råke leveområdet for jerpe, elg, hjort og rådyr, ved at areal byggast ned og ved at desse vert forstyrra.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet er barskog av middels bonitet og er kartlagd som dyrkbart.	Utbygging vil vere i konflikt med skogbruk og potensielt dyrkbart areal.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet er skogkledd og skrår mot nordaust ned mot Kollavegen. Landskapet i området skil seg ikke spesielt ut, og er ikke kartlagt med særskilte landskapsverdier i nasjonale/regionale register.	Nær- og fjernverknad av inngrepa som utbygging av næringsbygning og infrastruktur vil medføre, blir vurdert som moderate. Området ligg like sør for Garmo reinseeanlegg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis som er overdekkja av tjukt morenedekke. Det er ikke kartlagt verdifulle geologiske ressursar. Potensiale for grunnvatn er i nasjonal grunnvassdatabase, GRANADA, registrert som avgrensa. Det er registrert borebrunn på bruket Hammerdalen.	Utbygging vil ha liten verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og det er ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt vatn- og avlaupsnett.	Utbygging vil ikke ha verknad for forureining til vatn. Om det etablerast nytt bustadområde BB03_f, kan støy bli eit problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området kan knytast til og kommunalt nett for avlaup og vassforsyning. Området må ha vegtilkomst til Kollavegen.	Utbygd infrastruktur ligg godt til rette for utbygging. VA-nettet ligg noko unna på nedsida av Kollavegen.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Planområdet er ein del av Frisvollskogen, som er lokalt viktig friluftsområde. Arealet ligg i noko avstand frå eksisterande bustadområde, og er lite i bruk for friluftsliv og som leikeområde.	Utbygging av det planlagde området, råker ikkje vesentlege friluftsinteresser, og det er god tilgang til tilgrensande utmarksområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at overflatevatn ikkje medfører særskilt fare.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Trafikken må gå langs Kollavegen frå Rv15, og det er ikkje gang- og sykkelveg langs denne. Vegen passerer ein del bustadbygnad på strekninga. Trafikken på Kollavegen er liten.	Næringsområdet er forholdsvis lite, og ein reknar ikkje med at trafikken vil bli så stor at risikoen for ulykker vil auke i særleg grad ved utbygging.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området er skrånande, men har god byggegrunn. Lokalisering er gunstig forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Det er noko avstand til Rv15. Støyande verksemeld kan ikkje lokaliseraast med pga. nærliek til eksisterande bygnad, og føreslede nytt bustadområde.	Området er noko bratt for etablering av næringsbygnad, og vil krevje ein god del planeringsarbeid å tilpasse grunnen til større bygningar. Lokalisering inntil eventuelt nytt bustadområde kan vere problematisk i forhold til støy og etablering av bratte skråningar ved tomtetilpassing.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Lokalisering er gunstig forhold til utnytting av eksisterande infrastruktur. Området er noko bratt for etablering av næringsbygnad, og vil krevje ein god del planeringsarbeid å tilpasse grunnen til større bygningar. Lokalisering inntil eventuelt nytt bustadområde BB03\_f, kan vere problematisk i forhold til støy og etablering av bratte skråningar ved tomtetilpassing.

Arealet er kartlagt som dyrkbart areal, og strekk seg frå det utbygde bustadfeltet (Frisvollskogen 2) til Kollavegen. Kartleggingar av dyrkbar mark vart gjort i samband med etableringa av økonomisk kartverk på 1980-talet, og det er sidan ikkje gjort korrekjonar. Av det økonomiske kartverket går det fram at dyrkjingsjorda i dette området er klassifisert som svært blokkrik dyrkjingsjord, men som ved fulldyrking ikkje treng systematisk grøfting. Dyrka jord og dyrkjingsjord har sterkt vern etter nasjonal forskrift. At arealet er ikkje er dyrka, kan både ha si bakgrunn at gardane som eig dei dyrkbare areala ligg ved kyrkja om lag 1,3 km køyreavstand unna (Frisvoll øvre nordre og Frisvollmoen). Areal av kvar teig er ikkje så store, og det kan vere at eigarane ikkje har vurdert at det er økonomi i å dyrke her, at dei ikkje har hatt trong for meir jord, eller ikkje har kjend til at det er registrert dyrkingsressursar.

Området er ikkje utsett for skred og flaum, og er ikkje omfatta av viktige naturverdiar. Tabellen over viser at utlegging området er vurdert å ha ubetydelege eller små negative konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Landskap», «Kulturminne» og «Friluftsliv».

Plankontoret er av den oppfatning at etablering av næringsområde på arealet ikkje bør skje dersom ein samstundes ønskjer å legge inn nytt bustadfelt BB03\_f i planen. I fall kommuneplanprosessen vil ende opp med at området blir avsett for utbygging, blir det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.


### **Konklusjon:**

Det er viktig å ha tilgjengeleg areal for etablering av næringsbygnad også i Garmo, og BN02\_f kan vere eigna for slik verksemd og krev ikkje store investeringar i infrastruktur. Det er registrert dyrkbar jord i området, og omsyn til jordvernet skaper noko usikkerheit i forhold til om området bør byggast ut. Det er elles forbunde forhaldsvis små negative konsekvensar med utbygging av området, men det vert meir problematisk om ein samstundes vil etablere nytt bustadområde på naboteigen.

Da plankontoret rår til at arealet på naboteigen ikkje vert lagt ut som bustadområde (BB03\_f) som ved 1. off. ettersyn og høyring, tilrår plankontoret at området BN02\_f i Frisvollskogen, vert med i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Næringsbygnad - framtidig".

## 2.27 BOP01\_f og BOP02\_f: Garmo kyrkje – utviding av areal.

Forslagsstillar:	Lom kommune (ikkje grunneigar)
Gnr./bnr.	Del av GID 7/1 og 7/16
Dagens formål	LNF i kommunedelplan for Garmo fra 1999, med rev. 2001.
Foreslått formål	Byggeområde for offentlege føremål - Framtidig
Areal	BOP01_f: 3,0 daa og BOP02_f: 0,5 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	3,5 daa er innmarksbeite (AR5)
Området ligg på areal med innmarksbeite inntil kyrkja og kyrkjevegen. Utvidinga av arealet til kyrkja, er tenkt nytta til opparbeiding av parkeringsplassar (BOP01_f) og utviding av kyrkjegard/gravlund (BOP02_f).	



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Området er ikkje registrert som viktig naturtype (naturbase). I Artsdatabanken er det ikkje registrert arter på den norske raudlista.	Utvindinga av arealet til Garmo kyrkje vil ikkje ha verknadar for naturverdiar og naturmangfold.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Jord- og skogbruk	Alt arealet som er tenkt omdisponert er brukt som innmarksbeite. I jordregisteret AR5 er arealet på BOP01_f registrert som fulldyrka.	Omdisponering av innmarksbeite/jord som kan nyttast som dyrka jord vil vere i konflikt med landbruk. Arrondering og helling gjer drift som fulldyrka jord vanskeleg.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Stor negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg tett ved kyrkja, og området rundt er jordbrukslandskap der det er gardstun med mykje eldre bygningsmasse som er bevaringsverdig. Landskapet har slik sett store verdiar, men er ikkje kartlagt med særskilte landskapsverdiar i nasjonale/regionale register.	Det er satt ei byggegrense og lagt ei omsynssone som strekk seg 60 m ut frå kyrkjebygget. Dei inngrep som skal gjerast for utviding av kyrkjegarden og etablering av parkeringsplassar, må gjerast skånsamt og tilpassast landskapet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunden er fyllitt/glimmerskifer. Lausmassedekket er breelvavsettinger. Det er ikkje kartlagt geologiske ressursar av verdi som praktisk kan nyttast. Det er i grunnvassdatabasen, GRANADA, påvist betydelege grunnvassressursar i området. Det er ikkje registrert borebrunnar i området.	Tiltaka vil ikkje ha verknad i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Sjølve kyrkja er registrert som kulturminne. Det er elles ikkje registrert freida kulturminne innanfor området som vert råka. Det er heller ikkje bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret sør for i det råka området.	Anleggstiltaka som skal gjerast vil ikkje råke kjende kulturminne. Ved utforminga av anlegga må ein ta omsyn til den nære lokaliseringa inntil kyrkja og utforme desse med omsyn til kyrkja og kyrkjegarden.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området som er planlagt omdisponert er innmarksbeite, og har ikkje verdi for friluftsliv eller som leikeområde.	Ingen verknadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området er knytt til offentleg nett for vatn og avlaup og det er straumforsyning til området. Tilkomst frå RV15 skjer via Kyrkjevegen.	Det ligg til rette for å knytte opp mot kommunalt vatn- og avlaupsnett og eksisterande straumforsyning.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Forureining, energi og klima	Området kan knytast til eksisterande kommunalt avlaupsnett. Det er gang- og sykkelvegar (GSV) i området. Området som er planlagt for utviding av kyrkjegard er ikkje utsett for vegtrafikkstøy.	Utbygging vil ikkje ha verknad for forureining til vatn. GSV kan bidra til at fleire vil gå og sykle til kyrkja, og vere positivt i forhold til å redusere klimautslepp.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er ikkje omfatta av fareområde for skred eller flaum. Området ligg på ein rygg, og kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser ikkje nokon spesiell fare m.o.t. overvatn.	Ved evt. detaljplanlegging for utbygging, må ein ta omsyn til drenering og handtering av overvatn ved utforming av anlegga og etablering av tette flatar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Tilkomst frå RV15 skjer via Kyrkjevegen. Kryss ved Rv15 er omfatta av reguleringsplan, og har god utforming og siktforhold. Det er gang- og sykkelveg langs RV15, men denne går på motsett side av RV15 der Kyrkjevegen startar.	Gåande og syklande må krysse riksvegen for å kome på Kyrkjevegen, da gang- og sykkelveg ligg på nordsida av RV15. Farstgrensa er 50 km/t. Ein reknar at risikoene for ulykker i liten grad vil auke pga. tiltaka.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Areal for etablering av fleire parkeringsplassar (BOP01_f) er forholdsvis bratt (20 % helling), og krev terrassering for å kunne tene formålet. Det hadde vore lettare å etablere parkeringsplassar oppe på det flatare arealet på ryggen bak kyrkjegardshuset, men det vil vere meir i konflikt med landbruks-omsyn og landskaps-omsyn. Ei slik løysing vil også skilje GID 7/16 frå resten av landbruks-eigedom Søre Uppistugun Frisvoll (GID 7/6). Utviding av gravplass (BOP01_f) må skje inntil eksisterande kyrkjegard. Arealet som er føreslege her, er noko skrått og må terrasserast eller fyllast opp til nivå med eksisterande kyrkjegard.	Kyrkja ligg på ein rygg, og er omgjeve av jordbruksareal på alle kantar. Dei valte løysingane kan tilfredsstille det behovet kyrkja har for nytt areal, men kjem i konflikt med utnytting av produksjonsgrunnlaget for landbruket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

## **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs offentleg ettersyn og høyring er KU endra i tabellen på punkta "Jord- og skogbruk" og "Attraktivitet og kvalitet".

Det har lenge vore eit problem at kapasiteten på parkeringsplassar, i sær ved gravferder og ved messer og arrangement ved høgtider, har vore heilt sprengd. Dessutan er det ikkje att mykje areal for gravplassar på kyrkjegarden. Lom kyrkjelege råd har derfor vendt seg til kommunen med behov for meir areal i tilknyting til kyrkja. Garmo kyrkja ligg på ein rygg, og er omgjeve av jordbruksareal på alle kantar. Det er da at vanskeleg å unngå at ein kjem i arealkonflikt med landbruksomsyn. Ein har vurdert om det kunne vore mogeleg å legge parkeringsplassar lengre unna, på areal som ikkje er jordbruksareal, men tilkomst til kyrkja er vurdert å bli for lang eller for bratt for å tilfredsstille behovet.


Kommunen har vore i kontakt med eigar av Søre Uppistugun Frisvoll om kjøp av areal for parkering, men dei ønskjer ikkje å selje areal. Kommunen har derfor saman med kyrkjekontoret sett på eit alternativ med betre utnytting av arealet som i dag er kommunal eigedom inntil eksisterande parkering ved kyrkja (innafor figur OP2). Ved flytting av flaggstonga, og noko utfylling for å utvide parkeringsflata nordover, er det mogeleg å få til nokrefleire parkeringsplassar. Plankontoret vil derfor foreslå at ein jobbar med ei slik løysing for å unngå konflikten knytt til nedbygging av dyrka mark.

Garmo kyrkje er registrert som kulturminne i den nasjonale basen for kulturminner "Askeladden". Kyrkja er ikkje blant dei 210 kyrkjene som er freda etter kultuminnelova, og er heller ikkje på lista blant dei kyrkjer 750 kyrkjer som er Riksantikvaren har listeført. Departementet skriv i rundskriv Q-06-2020: "Kyrkjer som ikkje er underlagt særleg vern etter kategoriane over, kan også vere viktige kulturminne regionalt og lokalt. Totalt utgjør dette rundt 680 kirker per oktober 2020. Plan- og bygningslova har bestemmelser som gir kommunene anledning til å bevare/sikre verneverdige kirker i plansammenheng." Når det gjeld Garmokyrkja har ein i det nye kommuneplanforslaget lagt inn omsynssone kulturminnevern som går 20 m ut frå den inngjerda kyrkjegarden på alle kantar (H570\_4).

## **Konklusjon endra til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.**

Da det over tid vil vere behov for meir areal for utviding av gravplassen i tilknyting til Garmo kyrkje, tilrår plankontoret at område BOP02\_f\_f vert vidareført i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Byggeområde for offentlege formål - Framtidig".

Plankontoret vil på bakgrunn av landbruksomsyn, tilrå at areal som var føresleger som område BOP01\_f\_f ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring blir lagt ut med arealbruksformål "Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel.



Kartutsnitt som viser områda ved Garmo kyrkje, slik arealet er føresleger lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

## 2.28 BIS01-BIS02: Skytebane Lia – Leirduebane

Forslagsstillar:	Lom JFF
Gnr./bnr.	160/1 og 97/1
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Byggeområde idrettsanlegg/skytebane
Areal	30 daa
Dyrka mark	0
Lom Jeger- og fiskarforeining har lagt fram planar om å bygge både leirduebane (jegertrap) og riflebane ved Yttervikje i Lia. På grunn av at støyanalyse viser at riflebane ikkje kan bli anbefalt bygd da det overskrid støygrensene, gjer ein her ei KU-vurdering av eit skytebaneanlegg som berre omfattar leirduebane, Arealet ligg ved kommunens behandlingsanlegg for kloakkslam ved Haugholet. Tilkomstveg ned mot Yttervikje (Ottaelva) delar området i to. Sjølve Leirduebana (BIS01) vil ligge på nordsida av vegen, medan arealet på sørsida (BIS02) vil bli brukt til parkering og anna infrastruktur.	

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Utbyggingsarealet er ikkje registrert som verdifull naturtype eller har registreringar av truga eller sårbare artar. Naturtype-registrering ved Vamtjønne – lokalt viktig – ca. 400 m vest for området. Naturtyperegistrering av elveøy ved Vikje (Sandom) – svært viktig – ca. 700 m aust for området. Sporadisk opphold av elg og hjort i området. Ande- og vadefugl ved Otta og ved Vamtjønne.	Utbygginga vil ikke medføre nemnande verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Barskog med middels bonitet. Ikkje registrert dyrkbar jord. Arealet er lite brukt som beite.	Skogareal i BIS01 vil gå ut av produksjon.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Ingen spesielle verdiar. Arealet ligg lite eksponert.	Utbygginga vil ikkje medføre nemnande landskapsendringar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis, som er dekt av tjukk morene. Ingen kartlagde geologiske ressursar. Avgrensa grunnvasspotensiale.	Ingen verknadar.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar i utbyggingsområdet. Registrering av fangstgrop ca. 200 m sørvest for planlagt skytebane.	Truleg ingen verknad.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Støyproblematikk knyter seg til område rundt sjølve skytebane anlegget og støy som slår over åsen og opp i lia oppfor Vamsæter. I utgangspunktet er dette eit stille område utan nemnande støy frå trafikk eller anna.	Støyvurdering er gjennomført (Sweco jan. 2019). Ved anlegg berre av leiriduebane, viser analysen at støyen ikkje vil overskride grenseverdiar ved busetnad. Støyanalysen viser at gul støysone for skytebane-støy strekk seg oppover lia bak Vamsæter og utgjer et areal på om lag 0,5 km <sup>2</sup> . Ved skytebaneanlegget strekk støysona seg ut i Otta.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (---)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Fiskeplassar ved Yttervikje i Ottaelva. Område blir noko brukt som turområde.	Utbygginga medfører at redusert tilgang og attraktivitet av areal som er sett på som viktig for utøving av friluftsliv. Trafikk kan truleg passere ved skyting i anlegget, samstundes som det blir mindre skyteaktivitet berre med leirdueskjting.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten til middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Bilveg frå Liavegen til kommunen sitt slambehandlingsanlegg i Haugholet. Traktorveg vidare ned til Yttervikje. Ikkje anlegg for vatn og avlaup i området.	Utbygginga vil krevje at det byggast separat anlegg for vatn og avlaup. Tilkomstveg må rustast opp og det må byggast parkeringsplass. Infrastrukturen vil kunne kome andre til gode.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens

Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemråde for skred og flaum. Flaum frå Otta vil ikkje kunne nå byggeområdet for leirduebane. Det er eit flaumlaup i dalsøkket. Skytebaneanlegget ligg skjerma av åskammar, noko som vil motverke at hagle-skot kjem på avvege og kan gjere skade.	Flaumlaupet/bekkelaupet i dalsøkket har så lite nedslagsfelt (20-50 dekar) at flaum ikkje vil utgjere noko problem/ha noko skadepotensiale. Sikkerheit mot at skot kjem på avvege, synast godt ivaretake for leirduebane.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Avkjøringa mot Liavegen (FV2640) er godt utforma og har gode siktforhold. Tilkomstvegen er smal, men det er liten trafikk og ingen busetting langs vegen.	Eit skytebaneanlegg vil medføre auka trafikk på tilkomstvegen. Farten er låg, og det er lite trafikk av syklande og gåande, slik at ein ikkje forventar nokon stor risiko for trafikkulykker.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Skytebaneanlegget vil ha lett tilkomst da det ligg nær offentleg veg. Området ligg skjerma av åskammar. Arealet synast godt eigna for anlegg av leirduebane.	I følgje støyanalysen fra Sweco, vil støy frå leirduebana ligge under støygrensene som er sett for bustadbygnad og fritidsbygnad ved anlegg av nye skytebanar. Det vil bli støy over grenseverdiar i utmark og friluftsområde. Eit skytebaneanlegg vil likevel utløyse støy mot bygnad som nokon vil oppfatte som generande sjølv om det er under dei grenseverdiar som er sett i forureiningslovgivinga, spesielt i eit slikt område som er utan vesentlege støykjelder frå før. Eit anlegg berre av leirduebane, vil innebere mindre skyteaktivitet totalt enn eit kombinert anlegg av rifle og haglebane. Plankontoret meiner at støy frå eit anlegg av leirduebane med desse føresetnadane vil vere til å leve med, og at arealet elles er godt eigna for føremålet.	<i>Middels verdi (++)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

### Samla vurdering:

Støyanalyse som er gjennomført av Sweco AS for Lom kommune i samband med kommuneplanarbeidet, viser at skytebanestøy frå eit anlegg slik det er planlagt med berre leirduebane ikkje vil overskride støygrensene mot bustadbygnad og fritidsbygnad som er sett for anlegg av nye skytebanar. Det vil bli støy over grenseverdiar i utmark og friluftsområde. Eit skytebaneanlegg vil likevel utløyse støy mot bygnad som nokon vil oppfatte som generande sjølv om det er under dei grenseverdiar som er sett i forureiningslovgivinga, spesielt i eit slikt område som er utan vesentlege støykjelder frå før. Eit anlegg berre av leirduebane, vil innebere mindre skyteaktivitet totalt enn eit kombinert anlegg av rifle og haglebane. Plankontoret meiner at støy frå eit anlegg av leirduebane med desse føresetnadane vil vere til å leve med, og at arealet elles er godt eigna for føremålet. Ein leirduebane vil ha mindre negative konsekvensar for naturmiljø, landbruk og friluftsliv

### Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Med grunnlag av resultata frå støyanalysen som er gjennomført og at området elles er eigna, kan plankontoret tilrå at det blir anlagt eit skytebaneanlegg med leirduebane i Lia ved Haugholet. Dersom området blir teke inn som skytebane i kommuneplanen, blir det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

## 2.29 BIS01-BIS04: Skytebane Lia – Leirduebane og riflebane

Forslagsstillar:	Lom JFF
Gnr./bnr.	160/1 og 97/1
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Byggeområde idrettsanlegg/skytebane
Areal	55 daa
Dyrka mark	0
Lom Jeger- og fiskarforeining ønskjer å bygge leirduebane (jegertrap) og riflebane (100 m) ved Yttervikje i Lia. Arealet ligg ved kommunens behandlingsanlegg for kloakkslam ved Haugholet. Tilkomstveg ned mot Yttervikje (Ottaelva) delar området i to. BIS01 og BS02 vil utgjere anlegget for leirduebana (om lag 30 daa). BIS03 og BIS4 vil utgjere anlegget for riflebana (om lag 26 daa).	

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Utbyggingsarealet er ikke registrert som verdifull naturtype eller har registreringar av truga eller sårbare artar. Naturtype-registrering ved Vamtjønne – lokalt viktig – ca. 400 m vest for området. Naturtyperegistrering av elveøy ved Vikje (Sandom) – svært viktig – ca. 700 m aust for området. Sporadisk opphold av elg og hjort i området. Ande- og vadefugl ved Otta og ved Vamtjønne.	Utbygginga vil ikke medføre nemnande verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Barskog med middels bonitet. Ikke registrert dyrkbar jord. Arealet er lite brukt som beite.	Skogareal i BIS01 og BIS03 vil gå ut av produksjon.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Ingens spesielle verdiar. Arealet ligg lite eksponert.	Utbygginga vil ikke medføre nemnande landskapsendringar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis, som er dekt av tjukk morene. Ingen kartlagde geologiske ressursar. Avgrensa grunnvasspotensiale.	Ingen verknadar.	<i>Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar i utbyggingsområdet. Registrering av fangstgrop ca. 200 m sørvest for arealet.	Truleg ingen verknad.	<i>Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>
Forureining, energi og klima	Støyproblematikk knyter seg til område rundt sjølve skytebane anlegget og støy som slår over åsen og rammer gardstun/bustader, først og fremst i området Vamsæter. I utgangspunktet er dette eit stille område utan nemnande støy frå trafikk eller anna.	Støyvurdering er gjennomført (Sweco jan. 2019). Tre gardstun (to våningshus) og ein fritidsbustad ved Vamsæter vil bli liggande innafor gul støysone - eit gardstun dels også innafor raud støysone. Støysona ved Vamsæter strekk seg oppover lia og utgjer et areal på over 1 km <sup>2</sup> . Støysona strekk seg også ut i Ottaelva.	<i>Stor verdi (***) Stort negativt omfang (--) Stor negativ konsekvens</i>
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Fiskeplassar ved Yttervikje i Ottaelva. Område blir noko brukt som turområde.	Utbygginga medfører at redusert tilgang og attraktivitet av areal som er sett på som viktig for utøving av friluftsliv.	<i>Middels verdi (**) Middels negativt omfang (--) Middels negativ konsekvens</i>
Teknisk infrastruktur	Bilveg frå Liavegen til kommunen sitt slambehandlingsanlegg i Haugholet. Traktorveg vidare ned til Yttervikje. Ikkje anlegg for vatn og avlaup i området.	Utbygginga vil krevje at det byggast separat anlegg for vatn og avlaup. Tilkomstveg må rustast opp og det må byggast parkeringsplass. Infrastrukturen vil kunne kome andre til gode.	<i>Liten verdi (*) Lite positivt omfang (++) Liten positiv konsekvens</i>
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemndsområda for skred og flaum. Flaum frå Otta vil ikkje kunne nå byggeområdet. Det er eit flaumlaup i dalsøkket. Skytebaneanlegget ligg skjerma av åskammar, noko som vil motverke at skot kjem på avvege og kan gjere skade.	Flaumlaupet/bekkelaupet i dalsøkket har så lite nedslagsfelt at flaum ikkje vil utgjere problem /ha noko skade-potensiale. Sikkerheit mot at skot kjem på avvege, synast godt ivaretake for leiriduebana. Det er noko trøngt for riflebane og skota går lengre, men politiet har førebels vurdert at sikkerheita er ivaretake.	<i>Liten verdi (+) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i>

Trafikktryggleik	Avkøyringa mot Liavegen (FV2640) er godt utforma og har gode siktforhold. Tilkomstvegen er smal, men det er liten trafikk og ingen busetting langs vegen.	Eit skytebaneanlegg vil medføre auka trafikk på tilkomstvegen. Farten er låg, og det er lite trafikk av syklande og gåande, slik at ein ikkje forventar nokon stor risiko for trafikkulykker.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Skytebaneanlegget vil ha lett tilkomst da det ligg nær offentleg veg. Området ligg skjerma av åskammar. Arealet synast godt eigna for anlegg av leirduebane, men det er noko trøngt for riflebane.	I følgje støyanalysen frå Sweco, ligg støy frå riflebana 3-6 dB over støygrensa for anlegg av nye skytebanar, slik at riflebane som planlagt her ikkje kan anbefalast. Slik riflebana er planlagt vil standplass bli lagt inn i lisida sør for vegen med skyting over denne. Vegen ned mot Yttervikje (Otta) må da stengast for andre brukarar når det er skyting på riflebana.	<i>Middels verdi (++)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

### **Samla vurdering:**

Støyanalyse som er gjennomført av Sweco AS for Lom kommune i samband med kommuneplanarbeidet, viser at skytebanestøy frå eit anlegg slik det er planlagt med både leirduebane og riflebane overskrider støygrensene som er sett for anlegg av nye skytebanar.

Eit anlegg for både leirduebane og riflebane vil også ha negative konsekvensar for utøving av friluftsliv i området og fritidsfiske i Otta, da tilkomsten ned mot Yttervikje vil bli redusert.

Eit skytebaneanlegg vil ha mindre negative konsekvensar for naturmiljø og landbruk.


### **Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**

Med grunnlag av resultata frå støyanalysen som er gjennomført, kan ikkje plankontoret tilrå at det blir anlagt eit skytebaneanlegg som omfattar både leirduebane og riflebane i Lia ved Haugholet. Dersom området likevel blir teke inn som skytebane i kommuneplanen, blir det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

### 2.30 GSV01: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Nissegarden til Ekre (1,1 km)

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	71/2, 72/1, 73/1, 73/2, 73/3, 73/4, 73/5, 73/6, 73/11, 73/13 og 162/22
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig
Areal	4,7 daa
Dyrka/innmarksbeite mark/dyrkbar jord	Dyrka: 0,6 daa. Innmarksbeite: 0,3 daa. Dyrkbart: 0,5 daa.

Forslaget omfattar om lag 1,0 km ny gang- og sykkelvegstrekning (GSV) langs sørsida av RV15 frå der eksisterande gang- og sykkelveg endar ved Nissegarden og vestover til Ekre (der GSV02 startar på motsett side av vegen). RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2302 køyretøy, der 18 % er lange køyretøy. Fartsgrense er 70 km/t. Oppgjeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.



Utsnitt av planforslaget som viser gang- og sykkelveg GSV01 mellom Nissegarden og Ekre på sørsida av RV15 (raud prikka line mellom dei blå markeringane). Utviding av offentleg vegareal for å bygge gang.- og sykkelvegen er vist med mørk grå flate. Skrå grå skravering er støysone langs veg, Raud skravering er faresone langs høgspentline. Kartet er vist utan faresoner for skred og flaum for betre lesbarheit. Desse faresonene dekkjer heile området. Ekv.dist. 20 m.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Det er ingen registreringar i planområdet av truga/ sårbare artar som står på den norske raudlista., og ikkje areal som er Det er ikkje registrert areal som er kartlagt som verdifull naturtype langs strekninga. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.	Ingen verknad	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Nytt areal som er rekna og måtte leggast til eks. offentleg veggrunn for å bygge ny GSV, omfattar 0,6 daa dyrka areal, 0,3 daa innmarksbeite, 3,2 daa skog av middels bonitet og 0,6 daa skog av låg bonitet. Arealet omfattar ei 3 m brei stripe utfør tidl. erverva veggrunn der det er dyrkamark, og ei 5 m brei stripe på anna areal. 0,5 dekar er kartlagt som dyrkbart.	Utbygginga vil føre til at om lag 1,3 daa dyrka areal og innmarksbeite går ut av produksjon, men ikkje føre til ulemper i form av dårligare arrondering eller tilkomst til dyrkamarka. Skog som blir råka er i hovudsak av middels produksjonsverdi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (0)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	GSV vil gå langs av RV15, som ligg noko opp frå Ottaelva. Der GSV er føreslege, går det ei bratt li med skog oppover mot Lomseggje. Utanom Ekre, ligg gardane på nordsida av RV15 mot Ottaelva. Gardane har dels eldre og særprega bygningar. Landskapet er ikkje kartlagt med nasjonale eller regionale verdiar.	GSV vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje ha særleg store verknadar for landskapet der den vil ligge inntil riksvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis, og lausmassane er registrert som tjukk morene, med avgrensa potensiale for større førekomstar av grunnvatn. Det er ikkje registrert borebrunn innafor vegvesenets eigedom på oppsida av RV15 ved Bakkejordet (73/5). Det er ikkje grusressursar av verdi.	Tiltaket tett langs RV15, vil ikkje råke geologiske ressursar/ grunnvassressursar som det er interesse for eller mogeleg å utnytte. Grunnvassbrunnen ved Bakkejordet vil truleg måtte erstattast, men den ligg utsett til nær vegen allereie i dag.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar av freda kulturminne eller bygningar med verneverdi langs traseen.	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg naturleg nok i innafor støygrense for RV15. Det er elles ikkje registrert forureiningar.	At fleire vil gå og sykle, vil vere gunstig for energibruk og klima, og bidra til mindre trafikkstøy.	Middels verdi (**) Middels positivt omfang (++) Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn og unge, og vil vere positivt for nærmiljø og folkehelse.	At fleire vil gå og sykle vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og støyforhold.	Stor verdi (***) Stort positivt omfang (+++) Stor positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Gardar og bustadar langs RV15 på strekninga, er ikkje knytt til kommunalt VA-nett. Det er privat vassbrunn ved Bakkejordet, med vass leidning som kryssar riksvegen. Nissegarden har brunn på oversida av vegen i skredområdet ved Knutstugugrove. Denne blir ikkje råka av ny GSV, men leidning kryssar RV15.	Det er ikkje aktuelt å legge VA-leidningar langs GSV-trase på denne strekninga.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Området er dels faresone-kartlagt med omsyn til skred (NVE 2018-2019). Ved Knutstugugrove er det berre aktsemduk kart. Strekninga er skredutsatt, både med omsyn til jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred. Nærast årleg går det store snøskred frå Lomseggi ned mot RV15 langs Knutstugugrove. I 2020 gjekk det over RV15 og heilt ned i Ottaelva og øydela alt på sin veg. SVV har overvåkingsanlegg som varslar snøskred og stoppar trafikken her. Aktsemduk kart frå NVE viser flaumfare langs Knutstugugrove. Kart frå InnlandsGIS viser fleire bekke-/flaumlaup som krev aktsemduk ved prosjektering av dreneringssystem. Fem av dei drenerer store areal.	Bygging av gang- og sykkelveg vil medføre at fleire gåande og syklende vil opphalde seg i skredutsatt område. Det er ønske om at det vert bygd overbygg over vegen ved Knutstugugrove for sikring av vegen mot snøskred. Ved bygging av gang- og sykkelvegen, må ein sikre tilstrekkeleg rom og plass for grøft for drenering av flaumvatn. Skredfare er ikkje å rekne som kritisk for bygging av GSV. Ein forventar elles at ein kan gjennomføre bygging av gang- og sykkelveg utan at det vil ikkje føre til auka fare for utglidingar og skred.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (--) Middels negativ konsekvens

Trafikk-tryggleik	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel. Det er registrert 3 ulykker med personskade.	Anlegg av gang- og sykkelveg vil ha stor positiv verdi for trafikktryggleiken, og at gåande og syklande tør å ferdast langs vegen. Især på sommaren er trafikken svært stor, og det følast svært uttrykt å ferdast på vegen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Gang- og sykkelveg vil ha positiv verdi for bumiljø og nærmiljø. Langs vegstrekninga er det 5 heimar som vil få gang- og sykkelveg fram til eigen avkjøring/ tilkomstveg. Utbygging av gang- og sykkelveg GSV01, vil dessutan vere eit ledd i realisering samanhengande gang- og sykkelvegsamband mellom Lom og Skjåk	GSV vil bety mye trivsel og mobilitet i for dei som bur ved riksvegen både for barn og vaksne. Utan gang og sykkelveg, følast det svært utrygt å ferdast for gåande og syklande. Især på sommaren er trafikken svært stor.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

### **Samla vurdering:**

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken. RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2302 køyretøy på strekninga (tal for 2019). Delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er 70 km/t. GSV vil venteleg medføre at fleire vil gå og sykle, og det vi vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og bumiljø.

Ny gang- og sykkelveg GSV01, må sjåast i samanheng med GSV02 vidare fram mot kommunegrensa for Skjåk ved Lom og Skjåk ysteri. Det er ikkje andre vegtrasear enn RV15 mellom Lom og Skjåk verken for køyrande eller for syklande og gåande. Frå Skjåksida er det like eins lagt inn for gang- og sykkelveg langs RV15 til kommunegrensa mot Lom. Dersom ein får utbygd gang- og sykkelveg frå kommunegrensa til Ånstad i Skjåk, ville gåande og syklande frå der kunne følgje ein alternativ trase langs fylkesveg 2646 vidare til eksisterande gang- og sykkelvegnett ved Bismo. Bruk av el-sykkel vil gjere det meir attraktivt å bruke sykkel over lengre strekningar, også for arbeidsreiser.

Sidan 1. offentleg ettersyn og høyring har ein justert ned noko det arealet som er rekna med trøngst for å bygge gang- og sykkelvegen. Ein la i det første planutkastet ei fast breidde på 5 meter ut frå den egedomen som omfattar veggrunnen i dag på heile strekninga langs den planlagde gang- og sykkelvegen. Det arealet skal da også omfatte areal til sideareal som vegskjering mm. For å spare dyrkjord, er det i forslaget som skal leggast ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, brukta ei breidde på 3 m ut frå eksisterande veggrunn der det er dyrka mark. Det er da mogeleg at det må bli bygd støttemurar inn mot dyrkamarka for å avkorte skjeringa. Anlegget er da rekna å medføre nedbygging av om lag 0,6 daa dyrka mark og 0,3 daa innmarksbeite, og det vil ikkje i vesentleg grad medføre dårlegare arrondering og tilkomst til landbruksareala. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som fullt ut akseptable vurdert i forhold til betringa av trafikktryggleiken.

Når det gjeld nærmare utgreiing kring skred- og flaumfare, viser ein til ROS-analysen.

**Konklusjon vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:**


Plankontoret vurderer at samfunnsverdien av bygging av gang- og sykkelveg GSV01 på denne strekninga langs RV15, er stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene.

Plankontoret tilrår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga. Det vert det tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget.


### 2.31 GSV02: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Ekre til Skjåk grense (1,5 km)

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	73/3, 73/4, 73/6, 73/8, 74/2, 74/4, 74/7, 75/1, 75/2, 75/5 og 162/22
Dagens formål	LNF
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig
Areal	6,7 daa
Dyrka/innmarksbeite mark/dyrkbar jord	Dyrka: 2,2 daa. Innmarksbeite: 0,8 daa. 0,7 dekar er kartlagt som dyrkbart

Forslaget omfattar om lag 1,9 km ny gang- og sykkelvegstrekning (GSV) langs sørsida av RV15 frå enden av GSV 01 ved Ekre vestover til Skjåk grense. Sidan 1. gongs off. ettersyn og høyring er traseen for gang- og sykkelvegen flytta frå nordsida til sørsida av vegen for å spare dyrka mark. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2302 køyretøy, der 18 % er lange køyretøy. Fartsgrense er 70 km/t. Oppgjeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.



Kartutsnitt austre del av gang- og sykkelvegen - GSV02A. Kartet vist utan faresoner for skred og flaum som dekkjer heile området.



Kartutsnitt vestre del av gang- og sykkelvegen - GSV02A. Kartet vist utan faresoner for skred og flaum som dekkjer heile området.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Det er ingen registreringar i planområdet av truga/ sårbare artar som står på den norske raudlista. Det er ikkje registrert areal som er kartlagt som verdifull naturtype langs strekninga. Viltkart viser at området er leveområde for jerpe, elg, hjort og rådyr.	Ingen verknad	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Sidan 1. gongs off. ettersyn og høyring er traseen for gang- og sykkelvegen flytta frå nordsida til sørsida av RV15 for å spare dyrka mark. Nytt areal som er rekna og måtte leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV, omfattar 2,2 daa dyrka areal, 0,8 daa innmarksbeite, 1,0 daa skog av middels bonitet og 0,3 daa uproduktiv skog. 0,7 dekar grunn er kartlagt som dyrkbart. Utvida areal for GSV-utbygginga, omfattar ei 3 m brei stripe utfor tidl. erverva veggrunn der det er dyrkamark, og ei 5 m brei stripe på anna areal. Ved Sygard Synstnes (GID 73/3 og 4), ligg driftsbygninga berre 10 m frå riksvegen, og her må GSV byggast meir som fortau. Breidda på nytt areal som er sett av her, er på 2 m.	Utbygginga vil føre til at til saman 3,0 daa dyrka areal og innmarksbeite går ut av produksjon, men ikkje føre til vesentlege ulepper i form av därlegare arrondering eller tilkomst til dyrkamarka. Skog som blir råka er små fragment utan særleg verdi. Som nemnt traseen for gang- og sykkelvegen sidan 1. off. høyring, flytta frå nordsida til sørsida av riksvegen. Det gjer mellom anna at gjødseltankar på nordsida av vegen ved Sygard Synstnes ikkje må flyttast, og at ein unngår dei ulempane GSV-utbygginga ville skape ved Nørstnes-hågår (GID 75/2)) som er peika på av eigarane her ved den 1. høyringa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	GSV vil gå langs av RV15, som ligg noko opp frå Ottaelva. Der GSV er føreslege på sørsida av vegen, er det garder og jordbrukslandskap som skrå ned mot Ottaelva. Landskapet er ikkje kartlagt med nasjonale eller regionale landskapsverdiar.	GSV vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje ha særleg store verknadar for landskapet der den vil ligge inntil riksvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis, og lausmassane er registrert som tjukk morene, med avgrensa potensiale for større førekomstar av grunnvatn. Det er registrert 5 borebrunner på strekninga, men ingen av dei ligg innafor GSV-traseen. Det er ikkje grusressursar av verdi som kan nyttast.	Tiltaket tett langs RV15, vil ikkje råke geologiske ressursar/grunnvassressursar som det er interesse for eller mogeleg å utnytte. Ved utbygging må ein ta omsyn til borebrunnane, sjølv om desse ligg utanom GSV-traseen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	På Synstnes er det registrert eit automatisk freda kulturminne, som er vist med bandleggingszone H730_36 på plankartet. Dette kulturminnet med sikringssone slik det er avlagt i Askeladden, går akkurat klar av byggeområdet for gang- og sykkelvegen. Men markeringa er for den gamle kyrkjesteden Nes, og det er oppgjeve at lokaliseringa av kyrkjestaden er uavklart da lokalisering berre er bygd på skriftlege kjelder (Schøning). På Synstnes og Nørstnes er det eldre bygningar som ligg i SEFRÅK-registeret med meldeplikt, men ingen av dei blir råka av GSV.	Det er uheldig med nærføring til automatisk freda kulturminne. Usikker lokalisering av kulturminnet som er ein gamal kyrkjested, gjer det ekstra problematisk. I samband med utbygginga, må det pårekna seg å gjere nærmare arkeologiske undersøkingar her, og mogeleg utgravingar i GSV-traseen for å kartlegge kulturminneverdiane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg naturleg nok i innafor støygrense for Rv15. Det er elles ikkje registrert forureiningar.	At fleire vil gå og sykle, vil vere gunstig for energibruk og klima, og bidra til mindre trafikkstøy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn og unge, og vil vere positivt for nærmiljø og folkehelse.	At fleire vil gå og sykle vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og støyforhold.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Gardar og bustadar langs RV15 på strekninga, er ikkje knytt til kommunalt VA-nett. Private leidningar kryssar vegen, ved Synstnes rør til gjødseltankar.	Ikkje aktuelt å leggje VA-leidningar langs GSV-trase på denne strekninga.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Området er faresone-kartlagt med omsyn til skred (NVE 2018-2019). Strekninga er skredutsatt, både med omsyn til jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred. Kart frå InnlandsGIS viser fleire dreneringsliner som drenerer store areal, og dermed kan få stor flaumvassføring. Det krev aktsemd ved prosjektering av dreneringssystem for GSV02.	Ved bygging av gang- og sykkelvegen, må ein sikre tilstrekkeleg rom og plass for grøft for drenering av flaumvatn. Skredfarene er ikkje å rekne som kritisk for bygging av GSV. Ein forventar elles at ein kan gjennomføre bygging av gang- og sykkelveg utan at det vil ikkje føre til auka fare for utglidningar og skred.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Litен negativ конеквенция
Trafikk-tryggleik	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel. Det er registrert 5 ulykker med personskade på strekninga.	Anlegg av gang- og sykkelveg vil ha stor positiv verdi for trafikktryggleiken, og at gåande og syklande tør å ferdast langs vegen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Gang- og sykkelveg vil ha positiv verdi for bummiljø og nærmiljø. Langs vegstrekninga er det om lag 20 heimar som vil få GSV fram til eigen avkjøring/tilkomstveg. Utbygging av gang- og sykkelveg GSV02, vil dessutan vere eit ledd i realisering samanhengande gang- og sykkelvegsamband mellom Lom og Skjåk	GSV vil bety mye trivsel og mobilitet i for dei som bur ved riksvegen både for barn og vaksne. Utan gang og sykkelveg, følast det svært utrygt å ferdast for gåande og syklande. Især på sommaren er trafikken svært stor.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

### **Samla vurdering:**

Sidan 1. gongs off. ettersyn og høyring er traseen for gang- og sykkelvegen flytta frå nordsida til sørsida av RV15, mellom anna for å spare dyrka mark.

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken.

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken.

RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2302 køyretøy på strekninga (tal for 2019). Delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er 70 km/t. På sommaren er trafikken svært tett. GSV vil venteleg medføre at fleire vil gå og sykle, og det vi vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og bummiljø.

Ny gang- og sykkelveg GSV02, må sjåast i samanheng med GSV01. Realisering av GSV01 og GSV02 vil saman med eksisterande gang- og sykkelveg frå Fossbergom til Nissegarden, gi samanhengande gang- og sykkelvegane til kommunegrensa mot Skjåk ved Lom og Skjåk ysteri. Flyttinga av GSV02

frå nordsida til sørsida av RV15 i det nye forslaget, vil gjere at gang- og sykkelvegen vil gå på same side av riksvegen helt frå Lom sentrum til Skjåk grense.

Det er ikkje andre vegtrasear å nytte enn RV15 mellom Lom og Skjåk verken for køyrande eller for syklande og gåande. Frå Skjåksida er det like eins i kommuneplanen lagt inn forslag om gang- og sykkelveg langs RV15 til kommunegrensa mot Lom. Dersom ein får utbygd gang- og sykkelveg på Skjåk-sida frå kommunegrensa mot Lom til Ånstad i Skjåk, ville gåande og syklande frå der kunne følgje ein alternativ og mindre trafikkert trase langs fylkesveg 2646 vidare til eksisterande gang- og sykkelvegnett ved Bismo. Bruk av el-sykkel vil gjere det meir attraktivt å bruke sykkel over lengre strekningar, også for arbeidsreiser.

Gang- og sykkelvegstrekninga GSV02 er rekna å medføre nedbygging av om lag 2,2 daa dyrka mark og 0,8 daa innmarksbeite. Det er ein reduksjon i forhold til det 1. planforslaget, der det var rekna at 5,6 dekar dyrka mark vart råka medan talet for innmarksbeite var det same. Areala som går med til GSV utgjer ei smal stripe, og det er rekna at utbygginga ikkje vil medføre vesentleg därlegare arrondering og tilkomst til landbruksareala. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som akseptable vurdert i forhold til betringa av trafikktryggleiken.

Når det gjeld nærmere utgreiing kring skred- og flaumfare, viser ein til ROS-analysen.


**Konklusjon til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med flytting av GSV02 til sørsida av RV15:**  
Plankontoret vurderer at samfunnsverdien av bygging av GSV02 på denne strekninga langs RV15, er stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene.

Plankontoret tilrår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga. Det vert det tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget.

## 2.32 GSV03: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Garmo øvre veg til Byrgrenda (1,3 km)

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	1/1, 1/3, 2/1, 3/4, 3/14, 3/15, 3/16, 4/1, 4/2, 4/9, 5/1 og 162/5.
Dagens formål	LNF, samferdselsliner for veg i kommunedelplan for Garmo frå 1999 (2001).
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig
Areal	6,0 daa
Dyrka/innmarksbeite mark/dyrkbar jord	0,5 daa (dyrka)

Forslaget omfattar om lag 1,3 km ny gang- og sykkelveg (GSV) langs sørsida av RV15 frå der eksisterande gang- og sykkelveg endar ved Garmo øvre austover til Byrgrenda. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2259 køyretøy, der 18 % er lange køyretøy. Fartsgrense er dels 60 km/t (i vest) og 80 km/t (i aust). Oppgjeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Det er ingen registreringar i planområdet av truga/ sårbare artar eller verdfull natur.	Ingen verknad	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Nytt areal som er rekna og måtte leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV, omfattar 0,5 daa dyrka areal, 4,9 daa skogsmark av høg bonitet og 0,6 daa anna areal.	Utbygginga vil føre til at eit mindre areal med dyrka jord og skogsmark av høg bonitet går ut av produksjon, men vil venteleg ikkje føre til ulemper i form av därlegare arrondering eller tilkomst til areala.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (0) Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Traseen ligg i ei sone med fyllitt/glimmerskifer. Lausmassane er registrert som tjukk morene, med lite potensiale for grunnvatn og grusressursar. Det er ikkje registrert vassbrunnar på strekninga.	Tiltaket tett langs RV15, vil ikkje råke geologiske ressursar/grunnvassressursar som det er interesse for eller mogeleg å utnytte.	Ingen verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Landskap	GSV vil gå langs av RV15, som ligg noko opp frå Vågåvatnet. Det GSV er føreslege på sørsida av vegen, går det ei bratt li med skog oppover mot Kleppdalsvegen/Bjørgen. Det er bustadbygnad i kvar ende av traseen. På nordsida av RV15 mot Vågåvatnet er det gardsbruk i aktiv drift og små plassar som tidlegare var små bruk. I noko avstand er det gardsbygnad, dels med eldre og særprega/verneverdige bygningars. Landskapet er ikkje kartlagt med nasjonale eller regionale landskapsverdiar.	GSV vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje har særleg store verknadar for landskapet der den vil ligge inntil riksvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar av freda kulturminne eller bygningars med verneverdi langs traseen. Det er SEFRAK-registrerte bygningars på nokre av gardane, plassane langs vegen.	Ingen kulturminne eller SEFRAK-bygningars blir råka.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg naturleg nok i innafor støygrense for Rv15. Det er elles ikkje registrert forureiningar	At fleire vil gå og sykle, vil vere gunstig for energibruk og klima, og bidra til mindre trafikkstøy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn og unge, og vil vere positivt for nærmiljø og folkehelse.	At fleire vil gå og sykle vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og støyforhold.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Bustadar i Byrgrenda er ikkje knytt til kommunalt VA-nett. Bustadane nærmast Garmo på nordsida av RV15 er knytt til communal vassforsyning.	Kan vere aktuelt å legge VA-leidningar langs GSV-trase til Byrgrenda	Liten verdi (*) <i>Middels positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens
Trafikk-tryggleik	Fartsgrense er dels 60 km/t (i vest) og 80 km/t (i aust). Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel. Det er registrert 3 ulykker med personskade på den aktuelle strekninga.	Anlegg av gang- og sykkelveg vil ha stor positiv verdi for trafikktryggleiken, og at gåande og syklende tør å ferdast langs vegen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samfunns-tryggleik	Området er kartlagt nærmere med omsyn til snøskredfare (SGC/ Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred. Aktsemdskart frå NVE visar at strekninga dels er skreditsett (jord- og flaumskred) og dels er omfatta av faresone flaum langs bekkar som kjem ned lia. Kart frå InnlandsGIS viser at mykje vatn vil drenere langs grøft på nordsida av RV15 ved ein flaumsituasjon. Dreneringsareal for to av desse er rekna til 500 til 1000 dekar. Der vatn frå grøfta kryssar RV15 og går ned mot Otta, er eit kritisk punkt i forhold til dimensjon av stikkrenne/kulvert.	Ved bygging av gang- og sykkelvegen, må ein sikre tilstrekkeleg rom og plass for grøft for drenering av flaumvatn. Skredfaren er ikkje å rekne som kritisk for bygging av GSV. Ein forventar elles at ein kan gjennomføre bygging av gang- og sykkelveg utan at det vil ikkje føre til auka fare for utglidinger og skred.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Gang- og sykkelveg vil ha positiv verdi for bumiljø og nærmiljø. I Byrgrenda og langs vegstrekninga dit, vil 15 heimar få GSV fram til/nær til eigen avkjøring/tilkomstveg.	GSV vil bety mye trivsel og mobilitet i grenda både for barn og vaksne. Utan gang og sykkelveg, følast det svært utrygt å ferdast for gåande og syklende.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken. RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2259 køyretøy på strekninga (tal for 2019). Delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er dels 60 km/t (i vest) og 80 km/t (i aust). GSV vil venteleg medføre at fleire vil gå og sykle, og det vi vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og bumiljø.

Anlegget er rekna å medføre nedbygging av om lag 0,5 daa dyrkamark, 4,9 daa skogsmark av høg bonitet, men det vil ikkje medføre därlegare arrondering og tilkomst eigedomane. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som akseptable vurdert i forhold til bringing av trafikktryggleiken.

Når det gjeld nærmare utgreiing kring skred- og flaumfare, viser ein til ROS-analysen.

### Konklusjon vidareført til 2. gongs- offentleg ettersyn og høyring:

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av bygging av gang- og sykkelveg på strekninga er stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene. Plankontoret tilrår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga.


Det vert tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget. For sikker bortleiing av overvatn, bør det også stillast også krav om utarbeiding av overvassplan.

## 2.33 GSV04: Gang-/sykkelveg langs RV15 til Garmo bygdahus (0,8 km)

Forslagsstilar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	8/1 og 162/24
Dagens formål	LNF, samferdselsliner for veg og framtidig gang- og sykkelveg i kommunedelplan for Garmo frå 1999 (2001).
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig
Areal	3,6 daa
Dyrka/innmarksbeite mark/dyrkbar jord	0,0 daa

Forslaget omfattar om lag 0,8 km ny gang- og sykkelveg (GSV) langs nordsida av RV15 frå der eksisterande gang- og sykkelveg endar ved Knut Hamsuns veg og vidare opp til Garmo bygdahus. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2396 køyretøy, der 18 % er lange køyretøy.

Fartsgrense er 80 km/t. Oppgjeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggast til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.



### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	<p>Arealet ligg inntil RV15. Det er i Artsdatabanken registrert planteartar på den norske raudlista som er nær truga eller er ansvarsartar (småsøte (NT), smalfrøstjerne (NT), dvergmispel (NT), blåmjelt (A), buestarr (A), sumpsoleie (A)). Registreringa er gjort i 1912 av Naturhistorisk museum UiO, og markert samla i eit punkt med lokalitet oppgjeve til Garmo mellom Brimi og Frisvoll. Viltkart viser at området er leveområde for elg, hjort og rådyr.</p>	<p>Utanom sumpsoleie er de nemnte artene knytt til beite og slåttemark eller tørre veggant. Planeregistreringane har så grov geografisk lokalisering, at artane like godt kan vere lokalisert til sørsida av RV15. Ein ventar at tiltaket vil ha små skadeverknader for biologisk mangfold, og verknadane kan bøtast på ved å legge jorda tilbake langs den nye vegganten.</p>	<p><i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens</p>

Jord- og skogbruk	Nytt areal som er rekna og måtte leggast til offentleg veggrunn for å bygge ny GSV, omfattar 3,3 daa skogsmark av låg bonitet og 0,3 daa anna areal.	Utbygginga vil føre til at noko skogsmark av låg bonitet går ut av produksjon, men denne har liten produksjonsverdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	GSV vil gå langs av RV15, som ligg noko opp i lia på nordsida av dalen - Vårdalen. Der GSV er føreslege på nordsida av vegen, går det ei bratt li med skog oppover mot Høgkollen. Det er bustadbygnad i kvar ende av traseen. På sørsida av RV15 er det beitemark og dyrkamark. I noko avstand er det gardsbygnad, dels med eldre og særprega/ verneverdige bygningar.	GSV vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje ha særleg store verknadar for landskapet der den vil ligge inntil riksvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Traseen ligger i ei overgangssone mellom hardare kvartsitt og mjukare fyllit/glimmerskifer. Lausmassane er breelvavsettingar, med potensiale for grus og grunnvassførekommstar. Det er ikkje registrert vassbrunnar på strekninga.	Tiltaket tett langs RV15, vil ikkje råke geologiske ressursar/grunnvassressursar som det er interesse for eller mogeleg å utnytte.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar av freda kulturminne eller bygningar med verneverdi langs traseen. SEFRAK-registrerte bygningar på nokre av gardane og plassane langs vegen.	Ingen kulturminne eller SEFRAK-bygningar blir råka.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg naturleg nok i innafor støygrense for Rv15. Det er elles ikkje registrert forureiningar	At fleire vil gå og sykle, vil vere gunstig for energibruk og klima, og bidra til mindre trafikkstøy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn og unge, og vil vere positivt for nærmiljø og folkehelse.	At fleire vil gå og sykle vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og støyforhold.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Bustadar i området er ikkje knytt til kommunalt VA-nett.	Kan vere aktuelt å leggje VA-leidningar langs GSV-trase til bygdahuset og til 5 bustadar nordvest bygdahuset.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens

Samfunns-tryggleik	Området er kartlagt nærmere med omsyn til snøskredfare (SGC/Geofare 2016), og det er ikkje vist fare for snøskred i området. Aktsemdeskart frå NVE visar at strekninga dels er skredutsatt (jord- og flaumskred). Kart frå InnlandsGIS viser at mykje vatn vil drenere langs grøfta på nordsida av RV15 ved ein flaumsituasjon. Dreneringsareal er rekna til 500 til 1000 dekar. Der vatn frå grøfta kryssar RV15 og går ned mot Vulu vest for Enersvoll, er eit kritisk punkt i forhold til dimensjon av stikkrenne/kulvert.	Ved bygging av gang- og sykkelvegen må ein sikre tilstrekkeleg rom og plass for grøft for drenering av flaumvatn. Skredfarene er ikkje å rekne som kritisk for bygging av GSV. Ein forventar elles at ein kan gjennomføre bygging av gang- og sykkelveg utan at det vil ikkje føre til auka fare for utglidinger og skred.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikk-tryggleik	Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel. Det er registrert 5 ulykker med personskade, derav 1 påkøyrt fotgjengar (1981).	Anlegg av gang- og sykkelveg vil ha stor positiv verdi for trafikktryggleiken, og at gåande og syklande tør å ferdast langs vegen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Gang- og sykkelveg vil ha positiv verdi for bummiljø og nærmiljø. I tillegg til ferdsel til bygdhuset, er det 6 bustadeigedomar ved bygdhuset og 7 gardar som vil få GSV fram til eller nær til eigen avkjøring/ tilkomstveg.	GSV vil bety mye trivsel og mobilitet i gronda både for barn og vaksne. Utan gang og sykkelveg, følast det utevidt å ferdast for gåande og syklande.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken. RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2396 køyretøy på strekninga (tal for 2019). Delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er 80 km/t. GSV vil ventetleg medføre at fleire vil gå og sykle, og det vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og bummiljø.

Anlegget er rekna å medføre nedbygging av areal av liten verdi for landbruket og andre.

For nærmare utgreiing av skred- og flaumfare (overvassflaum), visast det til ROS-analysen.

### Konklusjon vidareført til 2. gongs- offentleg ettersyn og høyring:

Det ligg også inne gang- og sykkelveg på strekninga i gjeldande kommunedelplan for Garmo frå 1999 (revisjon 2001).


Kommunen vurderer at samfunnsverdien av bygging av gang- og sykkelveg på strekninga er stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene. Plankontoret tilrår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga.

Det vert tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget. For sikker bortleiing av overvatn, bør det også stillast også krav om utarbeiding av overvassplan.

## 2.34 BF15A og BF15B\_f: Gomobreinnaugen – byggeområde for fritidsbustadar

Forslagsstiller:	Ole Erik Feragen
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdal statsallmenning
Dagens formål	Byggeområde for fritidsbustadar neverande (BF15A) og LNF (BF15B)
Foreslått formål	Vidareføring av område BF15A som <i>Byggeområde for fritidsbustadar - neverande</i> fra gjeldande kommuneplan fra 2003 – med ei utviding nordover med område BF15B_f som <i>Byggeområde for fritidsbustadar – framtidig</i> .
Areal	219,6 daa (BF15A: 163,1 daa og BF15B_f: 56,5 daa)
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Arealet som omfattar BF15A ligg som område for bygging av fritidsbustadar i kommuneplanens arealdel frå 2003, men vart pga. manglande realisering, teke ut av planforslaget som var lagt ut ved den første høyringa til revisjon av planen. Området er spelt inn på nytt att ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det er også forslag om noko utviding av det opphavlege arealet nordover - BF15B.



Utsnitt av plankartet. BF15A og BF15B er vist med oransje farge. Blå skravering er område med aktsemd for flaum. Raud skravering er område med aktsemd for skred. Svart skravering (stør breidde) er omsynssone for kulturlandskap Bøverdalen. Svært smal skravering er støysone langs FV55.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg mellom 795-918 m.o.h., og er skogdekt. Det er ikke areal som er registrert som verdifull naturtype i utbyggingsområdet, og ingen registreringar i artsdatabanken. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr, og det er også registrert trekkevegar for elg og hjort gjennom området. Viltkartet viser også at området er leveområde for orrfugl.	Hyttebygging vil ráke vilttrekk og leveområde for hjortedyr og orrfugl, ved at areal byggast ned og at artane vert forstyrra.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Nedre del – 93 daa - har blandingsskog av furu og lauvtre av låg bonitet, medan resten av arealet er kartlagt som uproduktiv skog (AR5). Skogen er vernskog. Det er ikke dyrka eller dyrkbar jord innanfor området. Øvre del av området kjem så vidt inn i konsesjonsområde for tamreindrift, og tamreinlaget har dyra på vinterbeite i området.	Arealet ligg i statsallmenning, og hyttebygging vil vere i noko konflikt med skogsdrift (vernskog) og med beiteinteresser. Hyttebygging vil også kunne vere noko i konflikt med tamreindrift. Sjølv om berre ein svært liten del av konsesjonsområdet vert ráka, vil hyttebygging medføre trafikk inn i området som reinen nyttar som beiteområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i eit område med generelt store landskapsverdiar ved inngangen til Leirdalen og Jotunheimen. Arealet ligg mellom 795-918 m.o.h., er skogdekt, og ligg inn mot lia. Bekken Gomobrenngrove renn gjennom området. Arealet i seg sjølve, skil seg ikke spesielt ut med omsyn til landskapsverdiar. Området ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen.	Hyttebygging og utbygging av veg og evt. annan infrastruktur i område med glissen fjellbjørk/fjellfuruskog, vil medføre arealinngrep som vil bli noko eksponert. At området ligg inn mot lia og er skogkledd vil avgrense negative verknader av inngrepet i forhold til landskapsopplevinga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Nedre del av området er dekt av morene av liten mektigheit, medan det veksler mellom bart fjell og tynt torvdekke på øvre del av området (oppfor kraftlinia). Berggrunnen består av harde bergartar – arkose (mellom-/grovkornig sandstein) og konglomerat (NGU). Nedre austre del er kartlagt med potensiale for grunnvassressursar (GRENADA). Det er ikke kartlagt verdifulle mineralske førekommstar eller grusressursar (NGU).	Mangel på eigna jordmassar for å infiltrere avlaupsvatn er negativt i forhold til ei evt. utbygging. Hyttebygging vil ikke ha nokon påverknad for utnytting geologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor området, og heller ikke eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Området ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.	Ei utbygging vil ikke råke kjende kulturminne, men området er ikke kartlagt m.o.t. kulturminne i samband med kommuneplanarbeidet. Sjølv om området ikke har bygningar eller kulturmark, kan hyttebygging bli oppfatta som negativt i forhold til statusen på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Forureining, energi og klima	Dersom hytteutbygginga vil innebere innlegging av vatn i hyttene, føreset det at avlaupsvatn blir teke hand om med utbygging av reinseanlegg. Kart fra NGU visar at det truleg ikke er lausmassar som er eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn i området eller i nærleiken.	Utbygging av eit større tal på hytter, vil kunne medføre forureiningsproblem lokalt sjølv utan at hyttene får innlagt vatn og avlaup, da grunnforhold med bart fjell, myrjord og tynt jorddekkje ikke er eigna for infiltrasjon eller søkkekummer. Hyttebygging vil utløyse auka bilkøyring da det ikke er eller vil bli kollektiv-tilbod. Det vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet ligg ikkje slik til/har slike verdiar at det blir særleg nytta som turområde, men det er nytta av jegerar i for storviltjakt. Området har ingen særskilt verdi for barn og unge.	Ved hytteutbygging vil området stå fram som meir privatisert, og utøving av jakt vil vere vanskeleg. Utbygging vil truleg gå ut over vilttrekket og tilgang på jaktbart vilt.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er tidvis ikkje vegsamband til området vinterstid i dag, da Fv55 tidvis er vinterstengt på strekninga. Det er ikkje eigna avkøyring frå Fv55, og ny avkøyring må regulerast og byggast. Det går straumforsyning gjennom området. Ved bygging av hytter av høg-/middel standard, må det byggast ut vassforsyning, avlaup og reinseanlegg. Terrenget stig raskt opp frå Fv55.	Eventuell bygging av vegar fram til hytter vil bli krevjande på grunn av stigings- og grunnforhold. Det vil vere krevjande og kostbart å bygge ut leidningsnett for vatn og avlaup og reinseanlegg i området med bakgrunn i terren og grunnforhold. Det er usikkert om det er eigna grunn for infiltrasjon av avlaupsvatn i området, slik at avlaupsanlegg kan måtte bli basert på biologisk/kjemisk reinsing.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Nedre del av området er omfatta av aktsemdsområde for snøskred og dels jord- og flaumskred (NVE). Areala kring Gomobreinngrove er omfatta av aktsemdsområde for flaum. Areala nærmast vegen er omfatta av gul sone for vegtrafikkstøy, men desse areal ligg så nære vegen at dei ikkje er aktuelle for utbygging.	Ved detaljplanlegging må ein unngå bygging i fareområder. Aktsemdsområda for skred og flaum, tilseier at det må utførast faresonekartlegging av fagkyndige i samband med planlegging dersom det ein skal realisere hyttebygging i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det må regulerast og byggast avkøyring frå Fv55. Fartsgrensa i området er 80 km/t, og ÅDT er oppgjeve til 420, der 8 % er lange køyretiltak. Ein vil tru at trafikkmengda sumars-tid er langt høgare. Vegstrekninga er forholdsvis oversiktleg.	Avkøyring mot hytteområdet må planleggast godt for å unngå trafikkulykker. Det må bli sett av tilstrekkeleg areal for parkering for å unngå parkering langs Fv55. Bygging av hytter i området, vil venteleg ikkje medføre auke av trafikkulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Området har god utsikt mot Jotunheimen og Leirdalen, og det vil slik sett kunne bli attraktive tomter. Det er ingen hytter i området fra før, og det er ikkje opparbeid stigar eller skiløypenett i området. Området er lite og ligg for seg sjølv og ikkje i tilknyting til tettstad, forretning-/servicebedrifter eller andre reiselivsdestinasjonar.	På grunn av utsiktsforholda, kan tomter her vere attraktive. Området har vanskeleg terren og stigningsforhold, som gjer både bygging av hytter, etablering av tilkomst og utbygging av infrastruktur vanskeleg. Ved bygging av hytter av høg-/middel standard, må det byggast ut vassforsyning, avlaupsnett og reinseanlegg. Dette vil medføre forholdsvis store kostnadar ved anlegg og drift.	<i>Middel verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
---------------------------	---	---	---

### **Samla vurdering:**

Området er 219,6 dekar. Det er ingen hytter i området fra før.

Området har god utsikt mot Jotunheimen og Leirdalen, og det vil slik sett kunne bli attraktive tomter. Problemet, er slik plankontoret ser det, at området ikkje er spesielt godt eigna for bygging fritidsbustadar – slik slike utbyggingar skjer i dag. Det er meir eller mindre slutt på den tida med å oppføre enkle buer eller små hytter i fjellet med enkel standard utan veg, og som vart bygd på staden og tilpassa terrenget meir eller mindre utan at det var gjort gravearbeid. Ei utbygging av hytter, vil bli tufta på dei hyttetypane som blir levert i marknaden, og med den standard som marknaden etterspør. Om ein kallar det hytter av middels eller høg standard, vil oppføring av denne type fritidsbustadar som også er av ein viss storleik, i dette terrenget krevje tilpassingar av terrenget og mykje graving. Av erfaring frå andre område, vil det frå mange hytteeigarar bli ønskje om bilveg fram til hytta, og i det minste å få nytte køyrespor som er etablert i samband med bygginga som veg i alle fall i delar av året. Erfaringar frå andre hytteområde som er etablert som felt med enkel standard utan straum, vatn og avlaup, er også at det etter kvart også vil kome krav om slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføresegnene er slege fast at til dømes at bygging av veg til den enkelte hytte eller innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov. Etablering av separate avlaupsanlegg, eller eventuelt tett tank for svartvatn, vil ikkje vere uproblematisk i området med dei grunnforholda ein har, og med den utfordringa ein vil ha for framkomst med septikkbil for tömming av slamavskiljar/tett tank.

Størstedelen av arealet ligg inne i kommuneplanens arealdel frå 2003. Det vart starta opp ein prosess med utarbeiding av reguleringsplan for hytter i etterkant av kommuneplanprosessen den gong i regi av Statskog. Planprosessen vart stansa av Statskog, truleg med bakgrunn i utfordring med utbygging av infrastruktur og kostnadsbildet knytt til dette.


Med omsyn til nærmare utgreiing av skredfare og flaumfare, viser ein til ROS-analysen.

### **Konklusjon:**

Utgreiinga av konsekvensar i tabellen framføre, tilseier negative konsekvensar ved utbygging av fritidsbustadar i område BF15A og BF15B\_f Gomobreinnaugen, på dei fleste av dei tema som er vurderte. Plankontoret vil ikkje tilrå at arealet blir lagt inn att som framtidig utbyggingsområde for fritidsbustadar i kommuneplanen sin arealdel ved 2. gongs o

## 2.35 BFT03\_f: Brimi Fjellstugu – byggeområde fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Brimi Fjellstugu
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	LNF.
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritids- og turistformål med tilkomstveg.
Areal	1,5 daa (1,2 daa fritids- og turistformål, 0,3 daa veg)
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	0,5 daa er kartlagt som dyrkbar jord.



Forslag til areal med fritids- og turistformål frå Brimi Fjellstugu med eit område i sør for bygging av garasje/ lager. Arealet er vist med mørk fiolett farge på kartet BFT03\_f. Areal med lys fiolett farge er eksisterande areal for fritids- og turist-formål. SV01\_f er tilkomstveg. Grønt areal i nord (LNFR 1) er areal som takast ut av byggeområdet som kompensasjon.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	<p>Det er kartlagt areal som er viktig naturtype langs tilkomstvegen som er basert på stor populasjon av bakkesøte som sto på raudlista på registrerings-tidspunktet i 2006.</p> <p><i>Bakkesøte</i> er no teke ut av raudlista, og har status LC – livskraftig).</p> <p><i>Sandkrabbeedderkopp</i> og <i>Sandfiol</i>, begge med status VU – sårbar – er registrert like utafor byggearealet som er føreslege.</p>	<p>Arealet med viktig naturtype bør vurderast å bli teke ut som viktig nayurtype på bakgrunn av endra raudlistestatus for bakkesøte.</p> <p>Byggeområdet for fritids- og turistformål vil ikke råke sårbare arter som er registrert direkte.</p>	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	<p>Arealet er kartlagt som jorddekt fastmark i jordregisteret (AR5).</p> <p>Arealet ligg i eit aktivt seterområde, og det går mykje dyr på beite i området, både storfe og sau. Heile tilkomstvegen og noko av byggeområdet er kartlagt som dyrkbart areal, til saman 0,5 daa.</p>	<p>Arealet som fjellstugu har føreslege skal gå ut av eksisterande byggeområde i nord for kompensasjon (LNFR01_f), er i si heilheit vist som dyrkbart (1,5 dekar), og har også større verdi som beite.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	<p>Landskapet ved Nord-sæтрin er sett saman av dei ulike elementa i landskapsrommet rundt innsjøen Tesse med seterbygnad, dyrka areal, ope beitelandskap, turistbedrifter, enkelte hytter, myr, åsar kledd med fjellfuruskog og høgfjell i bakrunnen. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA).</p>	<p>Byggeområdet for fritids- og turistformål er lite og bygging av garasje/lagerhus lågt og skjult i terrenget, vil i liten grad endre gå ut over landskapsopplevinga. Arealet har vore nytta til utadørs lagerområde i fleire år, og det kan for landskapsopplevinga vere like så gunstig å få brakt lagringa innadørs.</p>	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert freda kulturminne nyare tids kulturminne, eller eldre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret i området.</p>	Ei utbygging vil ikkje ha nokon verknadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er fyllt og lausmassane elve-/bekkeavsettingar (NGU) Det er ikkje verdifulle geologiske ressursar som kan nyttast i området. I GRENADA er området registrert med stort grunnvasspotensiale. Det ikkje registrert grunnvassbrønnar i eller nær byggeområdet/vegen.	Utbygging av arealet for fritids- og turistformål vil ha små verknadar i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Forureining, energi og klima	Det er ikkje forureina grunn i området, og planlagde tiltak vil ikkje medføre støy.	Ei utbygging vil ikkje ha nokon verknadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området ligg like ved turistbedrift og seter som driv med turisme, slik at det er mykje folk som ferdast i området. Arealet som er føreslege som byggeområde for garasje/lager ligg lågt og skjult i terrenget, vil i liten grad råke friluftsliv og areal for leik.	Arealet som fjellstugu har føreslege skal gå ut av eksisterande byggeområde i nord for kompensasjon (LNFR01_f), er vurdert å ha større verdi for friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Avstanden til fjellstugu er om lag 100 m, og vil skje i same trase som eksisterande køyrespor. Evt. straumforsyning, må skje frå fjellstugu.	Om det er behov for straumforsyning og/eller vassforsyning, må leidning leggast i bakken.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg ikkje i aktsemdsområde for skred og flaum, og kart over dreneringsliner i InnlandsGIS er viser ikkje dreneringsvegar for overvatn.	Det er ikkje naturfare i området, og ei utbygging vil ikkje ha nokon verknadar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	I høgsesong er det i periodar stor trafikk forbi området på setervegen.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utlegging av byggeområde for garasje/lagerbygg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Området ligg nær fjellstugu og gunstig plassert for turistbedrifta sitt behov. Arealet ligg lågt og skjult i terrenget, og vil i liten grad vere synleg for folk som oppheld seg i området.	Arealet har forholdsvis enkel byggegrunn, og bygging og anlegg av veg og bygningar krev ikkje store terrenginngrep. Byggearealet vert kompensert med areal av like stor verdi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

**Samla vurdering:**


BFT03\_f er brukt som lagerområde i fleire år, og det er tydeleg veg/køyrespor går ned til området langs traseen som er føreslege som veg SV01\_f. Plankontoret vurderer at "erstatnings-arealet" LNFR01, som er i nær naturtilstand, har like store verdiar for landbruk og friluftsliv og med omsyn til naturverdiar som areaala som fjellstugu har søkt om å få nytte til byggeformål.

**Konklusjon:**

Plankontoret tilrår at området BFT03\_f sør for Brimi Fjellstugu, vert med i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "*Fritids- og turistformål - Framtidig*". Ein tilrår at tilkomstvegen til området SV01\_f, blir lagt ut som "*Køyreveg – Framtidig*".

### 2.35 BFT04\_f - BNF07\_f: Storhaugen gard – byggeområde fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Eigar av Storhaugen gard
Gnr./bnr.	111/1 og 111/10
Dagens formål	LNF: 123,4 daa + 8,3 daa + 33,8 daa + 7,0 daa. LNF spreidd bustadbygging: 7,2 daa. Idrettsanlegg: 20,7 daa.
Foreslått formål	Framtidig byggeområde for fritids- og turistformål:
Areal	Totalt 200,4 daa. BFT04_f (130,6 daa), BFT05_f (8,3 daa), BFT06_f (54,5 daa) og BFT07_f (7,0 daa). 5,2 daa som tidlegare låg som areal for fritids- og turistformål leggast attende til LNFR.
Dyrka mark/dyrkbar jord/innmarksbeite	50,5 daa er innmarksbeite (0,7 daa av BFT05_f, 42,8 daa av BFT06_f og 7,0 daa av BFT07_f). 38,6 daa er kartlagt som dyrkbar jord (6,3 daa av BFT04_f, 0,6 daa av BFT05_f og 31,7 daa av BFT06_f)



Forslag om utviding areal med fritids- og turistformål ved Storhaugen frå grunneigaren, omfattar areal med mørk fiolett farge (BFT04\_f, BFT05\_f, BFT06\_f og BFT07\_f.). Lys fiolett farge er eksisterande område for fritids- og turistformål.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Det er ikke kartlagt areal som er viktig naturtype. I artsdatabanken er det registrert snøull og smalfrostjerne som har status NT – nær truga - på raudlista. Begge er innafor delområde BFT06_f. Delområde BFT04_f er barkogsområde med vekslande bonitet. Delområde BFT05_f er i hovudsak barskog av middels bonitet. Delområde BFT06_f er i hovudsak innmarksbeite med noko skog øvst. Delområde BFT07_f er innmarksbeite. Viltkart viser at område er leveområde for elg, hjort og rådyr og viktig beiteområde for orrfugl.	Utbygging for fritids- og turistformål vil råke leveområde for hjortedyr og orrfugl, ved at areal byggast ned og at artane vert forstyrra. Utbygging for fritids- og turistformål i delområde BFT06_f vil kunne bygge ned veksestadar for planteartar med status NT – nær truga – på raudlista.	BFT04_f Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
			BFT05_f Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
			BFT06_f Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens
			BFT07_f Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet ligg på Storhaugen gard. Delområde BFT04_f omfattar 5,9 daa høg bonitet, 17,4 daa middels bonitet, 82,6 daa låg bonitet og 21,1 daa uproduktiv skog. 6,3 daa er kartlagt som dyrkbart. Delområde BFT05_f omfattar 0,6 daa innmarksbeite, 4 daa skog av middels bonitet og 3,6 daa av låg bonitet. 0,6 daa er kartlagt som dyrkbart. Delområde BFT06_f omfattar 42,8 daa innmarksbeite, 9,2 daa skog av middels bonitet og 2,5 daa anna areal. 31,7 daa er kartlagt som dyrkbart. Delområde BFT07_f omfattar 7,0 daa innmarksbeite. Det går noko sau på utmarksbeite på delar av areaala.	Utbygging er i konflikt med areal som er innmarksbeite i jordregisteret (AR5). Dette gjeld især BFT06_f og BFT07_f, som i hovudsak er innmarksbeite. Store deler av BFT06_f er dessutan kartlagt som mogeleg å dyrke til lettbrukt fulldyrka jord. Utbygging av BFT06_f og BFT07_f vil medføre at 49,8 daa innmarksbeite går ut av produksjon. Dette er i strid med jordvern-omsyn. Nasjonal og regional jordvern-strategi tilseier at haldninga til å bygge ned innmarksbeite og dyrkbar jord skal vere svært streng. I områda BFT04_f og BFT05_f vil utbygging medføre nedbygging av skog.	BFT04_f: Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
			BFT05_f: Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
			BFT06_f: Stor verdi (****) Stort negativt omfang (---) Stor negativ konsekvens
			BFT07_f: Stor verdi (****) Stort negativt omfang (---) Stor negativ konsekvens

Landskap	<p>Arealet ligg på eit "plata" ovafor Galdesand og det bratte dalføret mot Bøvre. I hovudsak ligg arealet i høgde 660 -710 moh., men BFT06_f og BFT07_f som er noko brattare og ligg ovafor eksisterande bygnad går opp i 750 moh. Arealet ligg i eit område med landskapsverdiar ut over det normale i sær på arealet oppfor Storhaugsvegen/Jørginevegen, der det er gardsbygnad og beitemarka strekk seg oppover lia. Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalens - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.</p>	<p>Utbygging av arealet for fritids- og turistformål vil endre landskapsuttrykket. Fjernverknad av inngrepa er vurdert å ha avgrensa skadeverknadar med omsyn til landskapsbiletet i delområda BFT04_f og BFT05_f, medan inngrepa vil bli meir synlege og ha meir negativ påverknad ved utbyggingstiltak på den opne beitemarka i delområde BFT06_f og BFT07_f.</p>	<p><i>BFT04_f Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens</i></p> <p><i>BFT05_f Middels verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens</i></p> <p><i>BFT06_f Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens</i></p> <p><i>BFT07_f Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens</i></p>
Geologiske og hydrologiske ressursar	<p>Berggrunnen består av forholdsvis harde bergartar med kvartsitt og glimmerskifer på dei nedre delar kring Gadden, eit belte som vekslar med sandstein (meta-arkose), konglomerat og gneis kring gardsbygnaden. I den ovre delen består berggrunnen av gabbro. Lausmassane består av tjukk morene. Ingen verdifulle geologiske ressursar/geologiske verneverdiar er kartlagt i området. I GRENADE er området registrert med stort grunnvasspotensiale. Det er registrert ein grunnvassbrønn ved GID 127/28 ved vestgrensa for BFT04_f.</p>	<p>Utbygging av arealet for fritids- og turistformål vil ha små verknadar i forhold til geologiske og hydrologiske ressursar.</p>	<p><i>Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens.</i></p>
Forureining, energi og klima	<p>Det er ikkje forureina grunn i området, og planlagde tiltak vil ikkje medføre støy. Utbygging vil utløse auka bilkjøring, da er lite kollektivtilbod heile året.</p>	<p>Ei utbygging vil ikkje ha nokon verknadar. Auka bilkjøring vil kunne sjåast på å vere negativt m.o.t. klima, men trafikken vil bli forhaldsvis avgrensa.</p>	<p><i>Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens</i></p>

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne, eller eldre bygningar som ligg i SEFRAK-registeret i desse områda. Innafor BFT12B om er nåverande areal for fritids- og turistformål, ligg Boomer- stugu (GID 111/10). Dette huset er eit "museum" med antikvitetar i dragestil som vart bygd opp da Jørgine Boomer eigde Storhaugen frå 1938. Jørgine (oppr. Slettede) var husmannsjenta frå Bøverdalens som utvandra til USA og som var hotellvertinne som i nesten 30 år var vertinne på luksushotellet Waldorf Astoria i New York.	Ei utbygging vil ikkje rāke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi. Huset/museet etter Jørgine Boomer ligg utafor dei nye utbyggingsareala som er føreslege.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Det er opparbeid ein om lag 1,5 km lang trimløype som går sør for/langs Storhaugsvegen/ Jørginevegen. For utan å vere brukt av gjestar på Storhaugen, har ikkje området nord for vegane nokon særskilt verdi for friluftsliv eller som leikeområde for barn og unge. Sørvest for Storhaugen er det alpinbakke/skiheis. Dette har vore drifta av Bøverdalens IL, og er viktig aktivitetsområde for barn og unge i vinterhalvåret.	Utbygging for fritids- og turistformål, vil legge beslag på og privatisere eit område nord for vegane som potensielt kan nyttast til friluftsområde av allmenta. Forslaget frå grunneigar, går ut på å omdisponere 20,7 daa av arealet som i dag ligg som idrettsanlegg i kommunedelplanen for Galdesanden-Raubergstulen frå 1999, og som er vidareført i kommuneplanforslaget.	BFT04_f <i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
			BFT05_f <i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
			BFT06_f <i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
			BFT07_f <i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst til området frå FV 55 må skje frå Galhøpiggenvegen og Storhaugsvegen. Det moglegheit for tilknyting til kommunalt VA-nett ved Galhøpiggenvegen for fleire av dei nye byggeområda for fritids- og turistformål.	Ei utbygging vil kunne utnytte eksisterande infrastruktur for veg, VA og straumforsyning. Delområde BTF07_f ligg for seg sjølve og langt unna tilknyting mot VA, og det må også byggast veg opp frå gardstunet over areal som er innmarksbeite.	BFT04_f, BFT05_f og BFT06_f <i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
			BFT07_f <i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samfunnstryggleik	<p>Det er tidlegare gjort kartlegging av skredfare i samband med tidlegare utbygging på Storhaugen. Skredfaresone dekkjer delar av BFT06_f og alpinanlegget. Arealet oppfor det som da var skredkartlagt ligg i aktsemdsområde for skred (NVE) som da omfattar øvste del av BFT06_f. Det er aktsemdsområde for skred i område BFT04_f, og aktsemdsområde for flaum langs Juva og bekk som går gjennom BFT05_f og BFT06_f. Dreneringsliner fra InnlandsGIS følger desse flaumsonene, men viser også at bekken kan ta nytta laup ved flaum.</p>	Ved utbygging av areal innafor dei delane av BFT06_f som er omfatta av skredfaresone, må det gjerast sikringstiltak for å motverke fare.	<i>BFT04_f</i> Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
		Ved utbygging av areal innafor dei delane av BFT05_f og BFT06_f som er omfatta av aktsemdssone for flaum, og den delen av BFT04_f som er omfatta av aktsemdsområde for skred, må det gjennomførast nærmere kartlegging av faren og evt. gjennomførast sikringstiltak for å motverke fare i forhold til aktuell sikringsklasse (jf. TEK 17).	<i>BFT05_f</i> Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
			<i>BFT06_f</i> Middels verdi (**) Middels negativt omfang (-) Middels negativ konsekvens
			<i>BFT07_f</i> Middels verdi (**) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	I høgsesong kan det i periodar vere stor trafikk forbi området på Galdhøpiggenvegen, men krysset mot Storhaugsvegen er regulert og godt utforma, slik at auka trafikk på Storhaugsvegen ikkje vil medføre problem. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs Galdhøpiggenvegen ned mot Galdesanden.	Ein reknar at risikoien for ulykker i liten grad vil auke ved utbygging for fritids- og turistformål. At ein potensielt får auka trafikk av gåande og syklande langs Galdhøpiggenvegen, gjev potensiale for ulykker, men trafikken er forholdsvis liten slik at risikoien er heller liten.	Middels verdi (**) Liten negativ konsekvens (-) Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Områda har attraktiv lokalisering i forhold til fjellområde i Jotunheimen og områda opp mot Galdhøpiggen, og i forhold til å kunne gi ringverknadar for lokalsamfunnet/grenda Galdesanden.	Områda BFT04_f, BFT05_f og BFT06_f ligg gunstig til for utnytting av eksisterande infrastruktur. Areala har forholdsvis enkel byggegrunn, og bygging av veg og bygningar krev ikkje store terrenginngrep. Delområde BTF07_f ligg for seg sjølve og langt unna tilknyting mot VA, og det må også det byggast veg opp frå gardstunet over areal som er innmarksbeite.	<i>BFT04_f, BFT05_f og BFT06_f</i> <i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
			<i>BFT07_f</i> <i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

## **Samla vurdering:**

Arealet som er føreslege som nye områder for fritids- og turistformål ved Storhaugen er store, til saman 200,4 daa. Frå tidlegare er 89,2 daa lagt ut som areal for fritids- og turistformål kring Storhaugen. Dette arealet er vidareført frå kommunedelplanen for Galdesanden – Raubergstulen frå 2009.

Området ved Storhaugen har attraktiv lokalisering langs Galdhøpiggvegen og til inngangen til i Jotunheimen nasjonalpark og områda opp mot Galdhøpiggen.

Forslaget frå eigaren av Storhaugen Gard er i konsekvensutgreiinga delt opp i 4 delområde. Alle delområda er utgreidd med stor positiv konsekvens på punkta "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet".

Delområde BFT04\_f ligg nord for Storhaugsvegen og Jørginevegen, og har eit areal på 130,6 daa. Området er utgreidd med stor positiv konsekvens på punkta "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet". Området er utgreidd med små negative konsekvensar på punkta "Naturmiljø og naturmangfold", "Jord- og skogbruk", "Landskap", "Nærer miljø, friluftsliv og barn/unge", "Samfunnssikkerheit" og "Trafikktryggleik". Dei store positive konsekvensane for "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet", gjer likevel at plankontoret vil tilrå at område BFT04\_f blir med som byggeområde for fritids- og turistformål i planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. For å avgrense dei negative konsekvensane for samfunnssikkerheit foreslår ein å redusere arealet i nordaustre del av BFT04, slik at det det bratte arealet her som ikkje vil vere byggbart likevel, blir teke ut da det dessutan er omfatta av aktsemgsområde for skred. Området blir føreslege redusert med 22,1 daa.


Delområde BFT05\_f vil utgjere ein mindre breiddeutviding mot aust av eksisterande område for fritids- og turistformål BFT12A, og har eit areal på 8,3 daa. Området er utgreidd med stor positiv konsekvens på punkta "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet". Området er utgreidd med små negative konsekvensar på punkta "Naturmiljø og naturmangfold", "Jord- og skogbruk", "Landskap", "Samfunnssikkerheit" og "Trafikktryggleik". Dei store positive konsekvensane for "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet", gjer likevel at plankontoret vil tilrå at område BFT05\_f blir med som byggeområde for fritids- og turistformål i planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. For å avgrense dei negative konsekvensane, foreslår ein å redusere areal lengst sør slik at det arealet som er innmarksbeite blir teke ut da det dessutan er omfatta av aktsemgsområde for flaum. Området blir føreslege redusert med 1,2 daa.

Delområde BFT06\_f og har eit areal på 54,5 daa, og omfattar i hovudsak innmarksbeite i lia oppfor turistanlegget. 20,7 daa av arealet som i dag ligg som idrettsanlegg i kommunedelplanen for Galdesanden-Raubergstulen frå 1999, og som er vidareført i kommuneplanforslaget som var lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring . Området er utgreidd med stor positiv konsekvens på punkta "Teknisk infrastruktur" og "Attraktivitet og kvalitet". Myke av beitearealet er kartlagt som dyrkbart, og området er utgreidd med stor negativ konsekvens på punktet "Jord- og skogbruk". Området er utgreidd med middels negativ konsekvens på punkta "Naturmiljø og naturmangfold", "Landskap", "Nærer miljø, friluftsliv og barn/unge" og "Samfunnssikkerheit". Som for dei andre delområda er det liten negativ konsekvens på punktet "Trafikktryggleik". Etter plankontoret si vurdering vil dei negative konsekvensane her vere langt større enn dei positive konsekvensane, slik at plankontoret vil tilrå at område BFT06\_f ikkje blir med som byggeområde for fritids- og turistformål i planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Delområde BFT07\_f har eit areal på 7,0 daa, og omfattar eit areal innmarksbeite oppfor gardstunet på Storhaugen. Området ligg for seg sjølve og langt unna tilknyting mot VA, og det må også det byggast veg opp frå gardstunet over areal som er innmarksbeite. Område BTF07\_f er utgreidd med liten positiv konsekvens på punktet "Attraktivitet og kvalitet". Området er utgreidd med stor negativ konsekvens på punktet "Jord- og skogbruk". Området er utgreidd med middels negativ konsekvens på punktet "Landskap", og liten negativ konsekvens på punkta "Naturmiljø og naturmangfald" og "Trafikktryggleik". Etter plankontoret si vurdering vil dei negative konsekvensane her vere langt større enn dei positive konsekvensane, slik at plankontoret vil tilrå at område BFT07\_f ikkje blir med som byggeområde for fritids- og turistformål i planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

### Konklusjon:


Plankontoret tilrår at området BFT04\_f og BFT05\_f ved Storhaugen, blir med som nye byggeområde for "Fritids- og turistformål" i planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Ein foreslår at område BFT04\_f vert redusert ti 108,4 daa for å kome utafor faresone for skred, og at BFT05\_f vert redusert til 7,1 daa for å kome utafor faresone for og flaum og for å spare areal med innmarksbeite, jf. kart under.



Kart som viser BFT04\_f og BFT05\_f, slik dei blir føreslege utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

## 2.37 BFT07: Krossbu – Fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/50 – Punktfeste i Leir- og Bøverdalen st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	7,9 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreining dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Krossbu er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under.	



BFT07 – Krossbu – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Vist utan faresoner.

### Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Arealet ligg nær Bøvre, som er verna vassdrag. Området er ikkje registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av taksvale. Taksvale har kategorien NT – nær truga - på raudlista.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, vil ikkje ha betydning for taksvala som da truleg nyttar bygningane for reirplass.	Middels verdi (**) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Jord- og skogbruk	Gardsplassen er registrert som bygd areal i AR5, dels som samferdselsareal (til saman 5,2 daa). Arealet ligg innanfor konsesjonsområde for tamreindrift, og er vist som vinterbeiteområde.	Arealbruken vil kunne sjåast på som å vere i strid med beitebruk for sau og for tamrein, men ein reknar at konflikten vil vere avgrensa på eit så lite areal tett inntil turistbedrifta.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i eit ope fjellandskap i høgde 1260-1280 m.o.h. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar ved inngangen til Jotunheimen og Breheimen.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betyding for landskapsverdiar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen er gneis og vulkanske bergartar og avsetningsbergartar (NGU). Arealet er kartlagt med tynt morenedekke i veksling med bart fjell. Det er ikkje kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Området er kartlagt utan potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ein borebrunn i fjell 400 m sør for turistbedrifta.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betyding for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller bevaringsverdige bygg i området.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst til turisthytta er mot Sognefjellsvegen, Fv55. Det går grusveger forbi turisthytta og over Bøvra i bru, som er køyrbare med bil. Brua er anlagt av vegvesenet i samband med tidlegare uttak av grus, og uttaksområda er i dag dels nytta som parkeringsplass. Avlaup går til eige reinseanlegg.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betyding for teknisk infrastruktur. Dei nemnte vegar og parkeringsplassar aust for Bøvre er ikkje lagt inn i kommuneplanforslaget.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved turisthytta har stor verdi for friluftsliv og som leikeområde for barn som er gjestar på turisthytta. Krossbu er utgangspunkt for turar til fjell og breområde i Jotunheimen.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området er noko utsett for støy frå vegtrafikk frå Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at hovudbygninga og bygninga for overnatting bak er omfatta av fare for snøskred. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at bekken i sør drenerer eit areal på 100 – 500 daa. Det vil vere avgrensa moglegheiter for sløkkjevatn, noko som er vanleg for dei fleste turistbedrifter i fjellet.	Det er svært mykje snø i området, og området i skråninga opp mot fylkesvegen er utsett for skred. Ved byggesøknadar innafor aktsemndsområde for skred, må det gjerast kartlegging av skredfare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak mot skred. Bygningars ligg tett ved bekken i sør, og desse kan vere utsett for øydeleggingar ved flaumsituasjonar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	I høgsesong både om våren og i sommarsesongen, er det stor trafikk på Fv. 55. Om våren er det mange på vårskitur som parkerer langs Fv.55 nedover frå Krossbu da det ikkje er nok parkeringsplassar pga. snø i terrenget.	Risikoene for trafikkulykker vil ikkje auke med grunnlag av utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningars og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndigkeit, vil det vere positivt med enklare søknads- og behandlingsprosess i samband med bygge- og anleggstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

## **Samla vurdering:**

Krossbu turisthytte var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formalet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turisthyttene som tidlegare hadde punktsymbol. Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statskog skriv at dei i utgangspunktet er positive til overgangen frå punkt- til arealfeste, da dette er med på å definere arealgrensa til den enkelte verksemder. Statskog skriv at områda som er skissert i plankartet til dels er misvisande for fleire verksemder. Dei viser til at det tidlegare vart oppretta dialog mellom Lom kommune og Statskog for å definere arealfigurar kring turisthytter. Statskog skriv at dersom turisthyttene skal definerast med arealfigurar må dette skje samarbeid med Statskog og fjellstyre.


Fjellstyret meiner at definering av arealbruksformål «fritids- og turistformål – eksisterande» rundt eksisterande reiselivsverksemder må skje i samråd med Statskog SF og fjellstyret. Dei skriv at avgrensinga må vere i samsvar med eksisterande festekontrakter og annan arealbruk.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avvegning av reiselivsbedrifter sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsetta til eit konkret areal.

Ønske om å behalde ei sone langs bekken i sør fri for bygningar og potensiell flaumfare langs denne, og ønske om å behalde ei sone langs fylkesvegen fri for bygningar pga. snøskredfare, gjer at plankontoret vil snevre inn byggeområdet noko i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Ein vil snevre inn byggeområde for fritids- og turistformål til arealet kring bygningar og til det som er opparbeid til gardsplass, og helde att eit område fri for byggegrunn langs bekken. Arealet blir såleis føreslege redusert frå 7,9 dekar til 5,0 dekar.

## **Konklusjon:**

Plankontoret tilrar at området BFT07 ved Krossbu, vert vidareført med eit noko redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under.




Kart som viser BFT07, slik det vert føreslege vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

## 2.38 BFT08: Bøverton – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/55 – Arealfeste i Leir- og Bøverdalen st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	19,3 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Bøverton er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Bøverton var tidlegare seter til Upphaug, som vart teke i bruk som overnattingstad da turistane søkte seg innover fjellet.



BFT08 – Bøverton – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Vist utan faresoner.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikkje registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av <i>taksvale</i> - med kategorien NT – nær truga <i>fjellhårstjerne</i> - med kategorien VU – sårbar – <i>heipiplerke</i> , <i>musvåk</i> , <i>storraspmose</i> og <i>fjellmarinøkkel</i> – alle fire med kategorien LC – livskraftig – på den norske raudlista. Arealet ligg inntil Bøvre, som er verna vassdrag.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, vil ikkje ha særleg betydning for taksvala som truleg nyttar bygg i området som reirplass. Utleggning til byggeområde kan gå ut over førekomensten av dei plantene/mosane som er registrert innafor arealet i artsdatabanken. Musvåk hekkar utafor området, men BFT08 er del av jaktområdet.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Gardsplassen er registrert som bygd areal i AR5, dels som samferdselsareal (5,2 daa). Arealet ikring er kartlagt som jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert dyrkbar jord. Arealet ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er vist som vinterbeiteområde.	Arealbruken vil kunne sjåast på som å vere i strid med beitebruk for sau og for tamrein, men ein reknar at konflikten vil vere avgrensa på eit inngjerda areal inntil turistbedrifta.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 939-951 moh. inntil Bøvre sør for elvas delta ved Bøvertontvatnet. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar ved inngangen til Jotunheimen og Breheimen. Det ligg setre inntil turistbedrifta, og arealet grenser i nord til dyrkamark/innmarksbeite.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for landskapsverdiar.	Stor verdi (***) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er kalkspatmarmor/kalkspat-holdig skifer (NGU). Arealet er kartlagt med tynt morenedekke. Området er kartlagt utan potensiale for grusressursar og grunnvatn i lausmassane. Det er registrert ein borebrunn i fjell like nord for hovudbygnaden.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap. Det er ikke registrert freda kulturminne innanfor arealet. Tre bygningar på tunet ligg i SEFRAK-registeret med meldeplikt.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning bygningar av kulturhistorisk verdi og verdien som kulturlandskapsområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Bøverton ligg intil Sognefjellsvegen, Fv55, og har avkjøring til denne. Avlaup går til eige reinseanlegg.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	I dag er turistbedrifta eigd av eit AS som ikke driv reiselivsverksem. Bruk av arealbruksformål fritids- og turistformål, speglar den arealbruk kommunen ønsker for arealet. Ved drift vil områda ved turisthytta har stor verdi for friluftsliv og som leikeområde for barn som gjester staden.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området er noko utsett for støy fra vegtrafikk fra Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål vil ikke ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart fra NVE viser at heile arealet er utsett for snøskred. Arealet nær Bøvre er på aktsemndskart fra NVE vist som utsett for flaum. Om sommaren vil det vere tilgang på sløkkjevatn fra Bøvre.	Ved byggesøknadar innanfor aktsemndsområde for skred og flaum, må det gjerast kartlegging av fare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er gode siktforhold ved avkjøringa til Bøverton, og stor plass for parkering inne på området. Det er ikke registrert trafikkulykker.	Risikoene for trafikkulykker vil ikke auke med grunnlag i utleggning av areal for fritids- og turistformål.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak. For å sikre allmentas tilgang til friluftsliv, bør byggearealet avgrensast mot Bøvre i forhold til forslaget som var til høyring 1. gong.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	--	---	--

### **Samla vurdering:**

Bøverton var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.

Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

Ved Bøverton er det oppretta arealfeste allereie i 1954. Arealet er inngjerda heilt ned til elva.


For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areaala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avvegning av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.

For å halde arealet langs Bøvre utafor byggeområdet med omsyn til vern mot flaum og med omsyn til ferdsel for allmenta, vil plankontoret tilrå å etterkome Statsforvaltaren sitt ønske om å legge ut LNFR-føremål langs elva. Med omsyn til vegtrafikkstøy, vil plankontoret også tilrå å legge inn ei sone med LNFR langs fylkesvegen for å halde dette området fri for bygningar. Dette vil også gjere at ein om mogeleg kan ta vare på veksestadar for plantar som er registrert her. Mesteparten av det arealet som blir lagt ut som fritids- og turistformål, vil likevel ligge innafor byggegrense på 50 m mot fylkesvegen, slik at bygging vil krevje dispensasjon frå byggegrensa.

Plankontoret føreslår å snevre inn byggeområdet noko i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Ein vil i hovudsak snevre inn byggeområde for fritids- og turistformål til arealet kring bygningar og til det som er opparbeid til gardsplass. Arealet blir såleis føreslege redusert frå 19,3 dekar til 9,2 dekar.

### **Konklusjon:**

Plankontoret tilrar at området BFT08 ved Bøverton, vert vidareført med eit noko redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under.




Kart som viser BFT08 ved Bøverton, slik det blir føreslede vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Faresone for skred er ikke vist på kartet – for betre lesbarhet.

## 2.39 BFT09: Jotunheimen Fjellhotell – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilla:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/52 og 155/1/54 – Punktfester i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	14,4 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Jotunheimen Fjellhotell (tidlegare Jotunheimen Fjellstue) er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under.



BFT09 – Jotunheimen Fjellhotell – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Grå skravering venstrestilt er omsynssone kulturlandskap Bøverdalen, grå skravering høgre er gul støysone for trafikkstøy, raud skravering er faresone (aktsemndsområde) for skred.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikkje registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av <i>taksvale</i> - NT (nær truga) - <i>tårnseglar</i> - LC (livskraftig) og <i>fjellhårstjerne</i> - VU (sårbar) innafor arealbruksformålet. Det er rik flora av fjellplantar kring turisthytta, og i artsdatabanken er registrert reinrose, raudsildre, tuesildre, fjellkattefot, bergrublom, blålyng, myrtrevier og rynkevier. Arealet ligg inntil Nedre Halsatjønn (994 moh) med god bestand av aure. Vatnet er del av Bøvra-vassdraget, som er verna vassdrag.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, vil ikkje ha særleg betydning for taksvala og tårnseglaen som truleg nyttar bygg i området som reirplass. Utleggning til bygge-område vil ikkje truge førekostane av dei fjellplantene som er registrert i artsdatabanken i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Gardslassen er registrert som bygd areal i AR5, dels som samferdsels-areal (til saman 12,0 daa). Arealet ikring er kartlagt som open skrinn fastmark (2.4 daa). Det er ikkje registrert dyrkbar jord. Området ligg like utafor konsesjonsområde for tamreindrift, og tamreinlaget har dyra på vinterbeite i nærområdet. Tamreinlaget bruker også nærområdet ved samling og flytting av rein.	Arealbruken vil kunne sjåast på som å vere i strid med beitebruk for sau og for tamrein, men ein reknar at konflikten er avgrensa på eit bygd areal inntil turistbedifta. Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje bli rekna å ha betydning.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 997-1010 moh. på Bøverkinns-halsen ved nedre Halsatjønn. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar under fjellformasjonen Loftet ved inngangen til jotunheimen i sør/søraust og Leirhøe-Borgakampen i nord. Det ligg setre i område på motsett side av turistbedifta.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for landskapsverdiar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er metasandstein (NGU). Arealet er kartlagt med tynt morenedekke. Det er ikke kartlagt geologiske ressursar av verdi som kan nyttast. Området er kartlagt utan potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ein borebrunn i fjell sør for hovudbygningen.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap. Det er ikke registrert freda kulturminne innafor arealet.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for verdien som kulturlandskapsområde.	<i>Middels verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Jotunheimen Fjellhotell ligg intil Sognefjellsvegen, Fv55, og har avkjøring til denne. Avlaup går til eige reinseanlegg. Hotellet har parkering for eigne gjester. Hotellet er stengt da Fv55 er vinterstengt.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved turisthotellet og ved nedre Halsatjønn har stor verdi for friluftsliv og som leikeområde både for gjester ved hotellet og for andre som nyttar området. Fiske etter aure er lett tilgjengeleg ved veg, og vatnet er godt eigna for fiske for barnefamiliar. Fisken er av god kvalitet. Hotellet og nærområdet er utgangspunkt for toppturar til Loftet (2170 moh).	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ha liten betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge dersom det bli gjort ei avgrensing med god tilkomst langs vatnet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Området er noko utsett for støy frå vegtrafikk frå Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikke ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at arealet ikkje er utsett for skred. Eit utlaupsområde for snøskred er vist å nå nedre Halsatjønna like sør for arealet. Ved brann, vil det vere tilgang på sløkkjevatn frå Nedre Halsatjønne.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for samfunnstryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Det er gode siktforhold ved avkøyringa til Jotunheimen fjellhotell, og stor plass for parkering inne på området. Folk som ikkje bur på hotellet, som skal på tur i området parkerer langs Fv55, og det kan medføre fare for ulykker. Det er ikkje registrert trafikkulykker.	Risikoene for trafikkulykker, vil ikkje auke med grunnlag i utleгging av areal for fritids- og turistformål.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthotellet, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak. For å sikre allmentas tilgang til friluftsliv, bør byggearealet avgrensast mot Nedre Halsatjønn i forhold til forslaget som var til høyring 1. gong.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Jotunheimen Fjellhotell (tidlegare Jotunheimen fjellstue), var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planførere segner til formålet/punktsymbolet.


Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol. Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utleгging må konsekvensutgreia. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avvegning av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsetta til eit konkret areal.

Plankontoret føreslår å snevre inn byggeområdet noko i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Ein vil i hovudsak snevre inn byggeområde for fritids- og turistformål til arealet kring bygningar og til det som er opparbeid til gardsplass. Arealet blir såleis føreslege redusert frå 14,4 dekar til 8,8 dekar. Ei innsnevring vil vere med på å sikre allmentas tilgang til Nedre Halsatjønn.

### Konklusjon:


Plankontoret tilrår at området BFT09 ved Jotunheimen Fjellhotell, vert vidareført med eit noko redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under.



Kart som viser BFT09 ved Jotunheimen Fjellhotell, slik arealet blir føreslege vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Fiolett flate er areal føreslege for fritids- og turistformål. Grå skravering venstrestilt er omsynssone kulturlandskap Bøverdalen, grå skravering høgre er gul støysone for trafikkstøy, raud skravering er faresone (aktsemdsområde) for skred.

## 2.40 BFT10: Leirvassbu – Fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/47 - Punktfeste i Leir- og Bøverdalen st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	17,1 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Leirvassbu er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Turisthytta er i privat eige.	



BFT09 – Leirvassbu – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Blå skravering er faresone (aktsemdsområde) for flaum og raud skravering er faresone (aktsemdsområde) for skred.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikke registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av <i>svartrødstjert</i> og <i>fiskemåke</i> – begge VU (sårbar), <i>ranikke</i> - NT (nær truga), <i>alperublom</i> - NT (nær truga) og <i>heipiplerke</i> - LC (livskraftig) innafor er nær arealbruksformålet. Arealet ligg nær Leirvatnet (1401 moh) med bestand av aure av god kvalitet. Vatnet og elva Leira som renn ut av vatnet er del av Børvavassdraget, som er verna vassdrag.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, kan ha noko betydning for artane som er registrert, da byggesaker innafor området da kan bli behandla utan dispensasjon innafor dette området, som mellom anna inneber at saker ikke vert sendt Statsforvaltaren til høyring. Kommunen har er likevel forplikta til å ivareta naturmangfaldet.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet kring Leirvassbu ligg på rundt 1400 moh., og er ikke registrert i AR5. Sau beiter i området. Det er ikke registrert dyrkbar jord. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke bli rekna å ha særlig betydning for beitebruk.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 1400-1407 moh. vest for Leirvatnet. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar med mange fjelltoppar med høgde over 2000 meter i området rundt.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for landskapsverdiar.	Stor verdi (***) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er ortopyroksengneis (NGU). Ein finn ikke at arealet er kartlagt med omsyn til lausmassar, men arealet har truleg tynt morenedekke. Området er kartlagt utan potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ikke borebrunnar.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller bevaringsverdige bygg i området.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Leirvassbu ligg ved enden av ein om lag 14 km privat bomveg som tek av frå Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup går til eige reinseanlegg. Det er opparbeid ein stor parkeringsplass nord for turisthytta. Bomvegen er stengt i vinterhalvåret.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Leirvassbu har stor verdi for friluftsliv og også som leikeområde både for barn som gjester turisthytta. Fiske etter aure er forholdsvis lett tilgjengeleg nær veg. Fisken er av god kvalitet. Leirvassbu er utgangspunkt for turar til fjell og breområde i Jotunheimen.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at delar av arealet er utsett for flaum. Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Leirvatnet og Leira. Desse er islagt om vinteren, og elva har da lita vassføring.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for samfunnstryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Leirvassbu ligg ved enden av ein om lag 14 km privat bomveg som tek av frå Sognefjellsvegen, og risikoen for trafikkulykker ved turisthytta reknast som liten.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for risikoen for trafikkulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak. For å unngå konflikt med fugle- og planteartar som står på raudlista, bør byggearealet avgrensast noko i forhold til forslaget som var til høyring 1. gong.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	--	---	--

### **Samla vurdering:**

Leirvassbu var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.


Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol. Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsetta til eit konkret areal.

Plankontoret føreslår å snevre inn byggeområdet noko i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Ein vil i hovudsak snevre inn byggeområde for fritids- og turistformål til arealet kring bygningar og til det som er opparbeid til gardsplass. Arealet blir såleis føreslege redusert frå 17,1 dekar til 6,4 dekar. Ei innsnevring vil bli gjort for å unngå konflikt med fugle- og planteartar som står på raudlista, og for å halde byggeområdet utanom aktsemråde for flaum. Parkeringa som ved 1. gongs off. ettersyn og høyring var lagt inn under fritids- og turistformål, er no lagt ut med arealbruksformål "Parkeringsplassen", med eit areal på 2.6 daa

### **Konklusjon:**

Plankontoret tilrår at området BFT10 ved Leirvassbu, vert vidareført med eit redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under. Parkeringsplassen leggast ut med arealformål "Parkeringsplassen" – P18.




Kart som viser BFT10 ved Leivassbu, slik arealet blir føresleget vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Fiolett flate er areal føresleget for fritids- og turistformål. Grå flate er areal som er lagt ut med arealbruksformål parkering. Blå skravering er faresone (aktsemdsområde) for flaum og raud skravering er faresone (aktsemdsområde) for skred.

## 2.41 BFT11: Elveseter Hotell – Fritids- og turistformål.

Forslagsstiller:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 114/1
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	18,3 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Elvesæter Hotell er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Eigedomen Elvesæter, gnr. 114/1, er opphavleg eit gardsbruk der det no er drive turistverksemد med hotell. Sidan 1971 har jorda vore bortleidd. Hotellet har i dag ei stor bygningsmasse, der nokon av den opphavlege gardsbygningen inngår i ombygd form. Sørvest for turistanlegget er det bygd opp eit gamaldags gardstun, "Ommungard", der det også kan leigast ut til turistar. Denne er reist der den gamle husmannsplassen Bakken låg, og er ikkje med i forslaget til avgrensing av arealbruksføremålet fritids- og turistføremål. Parkeringsplassen og sagasøyla er med i det arealet som er omfatta BFT11.



BFT11 – Elvesæter – slik det låg ved 1. gongs off. høyring. Vist utan faresoner for lesbarheit. Grå skravering venstre er omsynssone kulturlandskap Bøverdalen. Grå skravering høgre er gul støysone langs fylkesveg 55.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Området er ikke registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av sommarfuglen <i>Alvesmyger</i> - med kategorien EN – sterkt truga - på raudlista. Arealet ligg inntil Leira, som er del av det verna Bøvervassdraget.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, vil ikke ha særleg betydning for sommarfuglen eller vassdragsvernet. <i>Alvesmyger</i> . Levestaden er solrike urar og steinrike skråningar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Området omfattar hotellområdet grensar mot dyrkamark i nordvest og vest. 1,4 daa av arealet som var omfatta av BFT11 ved første gongs offentleg ettersyn og høyring er registrert som dyrka areal i AR5. Arealet ikring er kartlagt som jorddekt fastmark.	Ein vil justere arealet på BFT11 før 2. gongs-offentleg ettersyn høyring, slik at arealet ikke omfattar areal som er registrert som dyrka jord i AR5. Drift av jordbruksareal så tett innpå eit turisthotell har potensiale til å medføre konfliktar. Her er hotelldrifta så etablert, at formalisering av arealbruken med utleggning til fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, ikke vil ha særleg betydning for jordbruket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 640 - 665 moh. på vestsida av Leira. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar ved inngangen til Jotunheimen, som ikke minst er skapt ved den særegne bygningsmassen som er i hotellområdet og på "Ommundgard". Spesiell er den høge sagasøyla som reiser seg midt i den tronge dalen. Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikke ha betydning for landskapsverdiar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er kvartsitt, glimmerskifer, ueinsarta gneis (NGU). Arealet er kartlagt med tynt morenedekke. Området er kartlagt utan potensiale for grusressursar og grunnvatn i lausmassane. Det er registrert ein borebrunn i fjell vest for parkeringsplassen/sagasøyla .	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor arealet. Mellom bygningane som utgjer hotellet, er den gamle låven frå 1579 som er ombygd til museum og festsal, gamalstugu frå 1640 og hovudbygninga reist i 1875. Dei to fyrtene ligg i SEFRAK-registeret med meldeplikt. Elles har hotellet ein stor samling av kunst og antikvitetar., "Sagasøyla" (påtenkt som nasjonalmonument) er reist i utkanten av tunet. Arealet ligg innanfor kultur-landskapsområde Bøverdalen.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning bygningars av kulturhistorisk verdi og verdien som kulturlandskapsområde. Hotelldrifta vil vere til det beste for å ta vare på kulturverdiane i området.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Elvesæter ligg inntil Sognefjellsvegen, Fv55, og har avkjøring til denne. Avlaup er knytt til kommunalt nett.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Areala kring Elvesæter har stor verdi for friluftsliv. Verdien for friluftsliv er avgrensa i sjølve hotellområdet, men arealet har verdi som leikeområde for barn som gjestar hotellet, og som aktivitetsområde for vaksne gjestar.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring hotellet til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Området er noko utsett for støy frå vegtrafikk frå Sognefjellsvegen, Fv55. er knytt til kommunalt nett.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemdeskart frå NVE viser at heile arealet er utsett for jord- og flaumskred. Kartlegginga av snø-skredfare som SGC utførte i 2016, og viser at arealet ikkje er utsett for snøskred. Areal nærist Leira er vist med fare for flaum på aktsemdeskart frå NVE. Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Leira, men elva har lita vassføring og er islagt om vinteren.	Ved byggesøknadar innafor aktsemdsområde for skred, må det gjerast kartlegging av fare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare. Arealformålet vil bli trekt utafor aktsemdsområdet for flaum. Ein reknar ikkje at utlegg av areal for fritids- og turistformål til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, har betydning for faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er gode siktforhold ved avkøyringa til Elvesæter, men den tronge brua er ein flaskehals. Stor trafikk sommarstid, og blanding av biltrafikk og gåande som vil sjå elva/krysse vegen, gjer området utsett for trafikkulykker.	Risikoene for trafikkulykker vil ikkje auke med grunnlag i utlegg av areal for fritids- og turistformål.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved hotellet, vil innebere at byggetiltak ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring hotellet. For reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Elvesæter hotell var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.


Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegg må konsekvensutgreia. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg bufferson med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areal kring hotellet for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.

For å halde areal registrert som dyrka i AR5 utafor byggeområdet for fritids- og turistformål, vil plankontoret tilrå å snevre inn arealet noko i forhold til arealet som var lagt ut for føremålet ved 1. offentleg ettersyn og høyring. Det vil også gjere at det blir noko større buffersone med LNFR-føremål langs elva, og at arealet kjem utafor aktsemdsområdet for flaum. Plankontoret føreslår å snevre inn byggeområdet noko i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Arealet blir såleis føreslege redusert frå 18,3 dekar til 15,4 dekar.

### Konklusjon:


Plankontoret tilrår at området BFT11 ved Elvesæter hotell, vert vidareført med eit noko redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under.



BFT11 – Elvesæter – slik arealet blir vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Vist utan faresoner for lesbarheit. Grå skravering venstre er omsynssone kulturlandskap Bøverdalen. Grå skravering høgre er gul støysone langs fylkesveg 55.

## 2.42 BFT14: Røisheim Hotell – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 108/1
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	9,0 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthytten/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Røisheim Hotell er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Eigedomen Røisheim, gnr. 108/1, er opphavleg eit gardsbruk der det no er drive turistverksemد med hotell. Eigedomen vart drive som kombinasjon gardsbruk og turiststad fram til 1955 da husdyrhaldet vart avvikla. Sidan den gong har dyrkjord og beiteareal vest for Bøvre vore bortleidd. Hotellet har i dag fleire eldre bygningar som er nytta for overnatting på gardstunet som vart freda i 1923.	



BFT14 – Røisheim – slik det er føreslege i kommuneplanen. Vist utan faresoner for lesbarheit. Grå skravering venstre er omsynssone kulturlandskap Bøverdalen. Grå skravering høgre er gul støysone langs fylkesveg 55.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikke registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg registreringar av sommarfuglane <i>Alvesmyger</i> , med kat.n EN – sterkt truga - på raudlista, <i>Grått sandfly</i> - med kat. NT – nær truga - <i>Einerlavspinner</i> – med kat. VU – sårbar, plantane <i>Smånøkkel</i> og <i>Hengepiggrø</i> med kat. NT – nær truga og mosane <i>Skiferbusstehette</i> med kat. VU - sårbar, og <i>Oldingmose</i> og <i>Jøkelflette</i> med kat. LC – livskraftig på raudlista . Arealet ligg inntil Bøvre, som er varig verna mot kraftutbygging.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, vil ikke ha særleg betydning for artane på raudlista eller for vassdragsvernet. Bygningane kring gardstunet er freda, og det vil neppe bli opna for nye byggetiltak på staden. Ved nye byggetiltak, må evt. konflikt med dei registrerte artane avklarast.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Liten negativ konsekvens (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Gardsdrifta på Røysheim vart avvikla på slutten av 1950-talet. Sidan den gong har dyrkjord og beiteareal vest for Bøvre vore bortleidt.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikke ha betydning for jord- og skogbruk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde - moh. på austsida av Bøvre. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar ved inngangen til Jotunheimen nær elvemøtet mellom Bøvre og Visa. Den særeigne og historiske bygningsmassen i hotellområdet er med på å heve landskapsverdiane ytterlegare. Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalens - et av 6 område i Oppland på den nasjonale lista over verdifulle kulturlandskap.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikke ha betydning for landskapsverdiar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er fyllt (NGU). Arealet er kartlagt med tjukt morenedekke, og det er vist potensiale for grunnvatn i lausmassane i området. Det er registrert ein grunnvassbrunn i lausmassar ved gards tunet på Hoft like nord for Røisheim. Det er registrert ein borebrunn i fjell på åsen aust for hotellet. Området er kartlagt utan potensiale for grusressursar (NGU).	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Dei historiske bygningane på tunet knytt til den tidlegare gardsdrifta og drifta som skysstasjon og turisthotell er freda. Elles har hotellet ein stor samling av antikvitetar og kunst. Røisheim blir også brukt som utstillingslokale for kunst. Arealet ligg innanfor kulturlandskapsområde Bøverdalen.	Hotelldrifta vil vere eit økonomisk fundament som er til det beste for å ta vare på dei store kulturverdiane og den freda bygningsmassen på Røisheim. Slik sett vil utleгging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vere positivt i forhold å ta vare på verdiane knytt til kulturminne og kulturlandskapsområde.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Røisheim hotell ligg inntil Sognefjellsvegen, Fv55, og har avkjøring til denne. Avlaup går til eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Areala kring Røisheim Hotell har stor verdi for friluftsliv. Verdien for friluftsliv er avgrensa i sjølve hotellområdet, men arealet har verdi som leikeområde for barn som gjester hotellet, og som aktivitetsområde for vaksne gjestar.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring hotellet til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Området er noko utsett for støy frå vegtrafikk frå Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup skjer til eige reinseanlegg.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Garden Røysheim låg tidlegare på vestsida av Bøvre der dyrkjorda ligg, men vart flytt til austsida av elva dit hotellet er no ein gong på 1700-talet på grunn av faren for "fjellskred". Aktsemndskart frå NVE viser at også arealet der tunet på Røysheim ligg no, er utsett for snøskred. Ei nærmere kartlegging av snøskredfare som SGC/Geofare utførte for kommunen i 2016, viser at tunet ligg i aktsemndssone for snøskred. Areal næraast Bøvre er vist med fare for flaum på aktsemndskart frå NVE, men flaumsona når ikkje opp til tunet på Røysheim. Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Bøvre, men elva har lita vassføring og er islagt om vinteren.	Ved byggesøknadar innafor aktsemndsområde for snøskred, må det gjerast kartlegging/vurderingar av fare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare. Utlegg av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha noko å seie med omsyn til faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er gode siktforhold ved avkjøringa til Elvesæter, men den tronge brua er ein flaskehals. Stor trafikk sommarstid, og blanding av biltrafikk og gåande som vil sjå elva/krysse vegen, gjer området utsett for trafikkulykker.	Risikoene for trafikkulykker vil ikkje auke med grunnlag i utlegg av areal for fritids- og turistformål.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved hotellet, vil innebere at byggetiltak ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringssplan.	Byggeområdet ligg ikring hotellet. For reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

**Samla vurdering:**

Røisheim hotell var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.

Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turistbedriftene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.


**Konklusjon:**

Plankontoret tilrår at området BFT14 ved Røisheim hotell, vert vidareført i det nye høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "*Fritids- og turistformål - Noverande*" som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

## 2.43 BFT15: Spiterstulen – Fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 156/1/1 – Punktfeste i Visdalens statsallmenning
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	32,5 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Spiterstulen er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Turisthytta er i privat eige.



BFT15 – Spiterstulen – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Vist utan faresoner for betre lesbarheit.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er ikke registrert som viktig naturtype. I artsdata-banken ligg det 30 registreringar. Sju av desse artane har status NT – nær truga på raudlista: <i>Tvillingsiv, Moselyng, Snøbakkestjerne, Fiskemåke, Blåstrupe, Bergirisk og Taksvale</i> . Arealet ligg nær Visa med bestand av aure. På det nærmeste ligg Spiterstulen 0,7 km fra grensa mot nasjonalpark mot vest, og 1,2 km fra nasjonalparksgrensa i aust. Spiterstulen ligg inntil Visa, som er verna som del av Børevassdraget.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, kan ha noko betydning for artane som er registrert, da byggesaker innafor området da kan bli behandla utan dispensasjon innafor dette området, som mellom anna inneber at saker ikkje vert sendt Statsforvaltaren til høyring. Kommunen har likevel forplikta til å ivareta naturmangfaldet.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet ligg på rundt 1100 moh. Arealet kring bygningar, tun og parkering, er registrert i som bygd areal i AR5 - området i kring som jorddekt fastmark. Sau beiter i området. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og arealet er vist som sommarbeite. Det går flyttlei for reinen like aust for Spiterstulen.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje bli rekna å ha særleg betydning for tamreindrift og beitebruk. Arealbruk for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil likevel kunne ha negative konsekvensar.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 1400-1407 moh. aust for Visa. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar med alpint fjellandskap og isbrear. Fleire fjelltoppar har høgde over 2000 meter m.a. Galdhøpiggen og Glittertinden.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje bli rekna å ha særleg betydning for landskapsopplevinga. Turisthytta ligg ope til i landskapet, og utlegg av arealbruks-formål for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil likevel kunne ha negative konsekvensar.	Stor verdi (***) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller bevaringsverdige bygg i området.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje råke kjende kulturminne, eller bygningar av kulturhistorisk verdi.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er ortopyroksengneis (NGU). Lausmassane er elveavsettingar og tjukt morenedekkje. Området er kartlagt med stort potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ein brunn i lausmassar og ein i fjell innafor arealet.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Spiterstulen ligg ved enden av ein privat bomveg, og ligg i avstand om lag 17 km til Sognefjellsvegen, Fv55. Drikkevassforsyning skjer frå eigne brunnar. Avlaup går til eige reinseanlegg. Det er opparbeid store parkeringsareal vest og nord for turisthytta. Bomvegen er stengd i vinterhalvåret.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Spiterstulen har stor verdi for friluftsliv og også som leikeområde for barn som gjester turisthytta. Det har vore drive leirskule på Spiterstulen i ei årrekke, men leirskuledrifta er no under avvikling. Spiterstulen er utgangspunkt for turar til fjell og breområde i Jotunheimen. Fiske etter aure er forholdsvis lett tilgjengeleg nær veg.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området. Statsforvaltaren peikar på behov for å lagt inn ei buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Trafikktryggleik	Spiterstulen ligg ved enden av ein privat bomveg om lag 17 km frå Sognefjellsvegen, og risikoen for trafikkulykker ved turisthytta reknast som liten.	Utlegg av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for risikoen for trafikkulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at arealet er utsett for jord- og flaumskred og snøskred. Bekkar som kjem ned nordre og søre kant av arealet, er på kart over dreneringsliner i Innlandsgis vist å drenere areal på over 1 km <sup>2</sup> . Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Visa, men elva har lite vassføring og er islagt om vinteren.	Ved byggesøknadar innafor aktsemnds-område for skred, må det gjerast kartlegging av fare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare. Ein reknar ikkje at utlegg av areal for fritids- og turistformål til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, har betydning for faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling eller utarbeidning av reguleringssplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndigkeit, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

### Samla vurdering:

Spiterstulen var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.

Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegg må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.


For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsetta til eit konkret areal.

Plankontoret føreslår å snevre inn byggeområdet i forhold til forslaget som var utlagt til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Ein vil i hovudsak snevre inn byggeområde for fritids- og turistformål til arealet kring bygningar og til det som er opparbeid til gardsplass. Det blir gjort ei innsnevring mot elva, for å sikre ei buffersone mot og allmentas tilgang til vassdraget. Arealet med fritids- og turistformål, blir såleis føreslege redusert frå 32,5 dekar til 15,0 dekar.

Parkeringa blir føreslege lagt ut med arealbruksformål "Parkering ", med eit areal på 5,6 daa.

**Konklusjon:**


Plankontoret tilrår at området BFT15 ved Spiterstulen, vert vidareført med eit redusert areal i høyryngsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under. Parkeringa leggast ut med arealformål "Parkering – Noverande" – P17.



Kart som viser BFT15 ved Spiterstulen, slik arealet blir føreslege vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Fiolett flate er areal føreslege for fritids- og turistformål. Grå flate er areal føreslege med arealformål parkering. Kartet er vist utan aktsemdsområder for skred for å lette lesbarheita.

## 2.44 BFT17: Soleggen Fjellstue og leirskule – Fritids- og turistformål.

Forslagsstillar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 35/9
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	38,7 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	19 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Turisthytten/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Soleggen Fjellstue er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under.	Turisthytten/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Soleggen Fjellstue er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under.



BFT17 – Soleggen Fjellstugu – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Blå skravering er faresone flaum (aktsemdsområde).

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området like nord og vest for bygningane er registrert som viktig naturtype B (viktig). På faktaark for enne lokaliteten med naturbeitemark, står det at det er den gode førekomensten av raudlistartenen småsøte på en lokalitet i (hovudsakleg) god hevd, som gir grunnlag for verdien. Det er gjeve råd om at det ikkje byggast på desse areala. I arts-databanken ligg det 18 registreringar. To av desse artane har status NT – nær truga på raudlista: <i>Rabbitust og Enghavre. Dei resterande har status LC- livskraftig.</i>	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass, kan ha noko betydning for artane som er registrert, da byggesaker innafor området da kan bli behandla utan dispensasjon innafor dette området, som mellom anna inneber at saker ikkje vert sendt Statsforvaltaren til høyring. I faktaarket er gjeve råd om at det ikkje byggast på areala som er omfatta av viktig naturtype, og ein vil følgje det opp med reduksjon av byggearealet.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet kring Soleggen Fjellstue ligg på rundt 950 moh. 2,5 daa kring bygningar, tun og parkering, er registrert i som bygd areal/veg i AR5 - området i kring som jorddekt fastmark. 19 dekar av det arealet som låg som fritids- og turistformål ved 1. gongs off. ettersyn og høyring, er kartlagd som dyrkbart areal. Beitebruksplanen for Lom frå 2007, viser at det er slept over 100 storfe og fleire hundre sau i nærområdet.	Det arealet som vart lagt ut for fritids- og turistformål ved 1. gongs off. høyring omfatta heile GID 35/9 utanom Stymmevegen, og såleis mykje areal som har preg av å vere utmark/ landbruks-areal. 19 daa av dette er dessutan kartlagt som dyrkbar jord. Av omsyn til landbruk er det derfor aktuelt å snevre inn arealet som vert utlagt for fritids- og turistformål til arealet kring bygg og gardsplass.	Middels verdi (**) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 937-950 moh. Arealet ligg i eit ope fjellområde ved Meadalssetrin. Sæter-landskapet har store landskapsverdiar, der det ligg omkransa av fjellmassiva Soleggi og Kvitingskjølen i sør, og Læshøe og Ausfjellet i nord.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, med eit noko mindre byggeareal enn ved 1. gongs ettersyn og høyring vil ikkje ha betydning for landskapsverdiar.	Stor verdi (***) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller bevaringsverdige bygg i området. Fjellstugu vart reist først på 1950-talet, og skal ha opphav i eit bygg som vart kjøpt frå Kræmar-Sandbu i Vågå, (som skal ha vore første butikken i bygda), og som vart bygd saman med eit bygg som har stått på Nigard Gaukstad. Stymmevassvegen går like sør for fjellstugu.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for å ivareta kulturminne og kulturmiljø.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er fylitt (NGU). Lausmassane er i NGU sin grusdatabase kartlagt som ein breelvavsetting i form av ein rygg/esker med sand og grus. I grusdatabasen er det oppgjeve at ressursen berre er flyfoto tolka, og den er sett til å vere av liten betydning som grusressurs. Området er vist med potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ein brunn i fjell innafor arealet.	Med bakgrunn i at fjellstugu er lokalisert på rygger/eskeren, og av landskapsomsyn, er det lite aktuelt å nytte grusressursen. Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, blir derfor ikkje rekna å ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Soleggen fjellstue ligg langs Meadalsvegen/ Stymmevegen som er privat bomveg. Avlaup går til eige reinseanlegg. Det er opparbeid parkeringsareal på tunet. Bomvegen er brøytt til fjellstugu heile året.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Soleggen har stor verdi for friluftsliv og også som leikeområde både for barn som gjester fjellstugu. Fjellstugu er eigd av Steinerskolen som driv leirskule på staden. Spiterstulen er utgangspunkt for turar til fjell områda ikring både sumar og vinter.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er gode i området Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punkt-symbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Soleggen ligg langs Meadalsvegen/ Stymmevegen som er privat bomveg om lag 7 km frå RV15, og risikoene for trafikk-ulykker ved turisthytta reknast som liten.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for risikoene for trafikk- ulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt nærare med omsyn til snøskredfare (SGC/ Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred i området. Området er elles ikkje vist som utsett for skred. På aktsemndskart frå NVE er det vist flaumfare langs Meadalsbekken i sør, og det er registrert ei dreneringslinje som er rekna å drenere eit areal på 100 dekar langs bekken vest for fjellstugu (InnlandsGIS). Det vil vere avgrensa tilgang på sløkkjevatn, især om vinteren da bekkar og tjern er islagde/har litra vassføring.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen frå 2003, vil ikkje ha betydning for samfunnstryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjons- behandling eller utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiseliv og kommunen som forvaltningsmyndighet, vil det vere positivt med enklare behandlings- prosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang</i> <i>(++)</i> <i>Middels positiv</i> konsekvens

### Samla vurdering:

Soleggen fjellstugu og leirskule var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.

Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.


For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avvegning av reiselivsbedrifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.

Det arealet som vart lagt ut for fritids- og turistformål ved 1. gongs off. høyring omfatta heile GID 35/9 utanom Stymmevegen, og såleis mykje areal som har preg av å vere utmark/ landbruks-areal. 19 daa av dette er dessutan kartlagt som dyrkbar jord. Områda nord og vest for bygningane er kartlagt som viktig naturtype B (viktig). Av omsyn til landbruk og naturverdiar, er det derfor aktuelt å snevre inn arealet som vert utlagt for fritids- og turistformål vesentleg i forhold til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Plankontoret føreslår derfor å snevre inn byggeområdet til i hovudsak å omfatte arealet kring bygningar og opparbeid til gardsplass. Arealet blir såleis føreslege redusert til arealet sør for arealet for naturtyperegistreringa, aust for bekken som renn vest for tunet og nord for Stymmevassvegen i sør. Dette vil da innebere ein reduksjon av arealet for fritids- og turistformål frå 32,5 dekar til 7,9 dekar.

### Konklusjon:


Plankontoret tilrår at området BFT17 ved Soleggjen fjellstue, vert vidareført med eit redusert areal i høyringsforslaget til kommuneplanens arealdel med arealbruksformål "Fritids- og turistformål - Noverande", jf. kart under.



Kart som viser BFT17 ved Soleggjen fjellstue, slik arealet blir føreslege vidareført til 2. gongs off. ettersyn og høyring. Fiolett flate er areal føreslege for fritids- og turistformål. Blå skravering er faresone for flaum.

## 2.45 BFT20: Glitterheim Turisthytte – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilla:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/67 – Punktfeste i Leir- og Bøverdal st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	10,7 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Glitterheim Turisthytte er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Turisthytta er eigd av Den Norske Turistforening Oslo og omegn.	



BFT20 – Glitterheim Turisthytte – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern (nasjonalpark). Svart tett skravering er bandlegging for freda kulturminne. Blå skravering er faresone for flaum.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Glitterheim turisthytte ligg i Jotunheimen nasjonalpark. I artsdata-banken ligg det to registreringar av arter med status NT – nær truga på raudlista: planta <i>Bekkesildre</i> og fuglen <i>Bergirisk</i> . Arealet ligg nær Veo med god bestand av aure. <i>Bergand</i> med kategori VU- sårbar – hekker ved vassdraget.	I nasjonalparken skal inga varig påverknad av naturmiljøet eller kulturminne finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygninga, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Stor negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet ligg på rundt 1385 moh. og er ikkje registrert i markslagsbasen AR5. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift. Området kring turisthytta er kartlagt med særskilt verdi som sommarbeite, men er beiteområde store deler av året. Det går flyttlei for reinen like inntil turisthytta. Sau beiter i området.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygninga og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje bli rekna å ha særleg betydning for tamreindrift og beitebruk. Arealbruk for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil likevel kunne ha negative konsekvensar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg i høgde 1385 moh. nordaust for Veo. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdier med alpint fjellandskap og isbrear. Fleire fjelltoppar har høgde over 2000 meter m.a. Glittertinden.	Verneforskrifta tilseier at landskapet er verna mot inngrep av ein kvar art, jf. punktet naturmiljø og naturmangfald over. Turisthytta ligg svært ope til i landskapet, og utlegging av arealbruks-formål for til rette-legging for auka bygningsmasse vil kunne ha negative konsekvensar for landskapsopplevinga.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert freda kulturminne like sør for turisthytta. Dette er ein hellar med skorstein mura inntil og mellom store steinar. Elles er området kring turisthytta rikt på gamle fangstanlegg for rein.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål vil omfatte areal som ligg nær den freda hellaren, og også vere i strid med verneforskrifta for nasjonalparken.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnen i området er ortopyroksengneis (NGU). Lausmassane er tjukt morenedekkje. Området er kartlagt med potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert ein brunn i lausmassar aust for turisthytta.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Glitterheim ligg ved enden av Veodalsvegen. Veodalsvegen er ein privat bomveg, men denne er stengt for motorisert ved nasjonalparkgrensa om lag 7,5 km aust for turisthytta. Avlaup går til eige reinseanlegg. Det er opparbeid eit større parkeringsareal ved nasjonalparkgrensa. Bomvegen er stengd i vinterhalvåret.	Evt. utleгging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Glitterheim har stor verdi for friluftsliv og også som leikeområde for barn som gjester turisthytta. Turisthytta er utgangspunkt for turar til fjell og breområde i Jotunheimen. Fiske etter aure er forholdsvis lett tilgjengeleg nær turisthytta, og fisken er av god kvalitet.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er svært gode i området. Evt. utleгging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Evt. utleгging av areal for fritids- og turistformål vil ikke ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Trafikktryggleik	Glitterheim ligg ved enden av Veodalsvegen, som er stengt for motorisert ved nasjonalparkgrensa om lag 7,5 km aust for turisthytta. Mange syklar på vegen inn mot hytta, og det er bratt. Det har skjedd sykkelulykke med dødeleg utfall. Risikoen for trafikkulykker ved turisthytta må likevel reknast som svært liten.	Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for tidlegare punktsymbol i planen fra 2003, vil ikkje ha betydning for risikoen for trafikk-ulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at arealet ikkje er utsett for skred eller flaum. Kart frå InnlandsGIS viser ei dreneringsline for overvatn som går tvers gjennom tunet på Glitterheim som er rekna å drenere eit areal på 100-500 m <sup>2</sup> . Ved brann er det liten tilgang på sløkkjevatn.	Ved evt. byggetiltak på turisthytta, må ein ta omsyn til å gjere tiltak for å unngå skadar av overvatn (jf. dreneringslinja. Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, har ikkje betydning for faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling etter plan- og bygningslova eller evt. utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedifta, og for reiselivet, vil det vere positivt med enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak. Bygge- og anleggstiltak vil likevel krevje dispensasjon frå verneforskrifta, og må bli godkjent av vernestyresmakta etter behandling i styret for nasjonalparken. Med omsyn til samordning mellom vernestyresmakt og kommune, vil det vere rett at godkjenning av bygge- og anleggstiltak også blir behandla som dispensasjon etter plan- og bygningslova.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Ubetydeleg konsekvens

**Samla vurdering:**

Glitterheim turisthytte var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.


Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreia. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedrifa sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.

Glitterheim turisthytte ligg i nasjonalpark der inga varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturminne skal finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelte bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.

### Konklusjon:


Plankontoret tilrår at området BFT20 ved Glitterheim turisthytte, skal ha arealbruksføremålet "Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel, jf. kart under.



Kart som viser området ved Glitterheim turisthytte, slik arealet blir føresleie vidareført til 2. gongs off. ettersyn og høyring. Grøn flate er areal for LNFR-formål. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern (nasjonalpark). Svart tett skravering er bandlegging for freda kulturminne. Blå skravering er faresone for flaum.

## 2.46 BFT21: Memurubu Turisthytte – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilla:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/51 – Punktfeste i Leir- og Bøverdal st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	85,9 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Memurubu Turisthytte er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Turisthytta er i privat eige.	



BFT21 – Memurubu Turisthytte – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern (nasjonalpark). Kartet er vist utan faresoner for flaum og skred for å betre lesbarheita.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Memurubu turisthytte ligg i Jotunheimen nasjonalpark. I artsdata-banken ligg det tre registreringar av fuglearter med status NT – nær truga på raudlista: <i>Bergirisk, Taksvale</i> og <i>Fiskemåke</i> . Det er elles registrering av <i>Svartrødstjert</i> med status VU – sårbar – på raudlista. Arealet ligg der Muru renn ut i Gjende med god bestand av aure.	I nasjonalparken skal inga varig påverknad av naturmiljøet eller kulturminne finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygninga, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Stor negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet slik det er lagt inn ved 1. gongs off. høyring og ettersyn ligg på 985-1015 moh., og er ikkje registrert i markslagsbasen AR5. Memurubu er setra til Nedre Sveine (GID 81-4) som fekk feste på seterstulen i 1887. Etter kvart er setra bygd om til turisthytte. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er kartlagt med verdi som beiteområde store deler av året. Det går storfe på beite i området.	Ved 1. gongs off. ettersyn og høyring, vart det også lagt inn seterareal i arealbruksformålet fritids- og turistformål, slik at arealet med byggeformål som skulle avløye punktmarkeringa for turistbedrifta frå planen frå 2003, vart veldig stort. Utlegging av areal som legg til rette for auka bygningsmasse på turisthytta, vil kunne ha negative konsekvensar for beitebruk og tamreindrift.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Turisthytta ligg i høgde om lag 1000 moh. ligg der Muru renn ut i Gjende. Arealet ligg i eit område med store landskapsverdiar med den bregrøne innsjøen Gjende og alpint fjellandskap.	Verneforskrifta tilseier at landskapet er verna mot inngrep av ein kvar art. Utlegging av arealbruksformål for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil kunne vere negativt for landskapsopplevinga.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikke registrert freda kulturminne. I følge bygdebok for Lom, skal det vere att tre gamle steinbuar som før turisthytta kom vart nytta til overnatting, og at ingen veit kor gamle dei er.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål som ved 1. gongs off. høyring, vil tilseie at det blir lagt ut byggeareal ved gamle steinbuar. Det kan vere i strid med verneforskrifta for nasjonalparken.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	På berggrunnskart fra NGU er det berre vist lausmassar der turisthytta ligg området, dette har nok bakgrunn i at . lausmasskart viser at arealet dekt av tjukt lag av morenemateriale. Området er kartlagt med potensiale for grunnvatn i lausmassane i GRANADA. Det er registrert to borebrunnar i fjell opp for turisthytta.	Utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betyding for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Memurubu ligg ved Gjende, og det er rutebåt som går frå Gjendesheim i sumarhalvåret. Det er opparbeid ei større brygge der rutebåten legg til, og turisthytta har eigne bryggjeanlegg for mindre båtar. Avlaup går til eige reinseanlegg. Memurubu har straumfrå eige kraftverk	Evt. utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betyding for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Memurubu har svært stor verdi for friluftsliv og også viktig som leikeområde for barn som gjester turisthytta. Turisthytta er svært sentralt punkt i rutenettet i Jotunheimen, der ho ligg ved turiststigen over Besseggen mot Gjendesheim og over Bukkelegeret mot Gjendebu, og er elles utgangspunkt for turar til fjell og breområde innover Memurudalen. Fiske etter aure er lett tilgjengeleg nær turisthytta, og fisken er av god kvalitet.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er svært gode i området. Evt. utleggning av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen fra 2003, vil ikke ha betyding for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Avlaup blir reinsa i eige reinseanlegg.	Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning for forureining, energi og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Memurubu har ikkje vegforbinding. Risikoen for trafikkulykker ved turisthytta er minimal.	Ingen	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemndskart frå NVE viser at turisthytta er utsett for jord- og flaumskred og snøskred. Området nedfor turisthytta ved Gjende og langs Muru, er på aktsemndskartet vist med flaumfare. Kart frå InnlandsGIS viser ei dreneringsline for overvatn som går tvers gjennom tunet ved turisthytta som er rekna å drenere eit areal på 100- 500 m <sup>2</sup> . Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Muru, men elva har lita vassføring og er islagt om vinteren.	Ved byggesøknadar innafor aktsemnd- område for skred og flaum og fare for skade av overvatn, må det gjerast kartlegging av fare av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare. Ein reknar ikkje at utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for punkt- symbol i kommune- planen frå 2003, har betydning for faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygningar og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjons- behandling etter plan- og bygningslova eller evt. utarbeidning av reguleringsplan.	Byggeområdet ligg ikring turistbedrifta, og for reiselivet, vil det vere positivt med enklaare behandlings- prosess i samband med søknadar om bygge- og anleggstiltak. Bygge- og anleggstiltak vil likevel krevje dispensasjon frå verneforskrifta, og må bli godkjent av verne- styresmakta etter behandling i styret for nasjonalparken. Med omsyn til samordning mellan vernestyresmakt og kommune, vil det vere rett at godkjenning av bygge- og anleggs- tiltak også blir behandla som dispensasjon etter plan- og bygningslova.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Ubetydeleg konsekvens

**Samla vurdering:**

Memurubu turisthytte var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knyttt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knyttt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.


Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avveging av reiselivsbedrifa sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettaast til eit konkret areal.

Memurubu turisthytte ligg i nasjonalpark der inga varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturminne skal finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.

**Konklusjon:**


Plankontoret tilrår at området BFT21 ved Memurubu turisthytte, skal ha arealbruksføremålet "*Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift*" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel, jf. kart under.



Kart som viser området ved Memurubu turisthytte, slik arealet blir føresleget vidareført til 2. gongs off. ettersyn og høyring. Grøn flate er areal for LNFR-formål. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern (nasjonalpark). Kartet er vist utan faresoner for flaum og skred for å betre lesbarheita.

## 2.47 BFT22: Gjendebu Turisthytte – Fritids- og turistformål.

Forslagsstilar:	Lom kommune
Gnr./bnr.	GID 155/1/66 – Punktfeste i Leir- og Bøverdal st.alm.
Dagens formål	Punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003.
Foreslått formål	Fritids- og turistformål - Noverande
Areal	16,8 daa (ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring)
Dyrka mark/dyrkbar jord/Innmarksbeite	0 daa
Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan fra 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren peikar på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiling dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Memurubu Turisthytte er ikkje omfatta av reguleringsplan, og er konsekvensutgreia under. Turisthytta er eigd av Den Norske Turistforening Oslo og omegn. Gjendebu er den eldste av turistforeininga sine turisthytter.	



BFT22 – Gjendebu Turisthytte – slik arealet låg i planforslaget som var til 1. off. ettersyn og høyring. Areala med fritids- og turistformål (fiolett farge) omfatta arealet som er inngjerda kring turisthytta. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern (nasjonalpark). Skrå, grå skravering er omsynssone naturmiljø. Kartet er vist utan faresoner for flaum og skred for å betre lesbarheita.

## Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Gjendebu turisthytte ligg i Jotunheimen nasjonalpark. Arealet er ikkje omfatta av areal med status viktig naturtype i naturbase, men slike område ligg like nord og aust for arealet. Det er rik flora i området, og det inngjerda arealet kring turisthytta som var lagt ut som fritids- og turistformål ved 1. gongs ettersyn og høyring, er kartlagt av Miljøfagleg utredning som naturbeitemark med verdi B. Det drivast skjøtsel ved slått og beiting for å hindre gjengroing og for å oppretthalde artsmangfold både i dette området og i områda aust og vest for turisthytta. I artsdata-banken er det registrering av <i>Apollosommerfugl</i> med status NT – nær truga på raud-lista. Gjendebu ligg ved deltaet der Storåa og Veslåa renn ut i Gjende, og det er god bestand av aure.	I nasjonalparken skal inga varig påverknad av naturmiljøet eller kulturminne finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningene, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (--)</i> Stor negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Arealet slik det er lagt inn ved 1. gongs off. høyring og ettersyn omfatta arealet som er inngjerda kring turisthytta ligg på 985-1000 moh., og er ikkje registrert i markslagsbasen AR5. Det var tidlegare seterdrift i området som opphørte kring 1970. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er kartlagt med verdi som beiteområde store deler av året. Det går mykje storfe på beite i området (i beiterbruksplan frå 2007: 90 storfe).	Utlegging av areal som legg til rette for auka bygningsmasse på turisthytta, vil kunne ha negative konsekvensar for beitebruk og tamreindrift. Storfe som blir frakta med båt over Gjende for å bli slept på beite på Gjendetunga og i Storådalen, blir drive forbi turisthytta. Utlegging av byggeområde og evt. større bygningsmasse og auka grad av privatisering her, vil kunne medføre ulemper for utnytting av beiteressursar i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Landskap	Turisthytta ligg i høgde om lag 990 moh. ved vestenden av Gjende ved deltaet der ved deltaet der Storåa og Veslåa renn ut i innsjøen. Arealet ligg i eit område med svært store landskapsverdiar med den bregrøne innsjøen Gjende og alpint fjellandskap.	Verneforskrifta tilseier at landskapet er verna mot inngrep av ein kvar art. Utlegging av arealbruksformål for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil kunne vere negativt for landskapsopplevinga.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne. Slålien Uppistugu (GID 124-2) hadde frå 1855 seter og tok i mot turistar ved Gjendebu. Hang selte steinbua, Gjendinebue, til DNT som førte opp si første turisthytte ved Gjendebu i 1871. Gjendinebua er knytt til Gjendine Slålien, og Edvard Grieg, og har stor kulturhistorisk verdi.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål som ved 1. gongs off. ettersyn og høyring, vil tilseie at det blir lagt ut byggeareal som også omfattar Gjendinebue, Opning for bygging nær Gjendinebue, kan vere i strid med verneforskrifta for nasjonalparken.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	På berggrunnskart frå NGU er det berre vist lausmassar der turisthytta ligg. Lausmasskart frå NGU viser at arealet dekt av skredmateriale. Området er i GRANADA kartlagt utan potensiale for grunnvatn i lausmassane. Det er registrert ein borebrunn i fjell oppfor turisthytta, og ein brunn i lausmassar ved ei av hyttene som er innagjerd næraast vatnet.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for geologiske og hydrologiske ressursar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Gjendebu ligg ved vestenden av det 2 mil lange Gjendevatnet, og det er rutebåt som går frå Gjendesheim i sumarhalvåret. Det er opparbeid ei større brygge eit stykke vest for turisthytta, der rutebåten legg til. Hytta er ikkje knytt til nett for straumforsyning. Det er ikkje reinseanlegg for avlaupsvatn.	Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda ved Gjendebu har svært stor verdi for friluftsliv, og er også viktig som leikeområde for barn som gjester området. Turisthytta er svært sentralt punkt i DNT sitt rutenett i Jotunheimen, og er elles utgangspunkt for turar til fjell og breområde. Fiske etter aure tilgjengeleg nær turisthytta, og fisk'en er av god kvalitet.	Tilgang på utmarksareal for friluftsliv og leik, er svært gode i området. Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygninga og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for friluftsliv og areal for barn- og unge.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje reinseanlegg for avlaupsvatn. Toalett er utedo, og gråvatn har Gjende som resipient.	Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål vil ikkje ha betydning.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Gjendebu har ikkje vegforbindung. Risiko'en for trafikkulykker ved turisthytta er minimal.	Ingen	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemdeskart frå NVE viser at turisthytta kan vere utsett for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred. Området er på aktsemdeskartet også vist med flaumfare. Det vil vere tilgang på sløkkjevatn frå Gjende, men vatnet er islagt om vinteren.	Ved bygging innafor aktsemdsområde for skred og flaum, må det gjerast farekartlegging av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare. Utlegging av areal til erstatning for punktsymbol, er utan betydning for faresituasjonen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Avgrensing av eit areal for byggeformål kring bygninga og gardsplass ved turisthytta, vil innebere at byggetiltak knytt til turisthytta ikkje vil krevje dispensasjonsbehandling etter plan- og bygningslova eller evt. utarbeidning av reguleringsplan.	For reiselivet, vil det vere positivt med utlegging av byggeareal kring turisthytta som vil medføre ein enklare behandlingsprosess i samband med søknadar om bygge- og anleggs-tiltak. Slike tiltak vil likevel krevje disp. frå verneforskrifta, og må bli godkjent av vernestyremakta (nasjonalstyret). Med omsyn til samordning mellom vernestyremakt og kommune, vil det vere rett at godkjenning av bygge- og anleggs-tiltak også blir behandla som disp. etter PBL.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Ubetydeleg konsekvens

## **Samla vurdering:**

Gjendebu turisthytte var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Punktsymbolet var brukt den gong, da ein planen den gongen var framstilt for å visast på papirkart. Det var ikkje knytt planføresegner til formålet/punktsymbolet.

Ved 1. gongs- offentleg ettersyn og høyring har det kome fleire uttaler knytt til dei arealfigurar som var lagt for fritids- og turistformål ved turistbedriftene som tidlegare hadde punktsymbol.

Statsforvaltaren som har kravd at ei slik utlegging må konsekvensutgreiast. Statsforvaltaren var også oppteken av at det vart lagt inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot verna vassdrag.

For kommune er det sentrale i plansamanheng å avgrense areala kring turisthyttene for fritids- og turistformål til det området som kommunen meiner bør vere byggeområde ut frå avvegning av reiselivsbedifta sitt behov og andre brukarinteresser og verdiar i området. Utgangspunktet har vore at punktsymbolet som var brukt i kommuneplanen frå 2003, skulle omsettast til eit konkret areal.

Gjendebu turisthytte ligg i nasjonalpark der inga varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturmiljø skal finna stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelte bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.

## **Konklusjon:**

Plankontoret tilrår at området BFT22 ved Gjendebu turisthytte, skal ha arealbruksføremålet "Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift" – LNFR- i nytt høyringsforslag til kommuneplanens arealdel, jf. kart under.



Kart som viser området ved Gjendebu turisthytte, slik arealet blir føreslege vidareført til 2. gongs off. ettersyn og høyring. Grøn flate er areal for LNFR-formål. Svart grovt rutenett er bandleggingsområde for naturvern. Skrå skravering er omsynssone naturmiljø. Kartet er vist utan faresoner for flaum og skred for å betre lesbarheita.

### 3. Arealrekneskap.

Nedafor er sett opp eit arealregnskap for alle dei område som er konsekvensutgreia. Det omfattar nye byggeområder og område som er vidareført som utbyggingsområde frå gjeldande plan som ikkje er regulert eller utbygd. Nokre av områda er justert i form og storleik i forhold til innspela eller slik dei har ligge inne i tidlegare plan. Dette er gjort med grunnlag i å søkje å redusere negative konsekvensar av tiltaka.

Konsekvensutgreiinga skal vere eit reiskap for at politikarane eventuelt skal kunne prioritere mellom dei utgreidde områda. Derfor vil truleg ikkje alle dei utgreidde områda vere med i det endelige. Arealrekneskapen under visar først ei bruttoliste som omfattar alle område som er utgreidd. Så er det vist eit arealrekneskap over dei areal som plankontoret har rådd til at blir med i planforslaget som blir lagt ut til første gongs offentleg høyring og ettersyn.

I arealregnskapet er det gjeve tal for kor mykje areal som eventuelt blir nedbygd med omsyn til dyrka areal, innmarksbeite, produktiv skogsmark og dyrkbart areal da dette er sentrale tema med omsyn til vern av produksjonsgrunnlaget i landbruket. Markslagsdatabasen (AR5) er brukt som bakgrunn for inndeling av arealkategoriar i tabellane. Produktiv skog omfattar skog med bonitet låg eller betre. Anna omfattar areal det er bygd på, impediment skog, , samferdselsareal, vassareal mm. «Dyrkbart» er areal som ved oppdyrkning skal halde krava til fulldyrka jord. Datasettet er etablert som et avleia datasett frå kartlagd dyrkbar jord ved etableringa av økonomisk kartverk 1960-1990.

Totalt er følgjande areal omfatta av tiltaka som er konsekvensutgreidd:

Sum areal daa	Dyrka mark daa	Innmarksbeite daa	Produktiv skog daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart - daa
<b>8343,4</b>	<b>23,3</b>	<b>100,4</b>	<b>907,3</b>	<b>7312,4</b>	<b>780,1</b>

Etter konsekvensutgreiinga har ein følgjande fordeling av areal på område som plankontoret foreslår at blir med vidare som framtidige utbyggingsområde eller vidareføring av utbyggingsområde i forslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring av dei område som er utgreidde:

Sum areal daa	Dyrka mark daa	Innmarksbeite daa	Produktiv skog daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart - daa
<b>675,1</b>	<b>3,7</b>	<b>1,7</b>	<b>452,5</b>	<b>217,2</b>	<b>45,7</b>

#### 3.1 Byggeområde for nye bustadar – arealrekneskap.

Areal på alle område som er konsekvensutgreidd:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter/ bueiningar	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BB01_f	Torkjellstugu	2	3,2	3,2	0,0	0,0	0,0	0,0
BB02_f	Haugom	8	12,0	12,0	0,0	0,0	0,0	0,0
BB03_f	Frisvollskogen N.	32	58,9	0,0	0,0	57,8	1,1	49,4
BB04_f	Garmo skule – S.	4	6,4	0,0	6,4	0,0	0,0	0,0
BB05_f	Garmo skule – S.A.	2	3,3	0,0	3,3	0,0	0,0	0,0
BB06_f	Frisvollskogen S.	20	39,4	0,0	14,1	25,3	0,0	0,0
BB07_f	Frisvollskogen V.	8	21,7	0,0	0,0	21,0	0,7	0,0
<b>Totalt</b>		<b>76</b>	<b>144,9</b>	<b>15,2</b>	<b>23,8</b>	<b>104,1</b>	<b>1,8</b>	<b>49,4</b>

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreiling av områda før 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, tilsa at områda BB01\_f, BB02\_f, BB04\_f og BB05\_f ikke vart med i høyringsforslaget som vart lagt ut til høyring. Etter første høyringsrunda, som mellom anna medførte endringar i KU, tilrår plankontoret også at område BB03\_f går ut av planforslaget som skal leggast ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Plankontoret tilrår at område BB06\_f og 13,7 dekar av arealet som er føreslege som område BB07\_f, blir med i planforslaget som vert lagt ut til 2. offentleg ettersyn og høyring.

Ein får da følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyringsforslaget som framtidige byggeområde for bustadbygnad:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter/bueiningar	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BB06_f	Frisvollskogen S.	9	13,7	0,0	0,0	13,7	0,0	0,0
BB07_f	Frisvollskogen V.	8	21,7	0,0	0,0	21,0	0,7	0,0
<b>Totalt</b>		<b>17</b>	<b>35,4</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>34,7</b>	<b>0,7</b>	<b>0,0</b>

### 3.2 Byggeområde for nye fritidsbustadar – arealrekneskap.

Areal på alle område som er konsekvensutgreidd:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter/hytter	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BF01_f	Nordsætrin	40-50	197,6	0,0	0,0	0,0	197,6	197,6
BF02_f	Nordsætrin		85,4	0,0	0,0	0,0	85,4	85,4
BF03_f	Nordsætrin		100,6	0,0	0,0	0,0	100,6	100,6
BF04_f	Nordsætrin	18	15,4	0,0	0,0	0,0	15,4	15,4
BF05_f	Nordsætrin		24,2	0,0	0,0	0,0	24,2	24,2
BF06_f	Svartlia (Haugomteig)	6	39,0	0,0	0,0	0,0	39,0	0,0
BF07_f	Svartlia (Graffersetra)	6	44,4	0,0	14,5	0,0	29,9	0,0
BF08_f	Lunnarpllassen - Hardbakkjen - Svarttjønnkleive	?	263,1	0,0	0,0	0,0	263,1	0,0
BF09_f	Labben (Holm)	10	28,0	0,0	0,0	0,0	28,0	2,4
BF10_f	Meadalssetren (Sandviken)	4	20,2	0,0	0,0	0,0	20,2	0,0
BF11_f	Stymme	?	684,1	0,0	10,0	0,0	674,1	233,0
BF12_f	Nåvårsætervangen	?	747,6	0,0	0,0	242,7	504,9	0,0
BF13_f	Leirhøe-Borgakampen	?	4830,0	0,0	0,0	0,0	4830,0	0,0
BF14_f	Bjønnskardet	48	90,7	0,0	0,0	49,8	40,9	0,0
BF15_f	Gomobreinhauge	?	219,6	0,0	0,0	93,0	126,6	0,0
<b>Totalt</b>			<b>7389,9</b>	<b>0,0</b>	<b>24,5</b>	<b>385,5</b>	<b>6979,9</b>	<b>658,6</b>

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreiling av områda før 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, tilsa at områda BF02\_f, BF03\_f, BF04\_f, BF06\_f, BF07\_f, BF08\_f, BF09\_f, BF10\_f, BF11\_f

og BF13\_f ikkje vart med som byggeområder for fritidsbustadar i høyingsforslaget som vart lagt ut til høyring. Etter første høyingsrunda, som mellom anna medførte endringar i KU, tilrår plankontoret også at område BF01\_f, BF08\_f og BF12\_f går ut av planforslaget som skal leggast ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Ved 1. gongs ettersyn og høyring, kom det inn forslag om å ta inn att eit område ved Gomobreinnaugen som ligg som område for fritidsbustadar i gjeldande kommuneplanen frå 2003. Pga. manglante realisering sidan 2003, var dette området ikkje med i planforslaget som var lagt ut ved den første høyringa til revisjon av planen. Det vart også føreslege noko utviding av arealet nordover. Området er no konsekvensutgreidd som område BF15\_f. Konsekvensutgreiinga tilseier at plankontoret ikkje tilrår at område BF15\_f vert med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring

Plankontoret tilrår at område BF05\_f og BF14\_f, vert lagt ut til 2. offentleg ettersyn og høyring som byggeområder for fritidsbustadar.

Ein får da følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyingsforslaget som framtidige byggeområder for fritidsbustadar:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter/ hytter	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BF05_f	Nordsætrin	10	24,2	0,0	0,0	0,0	24,2	24,2
BF14	Bjønnskardet	48	90,7	0,0	0,0	49,8	40,9	0,0
<b>Totalt</b>		<b>58</b>	<b>114,9</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>49,8</b>	<b>65,1</b>	<b>24,2</b>

Det vert gjeve opning også for å tillata noko hyttebygging i område BF06\_f, men da alternativ føreslege utlagt med arealbruksformål LNFR med spreidd fritidsbustad. Utbygging her blir føreslege avgrensa med inntil 2 nye hytter i Haugoms teig i Svartlia. Dette føreset bygging av hytter av enkel standard utan innlagt vatn og avlaup. Ein viser til nytt arealrekneskap for dette i kap. 3.4 med arealrekneskap for LNFR-F01 med spreidd fritidsbygnad.

### 3.3 LNF med spreidd bustadbygnad – arealrekneskap.

Det er berre eit område som er konsekvensutgreidd og som også blir vidareført i høyingsforslaget som framtidig område for LNF med spreidd bustadbygnad ved 2. offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Tal på nye tomter	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
LNF-B01	Flatmovegen	3	44,8	0,0	0,0	36,0	8,8	0,0
<b>Totalt</b>		<b>3</b>	<b>44,8</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>36,0</b>	<b>8,8</b>	<b>0,0</b>

### 3.4 LNFR med spreidd fritidsbygnad – arealrekneskap.

Som det går fram av kapitelet framføre og konsekvensutgreiinga, vert det gjeve opning for å tillata noko hyttebygging i området konsekvensutgreidd som BF06\_f, men da alternativ føreslege utlagt med arealbruksformål LNFR med spreidd fritidsbustad. Utbygging er avgrensa med inntil 2 nye hytter i Haugoms teig i Svartlia. Dette føreset bygging av hytter av enkel standard utan innlagt vatn og avlaup i området. Dette vert vidareført til 2. offentleg ettersyn og høyring.

Ein har følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyringsforslaget som framtidige LNFR-område med spreidd fritidsbygnad ved 2. offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Tal på tomter/hytter	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
LNFR-F01	Svartlia (Haugom-teig - del av BF06_f)	2	14,8	0,0	0,0	0,0	14,8	0,0
<b>Totalt</b>		<b>2</b>	<b>14,8</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>14,8</b>	<b>0,0</b>

### 3.5 Bygeområde for næringsformål – arealrekneskap.

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreining av områda ved 1. offentleg ettersyn og høyring, tilsa at område BN02\_f, ikkje vart med blant område som vart med i høyringsforslaget. Dette var først og fremst grunngjeve med konflikt med føreslege arealbruk på tilgrensande areal for framtidig bustadformål (BB03\_f). Da plankontoret rår til at arealet på naboteigen ikkje vert lagt ut som bustadområde (BB03\_f) som ved 1. off. ettersyn og høyring, tilrår plankontoret at området BN02\_f i Frisvollskogen, vert teke inn at og blir med som bygeområde for næringsbygnad ved 2. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforlaget.

Ein har følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyringsforslaget som framtidige bygeområde for næringsformål til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BN01	Lågkollen vest	Næring	119,4	0,0	0,0	106,6	12,8	0,0
BN02_f	Frisvollskogen N	Næring	10,5	0,0	0,0	10,5	0,0	10,5
BN03_f	Lågkollen vest – utvid.	Næring	75,5	0,0	0,0	73,8	1,7	0,0
<b>Totalt</b>			<b>205,4</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>190,9</b>	<b>14,5</b>	<b>10,5</b>

### 3.6 Bygeområde for fritids- og turistformål – framtidig - arealrekneskap.

Ved 1. gongs ettersyn og høyring, kom det inn to forslag om å ta inn nye område for fritids- og turistformål, i tillegg til BFT01\_f og BFT02\_f som var konsekvensutgreidd til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Føljande areal er da konsekvensutgreidd for vurdering som framtidig areal for fritids og turistformål:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BFT01_f	Konglehaugen	Reiseliv og båtsport	2,2	0,4	0,0	0,0	1,8	0,0
BFT02_f	Raubergstulen vest	Reiseliv	4,1	0,0	0,0	0,0	4,1	2,3
BFT03_f *	Brimi Fjellstugu	Reiseliv/veg	1,5	0,0	0,0	0,0	1,5	0,5
BFT04_f	Storhaugen gard	Reiseliv	130,6	0,0	0,0	105,9	24,7	6,3
BFT05_f	Storhaugen gard	Reiseliv	8,3	0,0	0,7	7,6	0,0	0,6
BFT06_f	Storhaugen gard	Reiseliv	54,5	0,0	42,8	9,2	2,5	31,7
BFT07_f	Storhaugen gard	Reiseliv	7,0	0,0	7,0	0,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>208,2</b>	<b>0,4</b>	<b>50,5</b>	<b>122,7</b>	<b>34,6</b>	<b>41,4</b>

- Som kompensasjon vert areal med "Fritids- og turistformål – Noverande" vest for Brimi fjellstugu redusert med 1,5 daa og tilbakeført LNFR. Alt areal her (1,5 daa) er kartlagt som dyrkbart.

Forslaget om område BFT03\_f kom fra Brimi Fjellstugu som ønskjer utlegging av eit areal på 1,5 daa, for bygging av garasje/lagerbygg på motsett side av setervegen sør for fjellstugu. Forslaget fra fjellstugu var at det skulle skje ved ei tilsvarende nedkorting av arealet for "Fritids- og turistformål – Noverande" vest for fjellstugu. Området er konsekvensutgreidd som område BFT03\_f. Konsekvensutgreiinga tilseier at plankontoret tilrår at område BFT03\_f vert med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Forslaget om areal for framtidig areal for fritids- og turistformål som er konsekvensutgreidd som BFT04\_f, BFT05\_f, BFT06\_f og BFT07\_f, kom fra eigaren av Storhaugen gard, og omfatta eit areal på om lag 200 daa. Areala ligg inntil og var føreslege som tilleggsareal til dei om lag 89 daa Storhaugen gard som ligg i planforslaget som eksisterande areal for same formål (vidareført frå kommunedelplan for Galdsanden- Raubergstulen). Konsekvensutgreiinga tilseier at plankontoret tilrår at område BFT04\_f og BFT05\_f vert med i forslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, men begge er noko avkorta i forhold til forslaget fra grunneigar.

Det er da fem område for framtidig byggeareal for fritids- og turistformål som er konsekvensutgreidd og som blir med vidare i høyringsforslaget ved 2. gongs offentleg høyring og ettersyn:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BFT01_f	Konglehaugen	Reiseliv og båtsport	2,2	0,4	0,0	0,0	1,8	0,0
BFT02_f	Raubergstulen vest	Reiseliv	4,1	0,0	0,0	0,0	4,1	2,3
BFT03_f *	Brimi Fjellstugu	Reiseliv/veg	1,5	0,0	0,0	0,0	1,5	0,5
BFT04_f**	Storhaugen gard	Reiseliv	108,4	0,0	0,0	91,0	17,4	6,3
BFT05_f**	Storhaugen gard	Reiseliv	7,1	0,0	0,1	7,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>123,3</b>	<b>0,4</b>	<b>0,1</b>	<b>98,0</b>	<b>24,8</b>	<b>9,1</b>

\* Som kompensasjon vert areal med "Fritids- og turistformål – Noverande" vest for Brimi fjellstugu redusert med 1,5 daa og tilbakeført LNFR. Alt areal her (1,5 daa) er kartlagt som dyrkbart.

\*\* Redusert i forhold til forslag fra grunneigar.

### 3.7 Bygeområde for fritids- og turistformål – noverande - arealrekneskap.

Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, var lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Ved høyringa peika Statsforvaltaren på at dette er ein endring av plan som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Det har medført at 11 område i tilknyting til eksisterande turisthytter no er konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga omfatta følgjande turisthyttene/turisthotell og areal slik det låg ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BFT07	Krossbu	Turisthytte	7,9	0,0	0,0	0,0	7,9	0,0
BFT08	Bøverton	Turisthytte/ reiseliv	19,3	0,0	0,0	0,0	19,3	0,0
BFT09	Jotunheimen Fjellhotell	Turisthotell	14,4	0,0	0,0	0,0	14,4	0,0
BFT10	Leirvassbu	Turisthytte	17,1	0,0	0,0	0,0	17,1	0,0
BFT11	Elveseter Hotell	Turisthotell	18,3	1,4	0,0	0,0	18,3	0,0
BFT14	Røisheim	Turisthotell	9,0	0,0	0,0	0,0	9,0	0,0
BFT15	Spiterstulen	Turisthytte	32,5	0,0	0,0	0,0	32,5	0,0
BFT17	Soleggen Fjellstugu	Turisthytte/ leirskule	38,7	0,0	0,0	0,0	38,7	19,0
BFT20	Glitterheim	Turisthytte	10,7	0,0	0,0	0,0	10,7	0,0
BFT21	Memurubu	Turisthytte/ seter	85,9	0,0	0,0	0,0	85,9	0,0
BFT22	Gjendebu	Turisthytte	16,8	0,0	0,0	0,0	16,8	0,0
<b>Totalt</b>			<b>270,6</b>	<b>1,4</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>269,2</b>	<b>19,0</b>

Turisthytter som ligg i Jotunheimen nasjonalpark vert ikkje tilrådd lagt ut med fritids- og turistformål som ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, men vert tilrådd lagt ut med arealbruksformål LNFR. Innafor nasjonalpark skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturminne, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelte bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, vil derfor vere i strid med verneforskrifta. Dette gjeld Glitterheim turisthytte (utgreidd som BFT20), Memurubu turisthytte (utgreidd som BFT21) og Gjendebu turisthytte (utgreidd som BFT22).

Etter konsekvensutgreiinga foreslår plankontoret at 8 av områda vert vidareført som areal for fritids- og turistformål til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
BFT07	Krossbu	Turisthytte	5,0	0,0	0,0	0,0	5,0	0,0
BFT08	Bøverton	Turisthytte/ reiseliv	9,2	0,0	0,0	0,0	9,2	0,0
BFT09	Jotunheimen Fjellhotell	Turisthotell	8,8	0,0	0,0	0,0	8,8	0,0
BFT10	Leirvassbu	Turisthytte/ parkering	6,4 + 2,6	0,0	0,0	0,0	9,0	0,0
BFT11	Elveseter Hotell	Turisthotell	15,4	0,0	0,0	0,0	15,4	0,0
BFT14	Røisheim	Turisthotell	9,0	0,0	0,0	0,0	9,0	0,0
BFT15	Spiterstulen	Turisthytte/ parkering	15,0 + 5,6	0,0	0,0	0,0	20,6	0,0
BFT17	Soleggen Fjellstugu	Turisthytte/ leirskule	7,9	0,0	0,0	0,0	21,2	0,7
<b>Totalt</b>			<b>84,9</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>84,9</b>	<b>0,7</b>

KU har medført at alle utanom Røisheim, har fått reduksjon i arealet som er lagt ut med byggeformål fritids- og turistformål. Ved Leirvassbu og Spiterstulen er noko av det arealet som vart utgreia for byggeformål lagt ut som parkering.

### **3.8 Byggeområde for offentleg tenesteyting– arealrekneskap.**

Areal på område som er konsekvensutgreidd til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrbart daa
BOP01_f	Garmo kyrkje	Parkeringsplass	3,0	3,0	0,0	0,0	0,0	0,0
BOP02_f	Garmo kyrkje	Kyrkjegard	0,5	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>3,5</b>	<b>3,0</b>	<b>0,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Grunneigar er ikkje interessert i å selje areal av dyrka mark til parkering. Dette saman med styrka vektlegging av jordvern, tilseier at plankontoret tilrår å ta ut arealet som vart føreslege nytta til parkering. Kommunen saman med kyrkjekontoret utarbeidar i staden ein plan for tilrettelegging av nokre fleire parkeringsplassar på arealet som i dag er kommunal eigedom, og tek BOP01\_f ut av planforslaget.

Det er da berre eit areal som vert vidareført i høyringsforslaget som framtidig område for offentleg tenesteyting til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrbart daa
BOP02_f	Garmo kyrkje	Kyrkjegard	0,5	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>0,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

### **3.9 Område for idrett (skytebaneanlegg) – arealrekneskap.**

Areal på område som var konsekvensutgreidd ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrbart daa
BIS01-02	Lia skytebane	Leirduebane	30,0	0,0	0,0	30,0	0,0	0,0
BIS03 -04	Lia skytebane	Riflebane	25,0	0,0	0,0	25,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>55,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>55,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreiing av områda til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, tilsa at område som omfattar riflebana BIS03-04 ikkje vart med i planforslaget som vart lagt ut til høyring.

Plankontoret tilrår at område som omfattar leirduebane BIS01-02, vert vidareført til 2. offentleg høyring og ettersyn som utbyggingsområde for idrettsformål:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrbart daa
BIS01-02	Lia skytebane	Leirduebane	30,0	0,0	0,0	30,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>			<b>30,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>30,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

### 3.10 Område for samferdselsanlegg: Gang- og sykkelvegar – arealrekneskap.

Det var ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring konsekvensutgreidd fire strekningar med offentleg gang- og sykkelveg langs RV15. Desse blir vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, men med nokre endringar.

Sidan 1. gongs off. ettersyn og høyring er traseen for gang- og sykkelvegen GSV02 – Ekre til Skjåk grense - flytta frå nordsida til sørsida av RV15, mellom anna for å spare dyrka mark. Gang- og sykkelvegstrekninga GSV02 er no rekna å medføre nedbygging av om lag 2,2 daa dyrka mark og 0,8 daa innmarksbeite. Det er ein reduksjon i forhold til det 1. planforslaget, der det var rekna at 5,6 dekar dyrka mark vart råka medan talet for innmarksbeite var det same (0,8 daa).

Sidan 1. offentleg ettersyn og høyring har ein justert ned noko det arealet som er rekna med trøngst for å bygge gang- og sykkelvegen GSV01 – Nissegarden til Ekre - ved at ein har redusert breidda for traseen der utbygginga råkar dyrka mark.

Ein har følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyringsforslaget som framtidige byggeområde for næringsformål til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Arealet omfattar anslag for tilleggsareal til eksisterande offentleg veggrunn som trengst for bygging av nye gang- og sykkelvegar:

Nr.	Områdenamn	Type	Km. GSV	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrbart daa
GSV01	RV15 Nissegarden – Ekre	Gang/ sykkelveg	1,0	4,7	0,6	0,3	3,8	0,0	0,5
GSV02	RV15 Ekre – Skjåk grense	Gang/ sykkelveg	1,9	6,7	2,2	0,8	1,0	2,7	0,7
GSV03	RV15 Garmo Ø - Byrgrenda	Gang/ sykkelveg	1,3	6,1	0,5	0,0	5,0	0,6	0,0
GSV04	RV17 Knut Hamsuns veg - Garmo Bygdahus	Gang/ sykkelveg	0,8	3,6	0,0	0,0	3,3	0,3	0,0
<b>Totalt</b>			<b>5,0</b>	<b>21,1</b>	<b>3,3</b>	<b>1,1</b>	<b>13,1</b>	<b>3,6</b>	<b>1,2</b>

## 4. Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget.

Samla konsekvensutgreiinga for kommuneplanens arealDEL, er ei overordna omtale av planframlegget sine konsekvensar for miljø og samfunn når det gjeld arealformål og utredningstema. Samla verknader av planforslaget er det «avtrykket» forslaga til endra arealbruk i planforslaget set att for relevante miljø- og samfunnsforhold. Tema som er omtalt er dei same som er i KU-skjema for dei enkelte områda.

### 4.1 Naturmiljø og naturmangfold - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Forvaltningslova § 17 seier at forvaltningsorganet skal sjå til at sakene er så godt opplyst som råd før vedtak treffast. Dette medfører plikt til også å utgreie og vurdere konsekvensane vedtaket får for naturmangfaldet. Dette er nærmere nedfelt i Naturmangfaldlova (nml.) kapitel II, §§ 8–12. Det gjeld anten eit vedtak gjerast med heimel i naturmangfaldslova eller andre lover. Et grunnleggande krav i desse lovparagrafane er at alle vedtak skal bygge på kunnskap om naturmangfaldet og korleis eit planlagt tiltak påverkar naturmangfaldet (§ 8). Ved vurderinga av om et tiltak skal tillatast eller ikkje, skal prinsippa (§§ 8-12) bli lagt til grunn som retningsliner ved skjønsutøvinga, jf. § 7. Det skal bli gjort ei vurdering av den samla belastninga som naturmangfaldet blir, eller vil bli, utsett for (§ 10). Kostnadene ved miljøforringing som vedtaket eventuelt medfører, skal dekkast av tiltakshavar (§ 11). Det skal bli lagt vekt på miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikkar og lokalisering (§ 12). Veit ein lite om verknadane av tiltaket, skal føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt i saken (§ 9).

Det skal etter § 8 i nml.. gjerast ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget som er bakgrunn for utgreiinga av forslag til ny arealbruk i kommuneplanforslaget. Kunnskapsgrunnlaget knytt til, baserer seg i hovudsak på offentleg tilgjengeleg kartinformasjon og tematiske datasett som samanstillast med dette tilsvarende data som ligg i InnlandsGIS, flybilete (nye og gamle), samt lokalkunnskap og synfaringar av dei fleste områda som er føreslege.

Føre-var-prinsippet jf. § 9 i nml. skal nyttast når man ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap til å vite kva verknader ei avgjerd vil ha for naturmangfaldet. Føresegnene til planen, legg opp til at det må utarbeidast reguleringsplanar for dei fleste av utbyggingsområda før utbygging. Krav/vurdering av behov for vidare undersøkingar er nedfelt i planføresegnene til kommuneplanens arealDEL, og må da takast inn som ein føresetnad ved utarbeiding av planprogram i samband med reguleringsplanarbeida. Det kan mellom anna bli stilt krav om arkeologiske undersøkingar, støyanalysar, overvassplan, utgreiing av løysingar for vatn/avlaup m.m. Dette går i hovudsak på forhold enn naturmiljøet, og ein finn at det ikkje knyter seg slike usikkerheiter til kunnskapen knytt til naturmangfald og biologisk mangfald til områda, slik at føre-var-prinsippet ikkje trer inn for her å utsette eller unnlata å gjere vedtak i saka.

Kunnskapsgrunnlaget for dei enkelte områda som er vurderte i konsekvensutgreiinga er vist i tabell på neste side. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane ein skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealDEL.

Områder som vart konsekvensutgreidd til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Område	Namn	Type areal	Kunnskapsgrunnlag
BB01_f	Torkjellstugu	Dyrka mark	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Synfaring 2020.
BB02_f	Haugom	Dyrka mark	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Synfaring 2020.
BB03_f	Frisvollskogen N.	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Utgreiingar og synfaringar ved reguleringsplanarbeid 2014/2015.
BB04_f	Garmo skule S	Innmarksbeite	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BB05_f	Garmo skule SA	Innmarksbeite	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BB06_f	Frisvollskogen S.	Innmarksbeite/ skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BB07_f	Frisvollskogen V.	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BF01_f	Nordsætrin	Fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaringar 2018 og 2020.
BF02_f	Nordsætrin	Hei/myr	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaringar 2018 og 2020.
BF03_f	Nordsætrin	Fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaringar 2018 og 2020.
BF04_f	Nordsætrin	Dyrkingsfelt/ fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2018.
BF05_f	Nordsætrin	Fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2018.
BF06_f	Svartlia (Haugomteig)	Fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020.
BF07_f	Svartlia (Graffersetra)	Seterkve/fjell-skog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020.
BF08_f	Lunnarpl. – Hardb. Svartjønnkleive	Skog/fjellskog/ hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020.
BF09_f	Labben (Holm)	Fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BF10_f	Meadalsetren (Sandviken)	Skog/seter-landskap	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BF11_f	Stymme	Setre/fjellskog/hei/ myr	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020.
BF12_f	Nåvårsætervangen	Skog/ seterlandskap	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020.
BF13_f	Leirhø-Borgakampen	Fjellskog/hei/ fjell	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2019 og 2020.
BF14_f	Bjønnskardet	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Utgreiingar/synfaringar ved planarbeid 2009/2014.
BFT01_f	Konglehaugen	Landbruk/ vassdrag	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2019.
BFT02_f	Raubergstulen vest	Open fastmark	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete
BIS01_f- BIS02_f	Skytebane Lia (leiriduebane)	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2019.
BIS03_f- BIS04_f	Skytebane Lia (leiridue/riflebane)	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2019.
BN01 og BN03_f	Lågkollen vest	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020 og 2021.
BN02_f	Frisvollskogen N	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
LNF-B01_f	Flatmovegen	Skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BOP01_f- BOP02_f	Garmo kyrkje	Innmarksbeite	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2020 og 2022.
GSV01_f	RV15 Nissegarden - Ekre	Vegareal/skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
GSV02_f	RV15 Ekre - Skjåk	Vegareal/skog/dyrka	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
GSV03_f	RV15 Byrgrenda	Vegareal/skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
GSV04	RV15 Garmo b.hus	Vegareal/skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.

Områder som vart konsekvensutgreidd til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring:

Område	Namn	Type areal	Kunnskapsgrunnlag
BF15_f	Gomobreinnhaugen	Skog/snaumark	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2021.
BFT03_f og SV01_f	Brimi Fjellstugu	Seterlandskap	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT07	Krossbu	Turisthytte/høgfjell	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT08	Bøverton	Turisthytte/ reiseliv	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT09	Jotunheimen Fjellhotell	Turisthotell/ fjellskog/hei	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT10	Leirvassbu	Turisthytte/ parkering/høgfjell	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT11	Elveseter Hotell	Turisthotell/kulturlandskap/skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2021.
BFT14	Røisheim	Turisthotell/kulturlandskap/skog	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete. Synfaring 2021.
BFT15	Spiterstulen	Turisthytte/ parkering/høgfjell	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT17	Soleggen Fjellstugu og leirskule	Turisthytte/ leirskule/seterlandskap	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT20	Glitterheim	Turisthytte/høgfjell	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT21	Memurubu	Turisthytte/fjellskog /seter/vassdrag	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.
BFT22	Gjendebu	Turisthytte/fjellskog /seter/vassdrag	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilete.

For dei 7 områda som utgreidd for framtidig bustadbygging (BB01\_f - BB07\_f), går det fram av konsekvensutgreiinga at det ikkje er areal som er registrert som verdifull naturtype, og heller ikkje er påvist, freda, truga eller sårbare artar. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for desse områda til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for vedtak knytt til kommuneplanen.

For dei 15 områda som utgreidd for framtidig byggeområde for fritidsbustadar (BF01\_f – BF15\_f), går det fram av konsekvensutgreiinga at to av dei utgreidde områda (BF09\_f og BF11\_f) omfattar areal som er registrert som verdifull naturtype og der det dessutan er påvist truga eller sårbare artar. For område BF09\_f ved Labben seter, er den nedre delen som strekk seg om lag 35 m opp frå vegen, registrert som del av verdifull naturtype – artsrik vegkant –med verdi B. For område BF11\_f – Stymme – ligg både det tidlegare dyrka areala på Andbergsgammel- øygarden, areal kring setrene på Stymme og myrområdet mellom Stymmevegen og Myrskardet, i Naturbase som viktig naturområde merd verdi B. Dette har bakgrunn i registreringar av kravfulle og sjeldne planteartar (4 artar nær truga). Det er i område BF11\_f dessutan registrert 4 planteartar som er nær truga (NT) og 26 såkalla ansvarsartar, på areal som ligg utanom areal som er registrert som viktig naturtype. Mellom anna med bakgrunn i omsyn til naturmangfaldet, har plankontoret rådd til at områda BF09\_f og BF11\_f ikkje vert med i planforslaget som skal ut til offentleg høyring og ettersyn.

I eit av dei utgreia områda BF13\_f – Leirhøe-Borgarkampen – er det i arts-databanken registrert 9 planteartar som har status LC (livskraftig) og 1 art som har kategori NT (nær truga) på den norske raudlista. Dette området er stort, om lag 4830 dekar, og det kan stillast spørsmål om vidare registreringsarbeid kunne medført enda fleire funn av artar på raudlista eller andre verdiar knytt til naturmangfold. Med bakgrunn av ei rekke med negative konsekvensar for dei tema som er utgreidd, har plankontoret ikkje rådd til at område BF13\_f vert med i planforslaget som skal ut til offentleg høyring og ettersyn. Plankontoret har derfor ikkje har gått nærmere inn på spørsmålet om eventuelt behov for å gjere grundigare registreringar når det gjeld naturmangfold i område BF13\_f i samband med kommuneplanarbeidet, eller gjort nærmere vurderingar om føre-var-prinsippet her slår inn (nml. § 9).

Med unntak av det som er nemnt for område BF13\_f over, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfold for alle dei andre områda som er utgreidd som eventuelle framtidig byggeområde for fritidsbustadar, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn for desse områda på dette plannivået. Kommuneplanforslaget set dessutan krav om utarbeiding av reguleringsplan for byggeområde for fritidsbustadar som eventuelt blir vidareført som resultat av kommuneplanbehandlinga. Krav om grundigare undersøkingar med omsyn til naturmangfaldet, kan da evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeid for det enkelte område.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert tre område for framtidig arealbruk for fritids- og turistformål, BFT01\_f ved Konglehaugen i Lia, BFT02\_f som tilleggsareal til Raubergstulen turisthytte og BFT03\_f som tilleggsareal til Brimi Fjellstugu. I desse områda er det ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype, og heller ikkje er påvist, freda, truga eller sårbare artar. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfold for områda som er utgreidd for eventuelle framtidige byggeområde for fritids- og turistformål, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert 11 område for arealbruk for fritids- og turistformål kring eksisterande turisthytter. Tre av turisthyttene ligg i Jotunheimen nasjonalpark, og vert ikkje tilrådd lagt ut med fritids- og turistformål ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Dette gjeld Glitterheim turisthytte (utgreidd som BFT20), Memurubu turisthytte (utgreidd som BFT21) og Gjendebu turisthytte (utgreidd som BFT22). Innafor nasjonalpark skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, landskap eller kulturminne, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Området er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelte bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Utlegging av areal for byggeformål som fritids- og turistformål kring bygningar, vil derfor vere i strid med verneforskrifta.

Ved BFT17 - Soleggen fjellstugu og leirskule - er arealet nord for bygninga og gardsplass, registrert som viktig naturtype (B). Dette var med i areal for fritids- og turistformål ved 1. offentleg ettersyn og høyring, men er no teke ut og ligg som LNFR. Byggeområdet er her ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, i hovudsak føreslege avgrensa til området kring bygninga og gardstun.

For dei andre turisthyttene Krossbu (BFT07), Bøverton (BFT08), Jotunheimen Fjellhotell (BFT09), Leirvassbu (BFT10), Elveseter Hotell (BFT11), Røisheim Hotell (BFT14) og Spiterstulen (BFT15), er det ikkje areal som er naturtyperegistrert. På alle desse er det registrert ein eller fleire artar som ligg som med status truga eller nær truga i raudlista innafor det arealet som var omfatta av arealbruksformålet fritids- og turistformål ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Alle desse turistbedriftene utanom Røisheim Hotell, er lagt ut med mindre byggeareal enn ved 1. høyring. Ved avgrensing av byggeområdet for fritids- og turistformål, er arealet forsøkt lagt utanom registreringane eller der ein ut frå flybilde tolkar at til dømes kan utelokke at arealet er veksestad for planter. Der det er registreringar av fuglar på raudlista, er det gjort vurderingar om arten hekkar innafor området eller berre er registrert innafor arealet/nær turisthytta. Krossbu, Bøverton og Jotunheimen Fjellhotell har registreringar av taksvale (NT – nær truga) innafor arealet, og her er det truleg hekking knytt til bygningane. Ei har likevel av den grunn, ikkje teke ut alt byggeformål ved desse turistbedriftene, men det er viktig at svalene takast omsyn til ved renovering og vedlikehald av bygningane. Ved Elveseter Hotell og ved Røisheim Hotell, er det registreringar av *Alvesmyger*. Denne sommarfuglen står som sterkt truga på den norske raudlista. I artsdatabanken er arten omtalt med tilbakegang i Norge, og at den har på det nærmeste har blitt borte frå Sørlandet og låglandet på Østlandet, men held stand i indre strøk på Østlandet, indre deler av Vestlandet, og frå Jotunheimen til sørlege deler av Dovre. Arten held til i solrike urer og steinete skrånningar med rik vegetasjon av urter. I Jotunheimen finnes den over tregrensa til ca. 1200 m i sørskrånningane. Ein har på bakgrunn av dette, ikkje teke ut alt byggeformål ved desse turistbedriftene med grunnlag i førekomsten av sommerfuglarten.

Det er konsekvensutgreia område for mogeleg framtidig skytebaneanlegg i Lia. Det er to alternativ som er utgreia, eit som omfattar eit anlegg for leirdueskyting (BIS01-BIS02) og eit anlegg som omfattar både leirduebane og riflebane.(BIS01-BIS04). I desse områda er det ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype, og heller ikkje er påvist, freda, truga eller sårbare artar. Det er utført støyanalyse for dei ulike typar av anlegg. Skytebanestøy vil i tillegg til å forstyrre menneske, også forstyrre dyre- og fuglelivet. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfold for områda som er utgreidd for eit eventuelt framtidig ar. Dskytebaneanlegg i Lia, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert tre område for framtidig næringsbygnad. BN01 og BN03\_f – ligg inntil kvarandre og er kalla Lågkollen vest. BN01 ligg inne i gjeldande kommuneplan (SB6), men er ikkje regulert eller bygd ut, medan BN03\_f er nytt og omfattar forslag om utviding av dette næringsområdet mot aust/søraust. Det siste BN02\_f – Frisvollskogen N – er nytt. I desse områda er det ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype, og heller ikkje er påvist, freda, truga eller sårbare artar. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfold for områda som er utgreidd for eventuelle framtidig næringsområde, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert eit nytt område for LNF med spreidd bustadbygnad, LNF-B01-ved Flatmovegen i Lia. Det er i dag 3 bustadtomter i dette området som er utlagt etter dispensasjonsbehandling, og planforslaget opnar for tre tomter til. I dette området er det ikkje areal som er registrert som verdifull naturtype, og heller ikkje er påvist, freda, truga eller sårbare artar. Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfold for område

LNF-B01, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Areala som er omfatta av forslaga for bygging av gang- og sykkelvegar i planen (GSV01 – GSV04), ligg inntil riksveg 15, og det er ikkje påvist særlege naturverdiar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaka. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeida. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge traseane for gang- og sykkelvegane inn som forslag til kommuneplanens arealdel.

§ 10 i nml. set krav om økosystemtilnærming og vurdering av samla belastning. Ut frå §12 i nml. skal ein mellom anna vurdere alternativ lokalisering, dersom det er konfliktar i forhold til naturverdiar. Ei samla vurdering av verknadar for naturmiljø og naturmangfold for alle utbyggingstiltak er ganske komplisert. Ved vurderinga av mogelege utbyggingsområde, er det tatt omsyn til områda sin verdi for dyre- og planteartar. Kommunen har store utmarksområde, og leve- og beiteområda som er kartlagde for ulike viltartar dekkjer store delar av desse. Når det gjeld hjortevilt, har det blitt mykje meir elg, rådyr og især hjort, sidan kommunen utarbeidde viltkartet i 1995. Desse har også større leveområde enn før, og artane er nå vanleg overalt i kulturlandskapet, og førekjem i større tal også opp mot og i fjellet. Villrein finnast i Reinheimen og i Breheimen, og er omfatta av regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026. I planen er det sett av areal som nasjonalt villreinområde med randsoner. Desse er avlagt som omsynssoner i kommuneplanforslaget. Heile 59 % av arealet i Lom kommune er underlagt vern i medhald av naturmangfaldslova som nasjonalpark (52 %), landskapsvernområde (6 %) eller naturreservat (1 %). Desse er avlagt som bandleggingssonar på plankartet. I planforslaget er det ikkje føreslelse utbyggingsområde som omfattar verneområde eller villreinens leveområde eller randsonene til denne.

I tillegg er områder som ligg kartlagt som viktig naturtype i Naturbase avsett som omsynssoner på kartet, der desse ikkje er omfatta av vern etter naturmangfaldslova. Alt i alt har ein i størst mogeleg grad styrt unna verdifulle naturområde ved forslag av nye utbyggingsområde.

Ei oppsummering av dei vurderingar som er gjort av utbyggingsområda i forhold til naturmangfaldlova §§ 8 -12 om *kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*, er at plankontoret meiner at krava som er sett i lova å vere er oppfylt for dette plannivået. Ei samla vurdering er at ein gjennom kommuneplanforslaget, ikkje legg opp til ei utbygging som i vesentleg grad går ut over naturmangfaldet og som ikkje gjev ei stor samla belastning.

## 4.2 Jord og skogbruk.

Kommunen forsøker så langt det er mogeleg å følgje opp dei nasjonale målsettingane og legg opp til en restriktiv haldning til nedbygging av dyrka jord, dyrkbar jord og skogsareal av god bonitet. Areal som var føreslelse som utbyggingsområde for bustadar i Øvergrende, BB01\_f og BB02\_f, og som omfatta 15,2 dekar dyrka mark, har plankontoret føreslelse teke ut av planforslaget.

For dei areala som plankontoret gjer framlegg om at blir vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring som utbyggingsområde etter konsekvensutgreiingane, viser arealrekneskapen at omfattar totalt 3,7 dekar dyrka mark og 1,7 dekar innmarksbeite. Produktiv skog som blir råka av areal som blir

føreslege vidareført som utbyggingsområde, omfattar 452,5 dekar, men er i all hovudsak skog av låg bonitet.

Det er forslaga om utbygging av gang- og sykkelvegar som legg størst beslag på dyrka mark, samla 3,3 dekar og 1,1 dekar innmarksbeite. Planforslaget omfattar i alt bygging av 5,0 km gang- og sykkelveg. Areala som blir råka ligg inntil eksisterande riks- og fylkesveg, og omfattar berre smale stripa med dyrka jord nedst på jordet til den enkelte gard. Ingen gardsbruk mistar store arealressursar som følge av forslaga, og anlegga vil i svært liten grad medføre därlegare arrondering og tilkomst til jorda. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som akseptable vurdert i forhold til det ein oppnår med betringa av trafikktryggleiken.

Elles omfattar utlegging av dyrka jord 0,4 dekar som er føreslege utlagt som fritids- og turistformål BFT01\_f – Konglehaugen, der grunneigar ønskjer å satse reiseliv i tilknyting til garden. Når det gjeld innmarksbeite, ligg 0,5 dekar av arealet som er føreslege omdisponert til utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje (BOP02\_f). Areal som var utgreidd her for utviding av parkeringsplass, er teke ut av planforslaget som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Plankontoret vurderer den samla verknad av areal som er føreslege vidareført i høyningsforslaget som utbyggingsområde til å være av moderat omfang med omsyn til nedbygging av dyrka mark og innmarksbeite, og at planforslaget i liten grad å medføre skader og ulemper for drifta av jordbruksareal.

Når det gjeld areal som er kartlagt som dyrkbar jord, omfattar arealet som er føreslege som utbyggingsområde til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring 45,7 dekar. Av det dyrkbare arealet omfattar 24,2 dekar areal som er føreslege lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar ved Nordsætrin BF05\_f. Ved Frisvollskogen i Garmo har ein har føreslege å ta inn att næringsområde BN02 som omfattar 10,5 dekar dyrkbart areal. Til saman 9,1 dekar av det dyrkbare arealet omfattar utviding av areal for fritids- og turistformål ved Raubergstulen (BFT02\_f), Brimi fjellstugu (BFT03\_f) og ved Storhaugen gard (BFT04\_f og BFT05\_f), medan 0,7 dekar er kartlagt som dyrkbar jord ved Soleggen fjellstue og leirskule. 1,2 dekar dyrka jord er omfatta av areal til gang- og sykkelveg (GSV01). Kartlegginga av dyrkbar jord vart gjort av daverande Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) på 1980-talet. Denne kartbasen er sidan ikkje oppdatert. Det er vanskeleg å seie om ei kartlegging av dyrka i dag med dei endringane som har skjedd i jordbruket, utvikling i teknologi og økonomi, ville gjeve det same resultatet i dag. I tillegg er miljøkrava strengare i dag, og også klimaomsyn kjem inn i forhold til transport m.m.

Ved Nordsætrin var det på 1980-talet, kartlagt store dyrkbare områder. Nokre av desse er sidan dyrka, mellom anna Langmyrin og nokre parsellar vest for Kleppdalsvegen. Dyrkingsjorda omfattar både områda som er føreslege som byggeområde for fritidsbustadar av Brimi Fjellstugu AS og av Brimi Gard og Sæter. I det området som er spelt inn som hytteområde av Brimi Fjellstugu AS, er det i 2020 også søkt Lom fjellstyre om utlegging av parsellar for dyrking. I desse områda tilseier dei symbola som er avlagt på økonomisk kartverk som resultat av jordkartlegginga på 1980-talet, at jorda er blokkrik med 50-100 m<sup>3</sup>, dels 100-200 m<sup>3</sup>, stein og blokker pr. dekar i dei øvste 50 cm. av mineraljorda. Etter synfaring i området gjennomført i 2018 der jordbruksjef, forsøksringen og miljø- og plankonsulent deltok, konkluderte ein på følgjande vis: "Delar av arealet som er føreslått til hyttefelt er vist som dyrkbar jord i AR5. I oversynleg framtid vil det i praksis vera liten interesse for oppdyrking i området. Det er varierande grad av tjukn på jordsmonnet, og mest sannsynlegvis må

*mykje stein, blokkar og fjell fjernast under dyrking. Dyrking av myr er ikkje aktuelt. Deler av området er svært utsett for uttørking og det vil vera naudsynt med bygging av vatningsanlegg. Dette gjer oppdyrkning og drift av dyrka areal her både kostnadskrevjande og arbeidsintensivt, og er derfor lite sannsynleg."*

Etter at det likevel vart reist dyrkingssøknader i området, har det vore gjennomført nye synfaringar i området. I 2020 har plankontoret har delteke på synfaring i regi av Lom Fjellstyre og har også synfart området saman med jordbruksjef og ein av jordsøkjarane. Plankontoret er av klar oppfatning at det vil bli svært arbeidsamt og kostbart å dyrke desse areala, især områda BF01\_f og BF02\_f. På bakgrunn av den diskusjonen som har oppstått, vil kommunen å få utført ei ny fagleg og oppdatert kartlegging av dyrkingspotensialet i området ved Nordsetrene i løpet av 2022.

Av dei konsekvensutgreidde områda i området ved Nordsæтрin der det er kartlagd dyrkjingsjord, er berre område BF05\_f, føreslege vidareført som utbyggingsområde fritidsbustadar i forslaget som skal leggast ut til 2, gongs offentleg høyring og ettersyn.

To av dei områda som er spelt inn ved den 1. offentlege høyringa av planforslaget, for utviding av areal for fritids- og turistformål ved Storhaugen gard BFT06\_f og BFT07\_f, er vurdert til stor negativ konsekvens med omsyn til jord- og skogbruk. Full utbygging av desse områda vil medføre at 49,8 daa innmarksbeite ville gå ut av produksjon. 31,7 dekar av dette er også kartlagt som dyrkbar jord. Dette er av plankontoret vurdert å vere i strid med jordvernomsyn. Nasjonal og regional jordvernstrategi tilseier at haldninga til å bygge ned innmarksbeite og dyrkbar jord skal vere svært streng. Områda BFT06\_f og BFT07\_f er ikkje med av dei områda som er føreslege som utbyggingsområde i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for landbruket i Lom. Beiteressursane i kommunen er omhandla i beitebruksplan for Lom frå 2007. Planen består av ein tekstdel og kart. Planen er ikkje basert på vegetasjonskartlegging som seier noko meir spesifikt om beitekvaliteten, men er basert på kor ein slepp dyr og dyretal mv. Kartdelen viser beitebruk, råk og ferdelsvegar, buer for beitebruk, saltingsplassar, sperregjerde, sanke/skiljekveer og andre installasjonar for beitedrift. Fleire av områda som er spelt inn som utbyggingsområde for fritidsbustadar ligg område som beitebruksplanen viser er viktige for utmarksbeite, på Nordsætrin, Nåvårsetrin og i Meadalen. Dei to områda som er føreslege å bli vidare i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring som byggeområde for fritidsbustadar, BF05\_f – Nordsætrin og BF14 – Bjønnskardet, ligg ved seterområde, men er ikkje vurdert å ligge i dei mest sentrale, beste/rikaste og mest nytta delane av beiteareala. Det er likevel ein potensiale for konflikt mellom beitebruk og utbygging av fritidsbustadar, ved at areal blir bygd ned av hytter og infrastruktur og at det medfører at dyra vert forstyrra og drive bort. Planforslaget omfattar utkast til reglar om gjerdehald tilknytt fritidsbustadane for å avgrense beiteareal som vert beslaglagt, og for å redusere konfliktnivået.

Plankontoret peikar elles på at landbrukets produksjonsressursar og naturressursar, er lagt ut som LNFR-område (landbruks-, natur og friluftsområde og reindrift) på plankartet, og at bruken av desse areala er sikra mot nedbygging gjennom føresegnene til planen.

#### **4.3 Landskap.**

Når det gjeld negative verknadar av planforslaget for landskapet, er det forslaget om utbyggingsområde for fritidsbustadar utgreidd som område BF13\_f – Leirhøe-Borgakampen, som peikar seg klårast ut – "Stor negativ konsekvens". Området ligg 850-1155 m.o.h. Arealet over 1050 m.o.h. er i hovudsak bart fjell og torv og myr, medan arealet som ligg lågare er skogdekt. Området ligg innanfor kulturlandskaps-område Bøverdalen. Hyttebygging i dette området som vil måtte skje over skoggrensa eller i glissen fjellbjørk/fjellfuruskog, og vil saman med vegbygging og evt. utbygging av annan infrastruktur medføre store arealinngrep og vere svært eksponert. Etter nasjonale føringar, skal heller ikkje hyttebygging skje over skoggrensa. Område BF13\_f er ikkje blant dei områda som er føreslege vidareført i høyningsframlegget.

Fire av fem område som er føreslege lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar ved Nordsætrin, BF01\_f, BF02, BF04\_f og BF05\_f, er utgreidd med "Middels negativ konsekvens" på punktet landskap. Det same gjeld for område BF07\_f i Svartlia ved Graffersetra og område BF09\_f ved Labben like vest for Soleggen fjellstue og BF11\_f - Stymme lengre vest. Av desse er det berre BF05\_f som av plankontoret er føreslege vidareført som del av planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

To av dei områda som er spelt inn ved den 1. offentlege høyringa av planforslaget, for utviding av areal for fritids- og turistformål ved Storhaugen gard BFT06\_f og BFT07\_f, er vurdert til middels negativ konsekvens med omsyn til landskap. Det vil her vere snakk om bygge og anleggstiltak i den opne beitemarka oppfor garden. Områda BFT06\_f og BFT07\_f er ikkje med av dei områda som er føreslege som utbyggingsområde i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring

For turisthytter som ligg i Jotunheimen nasjonalpark har plankontoret vurdert det slik at verneforskrifta tilseier at landskapet er verna mot inngrep av ein kvar art. Turisthyttene det her gjeld ope til i landskapet, og utlegging av arealbruksformål for tilrettelegging for auka bygningsmasse vil kunne ha negative konsekvensar for landskapsopplevelinga. I nasjonalparken er areala er verna mot inngrep av ein kvar art, mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, graving, utfylling og lagring av masse. Turisthyttene som ligg i Jotunheimen nasjonalpark vert ikkje tilrådd lagt ut med fritids- og turistformål som ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, men vert tilrådd lagt ut med arealbruksformål LNFR. Dette gjeld Glitterheim turisthytte (utgreidd som BFT20), Memurubu turisthytte (utgreidd som BFT21) og Gjendebu turisthytte (utgreidd som BFT22).

For dei andre områda som er vurderte i KU er konsekvensane med omsyn til påverknad på landskapsverdiar, utgreidd til liten negativ eller ubetydeleg konsekvens.

Den samla verknad av kommuneplanforslaget med omsyn synlege og uheldige landskapsinngrep, vurderast av plankontoret til å vere av akseptabelt omfang. I vurdering av nye område, har en lagt vekt på at areala helst bør ligge inn mot tidlegare bygde område, og slik at ein i minst mogeleg grad bryt opp landskapsbiletet. Uheldig påverknad på landskapsbiletet kan i vesentleg grad reduserast gjennom god detaljplanlegging og reguleringsføresegner, og det er viktig at dette vektleggast.

#### **4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.**

Det er ikkje føreslege nye område for massetak i planforslaget. Dei areala som ligg inne for massetak er alle eksisterande massetak, som er vidareført frå gjeldande plan.

Mykje av busettinga i planområdet er konsentrert til grusvifter i form av breelv- eller elveavsetningar, som til dømes i Garmo og Leirmo. Her ligg det verdifulle geologiske og hydrologiske ressursar. Busettinga i desse områda, gjer det lite aktuelt å utnytte dei geologiske ressursane som ligg på land til grus-/ masseuttag, men på nokre av stadene er utak i vassdrag aktuelt både som flaumførebyggande tiltak og for utnytting av ressursen.

Dei hydrologiske ressursane i form av grunnvassressursar blir utnytta til drikkevassforsyning og produksjonsvatn. Desse må vernast om, og det er teke inn reglar om vern av slike grunnvassressursar i planføresegnene, og i form av sikringssoner som er vist i plankartet.

Av dei konsekvensutgreidde byggeområda, er det berre eit område, BF12\_f - Nåvårsetervangen, som i NGU sin grusdatabase viser at utgjere ein grusressurs. NGU karakteriserer denne til å vere av lokal verdi. Tett ved dei utgreidde områda BF04\_f og BF05 ved Nordsætrin er det eit område der det har vore teke ut grus ved krysset mellom Tessvegen og Osvegen. Dette området er ikkje vist som nokon grusressurs i den nasjonale grusdatabasen. Nye utak her vil likevel vere lite truleg her av omsyn til landskap og til miljø, med den lokaliseringa området har nær turistverksemder og aktive setre.

I fleire av område som er føreslege og utgreidd som område for utbygging, viser den nasjonale basen for grunnvassressursar, GRENADA, potensiale for grunnvassressursar. Ingen av dei føreslegne områda er vurdert å ville ha negativ påverknad av grunnvassressursar som det er større interesse for å utnytte som drikkevasskjelder.

Kommunen vurderer den samla verknad av kommuneplanforslaget å ha ubetydelege konsekvensar med omsyn til utnytting eller ivaretaking av geologisk og hydrologiske ressursar.

#### **4.5 Kulturminne og kulturmiljø.**

Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ein har under hele planarbeidet vektlagt å unngå og røyre ved kjente og freda kulturminne og kulturmiljø.

Nokre av dei utgreidde byggeområda kan likevel kome i konflikt med kulturminne. I område BF12\_f – Nåvårsetervangen – som vart spelt inn på dialogkonferansen med kommunestyret i 2016, ligg det det er ei samanhengande rekkje av fangsgroper i utbyggingsområdet. Desse er automatisk freda i medhald av kulturminnelova saman med eit samanhengande område rundt. Områda BF12\_f\_f er ikkje med av dei områda som er føreslege som utbyggingsområde i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring

I område utgreidd som byggeområde for fritidsbustadar BF11\_f – Stymme – kjem også i berøring med freda kulturminne. Innan området er det eit kulturminne som er markert på kartet ved seterråket/turstigen opp mot Myrskardet. Dette er eit lausfunn av ein lystergaffel, og funnstaðen vil ein tru kan vere mogeleg å frigje ved ei eventuell utbygging. Men seterråket der lystergaffelen er funnen, er ein gammal ferdselsveg kan sjølv ha verdi som kulturminne. Ved setra til Helstad som grensar til utbyggingsområdet, er eit gravminne frå jernalder (steinkiste, brynje, spyd pilspissar, hesteskø

m.m.). Set i saman, kan dette vere eit område av som kan ha større kulturhistorisk verdi. Område BF11\_f er ikkje blant dei områda som er føreslege vidareført i høyningsframlegget.

Samla vurdering frå kommunen når det gjeld planforslaget og verknadar for kulturminne og kulturmiljø, er at påverknaden er liten.

#### **4.6 Forureining, energi og klima.**

Vurderingar av verknadar kommuneplanen har for klima og energi er komplisert og samansett. I eit klimarekneskap vil alle formar for nedbygging av «grøne» areal, kome negativt ut ved redusert plantevekst og redusert CO<sub>2</sub>-opptak. Og ved at all utbygging generer auka transport og auka utslepp frå oppvarming og produksjon, til at CO<sub>2</sub>-utsleppet også aukar. Frå kommunens side har en gjennom kommuneplanens arealdel og etterfølgjande reguleringsarbeid, ei viss styring med tre faktorar som i vesentleg grad påverkar det samla klimarekneskapet: nedbygging av «grøne» areal, transport og energiutnytting - alle faktorar som i vesentleg grad verkar inn på CO<sub>2</sub>-regnskapet.

Nedbygging av «grøne» areal kan styres gjennom fortetting i eksisterande utbyggingsområde, og gjennom krav om høy arealutnytting på nye utbyggingsareal. På same måte vil val av plassering av nye byggeområde vere med på å påverke transportbehovet. Begge dei to byggeområda for bustadar som er føreslege vidareført i høyningsforslaget, ligg inntil eksisterande bustadområde i Frisvollskogen i Garmo. Det er gang- og sykkel til området, og det ligg like ved idrettsplass og barnehage. Skulen er nedlagt, men nyttast til fritidsaktivitetar. Butikken i Garmo er også nedlagt, slik at ein i dag må køyre buss eller bil for å kome til skule, butikkar og servicefunksjonar. Ei slik utvikling har ein hatt i mange grender etter kvart som elevtal og folketal har gått ned. Mange i Garmo har arbeid i nabokommunane austafor, slik at for arbeidsreiser, vert verknadane av arbeidsreiser på klima, ikkje annleis enn om ein det skjer ei ytterlegare sentralisering mot kommunesenteret på Fossbergom.

Næringsområdet aust for Lågkollen som er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, BN01 med tillegg av BN03\_f, ligg i avstand 8 km til sentrumsområdet på Fossbergom, medan avstanden til Garmo er om lag 3 km. Det er truleg at det vil vere behov for ein del transport mellom næringsområdet og kommunesenteret, og lokaliseringa av området er da ikkje den beste med omsyn til energibruk, forureining og klima. Det har ikkje vore mogeleg å finne eigna areal for næringsområde som ligg nærrare den største befolkningskonsentrasjonen i kommunen, slik at dette er noko ein nok må leva med.

I planen er det føreslege fire nye strekningar med gang- og sykkelveg langs RV15 (til saman 5,0 km). Utbygging av gang- og sykkelveg vil gjere det mogeleg for fleire å gå og sykle til jobb og skule, og det vil vere gunstig med omsyn til energibruk, forureining og klima. Aukande bruk av el-sykkel kan gjere at det vert aktuelt å "sykle" lengre avstandar enn tidlegare for å nå jobb og skule.

Når det gjeld betre energiutnytting, har kommunen et ansvar for å følgje opp at energikrava i byggtaknisk forskrift (TEK) vert følgd opp, og også å leggje til rette for framføring av vassboren varme til byggeområde kor slik anlegg er tenlege. Bygging av varmesentral og tilrettelegging med vassboren varme kan vere aktuelt for utbygging av nye bustadområde i Frisvollskogen, og bør avklarast i samband med detaljplanlegginga.

Hytteområda som er føreslege i planen ligg ikkje slik til at det kan liggje til rette for busstransport til hytta. Forsking på transport, syner at det generelt er svært vanskeleg å kunne gi eit kollektivtilbod som er godt nok for å redusere biltrafikk til fritidsbustadane.

#### **4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.**

Dei nye bygge- og anleggstiltaka som vert føreslege vidareført i høyingsforslaget, er vurderte til ikkje å ha vesentlege skadeverknadar for friluftslivsinteresser eller barn og unges interesser.

Gang- og sykkelvegar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn- og unge, og vil vere positivt for nærmiljø. Om fleire går og syklar, vil det vere gunstig for nærmiljø, støyforhold og folkehelse.

#### **4.8 Teknisk infrastruktur.**

For dei 7 områda som er utgreidd som byggeområde for bustadbygging, ligg det godt til rette for tilknyting til offentleg vatn og avlaup. Dei to områda som er føreslege som ein del av planforslaget til 2. offentlege ettersyn og høyring, nordre del av BB06\_f og BB07\_f, ligg inntil bustadfeltet Frisvollskogen i Garmo. For begge områda er terrenget slik, at det vil det bør vere greitt til å få til ei vegtilknyting med god lineføring og stigningsforhold.

Det er ikkje utbygd infrastruktur som vatn og avlaup i nokon av dei 15 områda der det er føreslege og utgreia nye utbyggingsområde for fritidsbustadar. Drikkevassforsyning ved grunnboring, vil truleg la seg realisere i dei fleste av dei utgreia hytteområda, men for dei fleste områda er grunnforholda ikkje særleg eigna for jordreinseanlegg for infiltrasjon av avlaupsvatn. Alternativet med utbygging og drift av reinseanlegg for avlaup basert på biologisk/kjemisk reinsing med tilhøyrande leidningsnett, vil vere ein stor kostnad. Eit anlegg krev også ein resipient som kan ta i mot utsleppsvatnet frå reinseanlegget. Det vil vere økonomisk vanskeleg å realisere utbygging av reinseanlegg utan eit større utbyggingsvolum av hytter.

Ein kan jo tenkje seg at ein da alternativt legger ut hyttefelt med enkel standard. Erfaringar frå hytteområde i nabokommunane som er etablert som felt med enkel standard utan straum, vatn og avlaup, er at det likevel etter kvart også vil kome krav om slik tilrettelegging – dette sjølv om det i reguleringsføresegne er slege fast at til dømes innlegging av vatn og avlaup ikkje er lov. Det vil også for dei fleste av dei utgreidde hytteområda vere utfordrande å bygge tilkomstvegar, især om det skal gå veg fram til dei enkelte hyttene.

Plankontoret føreslår å vidareføre forslag om 2 av dei 15 utgreidde områda, som framtidig byggeområde for fritidsbustadar i høyingsforslaget. Dette gjeld det område BF05 ved Nordsætrin og område BF14 ved Bjønnskardet. I området ved Nordsætrin/Bjønnskardet bør ein vurdere om det kan etablerast felles reiniseløysingar/reinseanlegg. Ved Bjønnskardet er det også regulert inn hyttefelt på Vågå-sida av kommunegrensa, der det enno ikkje er bygd nokon hytter, og der ein kan sjå for seg at det etablerast samarbeid om avlaupsloysing og reinseanlegg.

Ei næringsutbygging i område BN01 og BN03\_f vest for Lågkollen, vil krevje etablert avlaups-loysing og vassforsyning (evt. også for prosess-vatn). Det er ikkje etablert slike løysingar i området i dag som er tilpassa etableringar av eit større næringsområde. Kommunale løysingar for VA ligg langt unna. Det er om lag 5 km på baksida eller på framsida av kollen for nærmaste tilknyting til Garmo reinseanlegg.

Legg ein VA-traseen på sørsida av Lågkollen/Høgkollen (riksvegsida) vil ein kunne knyte på eksisterande bygnad undervegs. Det er ikkje vesentleg kortare austover til nærmeste VA-leidning med tilknyting til Fossbergom reinseanlegg. Her vil ein også kunne ein knyta på bygnad undervegs, men stigningsforholda er vesentleg vanskelegare. Vestover er det om lag 4,5 km til avlaupsleidning ved Øvergrendsvegen med tilknyting til Fossbergom reinseanlegg (totalt 8,5 km). Dersom ein vurderer lokale løysingar for vatn- og avlaup for næringsområdet på Lågkollen, er det er usikkert om grunnen med tynt morenedekkje er eigna for eventuell infiltrasjon av avlaupsvatn. Ein vil tru at det vil vere mogeleg å skaffe vassforsyning ved grunnvassboring, men det er mogeleg at slik må etablerast utanom området på breelvavsettinga i sør for området som er føreslege. Det er også usikkert om ei slik vassforsyning vil gi nok kapasitet og vere av god nok kvalitet.

Det tredje næringsområdet som er utgreidd BN02\_f ligg inntil forslag om utviding av Frisvollskogen bustadfelt med område BB03 i nord. Plankontoret har tilrådd å ta området inn att i planforslaget ved utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, da bustadfeltet BB03\_f som grensa inntil, er teke ut av planforslaget. Område BN02\_f ligg nær Garmo reinseanlegg, og kan knytast til eksisterande kommunalt vatn- og avlaupsnett.

Område for fritids- og turistformål BFT01\_f – Konglehaugen – ligg ved Vågåvatnet og omfattar mellom anna eit anlegg av brygge/flytebrygge for husbåtar og sanitæraneanlegg. Sanitæraneanlegget planleggast her med separat anlegg for reining av avlaupet ved eit jordreiseanlegg.

Områda for fritids- og turistformål BFT04\_f, BFT05\_f og BFT06\_f ved Storhaugen gard, ligg gunstig til for utnytting av eksisterande infrastruktur. Områda har god vegtilknyting til Galdhøpiggen via Storhaugsvegen, og kan også knyte seg til kommunalt VA-nett som går i nærleiken av denne.

For dei områda som er føreslege for skytebaneanlegg i Lia, BIS01-BIS04, er det ikkje nokon mogelegheit for tilknyting til etablert leidningsnett for vatn- og avlaup. Utbygginga vil krevje at det byggast separat anlegg for vatn og avlaup. Det er tjukk morene på staden, slik at det er realistisk at avlaup kan reinsast ved jordreiseanlegg med infiltrasjon i grunnen. Vassforsyning kan truleg etablerast med borebrunn, men ein må vere merksam på evt. forureiningar frå kommunen sitt slamlagringsanlegg på naboteigen.

Av turisthyttene som er konsekvensutgreidd, er det berre Elveseter Hotell som er knytt mot kommunalt VA-nett. Dei andre bedriftene må basere seg på eigne anlegg for vassforsyning og avlaupsreinsing.

#### **4.9 Samfunnstryggleik.**

To av dei områda som er utgreidd som byggeområde for bustadar langs Øvergrendsvegen, BB01\_f og BB02\_f, er dels råka av faresone for skred. Det vart gjort faresone-kartlegging i regi av NVE i Øvergrenda i 2017-18. Det er jord- og flaumskred som utgjer faren i dei to områda. Dersom det skulle bli aktuelt å bygge i områda, vil det sikraste vere å ikkje å bygge på arealet som er kartlagd med skredfare. Dersom ein ønskje å bygge på areal i faresona, må det gjerast sikringstiltak. Områda er ikkje føreslege teke med i planforslaget, som er tilrådd lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, i hovudsak på grunnlag av jordvernomsyn.

For dei fire andre områda som er utgreidd som byggeområde for bustadar, er det ikkje vist fare for skred eller flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS, viser at heller ikkje at overflatevatn medfører særskilt fare for desse områda.

Av dei 15 områda som er utgreidd som byggeområde for fritidsbustadar, er 5 av områda råka delvis av faresoner på NVE sine aktsemndskart. I område BF06\_f i Svartlia er det vist fare for jord- og flaumskred i den austre delen. I område BF11\_f i Stymme er det vist fare for steinsprang i området oppfor Stymmesetrene og flaumfare på dei lågast liggande areala ved myrene. I område BF12\_f på Nåvårsætervangen er det på NVE sine aktsemndskart, vist faresone flaum langs den største bekken i området. I område BF13\_f ved Leirhøe - Borgakampen er mindre areal som er omfatta av aktsemndsområde for snøskred og steinsprang (NVE). I dette store området, er det dessutan mange søkk og mindre bekkar i området som kan vere utsett for flaum. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGIS gir god oversikt over fareområder her. For område BF15\_f - Gomobreinngauen - som var spelt inn att ved 1. offentleg ettersyn og høyring, er nedre del av området er omfatta av aktsemndsområde for snøskred og dels jord- og flaumskred (NVE). Areala kring Gomobreinngrove er omfatta av aktsemndsområde for flaum. Dersom det skulle bli aktuelt å bygge i nokon av desse områda, vil det sikraste vere å ikkje å bygge på arealet som er kartlagd med fare. Dersom ein likevel vil bygge på areal i faresonenene, må det gjerast faresonekartlegging og evt. gjerast sikringstiltak. Ingen av dei 5 områda er med i planforslaget som plankontoret tilrår skal være med til 2. offentleg ettersyn og høyring.

Område for fritids- og turistformål BFT01\_f – Konglehaugen – ligg ved Vågåvatnet og omfattar mellom anna eit anlegg av brygge/flytebrygge for husbåtar og sanitæranlegg. Brygge-anlegget må byggast slik at det toler flaum. Målingar av flaumnivå ved oktoberflaumen i 2018, tilseier at det planlagde sanitæranlegget vil ligge over flaumnivået. Ved evt. anlegg av eit separat avlaupsanlegg med infiltrasjon i grunnen, må spreiegrøfter plasserast over flaumnivået. Områda for fritids- og turistformål BFT02\_f ved Raubergstulen og BFT03\_f ved Brimi Fjellstugu, ligg ikkje utsett for skred eller flaum. Delar av områda utgreidd for fritids- og turistformål ved Storhaugen, BFT04\_f, BFT05\_f og BFT06\_f er utsett for skred og eller flaum. Det er her tidlegare gjort nærmere kartlegging av skredfare for ein del av området i samband med utbygging på Storhaugen. Skredfaresone som var resultat av denne kartlegginga, dekkjer delar av BFT06\_f og alpinanlegget. Arealet oppfor det som da var skredkartlagt ligg i aktsemndsområde for skred (NVE) som da omfattar øvste del av BFT06\_f. Det er aktsemndsområde for skred i område BFT04\_f og aktsemndsområde for flaum langs Juva og bekk som går gjennom BFT05\_f og BFT06\_f. For å avgrense dei negative konsekvensane for samfunnssikkerheit, foreslår ein å redusere arealet for BFT04\_f i nordaustre del, slik at det det bratte arealet her som er omfatta av aktsemndsområde for skred blir teke ut av byggeområdet (reduksjon med 22,1 daa). For område BFT05\_f har ein føreslege ein avkorting i sør, slik at byggearealet ikkje blir liggande på areal med flaumfare (reduksjon med 1,2 daa). BFT06\_f er ikkje med i planforslaget som plankontoret tilrår lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, mellom anna grunngjeve med omsyn til skred- og flaumfare.

Fleire av turisthyttene/turisthotella som er konsekvensutgreia for eventuell utlegging av areal for fritids- og turistformål til erstatning for punktsymbol, er det fare for skred og/eller flaum. Krossbu (BFT07), Bøverton (BFT08), Røisheim (BFT14), Spiterstulen (BFT15) er alle vist utsett for snøskred på aktsemndskart. Spiterstulen er også vist som utsett for jord- og flaumskred, og det same gjeld Elveseter Hotell (BFT11). Alle desse er likevel lagt ut med areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardstun. Ved bygging innafor aktsemndsområde for skred og flaum, må det gjerast

farekartlegging av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare, noko som er nedfelt i byggeteknisk forskrift (TEK).

Når det gjeld turisthyttene som ligg i Jotunheimen nasjonalpark, er ingen av dei med i forslaget som fritids- og turistformål ved 2., gongs offentleg ettersyn og høyring. Glitterheim (BFT20) er ikkje skredutsett, men kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS viser fare for overvassflaum langs ei dreneringsline for overvatn som går tvers gjennom tunet. Memurubu (BFT21) er i følgje aktsemdskart utsett for snøskred og jord og flaumskred, og kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS viser også her fare for overvassflaum. Gjendebu (BFT22), er i følgje aktsemdskart utsett for snøskred og jord og flaumskred. Ved bygging innafor område med fare for skred, flaum eller overvassflaum, må det gjerast farekartlegging av fagkyndige, og evt. gjennomførast tiltak for å unngå fare.

Område som er utgreia for næringsformål – BN01 og BN03\_f vest for Lågkollen og BN02\_f ved Frisvollskogen, ligg ikkje i område som er utsett for skred eller flaum.

Dei strekningane som er omfatta av forslag for bygging av nye gang- og sykkelveg er alle i større eller mindre grad utsette for skred. I områda for GSV01 og GSV02, som omfattar gang- og sykkelveg frå Nissegarden til kommunegrensa mot Skjåk, er det utført faresonekartlegging i regi av NVE i 2018/2019 på mesteparten av strekninga. For område ved Knutstugugrove finnast berre aktsemdskart. Farekartlegginga visar at desse strekningane er skredutsett, både med omsyn til jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred. Spesielt utsett er område ved Knutstugugrove like vest for Nissegarden. Her går det næraast årleg store snøskred frå Lomseggi ned mot RV15. I 2020 gjekk det over RV15 og heilt ned i Ottaelva og øydela alt på sin veg. SVV har varslinganlegg for å varsle snøskred og stoppe vegtrafikken dersom det kjem snøskred her. Aktsemdskart frå NVE viser også flaumfare langs Knutstugugrove. Skredfaren er ikkje å rekne som kritisk for bygging av GSV, men bygging av gang- og sykkelveg vil medføre at fleire gåande og syklande vil opphalde seg i skredutsett område. Det er ønske om at det vert bygd overbygg over vegen ved Knutstugugrove for sikring av vegen mot snøskred, og at denne også inkluderer ei løysing for gåande og syklande. Kart frå InnlandsGIS viser fleire dreneringsliner som krev aktsemd ved prosjektering av dreneringssystem for gang- og sykkelvegstrekninga. Fleire bekkeløp/flaumløp drenerer store areal, og kan få stor vassføring ved stor nedbør/flaumsituasjonar.

I område for GSV03 - Garmo øvre til Byregrenda og GSV04 – Knut Hamsundsveg – Garmo Bygdahus, er det ikkje gjennomført faresonekartlegging. Området er kartlagt næraare med omsyn til snøskred-fare (SGC/ Geofare 2016), og det er ikkje kartlagt fare for snøskred på dei to strekningane. Aktsemdskart frå NVE visar at strekningane dels er skredutsett (jord- og flaumskred). Skredfaren er ikkje å rekne som kritisk for bygging av gang- og sykkelveg på desse strekningane.

Ein forventar elles at ein kan gjennomføre bygging av desse gang- og sykkelvegane utan at det vil ikkje føre til auka fare for utglidningar og skred.

Dei andre områda som er konsekvensutgreidd i planarbeidet, ligg utafor område som er kartlagt med naturfare eller anna fare.

Ei samla vurdering, er at realisering av dei utbyggingstiltaka som etter KU blir omfatta av høyningsforslaget, ikkje vil medføre at folk, bygningar og andre verdiar blir utsett for fare. For områda som er omfatta av forslaga om utbygging av gang- og sykkelvegar, vil det vere ei viss skredfare, men

betring av trafikktryggleiken vil klårt overgå dette, slik at den totale situasjonen vil tilseie auka tryggleik for liv- og helse.

#### **4.10 Trafikktryggleik.**

Av stor betydning for trafikktryggleiken i kommunen, er utbygging av gang- og sykkelvegar. I planforslaget ligg det inne forslag om bygging av til saman 5,0 km gang og sykkelveg langs RV15.

Ny gang- og sykkelveg GSV01 og GSV02 , som omfattar gang- og sykkelveg frå Nissegarden til kommunegrensa mot Skjåk. Gang- og sykkelveg vil bety mye trivsel og mobilitet i for dei som bur langs riksvegen på denne strekninga. Langs vegstrekninga er det om lag 25 heimar som vil få GSV fram til eigen avkjøring/ tilkomstveg, deriblant fleire gardsbruk. Utan gang og sykkelveg, følast det svært utrygt å ferdast for gåande og syklande. Især på sommaren er trafikken svært stor. Utbygging av gang- og sykkelveg GSV01 og GSV02, vil dessutan vere eit ledd i realisering samanhengande gang- og sykkelvegsamband mellom Lom og Skjåk. Forslaga må såleis sjåast i samanheng med forslaga om bygging av gang- og sykkelvegar som er lagt inn i kommuneplanen for Skjåk. Det er ikkje andre vegtrasear enn RV15 mellom Lom og Skjåk verken for køyrande eller for syklande og gåande. Dersom ein får utbygd gang- og sykkelveg frå kommunegrensa til Ånstad i Skjåk, ville gåande og syklande frå der kunne følgje ein alternativ trase langs fylkesveg 2646 vidare til eksisterande gang- og sykkelvegnett ved Bismo. Auka bruk av el-sykkel vil dessutan gjere det meir attraktivt å bruke sykkel over lengre strekningar, også for arbeidsreiser. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2302 køyretøy på strekninga (tal for 2019), og delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrensa på strekninga er 70 km/t.

For dei to sykkelvegstrekningane som er føreslege forlenga frå eksisterande gang- og sykkelveg i Garmo, GSV03 mot Byrgrenda og GSV04 mot Garmo Bygdahus, vil bygging av gang- og sykkelveg bety mye trivsel og mobilitet i for dei som bur langs riksvegen på strekningane og grenda generelt. Langs der det er føreslege gang- og sykkelveg er det om lag 28 heimar som vil få GSV fram til eigen avkjøring/ tilkomstveg, deriblant fleire gardsbruk. Utan gang og sykkelveg, følast det svært utrygt å ferdast for gåande og syklande. Især på sommaren er trafikken svært stor. Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken. For strekninga langs GSV01 har RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2259 køyretøy på strekninga (tal for 2019), og delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er dels 60 km/t (i vest) og 80 km/t (i aust). For strekninga langs GSV02 har RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2396 køyretøy på strekninga (tal for 2019), og delen lange køyretøy er oppgjeve til 18 %. Fartsgrense er 80 km/t.

Mot område som er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring for utbygging av bustadar i Garmo (BB06\_f og BB07\_f), er det utbygd gang- og sykkelvegar eller trafikken skjer langs kommunale vegar med liten trafikk. Mot område som er føreslege av grunneigarane for utbygging av bustadar langs Øvergrendsvegen (BB01\_f og BB02\_f), er det gang- og sykkelveg frå Lom sentrum fram til Øvergrendsvegen. Av andre årsaker er ingen av dei to områda ved Øvergrendsvegen med i planforslaget som byggeområde for bustadar.

Etablering av byggeområde for næringsbygnad vest for Lågkollen (BN01 og BN03\_f), vil m.a. medføre auka trafikk langs RV15. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs riksvegen på strekninga. Da det også er forhaldsvis liten busetnad på strekninga, og er langt til forbindung med eksisterande gang- og sykkelveg, har ein valt å ikkje legge inn forslag om utbygging av gang- og sykkelveg langs RV15

på denne strekninga no. Ein vil kunne ta opp spørsmålet om bygging av gang- og sykkelveg, dersom næringsutbygging i området viser seg å bli en suksess. Ein har i planforslaget såleis valt å prioritere dei gang- og sykkelvegstrekningane som er nemnt ovanfor (GSV01-GSV04).

Dei områda som er utgreidde for bygging av fritidsbustadar i høyringsforslaget, ligg alle langs private seter- og fjellvegar. Vegane er dels tronge, men det er forholdsvis lite trafikk. Ei realisering av forslaga vil medføre ei auke i trafikken på desse vegane. I område ved Nordsætrin er det eit anslag på i alt 84 fritidsbustadar om dei tre områda (BF01\_f, BF05 og Bf14) realiserast og byggast fullt ut. Trafikken frå eit hyttefelt på Nåvårsetervangen (BF12\_f) med eit anslag på 55 fritidsbustadar, vil truleg fordele seg både i retning Nordsetrin og i retning Randsverk. Kryssløysingane mot riksvegane frå desse områda, er dels opprusta, og er vurdert å kunne takle den forholdsvis avgrensa aukinga av trafikken som forslaga om byggeområda vil innebere. I Meadalen er det anslag om 30 fritidsbustadar i område BF08\_f – Lunnarplassen/Hardbakkjen. Tilkomst frå RV15 må skje etter Meadalsvegen som er grusveg som dels er smal, men har liten trafikk. Krysset ved RV15 er utbetra og har gode siktforhold. Berre område BFT05 ved Nordsetrin og BFT14 ved Bjønnskardet er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Ein reknar at risikoene for ulykker i liten grad vil auke pga. av utbygging av desse to områda.

For dei områda som er utgreidde som moglege framtidige areal for fritids- og turistformål ved Storhaugen gard, er vegtilkomst langs Storhaugsvegen og kryssutforming for denne mot Galdhøpiggvegen vurdert som uproblematisk med omsyn til trafikktryggleik. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs Galdhøpiggvegen ned mot Galdesanden. At ein potensielt får auka trafikk av gåande og syklande langs Galdhøpiggvegen, gjev potensiale for ulykker, men trafikken er forholdsvis liten slik at risikoene er vurdert som liten.

Anlegg av skytebaneanlegg i Lia (BIS01-BIS04) vil ha tilkomst via fylkesveg FV2670, og følgje vegen til kommunen sitt slambehandlingsanlegg i Haugholet. Avkjøringa mot fylkesvegen er godt utforma og har gode siktforhold. Tilkomstvegen er smal, men det er liten trafikk og ingen busetting langs vegen.

Ei samla vurdering, er at planforslaget vil kunne bidra til betre trafikktryggleiken i kommunen om forslaga om bygging av gang- og sykkelvegar vert realisert. Realisering av dei andre utbyggingstiltaka som etter KU blir omfatta av høyringsforslaget, vil medføre auka trafikk, men i liten grad medføre at risikoene for ulykker vil auke.